



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Teams-møte
Dato:	27.04.2020
Tid:	09:00

Møteplan:

Kl. 09.00 - 09.30

Rådmannen presenterer rekneskapen for Kvam herad for 2019

Kl. 09.30 -

Sakshandsaming

Prosessmøte 2 - Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så snart som råd ved å ringa til Roald Breistein tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møte, vil det bli gitt nærare beskjed.

Det er planlagt at Roald Breistein møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentanter til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20 GK 4/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet	2020/73	
	Politiske saker		
PS 12/20	Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet	2015/165	
PS 13/20	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad 2020	2020/134	
PS 14/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
PS 15/20	Eventuelt	2020/77	
PS 16/20	Val av revisor for Kvam herad - Tilråding frå kontrollutvalet	2014/133	
PS 17/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 2	2019/46	
PS 18/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - Prosessmøte 2	2019/47	
	Referatsaker		
RS 8/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020	2020/55	
RS 9/20	Reglement for kontrollutvalet i Kvam herad 2019	2020/135	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/73-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	4/20	27.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Heradsstyresalen, Kvam rådhus
Dato:	09.03.2020
Tid:	09:00 -13.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Anita Sørnes	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Svanhild A. Botnen	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torgeir Magnar Børve, frå kl.11.00	Svanhild A. Botnen	Sp

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Anita Hesthamar	Rådmann, sak PS 1/20, til kl. 11.45
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Lina Hamre	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20 GK 2/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte i kontrollutvalet	2020/73	
	Politiske saker		
PS 1/20	Rådmannen orienterer om oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll	2018/21	
PS 2/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/46	
PS 3/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/47	
PS 4/20	Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020	2020/56	
PS 5/20	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2019	2015/170	
PS 6/20	Oppfølging - Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam	2015/173	
PS 7/20	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad	2019/19	
PS 8/20	Kurs i regi av Deloitte AS 2020	2018/49	
PS 9/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
PS 10/20	Eventuelt	2020/77	
	Referatsaker		
RS 1/20	Invitasjon til fagkonferanse 2020 FKT	2020/55	
RS 2/20	Invitasjon til kontrollutvalgslederskolen i regi av FKT	2020/55	
RS 3/20	FKT - Medlemsinformasjon desember 2019	2020/55	
RS 4/20	Årsrapport 2019 frå skatteoppkrevjaren	2020/52	
RS 5/20	Kontrollrapporter 2019	2020/52	
RS 6/20	Rekneskapsresultat 2019 for kontrollutvalet i Kvam herad	2015/164	
RS 7/20	Vedteke budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2020	2020/91	
	Politiske saker		
PS 11/20	Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte	2014/133	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte i kontrollutvalet

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.10.2019 og 27.11.2019 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 1/20 Rådmannen orienterer om oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det no er gjort enno meir for å få på plass forbetringar som gjeld punkta i forvaltningsrevisjon av internkontroll sidan førre rapportering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, orienterte om status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det no er gjort enno meir for å få på plass forbetringar som gjeld punkta i forvaltningsrevisjon av internkontroll sidan førre rapportering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.

PS 2/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlighetsvurderinga (ROV) for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Frode Løvlie og Lina Hamre frå Deloitte faciliterte risiko- og vesentlegvurderinga for forvaltningsrevisjon saman med kontrollutvalet i prosessmøte 1.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

PS 3/20 Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlighetsvurderinga (ROV) for eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Frode Løvlie og Lina Hamre frå Deloitte faciliterte risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) for eigarskapskontroll saman med kontrollutvalet i prosessmøte 1.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) for eigarskapskontroll så langt til orientering.

PS 4/20 Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2020:

Dato:
09.03.2020
27.04.2020
25.05.2020
14.09.2020
23.11.2020

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart semje om at møta normalt skal ha oppstart kl. 09.00.

Vidare vart det semje om at møtet 25.05.2020 vert flytta til 27.05.2020.

Det vert også lagt opp til å ha møtet 14.09.2020 på Folgefonna sommerskisenter med oppstart kl. 10.00.

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2020:

Dato:	
09.03.2020	
27.04.2020	kl. 09.00
27.05.2020	kl. 09.00
14.09.2020	kl. 10.00 Folgefonna sommerskisenter
23.11.2020	kl. 09.00

PS 5/20 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2019

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Kvam herad.

PS 6/20 Oppfølging - Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga av vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam og seier seg ferdig med saka.
2. Kontrollutvalet ønskjer lukka til med det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga av vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam og seier seg ferdig med saka.
2. Kontrollutvalet ønskjer lukka til med det vidare arbeidet.

PS 7/20 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ein del positive prosesser for å bidra til å betre rutinane innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam».

2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ein del positive prosesser for å bidra til å betre rutinane innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam».
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.

PS 8/20 Kurs i regi av Deloitte AS 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte gjennomføre kurs i kommunelova og tilhøyrande forskrifter.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs i kommunelova og tilhøyrande forskrifter i samband med møte i kontrollutvalet 27.05.2020.
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

PS 9/20 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalgt tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik

Politisk organ:	Kontrollutvalgsmedlem:
Heradsstyret	
Formannskapet	
Miljø, plan og bygningsutval	

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Kontrollutvalet registrerer at dei aktuelle møteprotokollane til dette møtet, heradsstyret 18.02.20 og formannskapet 05.02.20, ikkje er lagt ut på heimesida til Kvam herad. Utvalet ber sekretariatet ta dette opp med rådmannen med tanke på å få det brakt i orden.

Kontrollutvalet ønskjer også at det i sak om gjennomgang av møteprotokollar til neste møte vert lagt inn link til heimesida.

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet ta opp med rådmannen kvifor møteprotokollar frå møte i heradsstyret 18.02.20 og formannskapet 05.02.20 ikkje ligg ute på Kvam herad si heimeside.
2. Kontrollutvalet ber om at det i sak om gjennomgang av møteprotokollar til neste møte vert lagt inn link til heimesida.
3. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik

Politisk organ:	Kontrollutvalgsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

PS 10/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Referatsaker

RS 1/20 Invitasjon til fagkonferanse 2020 FKT

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/20 Invitasjon til kontrollutvalgslederskolen i regi av FKT

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/20 FKT - Medlemsinformasjon desember 2019

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 4/20 Årsrapport 2019 frå skatteoppkrevjaren

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 5/20 Kontrollrapporter 2019

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 6/20 Rekneskapsresultat 2019 for kontrollutvalet i Kvam herad

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 7/20 Vedteke budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2020**Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad****Handsaming i møte**

Kontrollutvalet registrerer at forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2020 vart redusert i møte i kontrollutvalet 09.10.19, etter initiativ frå rådmannen, jf. e-post frå rådmannen RS 7/20. Utvalet ønskjer at dette vert teke omsyn til i budsjetthandsaminga for 2021.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker**PS 11/20 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Kvam herad - Arbeidsmøte****Forslag til vedtak**

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad**Handsaming i møte**

Tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane og informasjonen er difor unnateke offentleggjering, jf. offl. 13, jf. forvl. § 13. Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet presenterte og diskuterte resultatet av evaluering av dei innkomne tilboda på revisjonstenester til Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Framlagt evaluering vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 12/20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2015/165-69
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	12/20	27.04.2020

Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalget vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.09.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2019 for Kvam herad. Uttalen skal følgje saka vidare til heradsstyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap Kvam herad 2019
- 2 Årsmelding 2019 Kvam herad
- 3 Melding frå uavhengig revisor 2019 Kvam herad
- 4 Signert uttalelse forenklet etterlevelseskontroll Kvam 2019
- 5 Signert revisjonsrapport Kvam herad 2019
- 6 Prosjektoversikt per desember 2019
- 7 Fondsoversikt ÅM 2019
- 8 Kvam kommune- rapport gjeldsportefølje pr 31.12.2019
- 9 Kvam herad - rapport obligasjoner - 3. tertial 2019 - pr. 31.12.19
- 10 Kvam kommune - rapport obligasjoner pr 31.12.19

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Årsrekneskapen for 2019 er revidert etter gamal kommunelov og det betyr at denne saka også i hovudsak er bygd opp på bakgrunn av gamal kommunelov.

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning. Rådmannen si årsmelding skal følgje saka, og det skal gjerast greie for om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så formannskapet som innstiller overfor heradsstyret, i saka om årsrekneskapen. Heradsstyret skal handsame både årsrekneskapen og årsmeldinga i same møte. Dette følgjer av kommunelova § 48, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning §10.

Vidare skal revisor etter ny kommunelov levere rapport om resultatet av gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i heradet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale i denne saka, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 7.

Vurderingar og verknader

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter, noteopplysningar mv., jf. vedlegg 2, 7, 8, 9, 10 og 11.

Revisjonsmelding frå Deloitte:

Heradet sin revisor, Deloitte, har lagt fram melding frå uavhengig revisor (revisjonsmelding), vedlegg 4. Her er medtatt at driftsrekneskapen viser kr. 607.068.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8.171.347.

Når revisor er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen i ein kommune er det vanleg at det vert levert ei såkalla «normal revisjonsmelding». Dersom revisor ikkje er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen er det høve til å gjera avvik frå «normal revisjonsmelding». Utforminga av ei revisjonsmelding med avvik kan gjerast på fleire måtar avhengig av kor vesentleg og alvorleg avvik det er snakk om. Dei to minst alvorlege avvika er desse:

1. **Presisering:** Ei tydeleggjering av forhold som allereie er omtalt i rekneskapen, men som revisor meiner det er viktig at brukarane av rekneskapen blir gjort merksam på
2. **Forbehold:** Dette vert brukt når det er avdekka vesentlege feil i rekneskapen, men der feila likevel ikkje er så vesentlege at heile rekneskapen vert vesentleg feil.

I dette tilfellet har Deloitte levert ei **revisjonsmelding med presisering**.

Dette kjem fram i revisjonsmeldinga på denne måten på side 3:

«Andre forhold

Kommunen sine lån skal med bakgrunn i generasjonsprinsippet avdragast slik at attståande løpetid for den samla gjeldsbyrde ikkje overstig den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte, jf. kommunelova § 50 nr. 7a. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet legg til grunn at § 50 nr. 7a må forståast slik at kommunar er forplikta til årleg å betale avdrag tilsvarande minimumskravet. Kvam herad har i 2019 ikkje betalt avdrag på lån.»

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Deloitte levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttale om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltninga», vedlegg 5.

Oppgåva omhandlar kontroll og etterleving av reglane om meirverdiavgift for investeringsprosjektet Hardangerbadet. Det går vidare m.a. fram at oppgåva er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet. Deloitte stadfester at ei slik risiko- og vesentlegvurdering vil verta lagt fram i møtet.

Til slutt konkluderer Deloitte m.a. slik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på noko som gir oss grunn til å tru at Kvam herad ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i lov om meirverdiavgift og lov om kompensasjon av meirverdiavgift.»

Revisjonsrapport nr. 12 for rekneskapsåret 2019 frå Deloitte


Revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte til heradet, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 6. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar.

Dette for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve nokre tilrådingar til heradet på forhold som bør og kan betrast. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsregnskap er positivt med kr. 17.601.000, dvs. netto resultatgrad på + 1,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utenom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 1,7 % i 2019. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Kvam herad har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2015 (- 2,96 %), 2016 (+ 2,20 %), 2017 (+ 2,40 %), 2018 (+ 4,71 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har heradet eit resultat som i 2019 er positivt. Det er litt høgare enn tilrådingane frå TBU og litt over snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad heradet sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Kvam herad har ei lånegjeld i 2019 tilsvarende 124,4 % av sum driftsinntekter, altså langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 120,6 % i 2018, altså ein liten auke i 2019.

Tilsvarende er disposisjonsfondet på 6,98 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Totalt sett har Kvam herad høg lånegjeld, men eit driftsresultat for 2019 som er over tilrådinga frå TBU og høgare enn landsgjennomsnittet som i år er på 1,7 %. Det er gledeleg at disposisjonsfondet ligg over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

Sekretariatet har merka seg m.a. dette fra rådmannen sin uttale i årsmeldingen:

«I Kvam fann me både utfordringar og nye høve til å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid i året som har gått. Satsingsområdet «opplevingsøkonomi» viste fin vekst, endå før storsatsinga «Hardangerbadet» opna i romjula. Eit av våre viktigaste verkty for å leggja til rette for vidare, heilskapleg utvikling av kommunen, arealplanen, vart ferdigstilt. Pleie og omsorg sitt arbeid med å svara ut innsparingskrav, vaks til å verta eit utviklingsprosjekt for å skapa berekraftige tenester for framtida. Prosjektet fekk nyttige verkty frå innovasjonsnettverk i regi av KS. Sannsynlegvis er utviklingsprosjektet eit av dei mest omfattande prosjekta i organisasjonen i nyare tid. Enno står mykje arbeid igjen, med å vri tenestene til meir heimebaserte og med brukaren i sentrum. Rådmannen er imponert og takksam for all innsats og omtanke som er lagt ned i prosjektet så langt, og ser fram til følgja prosjektet vidare.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til heradet sin årsrekneskap. Uttalen blir gjeven med bakgrunn i framlagt årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen. Vidare har vi lagt til grunn revisjonsmeldinga, revisjonsrapport nr. 12, attestasjonsuttale om etterleving frå revisor mv. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva tilhøve som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle tilhøve som vert omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapporter og nummererte brev. Dessutan sammenheng mellom netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til heradsstyret, med kopi til formannskapet.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gir ei god skildring av drifta av heradet i 2019.

Årsmeldinga fra administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder slik:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

Sekretariatet har merka seg at alle desse tilhøva er omtalt på ein god måte i årsmeldinga for 2019.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale, jf. vedlegg 1:

- Presisering i revisjonsmeldinga gjeldande at det ikkje er betalt avdrag på lån
- Rekneskapsmessig mindreforbruk
- Netto driftsresultat
- Disposisjonsfond
- Lånegjeld
- Tallmateriale og uttale fra revisjonsmelding og revisjonsrapporten.

Konklusjon

Kvam herad har i 2019 positivt driftsresultat, tilfredsstillende disposisjonsfond medan lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten. I dette ligg det også føre kva som er gjort når det gjeld avdrag på lån som går fram av presiseringa i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til heradsstyret.



TIL KVAM HERAD V/ HERADSSTYRET

ÅRSREKNEKAPEN 2019 FOR KVAM HERAD, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet har i møte 27.4.2020 handsama Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.

Representantar fra administrasjonen og ansvarlig revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Revisjonsmeldinga frå Deloitte:

Når revisor er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen i ein kommune er det vanleg at det vert levert ei såkalla «normal revisjonsmelding». Dersom revisor ikkje er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen er det høve til å gjera avvik frå «normal revisjonsmelding». Utforminga av ei revisjonsmelding med avvik kan gjerast på fleire måtar avhengig av kor vesentleg og alvorleg avvik det er snakk om. Dei to minst alvorlege avvika er desse:

1. **Presisering:** Ei tydeleggjering av forhold som allereie er omtalt i rekneskapen, men som revisor meiner det er viktig at brukarane av rekneskapen blir gjort merksam på
2. **Forbehold:** Dette vert brukt når det er avdekkja vesentlege feil i rekneskapen, men der feila likevel ikkje er så vesentlege at heile rekneskapen vert vesentleg feil.

I dette tilfellet har Deloitte levert ei revisjonsmelding med presisering.

Dette kjem fram i revisjonsmeldinga på denne måten på side 3:

«Andre forhold

Kommunen sine lån skal med bakgrunn i generasjonsprinsippet avdragast slik at attståande løpetid for den samla gjeldsbyrde ikkje overstig den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte, jf. kommunelova § 50 nr. 7a. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet legg til grunn at § 50 nr. 7a må forståast slik at kommunar er forplikta til årleg å betale avdrag tilsvarande minimumskravet. Kvam herad har i 2019 ikkje betalt avdrag på lån.»

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsregnskap er positivt med kr. 17.601.000, dvs. netto resultatgrad på + 1,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utenom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 1,7 % i 2019. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Kvam herad har ei lånegjeld i 2019 tilsvarende 124,4 % av sum driftsinntekter, altså langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 120,6 % i 2018, altså ein liten auke i 2019.

Tilsvarende er disposisjonsfondet på 6,98 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Totalt sett har Kvam herad høg lånegjeld, men eit driftsresultat for 2019 som er over tilrådinga frå TBU og høgare enn landsgjennomsnittet som i år er på 1,7 %. Det er gledeleg at disposisjons-fondet ligg over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

Sekretariatet har merka seg m.a. dette fra rådmannen sin uttale i årsmeldingen:

«I Kvam fann me både utfordringar og nye høve til å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid i året som har gått. Satsingsområdet «opplevingsøkonomi» viste fin vekst, endå før storsatsinga «Hardangerbadet» opna i romjula. Eit av våre viktigaste verktøy for å leggja til rette for vidare, heilskapleg utvikling av kommunen, arealplanen, vart ferdigstilt. Pleie og omsorg sitt arbeid med å svara ut innsparingskrav, vaks til å verta eit utviklingsprosjekt for å skapa berekraftige tenester for framtida. Prosjektet fekk nyttige verktøy frå innovasjonsnettverk i regi av KS. Sannsynlegvis er utviklingsprosjektet eit av dei mest omfattande prosjekta i organisasjonen i nyare tid. Enno står mykje arbeid igjen, med å vri tenestene til meir heimebaserte og med brukaren i sentrum. Rådmannen er imponert og takksam for all innsats og omtanke som er lagt ned i prosjektet så langt, og ser fram til følgja prosjektet vidare.»

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformas i tråd med Kommunelova § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre tryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

Kontrollutvalget har merka seg at alle desse tilhøva er omtalt på en god måte i årsmeldinga for 2019.

Kontrollutvalet tilrår at Kvam herad prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 fra Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til heradet sin årsrekneskap. Uttalen blir gjeven med bakgrunn i framlagt årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen. Vidare har vi lagt til grunn revisjonsmeldinga, revisjonsrapport nr. 12, attestasjonsuttale om etterleving frå revisor mv. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva tilhøve som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle tilhøve som vert omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapporter og nummererte brev. Dessutan sammenheng mellom netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til heradsstyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalget forutsett at presiseringa i revisjonsmeldinga gjeldande at det ikkje er betalt avdrag på lån vert bragt i orden
- Det vert tilrådd at Kvam herad prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte.
- Kontrollutvalet ser det som positivt av Kvam herad i 2019 har eit positivt driftsresultat og eit tilfredsstillande disposisjonsfond.
- Kontrollutvalet er uroa for at Kvam herad si lånegjeld har vore høg fleire år på rad og ligg langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2019 på 124,4 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2018 var på 120,6 %.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframstillinga til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 03.04.2020 og revisjonsrapport nr. 12 for 2019 fra Deloitte dagsett 06.04.2020, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.

Kvam, 27.4.2020

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentett er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Kvam herad, Formannskapet



Årsmelding 2019

Kvam herad



Innhald

Medvind	6
1 Kvam herad som samfunnsutviklar	8
1.1 Visjon	8
1.2 Mål og tiltak	9
1.3 FN sine berekraftmål	16
1.4 Tenesteavtale med politiet - førebyggjande arbeid.....	21
2 Kvam herad som arbeidsgjevar	25
2.1 Organisasjonskart for Kvam herad	25
2.1 Arbeidsgjevarpolitikk	25
2.2 Mål og tiltak	26
2.2.1 Rekruttera og behalda arbeidskraft	28
2.2.2 Heiltidskultur.....	29
2.2.3 Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling	30
2.2.4 Sjukefråvær	31
2.2.5 Helse, miljø og tryggleik	33
2.2.6 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering	33
3 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer	34
3.1 Demografisk utvikling Kvam herad	36
3.2 Brutto driftsinntekter	41
3.3 Brutto driftsutgifter	43
3.4 Finansresultat.....	48
3.5 Netto driftsresultat.....	50
3.6 Fondsmidlar	50
3.7 Investeringar	50
3.8 Balanse.....	51
4 Kvam herad som tenesteytar	53
4.1 Mål og tiltak	55
4.2 Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen	56
4.3 Finans og fellespostar	57
4.3.1 Om tenestene	57
4.3.2 Mål og tiltak	57
4.3.3 Økonomiske rammer	57
4.4 Styring og kontrollverksemd	58
4.4.1 Om tenestene	58
4.4.2 Mål og tiltak	59
4.4.3 Økonomiske rammer	60
4.5 Administrasjon	61
4.5.1 Om tenestene	61
4.5.2 Mål og tiltak	61
4.5.3 Økonomiske rammer	66
4.6 Barnehage	67
4.6.1 Om tenestene	67
4.6.2 Mål og tiltak	68
4.6.3 Økonomiske rammer	71

4.6.4	Fellestema: Kvam familie- og læringscenter.....	71
4.7	Grunnskuleopplæring.....	74
4.7.1	Om tenestene	74
4.7.2	Mål og tiltak	75
4.7.3	Økonomiske rammer	79
4.8	Kommunehelse	80
4.8.1	Om tenestene	80
4.8.2	Mål og tiltak	83
4.8.3	Økonomiske rammer	90
4.9	Pleie og omsorg.....	91
4.9.1	Om tenestene	91
4.9.2	Mål og tiltak	94
4.9.3	Økonomiske rammer	104
4.10	Sosialteneste	105
4.10.1	Om tenestene	105
4.10.2	Mål og tiltak	106
4.10.3	Økonomiske rammer	108
4.11	Barnevern	109
4.11.1	Om tenestene	109
4.11.2	Mål og tiltak	109
4.11.3	Økonomiske rammer	112
4.12	Vatn, avlaup, avfall og renovasjon.....	113
4.12.1	Om tenestene	113
4.12.2	Mål og tiltak	114
4.12.3	Økonomiske rammer	116
4.13	Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø.....	117
4.13.1	Om tenestene	117
4.13.2	Mål og tiltak	118
4.13.3	Økonomiske rammer	122
4.14	Kultur.....	123
4.14.1	Om tenestene	123
4.14.2	Mål og tiltak	126
4.14.3	Økonomiske rammer	129
4.15	Kyrkja.....	130
4.15.1	Om tenestene	130
4.15.2	Økonomiske rammer	130
4.16	Samferdsel.....	131
4.16.1	Om tenestene	131
4.16.2	Mål og tiltak	131
4.16.3	Økonomiske rammer	133
4.17	Bustad	134
4.17.1	Om tenestene	134
4.17.2	Mål og tiltak	134
4.17.3	Økonomiske rammer	136
4.18	Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft.....	137
4.18.1	Om tenestene	137

4.18.2	Mål og tiltak	138
4.18.3	Økonomiske rammer	140
4.19	Brann og ulykkesvern	141
4.19.1	Om tenestene	141
4.19.2	Mål og tiltak	141
4.19.3	Økonomiske rammer	144
4.20	Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	145
4.20.1	Om tenestene	145
4.20.2	Økonomiske rammer	145
4.21	Sosiale utgifter	146
4.22	Avskrivningar	148
4.23	Driftsprosjekt	149
4.24	Fellestema: Kommunale bygg	150
4.24.1	Om tema	150
4.24.2	Mål og tiltak	150
5	Kvam herad – Årsrekneskap	152
5.1	Hovudoversikt – drift	153
5.1.1	Skjema 1A	156
5.1.2	Skjema 1B	157
5.2	Hovudoversikt – investering	158
5.2.1	Skjema 2 A	160
5.2.2	Skjema 2B	161
5.3	Balanse	163
5.4	Notar	165
5.4.1	Rekneskapsprinsipp	165
5.4.2	Arbeidskapital	166
5.4.3	Godtgjersler og honorar	167
5.4.4	Pensjonsnote	168
5.4.5	Garantiar	169
5.4.6	Varige driftsmidlar	169
5.4.7	Aksjar og partar	170
5.4.8	Sal av finansielle anleggsmiddel	170
5.4.9	Låneportefølje	171
5.4.10	Obligasjonsportefølje	172
5.4.11	Avsetjingar og bruk av avsetjingar	173
5.4.12	Kapitalkonto	174
5.4.13	Gebyrfinansierte sjølvkostnader	175
6	Statuskommentar til budsjettvedtak, HST-077/18	177
7	Nøkkeltaloversikt	182
7.1	Befolkningsutvikling	182
7.2	Skatteingang	182
7.3	Driftsinntekter mot budsjett	183
7.4	Driftsutgifter mot budsjett	183
7.5	Finansinntekter mot budsjett	184
7.6	Finansutgifter mot budsjett	184
7.7	Netto driftsresultat mot budsjett	185

7.8	Fondsdisponeringar.....	185
8	Vedleggoversikt	185

Medvind

Då rammene for budsjettet for 2019 vart utarbeidd, var rådmannen oppteken av «satsing, styring og samskaping». Føreståande samanslåing av kommunar, fylkeskommunar og andre organisasjonar som me samhandlar med, fekk stor merksemd. Mange av desse organisasjonane hadde eit sterkt internt fokus i 2019, for å vera klare til dyst 1.1.20.

I Kvam fann me både utfordringar og nye høve til å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid i året som har gått. Satsingsområdet «opplevingsøkonomi» viste fin vekst, endå før storsatsinga «Hardangerbadet» opna i romjula. Eit av våre viktigaste verktoy for å leggja til rette for vidare, heilskapleg utvikling av kommunen, arealplanen, vart ferdigstilt. Pleie og omsorg sitt arbeid med å svara ut innsparingskrav, vaks til å verta eit utviklingsprosjekt for å skapa berekraftige tenester for framtida. Prosjektet fekk nyttige verktoy frå innovasjonsnettverk i regi av KS. Sannsynlegvis er utviklingsprosjektet eit av dei mest omfattande prosjekta i organisasjonen i nyare tid. Enno står mykje arbeid igjen, med å vri tenestene til meir heimebaserte og med brukaren i sentrum. Rådmannen er imponert og takksam for all innsats og omtanke som er lagt ned i prosjektet så langt, og ser fram til følgja prosjektet vidare.

Det viktige førebyggjande arbeidet for born og unge heldt fram i 2019, og tverrgåande samarbeid på tvers av tenestene vart enklare etter at me fekk ein ny møteplass i Kvam familie- og læringscenter (KFL). Sjølve bygget vart opna av utdannings- og integreringsminister Jan Tore Sanner 2. mai, som kvitterte med at «Kvam herad er ein av dei kommunane i landet vårt som jobbar best med born og ungdom». Å leggja til rette for førebyggjande, inkluderande og gode vilkår for born og unge sin oppvekst i kommunen, er framleis eit utfordrande og krev innsats frå alle nivå, og kompetansesatsing og -deling. Statlege normer utfordrar lokale tilpassingar, og me har framleis eit stykke å gå, men kommunen har engasjerte medarbeidarar med mykje omtanke for den oppveksande generasjonen. Me likar å tru at me har lukkast med noko av innsatsen vår, når me ser på dei engasjerte og reflekterte ungdomane våre, ikkje minst representert i Kvam Ungdomsråd.

I 2019 tok Kvam herad for fyrste gong inn nokre av FN sine berekraftsmål som del av budsjettarbeidet. Måla er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla kan delast vidare inn i berekraftsområda miljø, sosial og økonomi, som alle er viktige område for kommunen. Mange av måla er oppnådd for oss i Norge. Eit av dei er mål 6, reint vatn og gode sanitærforhold. Likevel var ein av dei mest utfordrande situasjonane i 2019 i kommune-Norge, vasskrisa, der særleg Askøy kommune fekk kjenna på at dette. I Kvam måtte me òg handtera mangel på vatn om sommaren, og deretter store mengder med vatn om hausten, og påfølgjande øydeleggingar. Som kommune må me førebu oss på mykje som kan skje, og som kan trua måla våre. I 2019 brukte me difor mykje tid på å arbeida med planar, ROS, kvalitetssystem og anna internkontrollarbeid. Slikt arbeid er ressurskrevjande, men til god hjelp i det som ser ut til å verta stadig meir krevjande situasjonar som utfordrar oss på nye måtar, og i større omfang.

19. juni vart Notanes reinseanlegg offisielt opna av dåverande statssekretær i Klima- og miljødepartementet, Sveinung Rotevatn, som kalla det ei klok investering, og teikn på ansvarlege politikarar og eit ansvarleg kommunestyre.

Dei tre største investeringsprosjekta som vart opna i 2019, KFL, Notaneset og Kvammabadet, har alle vore kjenneteikna av god prosjektstyring og ferdigstilling innanfor tids- og økonomirammer, i tillegg

til ivaretaking av HMS i prosjekta. Rådmannen vil nytta høvet til å retta ei særskilt takk til prosjektleiarar, –medarbeidarar, leverandørar og samarbeidspartar.

Sjølv om investeringsprosjekta held rammene, medfører dei likevel eit auka press på drifta. Rådmannen la difor fram eit budsjett mot balanse i drifta, men hadde eit håp om auka resultat frå kraft og havbruksfond. Etter politiske prioriteringar av å ta igjen noko av vedlikehaldsetterslepet på bygg og vegar på 6 mnok, samt tilskot til Hardanger Fartøyvernsenter på 3 mnok og enkelte andre justeringar, var det opprinnelege budsjetterte underskotet på 9,8 mnok. Kraftprisen fekk eit oppsving, samstundes som at kraftutgiftene våre vart lågare, og enkelte prosjekt vart forskyvd i tid. Midlar frå Havbruksfondet kom på slutten av året, i tillegg til at me fekk tilslag på andre tilskotsordningar. Alt i alt tek me difor med oss eit resultat på 17,6 mnok (ca. 2 %), der 8,1 mnok førebels er udisponert midlar gjer at me står betre rusta til komande utfordringar. Rådmannen opplever det som at me fekk god medvind i 2019 på inntektssida. Men det som kom inn ekstra i løpet av året, kjem på toppen av nok eit år med generelt god budsjett disiplin og aktivt arbeid for å finna gode løysingar for å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid for kommunen vår. Rådmannen vil retta ein stor takk til medarbeidarar, leiarar og politikarar for dette arbeidet.

Anita Hesthamar
- rådmann -

1.2 Mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og bergensregionen.*

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å få dette til er følgjande hovudstrategiar valt i planperioden: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
Stadutvikling <i>Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.</i>	Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitje og etablere seg der.	Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda.	Deltaking prosjektet "Liv og lyst" prosjektet i Øystese. Kontinuerleg arbeid med ny vidaregåande skule i Norheimsund, skulen som ein del av tettstadutviklinga i Norheimsund. Cowi har gjennomført ei moglegheitsstudie for Øystesevassdraget. Studiet ser på moglegheiten for å opna opp for ålmenta langs vassdraget. Kommunearkitekt jobbar med skisser for parken foran Hardangerbadet saman med Liv og Lyst. Det vert tilrettelagt for ein park i Ålvik sentrum.
	Sentra våre skal framstå som trafiksikre og trygge for mjuke trafikkantar	Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegssystem i, rundt og gjennom sentra.	Arbeid med trafiksikringsplan, gang- og sykkelveggar er tema. Arbeid med Trafikksikker kommune.
	Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement	Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idédugnader og	Det vert jobba med uteområdet på ungdomsbasen. Ungdommar, kunstnar og

		folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.	arkitekt jobbar saman for eit godt prosjekt. Arbeidet med parken framføre Hardangerbadet. Det er henta innspel frå skulelevar og innbyggjarar (samarbeid med Liv og Lyst)
	Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekkjande og tilgjengelege	Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut.	Planlegging av nytt turistvegprosjekt i Ålvik, Turvefjóra. Ny gang- og sykkelsti er planlagd mellom Oddland camping og Lidarende i Vikøy, vert ferdigstilt i 2020. Store investeringar og sanering i VA-prosjekt.
	Me vil at sentrumsområda skal vera mangfaldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad	Kvam herad skal i si planlegging sørgja for at sentrumsområda får ein god variasjon i mellom service, kontor og bustad.	Kommuneplanens arealdel vedteke i oktober 2019.
	Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn	Kvam herad skal med godt og tverrfagleg ROS-arbeid driva med førebyggjande arbeid for å hindra ulukker og skadar.	Arbeidd med overordna internkontroll og opplæring i ROS-arbeid for alle leiarar.
	Me vil ha aktive handelssentra	Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablera seg med forretningar i sentrum.	Kommuneplanen sin arealdel vedteken i oktober. Ny vidaregåande skule vert planlagd i Norheimsund sentrum. Positivt for forretningar i sentrum. Hardangerbadet og nytt hotell kan skape ein positiv effekt for forretningar og næring i Øystese.

			Arbeid med «Liv og lyst»
	Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund	Me planlegg trafikken i tunnel.	Kommuneplan inneheld moglegheit for å bygge tunnel bak Norheimsund sentrum.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
Bustad Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.	Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen.	Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.	Ny kommuneplan set av naudsynt areal til bustad der det er teke omsyn til demografi og framtidig befolkningsutvikling.
	Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i grendene.	Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane for senterstruktur og utnytting av LNF-område.	Dette er regulert i ny kommuneplan.
	Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegangsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.	Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging.	Kvam herad lånte ut 17,4 mnok av husbankmidlane
	Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam.	Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.	Ikkje oppretta eige kontor. Nyttar ei Husbanknemd.
	Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærrekreasjonsområde.	Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.	Kvam herad har gjeve tilskot til leikeplassar og nærmiljøtiltak.
	Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.	Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i noverande bebygde område og område som er egna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.	Funksjonell strandsone er kartlagd og det er lagt inn byggegrense til sjø for alle byggeområder.
	Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.	Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass	Blir delvis styrd gjennom kommuneplanen og god kommunikasjon med

		infrastruktur.	utbyggjar gjennom reguleringsplanar. Store investeringar i ny VA-infrastruktur og sanering
--	--	----------------	---

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
Infrastruktur og kommunikasjon Kvam skal ha ein trafiksikker og effektiv infrastruktur –eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.	Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.	Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.	Arbeidet med kommunedelplan for Fv-7 var på høyring i 2019
	Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.	Kvam herad skal sørgja for at godkjente reguleringsplanar for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.	Arbeidar fortsatt med å få på plass ei forenkla løysing for gang- og sykkelveg på Kvamskogen. Håpar å få fylkesmannen til å trekke klagen på dispensasjonen. Arbeidet med gang- og sykkelveg i mellom Odland og Lidarende har starta opp. Prosjektert nytt kryss til næringsområdet på Bakka
	Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg.	Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.	Ny utbetra veglinje frå Norheimsund til Tolomarka ligg inne i kommuneplanen sin arealdel, det er ikkje kjend at det er planar hjå Statens vegvesen om å prioritere denne vegen. BIR sin gjennvinningsstasjon skal flytta ned til Sandvenhagen næringsområde. Tolomarka barnehage er bygd om til omsorgsinstitusjon.

			Totalt vil dette redusere trafikken.
	Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.	Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.	Kvam ligger fortsatt i sone 2 og har dei same redusert satsane for reise til og frå Bergen.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
Verdiskaping igjennom samarbeid I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet	Entreprenørskap I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.	I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.	Kommunedelplan for næring om kompetanse som grunnlag for tildeling av midlar i frå kraftfondet. Tildeling av midlar til næringsutvikling via kraftfondet. Held fram med Ungt entreprenørskap.
	Møteplassar I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.	Utdeling av kulturprisen til Brynjulv Måkestad for innsatsen for lagsarbeid og som eldsjel igjennom mange år og i 2019 for å få på plass ny rulliskeisebane i Vikøy. Kvammaveko – gjennomføring av ei rekke arrangement i samarbeid mellom Kvam herad, Grannehjelpa og fleire andre frivillige organisasjonar i kommunen Kafe Påfyll (samarbeid mellom ROP, grannehjelpa og biblioteket)
	Frivilligheit og kommunen I Kvam vil me dyrka	I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode	Etablering av idrettsrådet Gratis leige av idrettshallar, gymsalar og fotballbanar.

	felleskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	levekår og utviklar seg på egne premissar.	Tilskot til løypekøyning på Kvamskogen og Sjusete
	Breidde og mangfald i kulturlivet I Kvam vil me ha breidde og mangfald i kulturtilbodet.	I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.	Tilskot til lag og organisasjonar og samarbeid med Grannehjelpa.
	Lokaldemokratiet I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning.	I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde har reell innflytelse på samfunnsutviklinga.	Nye nettsider vart publisert i slutten av 2018. Her ligg det lett tilgjengeleg informasjon om kommunen og kva for verktøy som er tilgjengeleg for å påverke samfunnsutviklinga.
	Vidaregåande skular I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år.	I Kvam skal me i lag med Vestland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund.	Oppretta lokal arbeidsgruppe for å få på plass Kvam vidaregåande skule. Godt samarbeid med Vestland fylkeskommune i 2019 for å komma i gang med reguleringsplan, mogleighetsstudie og trafikkanalyse for området.
	Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.	Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskingsmiljø.	Gjennom stiftelsen Høyskole-utdanning i Hardanger vert det tilbydd kurs og utdanningsløp.
	Opplevingsøkonomien I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.	I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.	Fleire av søknadane til kraftfondet var retta mot auka tilbod som opplevingskommune.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
<p>Livskvalitet</p> <p>I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.</p>	<p>Frivillig sektor</p> <p>I Kvam vil me ha frivilligheit og dugnadsinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet.</p>	<p>I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.</p>	<p>Kommunen yt tilskot til lag og organisasjonar</p>
	<p>Arbeid - og aktivitetstilbod</p> <p>I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid.</p>	<p>I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid</p>	<p>Samarbeidsforum Skule- næringsliv møter skulane, Handalag, nærings- rådet, NAV og kommunen.</p>
	<p>Fysisk aktivitet hjå befolkninga</p> <p>I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet.</p>	<p>I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.</p>	<p>Tilskot til turløyper mv Gratis leige av idrettshallar for lag og organisasjonar Etablering av sykkelveggar og sykkelparkeringar</p>
	<p>Barnehage</p> <p>I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.</p>	<p>I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.</p>	<p>I 2019 gjekk ca. 88,8 % av alle barn mellom 1-5 år i barnehage, og i Kvam herad ca 90 %. Heradet har relativt mange minoritetspråklege barn i barnehagen.</p> <p>Barnehagane jobbar systematisk med vennskap, trivsel, vaksne som ser, og handlingsplan mot mobbing, innføring av Lp-modellen og bruk av morsmålsassisten er nokon av tiltaka for å skapa godt læringsmiljø, integrering og sosialisering.</p>
	<p>Tverrfagleg samarbeid</p> <p>I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid</p>	<p>I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremjar samarbeid.</p>	<p>Tildeling av kommunale tilskot og støtte til lag og organisasjonar. Liv og lyst Kvammaveko Kafe Påfyll UngFritid</p>
	<p>Samfunnstryggleik</p> <p>Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa</p>	<p>Gjennomføra gode risiko- og sårbarheits analysar med gode kunnskapsgrunnlag.</p>	<p>I løpet av 2019 er det gjennomført større ROS-analysar knytt til vassforsyning og fleire kommunale bygg.</p>

	hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Kontinuerleg fokus på førebyggjande tiltak. Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider	Den kommunale kriseleiinga har hatt øvingar knytt til atomberedskap, evakuering og informasjonsarbeid.
--	---	---	--

1.3 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempa ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla gjeld for alle land i verda. Til saman er det 17 mål, illustrert under.



Til kvart mål er det utarbeidd forklaring og delmål, sjå lenkja: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>. Nedanfor dei dei måla som var vurdert som mest aktuelle for Kvam herad i 2019, sett opp.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
3 - God helse "Sikra god helsa og fremja livskvalitet for alle, uansett alder"	3.3) Innen 2030 stoppa epidemiane av aids, tuberkulose, malaria og neglisjerte tropiske sjukdomar samt bekjempa hepatitt, vassbårne og andre smittsame sjukdomar.	Oppdatera smittevernplan Laga plan for helsemessig og sosial beredskap Overordna	Planarbeidet utsett til 2020 Overordna folkehelsegruppe har

	<p>3.4) Innan 2030 redusera prematur dødelegheit forårsaka av ikkje-smittsame sjukdomar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremja mental helse og livskvalitet.</p>	<p>folkehelsegruppe startar arbeidet med revisjon av folkehelseoversikta for Kvam herad.</p> <p>Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer»</p> <p>Deltaking i nasjonalt folkehelseprogram med oppfølging lokalt i Kvam.</p>	<p>starta arbeidet med å rullera folkehelseoversikten. Tema i folkehelseoversikten involverer fleire einingar</p> <p>Det er tilsett prosjektleiar (40%) og prosjektmedarbeidar. Samnanger ungdomsskule og Kvam ungdomsskule er pilotskular. Fyrste gjennomføring i klasserommet vert hausten 2020. Nettside med undervisningsopplegg, praktiske øvingar, oppgåver og hjelpematerell til lærarane er under utvikling.</p> <p>Prosjektet samarbeider godt med UiB (Hemisenteret) som er ansvarlege for evalueringa av prosjektet.</p>
	<p>3.5) Styrka førebygging og behandling av misbruk, blant anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.</p>	<p>Revidera rusmiddelpolitisk handlingsplan</p>	<p>Revidert rusfagleg plan vert lagt fram til politisk handsaming våren 2020</p>

	<p>3.6) Innan 2020 halvera talet på dødsfall og skadar i verda forårsaka av trafikkulykker.</p>	<p>Vurdera å oppretta SLT-koordinator til å samordna lokale førebyggjande tiltak for rus og –kriminalitet, saman med politiet</p> <p>Oppfølging av underskriven avtale om trafiksikker kommune og tenesteavtale med politiet</p>	<p>Ikkje prioritert SLT innanfor økonomiske rammer for 2019</p> <p>Sjå eige kapittel om tenesteavtale</p> <p>Vidareført arbeidet å verta trafiksikker kommune</p>
<p>4 - God utdanning</p> <p>"Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheit for livslang læring for alle"</p>	<p>4.5) Innan 2030 avskaffa kjønsskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivåer innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personer med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.</p> <p>4.7) Innan 2030 sikra at alle elevar og studentar tileigner seg den kompetanse som er nødvendig for å fremja bærekraftig utvikling, blant anna gjennom utdanning for bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremja av ein freds- og en ikkjevaldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av</p>	<p>Sikre heiltids-introduksjonsprogram for flyktningar og på bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon laga karriereplan for arbeid og utdanning</p> <p>Ta imot lærlingar og studentar</p> <p>Laga kompetanseplanar</p>	<p>Alle flyktningar har hatt tilbod om heiltids-kvalifiseringsprogram i 2019.</p> <p>Alle programdeltakarar har hatt tilbod om språkpraksisplass</p> <p>Kommunen har ei rekkje lærlingar, og m.a. program for desentralisert studie.</p> <p>Arbeid med kompetanseplanar starta våren 2020</p>

	kulturelt mangfold og kulturen sin medverknad til bærekraftig utvikling.		
<p>9 – Innovasjon og infrastruktur</p> <p>"Byggja solid infrastruktur, fremja inkluderande og bærekraftig industrialisering og medverka til innovasjon"</p>	<p>9.1) Utvikla påliteleg, bærekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, herunder regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommeleg pris og likeverdig tilgang for alle.</p> <p>9.4) Innen 2030 oppgradera infrastruktur og omstilla næringslivet til å verta meir bærekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og kapasitet.</p>	<p>Krav i kommuneplan til planlegging av infrastruktur, bygge miljøvenlege bygg og sette energikrav.</p> <p>Sanera VA-anlegg</p> <p>Ta i bruk nytt reinseanlegg på Notaneset</p> <p>Arbeida vidare med å utbetra fibernettet</p> <p>Leggja til rette for ny gjenvinningsstasjon i Sandvenhagen</p>	<p>Ny kommuneplan vedteke hausten 2019</p> <p>Prosjekt for sanering av VA-anlegg gjennomført i 2019, og reinseanlegg på Notanes teke i bruk.</p> <p>Oppretta fleire kommunale wifi-punkt.</p> <p>Gjennomført tilrettelegging av areal for ny miljøstasjon i Sandvenhagen</p>
<p>12 – Ansvarleg forbruk og produksjon</p> <p>"Sikra bærekraftig forbruks- og produksjonsmønster"</p>	<p>12.5) Innan 2030 betydeleg redusera avfallsmengda gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk.</p> <p>12.7) Fremja berekraftige</p>	<p>Samarbeida med BIR for å redusera, gjenvinna og ivareta resterande avfall på best mogleg måle.</p> <p>Revidera kommunedelplan for energi og klima.</p>	<p>Gjennomført tilrettelegging av areal for ny miljøstasjon i Sandvenhagen</p> <p>Delteke i KS-nettverk som del av førebuing til planarbeid. Planprogram vedteke i 2020.</p>

	<p>ordningar for offentlege anskaffingar, i samsvar med dei enkelte land sin politikk og prioriteringar.</p> <p>12.b) Utvikla og innføra metodar for å overvaka konsekvensane av ein berekraftig utvikling på ei turistnæring som er berekraftig, skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.</p>	<p>Gjennomføra tiltak i innkjøpsstrategi.</p> <p>Samarbeida med Visit Hardangerfjord AS, fylkeskommunen og andre partar for ei berekraftig utvikling av turistnæringa.</p>	<p>Gjennomført.</p> <p>Tema i Hardangerkonferanse i 2020</p>
<p>13 – Stoppa klimaendringane</p> <p>"Handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei"</p>	<p>13.1) Styrka evna til å stå imot og tilpassa seg klimarelaterte farer og naturkatastrofar i alle land.</p> <p>13.3) Styrka enkeltpersonar og institusjonar si evne til å motvirka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskapen og bevisstgjeringsen om dette.</p>	<p>Revidera kommunedelplan for energi og klima.</p> <p>Revidera overordna ROS-analyse</p> <p>Ta i bruk ROS-modul i kvalitetssystem til å gjennomføra ROS-analysar for ulike delar av organisasjonen</p> <p>Klargjera tilfluktsrom</p> <p>Gjennomføra beredskapsøvingar</p> <p>Delta i beredskapskampanjar</p>	<p>Kvam herad er med i KS sitt klimanettverk, kompetansenettverk for arbeidet med energi- og klimaplan.</p> <p>Revisjon av overordna ROS-analyse utsett til 2020.</p> <p>ROS-modul teke i bruk.</p> <p>Klargjering sett på vent til nytt arkivrom er ferdig.</p> <p>Øvingar og vidare utvikling av beredskapsarbeid gjennomført.</p> <p>Delteke i DSB sin kampanje for eigenbredskap</p>

1.4 Tenesteavtale med politiet - førebyggjande arbeid

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet var ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførtast i nærpolitireforma. Som del av dette arbeidet, vart det inngått ein tenesteavtale mellom Kvam herad og politiet. Etter bl.a. ei spørjeundersøking blant heradsstyrerepresentantane, vart det plukka ut nokre område som skulle ha særskilt fokus på førebyggjande arbeid i 2019. Områda er lista opp nedanfor.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Førebyggjande arbeid	hindra mobbing og styrka psykisk helse	<p>Systematisk arbeid med fokus på venskap, trivsel og vaksne som ser i barnehagen</p> <p>Implementera og følgja opp handlingsplan mot mobbing i barnehagen</p> <p>Fylgja rutinar etter § 9a i skulen:</p> <p>Alle vaksne skal følgja med på at kvar elev har det trygt og godt</p> <p>Deltaking i nasjonalt folkehelseprogram med oppfylgjing lokalt i Kvam.</p> <p>Samordna ressursane i Familiesenteret. Nytt ressursen betre for fleire ved å gje gruppetilbod, undervisning og veiledning.</p> <p>Revidera</p>	<p>Tema venskap, mobbing, trivsel og vaksne som ser er og ein del av satsingsområdet i LP-arbeidet og analysemodellen blir brukt</p> <p>Skulane føl rutine og skriv aktivitetsplanar. Tilsette melder avvik i Compilo, dette er meir synleg etter Compilo vart teken i bruk.</p> <p>LP-modellen vert brukt aktivt i analysearbeid når elevar har det vanskeleg. Satsinga "Barn er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg" har vore arbeidd mykje med.</p> <p>Det er tilsett prosjektleiar (40%) og prosjektmedarbeidar. Samnanger ungdomsskule og Kvam ungdomsskule er pilotskular. Fyrste gjennomføring i klasserommet vert hausten 2020. Nettside med undervisningsopplegg, praktiske øvingar, oppgåver og hjelpematerell til lærarane er under utvikling.</p> <p>Prosjektet samarbeider godt</p>

	<p>Auka debutalder for alkohol og andre rusmiddel</p> <p>Hindra rekruttering til narkotikamiljøet, særskilt blant unge</p> <p>Lukkast med integrering av nye borgarar og motverka radikaliserings</p> <p>Redusera trafikale farar - både fysiske farar (veg, skilt mv) og utfordringar/haldning</p>	<p>rusmiddelpolitisk handlingsplan</p> <p>Vurdera å oppretta SLT-koordinator til å samordna lokale førebyggjande tiltak for rus og –kriminalitet, saman med politiet</p> <p>På bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon, og kunnskap om tilbod i kommunen, skal det utarbeidast karriereplan for arbeid og utdanning</p> <p>Språkpraksisplass til alle som del av kvalifiseringsprogram</p> <p>Gjennomføra tiltak som har fått høgast prioritet i trafikksikringsplanen</p> <p>Arbeida mot at Kvam herad kan verta godkjent som «Trafikksikkert herad»</p> <p>Vurdera trafikktryggleiken rundt kommunale skular, spesielt knytt til områder for levering og henting av born</p>	<p>med UiB (Hemil-senteret) som er ansvarlege for evalueringa av prosjektet.</p> <p>Sjå eige kapittel for Kvam familie- og læringscenter</p> <p>Revidert rusfagleg plan vert lagt fram til politisk handsaming våren 2020</p> <p>Ikkje prioritert SLT innanfor økonomiske rammer for 2019</p> <p>Alle flyktingar har hatt tilbod om heiltids-kvalifiseringsprogram i 2019.</p> <p>Alle programdeltakarar har hatt tilbod om språkpraksisplass</p> <p>Arbeidet pågår. Ny prioriteringsliste frå 2020. Arbeidet med å verta godkjent som «Trafikksikkert herad» har pågått i dei ulike einingane. Mål om å verta godkjent i løpet av 2020.</p> <p>Vurderinga av trafikktryggleiken rundt kommunale skular vil inngå i tiltak om å vurdera hjartesone i ny trafikksikringsplan. Prøvetiltak ved idrettshall i Øystese er nå permanent.</p>
--	---	--	---

	<p>ar blant trafikantane</p> <p>Sikra trygge heimar ved å jobba aktivt for å redusera familievald og seksuelle overgrep</p> <p>Redusera talet på innbyggjare som kjem i økonomisk uføre pga. forbrukslån og dårleg økonomisk styring</p> <p>Hindra vald og truslar mot tilsette i kommunen si teneste</p>	<p>Starta rullering av trafikksikringsplanen</p> <p>Barneverntenesta skal føreta risikovurdering av tenesta og i kvar einskild sak.</p> <p>Vidareføra tverrfaglege ressursteam</p> <p>Tilby gjeldrådgjeving til fleire gjennom NAV</p> <p>Leiarar skal gjennomføra årleg risikovurdering saman med verneombod ihht. HMS-prosedyre</p> <p>Leiarar skal risikovurdera dagleg risiko- og obs.situasjonar etter behov. Medarbeidarar skal melda frå om behov for risikovurdering</p> <p>Prosedyre for forebygging av vald og truslar skal vera tema på personalmøte årleg</p> <p>Dialog på arbeidsplassane – kvar går grensa for uakseptabel åtferd?</p> <p>Gjennomføra opplæring i risikovurdering</p> <p>Situasjonar der tilsette er utsette for vald og truslar vert meldt til politiet</p>	<p>Arbeidet med rullering av trafikksikringsplan er starta, og planen skal godkjennast i først HST-møte i 2020.</p> <p>Barneverntenesta har gjennomført forløpande risikovurderingar i kvar einskild sak.</p> <p>Tverrfagleg ressursteam oppretta på skulane</p> <p>Tilbod gjeve</p> <p>Arbeid med ROS starta opp i 2019, opplæring som del av leiarsamling.</p>
--	---	--	--

--	--	--	--

2 Kvam herad som arbeidsgjevar

2.1 Organisasjonskart for Kvam herad



2.1 Arbeidsgjevarpolitikk

Dei menneskelege ressursane i organisasjonen er sjølv grunnlaget for å utvikla gode kommunale tenester. Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Det er utvikla ei felles leiar- og medarbeiderskapsplattform som viser kva gjensidige forventningar til haldningar og åtferd hos leiarar og medarbeidarar som skapar verdi for brukarane.

Å skapa ein kultur for kontinuerleg forbetring, handlar om at heile organisasjonen har fokus på det som skapar verdi for innbyggjarane/brukarane. Å forstå kva som skapar verdi, kartleggja arbeidsprosessar, skapa arbeidsflyt og hindra sløsing med ressursar, er hovudprinsippa i kontinuerleg forbetningsarbeid. Dei tre måla med forbetningsarbeidet i Kvam herad er:

1. **Best mogleg kvalitet på tenester til brukarar og innbyggjarar**
2. **Best mogleg arbeidsdag for tilsette**
3. **Økonomisk gevinst gjennom best mogleg forvaltning av ressursar**

Å driva ein organisasjon etter prinsippa i kontinuerleg forbetring, inneber involvering av heile organisasjonen. Grunntanken er at kvar einskild medarbeidar er ein viktig aktør i arbeidet med å driva utvikling og forbetring ved at den som er utførar av tenesta, oftast har dei beste forslaga til løysing og/eller forbetringar.

Gjennomføring av lean-prosessar i ulike delar av organisasjonen held fram i 2019. To tilsette er frikjøpt i 20% stillingar for å koordinera og støtta opp om lean-prosessane. Forsøk på å rekruttera lean-prosjektleiar i 100% stilling med kompetanse innan lean-metodikk og erfaring frå lean-prosessar i større organisasjonar, lukkast ikkje. Rekrutteringsprosessen vart sett på vent og sett i samanheng med eit stadig aukande behov for å tilføra kompetanse innan internkontroll, risiko og sårbarheitsanalyse og kvalitetsarbeid generelt. Behovet for ein kvalitetskoordinator som innehar kompetanse innan leanmetodikk vert følgd opp i 2020.

2.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat	
Medarbeidarutvikling	Tilsette har kompetanse til å utføra arbeidsoppgåvene på ein effektiv måte	Vidareutvikla kultur for kontinuerleg forbetningsarbeid gjennom å nytta Lean som system og verktøy Desentraliserte studietilbod Økonomiske tilskot og tilrettelegging for kompetanseutvikling	Informasjon om lean i Kvam herad er gjort tilgjengeleg i kvalitetssystemet Compilo Sjuepleiar, vernepleiar og grunnskulelærerutdanning er tilgjengeleg lokalt Fagutdanning lokalt gjennom samarbeid med Handalag opplæringskontor og AOF Inngått kontrakt om «fagbrev på jobb» innan byggdriftarfaget Lokalt studietilbod via studiesenteret.no med lokalt undervisningsstudio i Norheimsund Innvilga tilskot etter individuelle søknadar	
	Lønsvilkår som gjer kommunen i stand til å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. I den samla lønns pakken inngår pensjons- og forsikringsordningar	Sjå eige avsnitt om å rekruttera og behalda arbeidskraft		
	Rolle og ansvarsfordelinga i Kvam herad skal vera effektiv og tydeleg. Delegering av mynde skal vera i tråd med	Administrativt delegeringsreglement skal vera kjent i organisasjonen gjennom informasjon på intranett.		KF-delegering er gjort tilgjengeleg på intranett

	delegeringsreglementet i kommunen		
	Kvam herad skal vera ein omstillingsdyktig organisasjon. Leiarar og medarbeidarar har eit medansvar for vidareutvikling av organisasjonen	<p>Involvera tilsette sine representantar i omstillingsprosessar</p> <p>Gjennomføra omstillingar i tråd med kommunen si rutine for omstilling</p> <p>Nytta omstillingsutvalet i omstillingsprosessar</p> <p>Leiargruppa skal delta i KS sitt program for leiing av innovasjons- og digitaliseringsarbeid</p> <p>Sjå eige avsnitt om omstilling</p>	<p>Utviklingsprosjektet i pleie og omsorg pågår og er eit stort endringsarbeid som involverer om lag 400 tilsette. Leiarar, tillitvalde og verneombod er involverte i hovudprosjektgruppe og arbeidsgrupper innan 5 ulike delprosjekt. KS sitt vegkart for tenesteinnovasjon vert nytta som verktøy. Ny organisering som riggar organisasjonen for framtidige behov og rammevilkår og tenesteutvikling som dreiar tenestene mot meir heime-teneste er hovudessensen i prosjektet.</p> <p>Leiargruppe har gjennomført programmet og nytta metodikken på innovasjonsprosjektet i pleie og omsorg.</p>

2.2.1 Rekruttera og behalda arbeidskraft

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Ei av hovudutfordringane for Kvam herad er å sikra kvalifisert arbeidskraft i alle stillingar. Det inneber både nyrekruttering og å behalda den kompetansen me har i organisasjonen. Endra behov og auka krav og forventningar frå innbyggjarane pregar kommunesektoren. Framtidig mangel på arbeidskraft og knappe ressursar gjer at me må løysa oppgåvene på nye måtar.</p>	<p>Sikra kvalifiserte medarbeidarar i alle stillingar</p> <p>Kvalitet i rekrutteringsprosessar</p> <p>Behalda og utvikla kompetanse i organisasjonen</p>	<p>Bruka leiar- og medarbeidarskapsplattforma aktivt</p> <p>Delta på relevante rekrutteringsarenaer for kommunen</p> <p>Oppgradera eksisterande rekrutteringssystem Webcruiter</p> <p>Leggja til rette for vidareutdanning gjennom tilskotsordningar, permisjonar, desentralisert utdanning m.m.</p> <p>Tilby høgare utdanning lokalt gjennom www.studiesenteret.no</p> <p>Delta på lokal nærings- og utdanningsmesse</p>	<p>Leiarskap og medarbeidarskapsplattforma vert nytta i rekrutteringsarbeid, utviklingssamtalar og som grunnlag for ulike tema innan leiar- og medarbeidarutvikling.</p> <p>Webcruiter er oppgradert til sist tilgjengelege versjon og fungerer som eit godt funksjonelt verktøy i rekrutteringsprosessar.</p> <p>Vidareutdanning av lærar for å innfri kvalifiseringskrav i opplæringslova pågår. Udir sine ordningar vert nytta. Diverre ikkje lokale studietilbod. Gjennom stiftinga høgskuleutdanning i Hardanger vert dette arbeid med, men avheng av høgskulane sin vilje til å tilby nettstudier.</p> <p>Kvam har stort sett god rekruttering, men det er særlege utfordringar med rekruttering av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - fastlegar til næringsdrift - barnehagelærarar - psykologar - barnevernspedagogar med erfaring <p>Og i noko grad sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og lærarar - særleg i mellombels stillingar.</p> <p>Det har ikkje vore arrangert i lokal utdanningsmesse i 2019</p>

2.2.2 Heiltidskultur

Det er framleis utfordringar knytt til at Kvam herad, særleg pleie og omsorg og barnehage, har mange deltidstilsette. Mykje deltid er uheldig for kvaliteten på tenestene og gjer det vanskelegare å rekruttera tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft.

Kvam herad arbeider kontinuerleg med å auka talet på heiltidsstillingar. I 2019 vart årsplanlegging i pleie og omsorg vidareført. Dette har vist seg som eit godt tiltak for å auka stillingsstorleikar, men det viser seg likevel å gå svært seint med å auka andelen heiltidstilsette. Ei kartlegging blant alle deltidstilsette hausten 2019 der 351 svarte, viste at 199 ikkje ønskjer høgare stilling. Av dei 149 som ønskjer høgare stilling, vil 68 arbeida på fleire grupper for å oppnå høgare stillinga samla sett. Berre 58 er villige til å skifta arbeidsgruppe for å oppnå høgare stilling. Tilhøyre til ei fast arbeidsgruppe synes å vera viktig for medarbeidarane våre. Å laga større turnusgrupper, slik ny organisering av pleie og omsorg legg opp til, kan difor vera ein måte å auka den interne mobiliteten på.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettåret	Resultat
Å kunne tilby heiltid er nødvendig for at Kvam herad skal vera ein attraktiv arbeidsplass i framtida. Det vil skapa mange gevinstar i form av betre tenestekvalitet og lettare rekruttering. Det har ei materiell side med arbeidstidsordningar og ei kulturell side som handlar om å endra haldningar. Heiltidskultur må bli norma hos oss – ikkje deltid. Me må unngå at unge, nyutdanna implementerer deltidskulturen	Auka gjennomsnittleg stillingsstorleik hos kvinner spesielt	Vidareføring av arbeid med årsarbeidsplanar Nytta ledige deltidstillingar til å auka stillingsstorleiken for andre deltidstilsette framfor å lysa ut ny deltidstilling Tilby nyutdanna heiltidsstillingar Tilby kombinasjonsstillingar Gjennomføra kvalifiseringstiltak for ufaglærte	Årsarbeidsplanar i alle grupper i pleie og omsorg er gjennomført Er lov-og avtalefesta og vert gjort der det er mogleg og ikkje medfører vesentleg ulempe for drift Av 5 nyutdanna sjukepleiarar gjennom desentralisert tilbod, ønskte 2 av dei 100% stilling og 3 ønskte 80%. Ein er i 100% stilling. Andre frå 60-85%. Pågår teoriopplæring innan barne- og ungdomsarbeidarfag og reinhaldsoperatørfag for tilsette i samarbeid med Handalag

		Ha lokale retningslinjer med formål om å auka talet på heiltidstilsette.	opplæringskontor og AOF. Lokale retningslinjer er utarbeidd
--	--	--	--

2.2.3 Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Auka utgifter, sterkare og lovfesta rettar til tenester og svikt i inntekter kan medføre store utfordringar for kommunen i åra framover. Kommunen si evne til omstilling vert utfordra på mange måtar. Å sikra rett kompetanse på rett plass er allereie ei utfordring i dette biletet.

Behov for innovasjon gjennom å ta i bruk ny teknologi og nye metodar, inneber også endringar i måtar å utføre arbeidsprosessar og korleis me samhandlar. Det påverkar den enkelte tilsette sin arbeidssituasjon og krev at me ser dette som organisatoriske prosessar og ikkje berre som implementering av ny teknologi. I digitaliseringssamarbeidet i Hordaland (Vestland frå 1.1.20), der Kvam deltek, er det difor etablert eit nettverk innan HR-relaterte tema som løftar fram dette perspektivet i innovasjons-og digitaliseringsarbeidet.

Gevinstrealisering handlar om dei aktivitetane kommunen set i verk for å oppnå verdiar og positive effektar ved å implementera nye løysingar i drift, t.d. ved å endra på tenester og arbeidsprosessar. I arbeidet med gevinstrealisering og som grunnlag for tenesteutvikling, tek Kvam herad utgangspunkt i KS sitt vegkart for tenesteinnovasjon. Dette er ei praktisk verktøykasse som skal setja kommunane i stand til å endra kommunale tenester for å møte framtida.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kommunen møter i aukande grad komplekse utfordringar som ofte går på tvers i organisasjonen. Det krev nye tilnæringsmatar	Kompetanse vert brukt på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar	Arbeid i Lean-prosessar er den viktigaste arenaen for involvering av den einkilde medarbeidaren i kontinuerleg kvalitetsforbetring.	Leanprosessar foregår kontinuerleg i heile organisasjonen, men treng påtrykk frå ein felles koordinator.
Når endringsprosessar vert igangsett er det forventa effekt i form av auka verdi for brukar eller effektivisering av arbeidsprosessar	Idéar vert løfta fram og det er rom for kreativitet		Forsøk på rekruttering var ikkje vellukka. Vert knytta til andre oppgåver innan kvalitetsutvikling i ny utlysing
Omstillingsbehov som	Planlagde gevinstar vert realiserte Me nyttiggjer oss innovative løysingar Oppretthalda og vidareutvikla eit godt tenestetilbod		Lean vert nytta i arbeidet med tenesteutvikling i utviklingsprosjektet i pleie og omsorg Leiargruppa har gjennomført programmet i 2019


<p>følge av kostnadsauke og inntektsnedgang</p> <p>Omstillingsbehov som følge av endra behov, auka krav og forventningar til kommunale tenester</p>	<p>kombinert med å bremsa kostnadsveksten</p> <p>Produsera meir og helst like godt med relativt mindre ressursar</p>	<p>Leiargruppa skal delta i KS sitt program for leiing av innovasjons- og digitaliseringsarbeid</p> <p>Gevinstrealisering krev systematisk oppfølging gjennom heile prosjektprosessen – gode analysar i forkant, konkrete planar for oppfølging av gevinstar undervegs og i etterkant. Ansvar ligg hos linjeleiinga</p> <p>Smart organisering og innføring av ny teknologi</p> <p>Satsing, nytenking og investering i kompetanse, verktøy og metodikk</p> <p>Gjennomføring av omstillingsprosessar</p>	<p>Gevinstrealisering treng ytterlegare fokus. Grunnopplæring er gjennomført på leiarsamlingar i 2018, men metodikken innan gevinstrealisering er for lite innarbeidd hos leiarane</p>
---	--	--	--

2.2.4 Sjukefråvær

Den nye nasjonale IA-avtalen for 2019 – 2022 er ulik tidlegare avtalar. Det er ikkje lenger eigne IA-verksemder som forpliktar seg til definerte IA-mål og får spesielle incentiv i NAV-systemet. Visjonen for norsk arbeidsliv om at det skal vera ope med plass til alle som kan og vil arbeida, står fast. Kvam herad sine målsetjingar innan sjukefråvær vert vidareført. Arbeidet med å redusera sjukefråvær handlar i stor grad om leiarskap, om førebyggjande faktorar i arbeidsmiljøet og gode rutinar for å følgja opp dei som er sjuke, slik at dei kjem raskt tilbake. Sjukefråværet er ein av dei største arbeidsgjevarutfordringane for kommunane, og det er det systematiske arbeidet som vert gjort i det daglege som gjev resultat.

Oversikt over det samla sjukefråværet i perioden 2017 – 2019:

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 8,3% i 2019.



Det samla sjukefråværet var på 8,3% i 2019. Det føreligg ikkje tal frå KS for heile kommunesektoren for 2019 som me kan samanlikna med. Fråværet var noko høgare i starten av året enn dei to tidlegare åra, men det jamna seg ut i løpet av året, slik at snittet hamna på om lag det same som i 2018.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Høgt sjukefråvær er kostbart og medfører kompetansetap for Kvam herad som tenesteorganisasjon	<p>Sjukefråvær – aktivitetar for å redusera sjukefråvær</p> <p>Legemeldt sjukefråvær skal ikkje overstiga 6,5%</p>	<p>Støtta opp om IA-avtalen som stimulerer til dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar på den enkelte arbeidsplass gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - oppfølgingssamtalar - dialogmøte - tilretteleggingstiltak <p>Følgja opp sjukefråvær, bl.a. gjennom bruk av digital oppfølgingsplan</p> <p>Leiarutvikling med grunnlag i kommunen sin plattform for leiar- og medarbeidarskap</p> <ul style="list-style-type: none"> - leiarsamlingar/kurs - leiarstøtte <p>Utarbeida årsplan for bedriftshelsetenesta sitt arbeid</p>	<p>Sjukefråværet i 2019 var totalt 8,3% (legemeldt og egenmeldt). Det er store variasjonar mellom avdelingar</p> <p>Årsplan for 2019 er utarbeidd med basis OLM-forskrifta – forbrukt 500 timar inkludert kurs/opplæring</p>

2.2.5 Helse, miljø og tryggleik

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml. § 3-1 og internkontrollforskrifta</p> <p>Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette</p> <p>Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert ivaretekne</p> <p>Det skal arbeidast målretta for kontinuerleg å betra HMS-relaterte forhold</p>	<p>Gjennom eit systematisk HMS-arbeid oppfylla krava i lov og forskrift</p> <p>Oppfylla krava i forskrift om organisering, leiing og medverknad § 13-2</p> <p>Tilsette skal oppleva at dei har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø verna mot fysiske eller psykiske belastningar</p>	<p>Årsplan for HMS-arbeidet i samarbeid med bedriftshelsetenesta</p> <p>Følgja opp avvikssystemet og vidareutvikla dokumentdelen i kvalitetssystemet</p> <p>IA/HMS-planar på den enkelte arbeidsplass</p> <p>Gjennomføra medarbeidarundersøking (10 FAKTOR)</p>	<p>Gjennomført opplæring for leiingar i systematisk HMS-arbeid over 2 dagar hausten 2019. Ein del tillitsvalde og verneombod deltok også.</p> <p>Det er no aktiv bruk av avviksmeldingar i kvalitetssystemet. Avvik vert meldt som HMS, teneste, ytre miljø eller GDPR (personvern).</p> <p>Arbeidet er intensivert i 2019.</p> <p>Gjennomført hausten 2019</p>

2.2.6 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova</p>	<p>Det skjer ikkje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova</p>	<p>Oppmoda underrepresentert kjønn om søkja i stillingar</p> <p>Oppmoda i stillingsutlysing om behov for mangfald og arbeida for at organisasjonen skal spegla befolkninga</p>	<p>Innarbeidd i utlysingstekst</p> <p>Innarbeidd i utlysingstekst</p>

3 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer

Kommunerekneskapen er delt opp i to: drift og investering. I budsjett- og årsmeldingssamanheng er det offentlege Noreg oppteke av to hovudelement for den kommunale drifta:

1. Kva teneste kommunen brukar pengar på går fram av skjema 1B for drift. Tenestene vert omtala i eige kapittel – «Kvam herad som tenesteytar». Når det gjeld investeringar er midlane fordelt på ulike investeringsprosjekt som vert nærare omtala i vedlegg til årsmeldinga.
2. Kva ressursar kommunen brukar for å produsera tenestene, er svara på i hovudoversikt drift og investering. Hovudlinjene vert omtala i dette kapittelet. Sjå elles eige kapittel for detaljar i kapittelet «Kvam herad – Årsrekneskap».

Kvam herad forvaltar store økonomiske ressursar, både i drifts- og investeringsmidlar og i eigedelar. I 2019 var driftsinntektene på 897,7 mnok¹ og det vart investert for 178,9 mnok. Per 31.12.2019 forvalta kommunen eigedelar verdsett for 3,2 milliardar kroner. Kommunen har eigedomsskatt² og ein del kraftrelaterte inntekter som har gjeve rom for å investera og ha eit høgare driftsnivå enn det statlege overføringar og brukarbetalingar tilseier.

Investeringane er i hovudsak lånefinansiert, og Kvam herad hadde per 31.12.2019 1 243,1 mnok i lån etter at det er investert i vatn og avløp, infrastruktur, Hardangerbadet, ras- og trafikksikring, digitalisering, fornying av bilpark og mykje meir. Gjeldsgraden sin del av brutto driftsinntekter var i 2019 134% i Kvam herad. Til samanlikning hadde norske kommunar i snitt 82 % i 2018, i følgje Kommunalbanken.

Hovudtal for drifta 2018-2022:

	Rek.		Endring	Justert	Avvik	Budsjett	Budsjettpålegg		
	2018	2019	2019-2018	budsjett 2019	rek/bud 2019	2019, opphav.	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Brutto driftsinntekter	877,2	897,7	20,5	876,5	21,2	855,7	853,8	850,5	850,2
Brutto driftsutgifter	846,2	894,0	47,8	888,1	5,9	861,6	857,4	855,9	860,7
Brutto driftsresultat	31,0	3,7	-27,3	-11,6	15,3	-5,9	-3,6	-5,4	-10,6
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-36,5	-35,4	1,0	-38,8	3,4	-42,8	-42,8	-42,8	-42,8
Netto driftsresultat	41,3	17,6	-23,7	-0,3	17,9	-9,8	-7,4	-9,3	-14,5
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,7 %	2,0 %	-115,7 %	0,0 %	84,5 %	-1,1 %	-0,9 %	-1,1 %	-1,7 %

Det har lenge vore kjent at kommuneøkonomien generelt står ovanfor store utfordringar som m.a. «eldrebølgja», høgare forventningar til offentlege tenester, fleire statlege krav, fleire velferdsoppgåver og store vedlikehaldsetterslep på kommunale eigedomar. I tillegg har Kvam herad hatt utfordringar med høg gjeldsgrad og å stå utanfor sentraliseringsatsinga og kommunesamanslåing.

Høgare inntekter har gjort at kommunen oppnådde positive netto driftsresultatet fleire år på rad. Kommunen fekk i 2019 eit netto driftsresultat på 2 % av driftsinntektene, som er høgare enn det tilrådde nasjonale målet på 1,75 %. Totalt vart inntektene 21,2 mnok høgare enn budsjettet. I 2019

¹ Mnok er forkorting for millioner kroner

² Eigedomsskatten er 7 promille for verk og bruk, og 4 promille for bustadar og fritidsbygg i 2019

var 17,9 mnok knytt til overføringar med krav til motyting. Mykje av meirinntektene krev tilsvarande driftsutgifter.


Driftsutgiftene vart 5,9 mnok høgare enn budsjett i 2019, totalt 894 mnok. Brutto driftsresultat vart i 2019 3,7 mnok, 15,3 mnok høgare enn budsjett, men 27,3 mnok dårlegare enn i 2018. Avskrivningane vart 0,8 mnok lågare enn budsjett. Resultat av eksterne finanstransaksjonar vart 3,4 mnok betre enn budsjettet.

Det er eit politisk mål at disposisjonsfonda skal ha ein storleik på minst 4 % av driftsutgiftene. Ei ny nasjonal tilråding er at disposisjonsfond bør ha ein storleik som dekkjer premieavviket. Kvam herad har per 2019 eit akkumulert premieavvik på 69,7 mnok. Før rekneskapsmessig mindreforbruk i 2019 er avsett til disposisjonsfond, utgjer fonda 62,6 mnok. Det svarer til 7 % av brutto driftsutgifter. Det vil seie at per 31.12.2019 er Kvam herad innanfor målet om % av driftsutgifter, men litt under når det gjeld akkumulert premieavvik.


Kommunen har eit framførbart underskot i sjølvkostområde på 5 mnok frå 2018. Underskotet er auka med 0,1 til 5,1 mnok i 2019. I Helse og omsorg er det 9,5 mnok i ikkje realiserte innsparingskrav i budsjett 2019. Oppvekst har eit innsparingskrav på 0,6 som ikkje er innarbeida. I tillegg får kommunen stadig nye kostnadskrevjande krav frå myndigheitene og ressurskrevjande oppgåver, som ikkje er fullt ut kompensert for i statlege tilskot. Kommunale inntekter frå kraft og eigedomar, er òg utfordra. Det er derfor viktig at arbeidet med innsparing held fram.

3.1 Demografisk utvikling Kvam herad


Befolkningspyramiden nedanfor syner alderssamansetninga i Kvam herad på ulike tidspunkt. Det skraverete område er 2019, og viser samansetninga av kvinner og menn i ulike aldersgrupper. Den heiltrekte linja syner korleis status var for 10 år sidan, mens den stipla linja syner status om 10 år – gitt SSB sitt standard scenario om middels vekst i Norge. For både menn og kvinner flytter tyngda seg oppover i pyramiden, det vil sei at me får ein stadig større andel eldre personar i kvam herad. I dag har me eit lite kvinneunderskot totalt sett.




Utfordringa for Kvam herad er at ein aukande andel av befolkninga er i aldersgrupper som har auka behov for kommunale tenester. Figurane under syner framskriving for ulike aldersgrupper i Kvam herad. I aldersgruppa under 35 år har me ein kvinneunderskot. Andelen kvinner med høgare utdanning er aukande, og mangel på arbeidsplassar i Kvam herad for personar med høgare utdanning kan forverra kjønnsbalansen ytterligare i åra som kjem.




Frå år 2020 og neste 5 år er det forventa nedgang i antal personar i alle aldrar frå 0-59 år. Den mykje omtalte eldrebølgja kjem sakte men sikkert innover Kvam herad.




Figuren nedanfor syner utviklinga i årskulla 60+ og her er ein stor auke i gruppa 70-79 år og 80 -89 år.




Ser ein på utviklinga innad i Kvam herad dei siste 20 åra, syner figuren under akkumulert prosentvis endring fordelt på geografi. For Kvam herad som heilhet er det same utfordring som Norge som heilhet, ei klar sentraliseringsbølge der veksten i folketal skjer i dei sentrale strøk rundt Norheimsund og Øystese.




Siste figur som tek for seg befolkningsutviklinga syner akkumulert vekst dei siste 10 åra



Den grønne lina syner fødselsoverskot det enkelte år, og utviklinga er relativt stabil rundt null. Den lilla viser folkevekst eller fall det enkelte år. Frå 2009 – 2012 var det ein årleg vekst i folketalet, mens det i perioden 2013 – 2016 er ein årleg reduksjon i folketalet. Dei tre siste åra har det vore vekst i 2017, reduksjon i 2018 og i 2019 var det ei auke i folketalet på 16 personar. Blå line syner netto innflytting og raud line viser akkumulert vekst i perioden frå 2009 til og med 4. kvartal 2019.






Dei to siste figurane syner fødselstall i Kvam herad, og rullerande 5 års snitt. Det er store variasjonar det enkelte år, men årleg fødselstall syner å ha stabilisert seg rundt 85 dei siste fem åra.

I gamle Hordaland fylke er det kommunar rundt Bergen som er vekstvinnarane, mens kommunar i indre Hardanger dessverre er i andre enden av skalaen. Kvam har klart å halda folketalet relativt stabilt dei siste åra. Det er likevel sær viktig å oppretthalda fødselstall og tilflytting av barnefamiljar for å hindre forgubbing i heradet og ytterligere press på dei kommunale tenestene.

3.2 Brutto driftsinntekter

Driftsinntektene til kommunen fordeler seg på følgjande hovudpostar:



Staten påverkar i stor grad inntektspostane til kommunen i form av skatt og rammetilskot. I tillegg styrer staten inntekter gjennom enten direkte fastsetjing som pris på barnehageplass og satsar for pleie- og omsorgstenester, eller gjennom lovverk som husleigelova og eigedomsskattelova og regelverk for sjølvkostområde. Vidare i dette delkapittelet vert det forklart kort kva dei ulike kommunale inntektene omfattar. Avviket mellom rekneskap og budsjett på 21,2 mnok er nærare forklart under hovudoversikt drift. Auken i driftsinntekter frå 2018 til 2019 er på 2,3%, 20,5 mnok.

Brukarbetalingane kjem med få unntak frå oppvekst og pleie og omsorg. Nokon av satsane kan kommunen sjølv fastsetje, men det meste er fastsett av lovverk. I tillegg til betaling for barnehage, SFO og pleie- og omsorgstenester er det betaling for kulturskule, ferieklubb og eigenandel legevakt og fysioterapi.

Andre sals- og leigeinntekter omfattar mellom anna husleige, sal konsesjonskraft, mat, billettinntekter og mange ulike gebyr som byggesak og vatn/avløp, purregebyr mm.

Overføringar med krav om motytingar består av sjukelønsrefusjon, momskompensasjon, refusjon for ressurskrevjande brukarar, øyremerka tilskot og andre refusjonar frå stat, fylke og andre kommunar.

Rammetilskot og skatt 2018-2023:

	Rekneskap		Endring 2019-2018	Justert budsjett 2019	Avvik rek./bud. 2019	Budsjett					
	2018	Regnskap 2019				Budsjett 2019,	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	
Rammetilskot Distriktstilskot Sør-Norge	- 6 213	- 6 406	- 193	- 6 406	-	- 6 406	- 6 406	- 6 406	- 6 406	- 6 406	- 6 406
Rammetilskot Inntekstutjamnande	- 13 711	- 17 943	- 4 233	- 18 917	974	- 19 755	- 19 755	- 19 755	- 19 755	- 19 755	- 19 755
Rammetilskot Ordinært	- 251 778	- 264 357	- 12 579	- 265 000	643	- 264 622	- 266 009	- 265 974	- 265 972	- 265 972	- 265 972
Rammetilskot Skjønnsdel	- 9 483	- 7 651	1 832	- 7 650	1	- 7 650	- 7 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000	- 7 000
Rammetilskot frå staten	- 281 185	- 296 357	- 15 173	- 297 973	1 616	- 298 433	- 299 170	- 299 135	- 299 133	- 299 133	- 299 133
Skatt på eiga og inntekt	- 232 403	- 234 746	- 2 344	- 234 086	- 660	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815
Skatt på eiga og inntekt	- 232 403	- 234 746	- 2 344	- 234 086	- 660	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815	- 224 815

Skatt og rammetilskot utgjer om lag 59 % av dei totale driftsinntektene til kommunen.

Kommunane i Norge sine skatteinntekter vart 7 mrd. kroner (10 mnok i Kvam) høgare enn anslått hausten 2018 og 1,4 mrd. kroner (0,6 mnok i Kvam) høgare enn anslått hausten 2019 i samband med framlegginga av statsbudsjettet for 2020. Forskotstrekk frå arbeidsgjevarar utgjer hovudtyngda av skatteinntektene. Her var det ein vekst på 4,4 % i 2019, samanlikna med 2018.

Skatteveksten på årsbasis vart i statsbudsjettet for 2019 anslått til 0,4 % for kommunane.

Vekstanslaga var oppjustert til 1,2 prosent i revidert nasjonalbudsjett (RNB). I forbindelse med framlegginga av statsbudsjettet for 2020 vart anslaget på kommunesektorens skatteinntekter i 2019 oppjustert med ytterligere 4,9 mrd. kroner, forklart med bl.a. aukande sysselsetjing.

Fortsatt høge utbytteinntekter til personlege skatteytarar, truleg som følgje av tilpassing til auka utbyttebeskattning, har også bidrege til auka skatteinntekter til kommunane.³

Kvam fekk 1 mnok mindre i inntekstutjamningstilskot og 0,6 mnok mindre i ordinært rammetilskot enn justert budsjett 2019.

Andre statlege overføringer inneheld sal heimfallskraft, vertskommunetilskot, tilskot for mottak av flyktningar og rentekompensasjon frå husbanken mm.

Andre overføringer er overføringer frå private, kommunar og fylket. Ein stor del er spelemidlar til fordeling.

Eigedomskatten er 7 promille for verk og bruk og 4 promille for bustader og fritidseigedom. I 2019 utgjorde eigedomskatteinntektene 62% på bustad og fritidsbustad og 38% på næring.


Andre direkte og indirekte skattar er konsesjonsavgift.

Som kraftkommune hadde Kvam herad i 2019 69,1 mnok i brutto salsinntekter for 167,5 GWh til ein snittpris på 392 NOK/MWh. Snittprisen var i 2019 20 NOK/MWh høgare enn i 2018. Netto overskot frå kraftsal er på 30 mnok i 2019.

³ Frå <https://www.ks.no/fagomrader/okonomi/skatteinntekter/skatteinntektene-ble-17-mrd.-kroner-hoyere-enn-anslatt-i-oktober/>


3.3 Brutto driftsutgifter

Driftsutgiftene til kommunen fordeler seg på følgjande hovudpostar:



Brutto driftsutgifter i 2019 er på totalt 894 mnok. Dette er ein auke med 5,6 % i høve 2018. Vidare i delkapittelet vert det forklart kort kva dei ulike kommunale utgiftene omfattar og vist korleis dei er fordelt mellom dei ulike tenestedområda. Avviket mellom rekneskap og budsjett på 5,9 mnok er nærare forklart under hovudoversikt drift.


Lønn og sosiale kostnader utgjer 65 % av utgiftene til kommunen, 582 mnok i 2019, mot budsjettert 578 mnok. Beløpet på lønn og sosiale kostnader finn me igjen i LN11 og LN12 i tabellen Økonomisk oversikt drift. Kostnadene fordeler seg på følgjande tenesteområde/KOSTRA-tema⁴:



Pleie- og omsorgstenestene er dei mest arbeidskrevjande, og kommunen brukar om lag 40 % (231 mnok) av lønsmidlane til desse tenestene. Deretter kjem grunnskuleopplæring med 24 % (138 mnok) og barnehage med 13 % (74 mnok). Alle dei resterande tenesteområda i kommunen brukar til saman 24 % av dei totale lønsmidlane. Lønsumgifter består av fastløn, vikarutgifter, overtid, introduksjon- og kvalifiseringsstønad og ulike godtgjersler. Sosiale kostnader inkluderer pensjon, premieavvik, arbeidsgjevaravgift og forsikring.

⁴ KOSTRA=KOMMuneSTATRAPPORTERING. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

På kjøp av **varer og tenester** er fordelinga litt annleis enn på lønn. Beløpet finn me igjen i LN13 i Økonomisk oversikt drift. Kommunen brukte 110,8 mnok (12 %) av midlane på kjøp for å produsera dei kommunale tenestene i 2019.



Det er framleis utgifter til produksjon av pleie- og omsorgstenester (PLO) (25,6 mnok) og grunnskuleopplæring (19,2 mnok) som krev mest. PLO har kostnader til mat, medisin, forbruksmateriell, transport, elektrisitet og husleige mm. Grunnskule har kostnader som skuleskyss, elektrisitet, lærebøker og lisensar mm. 16,3 mnok er kjøp knytt til administrasjon. Dette er kostnader som IKT lisensar, materiale vedlikehald, elektrisitet, konsulentkjøp, bedriftshelseteneste, medlemskontingent, kurs, porto, avgifter, gebyr og meir. Dei største utgiftspostane på dei resterande tenesteområda er kjøp av tenester og materiale til bygg og anlegg, elektrisitet, husleige, konsulent, IT lisensar, brøyting, kurs mm.

Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon utgjer 7 % av utgiftene, totalt 60,6 mnok. Beløpet finn me igjen i LN14 i Økonomisk oversikt drift.



Kjøp som erstattar kommunal tenesteproduksjon er kostnader til andre som leverer kommunale tenester på vegne av kommunen.

Kommunehelse sin andel av kostnadene var i 2019 24%. Kostnadene er knytt til legepraksis, kommunale driftstilskot til legar og fysioterapeutar, lønn til legar på utekontor og legevakt og kostnader til interkommunalt legevakt.

I pleie og omsorg er det kjøp av vikartenester, avlastningsplassar og brukarstyrt personleg assistent (BPA) som utgjer det meste av kostnaden. Heile kostnaden i barnehage er knytt til overføring til privat barnehage. Elles er det kjøp av VTA-plassar hjå Hardanger AKS, utgifter til barnevern, snøbrøyting, feiing/brannvern, slam og veterinærvakt med meir.

Overføringer utgjer 10 % av utgiftene, totalt 91,3 mnok i 2019. Av dette er 20,9 mnok meirverdiavgiftskompensasjon som vert refundert. Kompensasjonen er trekt ut i diagrammet under. Beløpet finn me igjen i LN15 i Økonomisk oversikt drift.




59% av overføringane er på Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft. Overføringane på dette rammeområdet omfattar skatt til staten på heimfallskraft og kjøp av heimfalls- og konsesjonskraft. Dei neste store postane er sosialhjelp, tilskot til kultur og idrett og tilskot til kyrkja.

Avskrivningar

Avskrivningane ligg som ein utgiftspost, men vert trekt ut att av driftsrekneskapen før utrekning av netto driftsresultat. I det kommunale rekneskapet er det i staden låneavdrag og renter som vert kostnadsført. Fordelinga mellom tenesteområde er vist i eigen tabell i kapittel 4.

3.4 Finansresultat

Finansresultatet vart på -35,4 mnok i 2019, 1 mnok betre enn i 2018 og 3,4 mnok betre enn budsjettert. Renteutgiftene vart 0,4 mnok høgare enn budsjett. På finansielle instrument er det ein netto gevinst på 2,7 mnok i 2019, 2,3 mnok høgare enn justert budsjett. Auken i renteinntekter i forhold til budsjett er fordelt mellom bankinnskot, obligasjonar og formidlingslån. På finansielle instrument er det ein netto gevinst på obligasjonar på 1,4 mnok, noko som er 1,4 mnok høgare enn budsjett. Renteutgifter vart 0,4 mnok meir enn budsjett.



I økonomiplanen er det budsjettert med utbytte på 13,6 mnok, 2 mnok lågare enn i 2019. Reduksjonen er på utbytte frå BKK. Finansresultatet i økonomiplanperioden avheng av at utbytte og renter er stabile. Utbytte frå Kvam kraftverk var i 2019 8,5 mnok og utbytte frå BKK var 7 mnok.

Kommunen har gjort ein del rentebindingar for å skapa ei meir føreseieleg drift. Kvam herad har per 31.12.2019 fastrente på 60,6 % av gjeldsportefølgja. Vekta gjennomsnittsrente vart auka frå 1,72% til 1,92 % i løpet av 2019. Rentebindingstida er redusert frå 2,12 år til 2,02 år, og kapitalbindinga er auka frå 3,04 år til 3,11 år.

Det er gjort mange avgrensingar og føringar for kva ein kommune kan gjera på finansområdet. Dei fleste av dei ligg i «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning», som gjeld f.o.m. 1.10.2016. Reglementet skal gjennomgåast og vedtakast i kvar heradsstyreperiode. Kommunen har òg investert i ein del selskap der det er utarbeidd retningslinjer for eigarskap og styring, basert på KS sine retningslinjer.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Reglement for finans- og gjeldsforvaltning	Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpande betalingsplikter.	Oppretta trekkrett på opptil 40 mnok Følgja med på utvikling av likviditet gjennom året	Trekkrett er nesten ikkje nytta i løpet av 2019
	Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.	Nytta dei ulike tilboda for plassering på bankkonti og nytta meklar til å vurdere evt. mellombels plassering i obligasjonar.	I tillegg til plassering på ulike bankkonti, vert noko overskotslikviditet i periodar plassert i obligasjonar
	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko.	Bruka meklar til å ivareta krav til avkastning og avgrensa risiko	Plassert 209,1 mnok i obligasjonar ved utgangen av 2019. Totalavkastning på 2,78 %. Administrert av BCM
	Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til Refinansierings risiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.	Leggja lån ut på anbod, og inngå låneavtalar i tråd med reglementet.	Refinansiert lån på 100 mnok, 175,5 mnok og 120 mnok, og teke opp nytt lån på 120 mnok etter anbodsrunder. Sjå elles vedlagt gjeldsrapport frå BCM
Eigarskap og styring - <i>Eigarinteressene til Kvam herad er primært motivert ut frå ynskje om politisk styring og innsyn i verksemder som er viktige/kritiske for heradet.</i>	Retningslinjer for eigarskap og styring (18 punkt)	Obligatoriske opplæring av folkevalde Utarbeida og gjennomgå eigarskapsmelding (årleg) Revidera og følgja opp eigarstrategiar	Opplæring for nytt heradsstyre, revisjon av eigarmelding og eigarstrategiar, er planlagt våren 2020

3.5 Netto driftsresultat


Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset. Det er tilrådd at netto driftsresultat bør liggja på 2 % av brutto driftsinntekter. For fjerde år på rad har kommunen eit positivt netto driftsresultat. Resultatet i 2019 var 17,6 mnok som utgjer 2 % av brutto driftsinntekter.

	Rek.		Endring	Justert	Avvik	Budsjett			
	2018	2019	2019-2018	budsjett 2019	rek/bud 2019	2019, opphav.	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Netto driftsresultat	41,3	17,6	-23,7	-0,3	17,9	-9,8	-7,4	-9,3	-14,5
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,7 %	2,0 %	-115,7 %	0,0 %	84,5 %	-1,1 %	-0,9 %	-1,1 %	-1,7 %

3.6 Fondsmidlar

Tabellen under viser netto avsetjing til fond på drift og investering. Negativ netto betyr at kommunen bruker meir av fonda enn det me avset. I 2019 vart det brukt 17,5 mnok meir av disposisjonsfond enn det vart avsett. Bruken er knytt til midlertidig finansiering av Hardangerbadet. Disposisjonsfond er dei frie fondsmidlane som kommunen kan bruke både i drift og investering.

I 2019 oppnådde kommunen eit rekneskaps messig mindreforbruk på 8,2 mnok. Prognosane i økonomiplanen viser behov for bruk av disposisjonsfond. Dei bundne fonda kan berre brukast til bestemte føremål og kan ikkje brukast til å dekke overforbruk i drift.



3.7 Investeringar

I 2019 vart det investert for 161 mnok, 10 mnok meir enn i 2018 og 29 mnok mindre enn budsjettet. 18% av investeringane i 2019 er ikkje knytt til prosjekt, men er formidlingslån til vidare utlån, eigenkapitaltilskot og andre investeringar. Den høgaste andelen av prosjekt er vatn/avløp/renovasjon (VAR), som utgjer 29% av totalen. Det største enkeltprosjektet er Hardangerbadet står for 26% av investeringsutgiftene i 2019. I tillegg er det mange prosjekt knytt til opparbeiding av infrastruktur,


veg, bruer, asfaltering, rass- og trafikksikring med meir (totalt 14%). Dei resterande 12% er investeringar i helse, barnehage, digitalisering, bilar og ulike bygg med meir.

Det er budsjettert med investeringar på same nivå som i 2019 også i 2020, deretter fell nivået i økonomiplanen. Nivået i økonomiplanen er nok likevel for lågt. Det meste av investeringane vert lånefinansiert, og i 2019 var andelen på 68 %. Det er i hovudsak investert i anlegg med lang levetid, og vekta levetid var per 31.12.2019 på om lag 42,8 år.

Tal i 1000	Regnskap 2018	Regnskap 2019	Endring 2019-2018	Justert budsjett 2019	Avvik rekneskap/ budsjett 2019	Budsjett 2019, oppha.	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Sum inntekter	45	45	0	124	-79	52	28	24	3	2
Sum utgifter	176	179	3	222	-43	173	163	128	12	11
Sum finansieringstransaksjoner	19	27	8	35	7	36	16	15	15	15
Finansieringsbehov	151	161	10	132	-29	157	151	119	25	24
Bruk av lån	131	110	-21	123	-13	136	129	109	18	18
Mottekne avdrag på utlån	6	6	0	2	4	2	2	2	2	2
Overført frå drriftsrekneskap	0	0	0	0	-0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-	20	20	-	20	-	-	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	0	1	1	1	-0	2	6	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	13	23	10	5	18	7	11	8	4	4
Bruk av bundne investeringsfond	0	1	0	0	1	10	2	0	0	0
Sum finansiering	151	161	10	132	-29	157	151	119	25	24
Lånefinansiert	87 %	68 %		93 %		87 %	85 %	91 %	75 %	74 %

3.8 Balanse

Kvam herad forvaltar over 3,2 milliardar kroner (mrd.) i balansepostar, ein auke på 211 mnok frå 2018. Utvikling i hovudpostane i balansen frå 2010 og fram til 2019, er framstilt grafisk under:



Den største posten på anleggsmiddel er fast eigedom og anlegg til 1,4 mrd. Pensjonsmidlar på 1 mrd. er den nest største posten. Det meste av anleggsmidlane er lånefinansiert, og den langsiktige gjelda er på 2,4 mrd., inkludert pensjonsforpliktelsen på 1,2 mrd. Kommunen har 22,6 mnok i ubrukte lånemidlar der -1,8 er ubrukte husbanklån og 24,4 er andre lån.

Pensjonsmidlane er i 2019 90% av pensjonsforpliktinga. *Pensjonsmidlar er kommunen sine midlar i pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Pensjonsforpliktelsen er forpliktinga kommunen har ovanfor sine tilsette, basert på forventningar om framtidig lønsvekst og utbetalingar.* Premieavviket inkludert arbeidsgjevaravgift på premieavvik er redusert frå 87,8 mnok til 86,4 mnok frå 2018 til 2019. Premieavviket oppstår fordi pensjonspremien kommunen betalar er ulik pensjonskostnaden. Det vil seia at Kvam herad framleis skyv ein del av pensjonsrekninga fram i tid. Premieavviket vert nedskrive (amortisert) over ein 7-årsperiode. Tidlegare har amortiseringstida vore 10 år (2011-2013) og 15 år (2002-2010) år. Det vil sei siste del av premieavviket frå 2007 ikkje vert kostnadsført før i 2022.


4 Kvam herad som tenesteytar

Kommunen si viktigaste rolle er å levera velferdstenester innanfor ei rekkje område og med eit vidt spekter. Nasjonal tenestekatalog (NTK) inneheld over 220 tenester, der over 180 av desse er lovpålagt og lovheimla.

Nokre av tenestene er reine salstenester, som sjølvkostområda vatn og avlaup, medan andre har delvis brukarbetalingar som barnehage- og institusjonsplass, og nokre har ingen, som kommunale vegar. Kommunen leverer òg støttetjenester som kommuneplanlegging og kommunalt arkiv.

Dei aller fleste tenestene kommunen produserer, er som omtala, lovpålagde, der både omfang og kvalitet i detalj kan vera fastsett i lov og forskrift. Men det er rom for noko lokale prioriteringar og utforming av tenestene, og ikkje minst organisering av tenesteproduksjonen.

Nedanfor er ei grafisk framstilling av fordeling av økonomiske rammer per KOSTRA-tema⁵. Sosiale utgifter, avskrivningar og fondsbruk/-avsetjing er ikkje med i diagrammet.




Til trass for at kommunen produserer mange tenester, er det tre store grupper som skil seg ut og kommunen brukar mest pengar på: pleie- og omsorgstenester (33 %), grunnskule (23 %) og barnehage (11 %). Tilsvarende tal var 34 %, 22 % og 11 % i 2018.

⁵ Om KOSTRA, sjå <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>.

KOSTRA-tema A, Finansielle nøkkeltal, administrasjon, styring og fellesutgifter er her delt opp i «Finans og fellespostar», «Styring og kontroll» og «Administrasjon»

Private og offentlege aktørar gjennomfører ulike undersøkingar av den offentlege tenesteproduksjonen. I NHO sitt «Kommune-NM» vert kommunane rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft. Totalt er det 21 indikatorar fordelt på 5 område: næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Basert på 2018-tal, fekk Kvam herad karakteren «Nest best» og rangert som kommunenummer 140, mot 139 basert på 2017-tal.



Kommunebarometeret er ei rangering av kommunane i Noreg som vert utarbeidd av Kommunal Rapport. Rangeringa er laga på grunnlag av offisielle tal som kommunane leverer til staten gjennom KOSTRA, Utdanningsdirektoratet, Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Statistisk sentralbyrå. Den nye kommunestrukturen for 2020 har forseinka lanseringa av kommunebarometer 2020 frå Kommunal Rapport, og førebels tall er ikkje tilgjengeleg i tide til årsmelding 2019.

4.1 Mål og tiltak

Eit viktig mål for tenesteproduksjonen, er at mottakarane er nøgde med kvaliteten. Eit viktig verktøy for å få til kontinuerleg kvalitetsforbetring, er LEAN, der det er fokus på at det er mottakaren av tenestene som avgjer kva verdi tenesta har.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Nøgde brukarar	<p>Mottakarane av tenestene oppfattar kommunen som leverandør som</p> <ul style="list-style-type: none"> - Imøtekomande - Har god service - Set seg inn i problemstillingar - Er fleksibel - Er løysingsorientert - Har god kvalitet på tenester - Leverer innan fristar - Er tydelege - har kapasitet/tid 	<p>Oppretthalda eller betra samla plassering i Kommune-NM og samla plassering i Kommunebarometeret</p> <p>Gjennomføra brukarundersøkingar i bedrekommune.no</p> <p>Arbeida vidare med kontinuerleg forbetring ved bruk av Lean.</p> <p><i>Sjå eigne kapittel for tiltak per tenesteområde</i></p>	<p>Plassering i Kommune-NM er oppretthalda. Kommunebarometeret for 2020 er utsatt pga. ny kommunestruktur.</p> <p>Brukarundersøking via bedrekommune.no er ikkje gjennomført, men ved bruk av andre verktøy.</p> <p>Ekstern utlysning av mellombels stilling som lean-koordinator gav ikkje godt nok søkjargrunnlag til at det vart gjennomført tilsetjing. Ny, endra utlysning i 2020.</p> <p>Held fram med frikjøp av 2*20% stillingar internt.</p>

4.2 Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema⁶. I kvart tema er det samla ei rekkje tenester som kommunen yter til brukarar og innbyggjarar. Tabellen er den same som budsjettskjema 1B, men sosiale utgifter, avskrivningar og fondsbruk/-avsetjing er trekt ut i egne tabellar som vert presentert til slutt i dette kapittelet. I 1 B er dei frie disponible inntektene som skatt og rammetilskot, finansinntekter-/utgifter og fondsdisponeringar ikkje med. Desse postane ligg i skjema 1A.

Tema (i 1000 kr)				Avvik		Budsjett 2019, opphav.
	Regnskap 2018	Regnskap 2019	Endring 2019-2018	Justert budsjett 2019	rekneskap /budsjett 2019	
Finans og fellespostar	581	991	409	1 908	917	1 318
Styring og kontrollverksemd	3 989	5 600	1 611	5 115	-485	5 115
Administrasjon	28 857	29 604	747	30 862	1 258	30 974
Barnehagar	48 797	52 894	4 098	55 645	2 751	55 038
Grunnskuleopplæring	101 681	108 006	6 325	111 850	3 844	111 188
Kommunehelse	25 329	27 997	2 669	28 285	288	26 680
Pleie og omsorg	153 348	154 550	1 202	145 997	-8 553	146 756
Sosiale teneste	30 849	29 472	-1 377	30 167	695	30 073
Barnevern	14 858	15 866	1 008	17 917	2 051	17 571
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-13 335	-20 962	-7 627	-24 252	-3 289	-24 239
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	7 602	9 673	2 071	10 566	893	10 662
Kultur	15 620	18 813	3 192	22 263	3 451	22 183
Kyrkja	5 723	5 828	105	5 863	35	5 863
Samferdsel	7 644	11 683	4 039	11 578	-104	11 928
Bustad	-7 694	-6 473	1 221	-5 688	785	-6 417
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	19 716	18 020	-1 696	24 602	6 582	20 692
Brann- og ulykkesvern	8 830	10 061	1 231	7 874	-2 187	7 861
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 730	1 268	-462	4 310	3 042	4 310
ALLE	454 125	472 890	18 764	484 863	11 973	477 557

I resten av dette kapittelet vert avvika kommentert samanlikna med det justerte budsjettet for 2019 per KOSTRA-funksjon, innanfor kvart KOSTRA-tema. Sosiale utgifter, avskrivningar og fondsbruk/-avsetjing er ikkje med i tabellane. Årsak til avvika er samansett av mange større og mindre meir- og mindreforbruk i forhold til budsjett. Det er dei største avvika som vert kommentert på kvart rammeområde .

⁶ KOSTRA=KOMMuneSTATRAPPORTERING. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

4.3 Finans og fellespostar

4.3.1 Om tenestene

Det meste av det som ligg under funksjonane «Finans» ligg i budsjettskjema 1A. Finans og fellespostar er heller ikkje eit eige tema i KOSTRA, men ein del av nøkkeltala i 1A, Finansielle nøkkeltal og administrasjon, styring og fellesutgifter som i budsjettdokumentet delt opp i tre. Det er ikkje nokon direkte tenesteproduksjon i dette tema, men her ligg nokre fellespostar. Følgjande funksjonar er med:

- 180 - Diverse felles utgifter gjeld utgifter til kommunale råd og utval, beredskapsplanlegging, forsikring og leige av rettslokale.
- 190 – Interne serviceenheter er ein mellombels støttefunksjon for postar som vert fordelt til andre KOSTRA-tema i løpet av året. Det gjeld og funksjon 880 der det ligg innsparingskrav som ikkje er konkretiserte på andre KOSTRA-tema. Etter kvart som tiltaka kjem i gang, vert krava ført ut av denne tenesta og inn på andre tenesteområde.
- 800 – Skatt på inntekt og formue kan være interne fordelingar
- 870 – Renter/utbytte og lån er mesteparten av det som ligg i funksjon 870 ligg i budsjettskjema 1A, men i 1B ligg gebyr på bl.a. sertifikatlån

4.3.2 Mål og tiltak

Sidan det ikkje er eigen tenesteproduksjon for dette tema, er det ikkje utarbeidd egne mål og tiltak her.

4.3.3 Økonomiske rammer

Kostrafunksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Finans og fellespostar	581	991	409	1 908	917	1 318
172 PENSJON	-1	15	16	0	-15	0
173 PREMIEFOND	165	276	111	0	-276	0
180 DIVERSE FELLESUTGIFTER	334	1020	686	998	-22	508
190 INTERNE SERVICEENHETER	-332	-775	-443	775	1 550	775
800 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	286	293	7	182	-111	182
870 RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)	152	114	-38	151	37	151
880 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-23	48	71	-197	-245	-297

Rekneskap 2019 på Finans og fellesfunksjonar vart 0,9 mnok under budsjett. Dette er ikkje underforbruk, men omfordeling mellom rammeområde.

Funksjon 173 har eit meirforbruk på 0,3 som er indirekte kostnader fordelt frå VAR området.

Funksjon 190 har eit mindreforbruk på 1,5 mnok samanlikna med budsjett. Funksjonen er fordelt ut på andre rammeområder då det gjeld fordeling av løn og fakturaavdeling, løn til prosjektleiarar, FDV, reinhald og veg/VAR.

På funksjon 880 vart diverse uspesifiserte innsparingstiltak plassert i budsjett 2019. I løpet av 2019 er dei fleste innsparingane realisert og plassert på rett funksjon.

4.4 Styring og kontrollverksemd

4.4.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld to funksjonar; 100 – Politisk styring og 110 – Kontroll og revisjon. Dette er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune si rolle i demokratiet. Utgiftene går til tilskot til politiske parti og grendeutval⁷, løn⁸, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval. Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for kontrollutvalet og revisjonen vert utført av Deloitte.

Politisk organisering vedteke av heradsstyre 6.10.2015 (HST-071/15), sjå under. Nærings-, plan- og bygningsutvalet vart lagt ned når førre heradsstyreperiode vart avslutta (etter konstituering av nytt HST 15.10.19).



⁷ Rådsutval som ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre høyrer til KOSTRA-tema «Fellespostar», funksjon 180

⁸ Arbeidsvilkåra for folkevalde i Kvam herad 2015-2019 vart vedteke i heradsstyremøte (HST-070/15). Ordføraren si løn skal vera tilsvarande som løna til ein stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersle på 10% av ordførargodtgjersla. Leiar for næring, plan og bygg får ei fast godtgjersle på 3,5% av ordførargodtgjersla. Andre politikarar får møtegjersle per møte. Endra etter konstituering av nytt HST, 027/19.

4.4.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Lokaldemokrati ⁹ <ul style="list-style-type: none"> - Valdeltaking - Legitimitet til kommune - Legitimitet til folkevalde - Dialog mellom folkevalde og innbyggjarar mellom val - Påverknad på tenester - Høve til å medverka i lokalsamfunnet 	Påliteleg styre – tillit til folkevalde sin redeligheit og styringsorgana sin virkemåte	Oppfølging av etiske retningslinjer for politikarar - dilemmatrening Gjera kjent og halda delegeringsreglementet oppdatert Utarbeida retningslinjer for kontakt og samarbeid mellom folkevalde og administrasjon	Dei etiske retningslinjene har m.a. vore tema i folkevaldprogrammet for nytt heradsstyre. Delegeringsreglementet er publisert på nettet, men må oppdaterast i 2020 for ny kommunelov. Retningslinjer vart vedteke av HST 07.05.19 (028/19)
	Ansvarleg styre – at innbyggjarane kan følgja med i politikken og stilla dei styrande til ansvar	Overføra heradsstyremøte på nett, «live» og for ettertid («Kommune-tv») Lett tilgjengeleg innsyn i offentlege dokument på nettsidene (innsynsportal)	HST-møta vert strauma, samt gjort tilgjengeleg i etterkant. I tillegg vart det starta opp med strauming av orienteringane i FSK. Løysing med innsynsportal er halda fram.
	Borgarnært styre – høve for innbyggjarane å delta i og påverka politikken	Gjennomføra kommune- og fylkeskommuneval i tråd med regelverk Leggja til rette for valdeltaking Nyta arbeidsvilkår for folkevalde i tråd med HST-070/15, samt revidera desse til ny valperiode	Kommunen fekk store utfordringar med digital lesing av «slengjarar» og valmedarbeidarar måtte gjera ein stor, manuell ekstrainsats for å få registrert dette innan fristane, og sikra at valet vart gjennomført i tråd med regelverk. Valdeltakinga var på 69,7% mot 60,2% i 2015. Nye arbeidsvilkår vart vedteke i HST-027/19.

⁹ Kjelda: «Hvordan fungerer lokaldemokratiet? Kartlegging av innbyggernes og folkevalgtes erfaringer og oppfatninger», prosjektrapport etter samarbeid mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og Kommunenes sentralforbund (KS):

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/filestore/bedrekommunen/lokaldemokratirapport.pdf>

	Effektivt styre – evne til å levera tenester som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, samt dei folkevalde sine evne til å styra kommunen	Følgja opp brukarundersøkingar og arbeid med kontinuerleg forbetring Vurdera organisering av nytt heradsstyre	Arbeidet med brukarundersøkingar og kontinuerleg forbetring vidareført i 2019. Ny organisering av HST frå ny konstituering vedteke HST-028/19. Vedteke endra på nytt av nytt HST i siste møtebolck i 2019, oppretting nytt utval: miljø-, plan- og bygningsutval.
--	--	--	--

4.4.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Styring og kontrollverksemd	3 989	5 600	1 611	5 115	-485	5 115
100 POLITISK STYRING	3 469	4 715	1 246	4 171	-544	4 171
110 KONTROLL OG REVISJON	519	885	365	944	59	944

På styring og kontrollverksemd vart det i 2019 brukt 0,5 mnok meir enn budsjett:

Funksjon 100 Politisk styring har eit meirforbruk på netto 0,55 mnok. Overforbruket er etterløn til ordførar, tenestefrikjøp politikarar og honorar knytt til PC kjøp politikarar.

Funksjon 110 Kontroll og revisjon har eit netto mindreforbruk på 0,06 mnok. Utgiftene til møtegodtgjersle og kurs for kontrollutvalsmedlemmene vart lågare enn budsjettet.

4.5 Administrasjon

4.5.1 Om tenestene

Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, merkantile oppgåver, IKT, informasjon, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling. I tillegg har rammeområdet/tema utgifter til eigedomsforvaltning (funksjon 121) og reinhald, forvaltning, drift og vedlikehald av rådhuset (130).

4.5.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Samspel mellom folkevalde og administrasjon	Det er god tillit og avklarte roller mellom folkevalde og administrasjonen	Gjera kjent og halda delegeringsreglement oppdatert Samarbeidsmøte ordførar/politikarar – rådmann Syta for at saker til politisk handsaming er forsvarleg utgreidd, innanfor fristar Syta for at vedtak vert sett i verk, og melda tilbake om status Utarbeida retningslinjer for kontakt og samarbeid mellom folkevalde og administrasjon	Delegeringsreglementet er publisert på nettet, men må oppdaterast i 2020 for ny kommunelov. Gjennomført regelmessig møter mellom politisk leiing og rådmann. Meldt tilbake status på vedtak per tertial. Retningslinjer vart vedtekne av HST 07.05.19 (028/19)
Internkontroll - Kommuneleva §23, 2. ledd: <i>Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.</i>	Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen	Styrka arbeidet med kontinuerleg kvalitetsforbetring ved å tilsetja i 100 % stilling som Lean-koordinator Gjennomføra og følgja opp brukarundersøkingar for å kartleggja opplevd kvalitet Utnytta funksjonalitet i politikarportal Bruka språkprofil i saksskriving og kommunikasjon med andre (Klart språk) Ta i bruk alle modulane i kvalitetssystem Gjennomføra tiltak i digitaliseringsstrategi	Me lukkast ikkje med å få tilsett nokon med tilstrekkeleg kompetanse i prosjektstilling. Endra til fast stilling og nytt forsøk i 2020. Brukarundersøkingar gjennomført. Opplæring i politikarportal og bruk av vedtaksframlegg, teke i bruk. Vedteken språkprofil vert nytta. Alle modular i

			<p>kvalitetssystem, med unntak av årshjul, er i bruk.</p> <p>Bruk av fleire digitale løysingar, er teke i bruk, som t.d. «stordata» for badetemperaturar.</p>
	Heilskapleg styring og rett utvikling	<p>Gjera kjent og halda administrativt delegeringsreglement oppdatert</p> <p>Bruka og vidareutvikla styringssystem</p>	<p>Delegeringsreglementet er publisert på nettet, men må oppdaterast i 2020 for ny kommunelov.</p> <p>Inngått avtale om bruk av verksemdsstyrings-systemet Framsikt, og starta med oppsett.</p>
	Godt omdøme og legitimitet	<p>Gjennomføra tiltak i kommunikasjonsstrategi</p> <p>Ta i bruk alle modular i kvalitetssystem</p> <p>Gjera kjent dei etiske retningslinjene for å oppnå tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard</p>	<p>Auka omfang av strauming av politiske møter til å omfatta orienteringar i FSK.</p> <p>Oppretta brukarpanel for nettsider.</p> <p>Krav til gjennomføring av kurs i etiske dilemma for alle tilsette.</p>
	Etterleving av lover og reglar	<p>Gjennomgå og gjera korrigeringar i tråd med ny kommunelov</p> <p>Bruka kvalitetssystem for m.a. avvikshandtering</p> <p>Følgja opp ev. tilsyn og forvaltningsrevisjon</p> <p>Ajourhalda og gjera kjent delegeringsreglement</p>	<p>Delegeringsreglementet er publisert på nettet, men må oppdaterast i 2020 for ny kommunelov.</p> <p>Avvik, tilsyn og forvaltningsrevisjon følgt opp.</p>

<p>Organisasjons- og personalutvikling</p>	<p>Måloppnåing gjennom leiing og styring</p>	<p>Gjennomføra ny medarbeiderundersøking, ved bruk av KS sin 10-faktor-modell.</p> <p>Gjennomføra leiarsamlingar</p> <p>Laga opplæringsplan og plan for kompetansedeling</p> <p>Leiargruppa skal delta i KS sitt program for leiing av innovasjons- og digitaliseringsarbeid</p> <p>Sjå og eige kapittel for «Kvam herad som arbeidsgjevar»</p>	<p>10-faktorundersøking gjennomført.</p> <p>4 leiarsamlingar gjennomført.</p> <p>Planarbeid for opplæring/ kompetanse ikkje ferdigstilt.</p> <p>Deltaking i innovasjonsnettverk gjennomført.</p>
<p>Økonomiforvaltning</p>	<p>Føremål for økonomireglement:</p> <p><i>Skildra økonomi- og rekneskapssystem</i></p> <p><i>Effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning</i></p> <p><i>Økonomistyring</i></p> <p><i>Tilfredsstillande avgjerslegrunnlag for folkevalde</i></p> <p><i>Sikra politisk påverknad i budsjettprosess og økonomistyring</i></p> <p><i>Dokumentera viktige økonomirutinar</i></p> <p><i>Sikra kontinuitet i samla økonomiforvaltning</i></p>	<p>Ajourhalda økonomireglement</p> <p>Ajourhalda rutinar for løns- og økonomisystem</p> <p>Enkel tilgang til løns- og økonomisystem for medarbeidarar og leiarar</p> <p>Følgja opp og gjennomføra innsparingstiltak</p> <p>Laga utkast til økonomiplan i junimøte og budsjettkonferanse i november</p>	<p>Gjennomgang av økonomireglement utsett til 2020.</p> <p>Rutinar for løns- og økonomisystem lagt inn i kvalitetssystem.</p> <p>Utviklingsprosjekt i pleie- og omsorg for å møta krav om innsparing, og utvikla tenester for framtida.</p> <p>Utkast til økonomiplan og budsjettkonferanse gjennomført.</p>
<p>Innkjøpsstrategi -</p> <p><i>Best mogleg verdiskaping til lågast mogleg ressursbruk</i></p> <p><i>Rett kvalitet for å dekkja behova til kommunen på best mogleg måte</i></p> <p><i>Fremja effektiv</i></p>	<p><i>Best mogleg verdiskaping til lågast mogleg ressursbruk</i></p> <p><i>Rett kvalitet for å dekkja behova til kommunen på best mogleg måte</i></p> <p><i>Fremja effektiv</i></p>	<p>Gjennomføra tiltak i tråd med tiltaksplan for innkjøpsstrategi for 2017-2020</p> <p>Bruka eHandelsløysing (web-butikk)</p>	<p>Digitale løysingar vert brukt til anbodskonkurransar og eHandel, og tiltak gjennomført.</p>

	<p><i>ressursutnytting</i></p> <p><i>Gjennomføra effektive innkjøpsprosessar</i></p> <p><i>Fremja konkurranse</i></p> <p><i>Ta samfunnsansvar</i></p>	<p>Bruka nytt program til gjennomføring av anbodskonkurransar</p>	
<p>Føremålstenleg og framtidretta IKT-satsing</p> <p>Føremålstenleg og framtidretta IKT-satsing</p>	<p>Digitalisering av tenester til innbyggjarar og næringsliv og administrative tenester</p>	<p>Gjennomføra tiltak i tråd med «Digitaliseringsstrategi 2018-2021»</p> <p>Vidareutvikla kommunen si internett- og intranettløyising, der interessentar har tilgang 24/7/365</p> <p>Aktiv deltaking i regional digitaliseringsarbeid for Hordaland</p> <p>Nytta ordningar i DigiFin</p> <p>Vidareutvikla “Mi sida”-løyising</p>	<p>Fleire skjema er digitaliserte, slik at ein har auka brukarvenlegheita for 24/7/365-tilgang.</p> <p>Teke i bruk digital løyising for m.a. søknad om sosiale tenester og DigiHelse, utvikla av m.a. DigiHordaland og KS (DigiFin)</p> <p>Her har me gått for KS si fellesløyising.</p>
<p>Arkivplan</p>	<p>Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid</p>	<p>Tilgang til offentlege dokument via innsynsportal</p> <p>Nytta Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH) til langtidslagring</p> <p>Ajourhalda og gjera kjent internt kvam.arkivplan.no</p> <p>Digitalisera fleire arkiv</p>	<p>Me har innsynsportal pr. i dag, men me jobbar med å digitalisere eigeomsarkivet og få på plass ei innsynsløyising for dette. Det vert arbeidd med anbodsdokument og planen var å ha fått på plass ein leverandør i løpet av sommar/haust. Grunna korona-pandemien vert dette arbeidet forseinka.</p> <p>Me nyttar IKAH til langtidslagring for personregister.</p> <p>Dette arbeidet har</p>

			<p>ikkje vore prioritert grunna fleire andre prosjekt. Det vert jobba med endring av eksisterande rutinar og nye rutinar kontinuerleg, men arbeidet med å få desse inn i arkivplanen har me ikkje kome i gong med.</p> <p>Det vert jobba med å digitalisere skule og barnehage. Dei skal nytte Acos websak. Oppstart var tenkt til hausten, men er utsett då ein må prioritere å skifte database og gjere ei periodisering først. Oppstart vert difor tidlegast ved årsskiftet. PPT har vorte digitaliserte og har fått nytt fagsystem i Visma. Dei sender alt digitalt via SvarUt.</p>
Eigedomsforvaltning	<p>Eigedomsforvaltning skal dekkja prioriterte brukarbehov</p> <p>ha effektiv arealutnytting</p> <p>ha verdibevarande vedlikehald</p> <p>vera kostnadseffektiv</p> <p>ha målretta utviklinga av eigedomane sine kvalitetar</p> <p>vera hensiktsmessig organisert</p>	<p>Sjå eige særtema for kommunale bygg.</p> <p>Ferdigstill retningslinjer for utleige av kommunale bygg og eigedomar</p> <p>Samanstill prinsipp, praksis og vedtak til retningslinjer for kjøp og sal av bygg og eigedomar</p>	<p>Det vert arbeidd med eigedomsstrategi som set premissar og retningslinjer for all eigedomsforvaltning. Denne vert ferdigstilt første halvår 2020 med politisk handsaming seinast hausten 2020.</p>

	ha rette økonomiske rammevilkår ivareta lovpålagte krav		
--	--	--	--

4.5.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Administrasjon	28 857	29 604	747	30 862	1 258	30 974
120 ADMINISTRASJON	25 041	25 845	804	26 616	771	27 116
121 FORVALTNINGSUTGIFTER I EIENDOMSFORVALTNINGEN	2 465	2 085	-381	2 280	195	2 292
130 ADMINISTRASJONSLOKALER	1 350	1 674	324	1 966	292	1 566

Rammeområdet administrasjon har eit mindreforbruk på 1,3 mnok samanlikna med budsjett.

Funksjon 120 Administrasjon har eit netto mindreforbruk på 0,8 mnok.

Det er brukt 0,9 mnok mindre i lønsutgifter og 2 mnok meir i utgifter til kjøp. Dei auka utgiftene gjeld blant anna IKT kommunikasjonsutgifter, IKT lisens og program. Salsinntekter og andre driftsinntekter ligg 1,9 mnok over budsjett og kan delvis sjåast i samanheng med auka utgifter til kjøp. 0,4 mnok i auka inntekter gjeld fakturering av avtalt beløp til rekneskap, revisjon og m.a. arkiv/journalføring i oppstart- og prosjektperioden for Hardangerbadet/ Kvammabadet KF.

Funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga har eit netto mindreforbruk på 0,2 mnok.

Varer og tenester har eit mindreforbruk på 0,5, det er eit avvik på føring av løn til reinhald med 0,3 mnok.

Funksjon 130 Administrasjonslokaler har eit netto mindreforbruk på 0,3 mnok. Dette skuldast i hovudsak avvik på føring av løn til fordeling med -0,2 mnok, auka straumutgifter på 0,16 mnok, og bruk av prosjektmidlar på P62192 Vedlikehald av kommunale bygg til t.d. utbetring av tak Rådhus.

4.6 Barnehage

4.6.1 Om tenestene

Barnehageområdet omfattar funksjonane 201-Førskule, 211-Styrka tilbod til førskulebarn og 221-Førskulelokale og skyss i KOSTRA.

Kvam herad har i dag 5 kommunale barnehagar. Kvam har ein privat barnehage: Sandven FUS.

Nyhende Kvammabarnehagane 2019:

- Oppstart forskingsbasert skulestartar-opplegg LEIKBASERT LÆRING i alle barnehagar
- Born fødde i desember 2018 har ifølge barnehagelova ikkje rett på barnehageplass når barnet vert 1 år. Kvam tilbød 11 born plass frå desember 2019, 7 av desse tok imot plassen.
- Kvam herad inngjekk avtale med Mykid elektronisk kommunikasjonsløyning for barnehageforeldre, oppstart 2020.
- Norheimsund barnehage starta i nasjonal strategisk kommunikasjonsutvikling.

Barnehagedrifta vert regulert av Lov om barnehagar, Barnehagelova og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Det nasjonale regelverket definerer kva ein barnehage er, stiller krav til det pedagogiske innhaldet og gjev nærare reglar for bemanning, areal og styringsorgan. Barnehagelova § 12 a regulerer retten til barnehageplass. I Kvam er det barnehageplass til alle som har lovfesta rett til plass etter barnehagelova, og som søker før 1. februar kvart år. Søklarar etter 1. februar er ikkje sikra barnehageplass. Dette er ei utfordring for ny tilflyttarar til Kvam. Det er ikkje areal, men økonomisk ramme som begrensa antal plass.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og skal vera eit trygt og godt oppvekstmiljø. Med fokus på lek, læring, trivsel og omsorg samarbeider barnehagane med foreldra for å gjera barnehagen til ein positiv utviklingsarena. Totalt har Kvam herad 357 born i sine barnehagar, og om lag 84 årsverk.

Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan som skildrar det pedagogiske arbeidet med mål, metodar og aktivitetar. Årsplanen er basert på Rammeplan for barnehage, ei forskrift til barnehagelova som gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagen vert leia pedagogisk og administrativt av styrar. Foreldra skal ha høve til å delta og medverka i planlegginga av barnehagen sitt innhald. Foreldra er sikra brukarmedverknad gjennom samarbeidsutvalet.

Ny nasjonal pedagognorm, frå 01.08.18. Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 små barn under 3 år, og ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Eit ekstra barn utløyser krav om ei ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Barn tel som 3 år frå og med august det året dei blir tre år. Norma førte ikkje til ekstra midlar frå staten.

Stortinget vedtok ny nasjonal bemanningsnorm frå 01.08.18. Norma stiller eit minimumskrav til grunnbemanning. Barnehagen skal ha minst ein tilsett pr. 3 barn når borna er under 3 år, og ein tilsett pr. 6 barn når borna er over 3 år. Kvam har frå 2013-2018 hatt bemanningsnorm på 6,3.

Vedtekter. I samsvar med Lov om barnehagar har Kvam heradsstyre vedteke felles vedtekter for dei kommunale barnehagane.

Kompetanse

Gjennom felles kompetanseheving, har Kvam Herad mål om å gje borna ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagane har 2016-2019 delteke i felles kompetanseheving i samband med satsinga på Læringsmiljø og pedagogisk analyse (LP). Det er kome ny nasjonal kompetansestrategi som krev søknad frå den einstilte barnehage. I 2019 fekk Norheimsund barnehage del i denne strategien. Kvam herad har eit system for rettleiing og oppfølging av nyutdanna barnehagelærarar.

Høgt tal fleirspråklege barn i Kvam (76 i barnehage) krev at barnehagane har god oppfylging av borna. Barnehageplass til alle flyktningebarn og systematisk bruk av morsmålsassistentar ved oppstart er viktige tiltak for god integrering, og er no ein del av introduksjonsprogrammet for fleirspråklege barn og unge.

Ein god barndom hindrar fråfall frå utdanning og arbeidsliv i vaksen alder. Forsking slår fast at høgkvalitetsbarnehagar er med på å utjamna sosiale skilnader, førebyggja psykiske helseplager, og styrkja barn si kognitive utvikling og hindra utanforskap. For å skapa høgkvalitetsbarnehagar må barnehageeigar saman med barnehagane jobba systematisk med kvalitetsutvikling. Dette handlar om tydeleg leiing, organisering av barnehagetilbodet, fagleg medvit og evne til omstilling og endring. Det vart frå 2019 utarbeidd ein kvalitetsrapport til barnehageeigar/ heradsstyret, på lik linje med skule.

PPT skal arbeida for barn, foreldre og tilsette i barnehage/skule, både på individ- og systemnivå, i høve sakkunnig vurdering, kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT arbeider inn mot alle barnehagar, for å styrkja dei til både å oppdaga tidleg og setja inn tiltak tidleg. Barn som har behov for ekstra oppfylging har rettar etter barnehagelova § 19a; «*Rett til spesialpedagogisk hjelp*». Kommunen skal fatta vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne etter § 19 g i barnehagelova.

4.6.2 Mål og tiltak

Visjon for barnehagane i Kvam: «*Me skapar gode barndomsminner og livsglede*»

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Pedagogisk leiing	Tydeleg fagleg leiing Utvikla kollektiv kapasitet	Fagleg oppdatering for alle Faglege drøftingar på styrarmøta Prosessar der leiarane er delaktige i utforming av leiarskap i barnehage	Leiinga nyttar LP-analysar ved alle utfordringar kring pedagogisk leiing i barnehagen. Styrarmøte gjennomført heile året.
Kvalitet i barnehagen	Skapa inkluderande og trygge miljø med vekt på leik, glede omsorg, læring og utvikling. Styrka fagleg refleksjon over eigen	LP som verktøy for systematisk refleksjon over pedagogisk praksis Kompetanseheving Implementera	Bemanning i barnehagane er i tråd med ny pedagognorm. Tilsette nyttar LP som verktøy i refleksjon over pedagogisk praksis. Alle barnehagane har fått rettleiing frå PPT i tråd med

	<p>praksis</p> <p>Kvalitet i rutine-situasjonar</p> <p>Synleggjera barnehagane ved ny kvalitetsrapport til Heradstyret</p>	<p>Rammeplan</p> <p>Alle tilsette les same fagbok; <i>gode rutinesituasjonar</i></p> <p>Skapa arena for pedagogisk refleksjon i alle barnehagar</p>	<p>modulane i LP-modellen.</p> <p>Ny rammeplan er implementert</p> <p>Pågåande arbeid.</p>
Trygt og godt læringsmiljø	<p>Alle barn skal oppleva å vera ein del av eit inkluderande fellesskap/ læringsmiljø.</p> <p>Ingen skal oppleva å bli utestengt i barnehagen</p>	<p>Systematisk arbeid med fokus på venskap, trivsel og vaksne som ser.</p> <p>Implementera og følgja opp handlingsplan mot mobbing</p> <p>Bruka LP modellen i analysearbeidet</p>	<p>Tema vennskap, mobbing, trivsel og vaksne som ser er og ein del av satsingsområdet i LP-arbeidet og analysemodellen blir brukt</p> <p>Støtteteam for barnehage og PPT har jobba saman med barnehagane om tema.</p>
Fleirspråklege barn i barnehagen	<p>Borna skal kjenner seg trygge</p> <p>Godt norsk språk</p> <p>At foreldre vert inkludert</p> <p>At all informasjon er på ulike morsmål</p>	<p>Morsmålsassistent for nytilkomne flyktningbarn</p> <p>Sikra ein god start</p> <p>Skriftleg informasjon på alle aktuelle morsmål</p>	<p>Nyankomne flyktningebarn får morsmålsassistent ved oppstart for å sikra ein god start.</p> <p>Skriftleg info på morsmål er delvis gjennomført.</p>
Rekruttering	<p>Menn i alle barnehagar</p> <p>Nok barnehagelærarar</p> <p>Nok fagarbeidarar</p>	<p>Oppmoda menn om å søkja i utlysingar</p> <p>Studiestøtte til fast tilsette som vil ta barnehagelærarutdanning</p>	<p>Målet om menn i alle barnehagar er ikkje nådd. Av dei tilsette er 7,7 % menn (mot 5,3% i 2018)</p> <p>Laga video for å rekruttera barnehagelærarar.</p> <p>https://www.facebook.com/barnikvam/videos/2066764580283355/</p> <p>Ved utgang 2019 har 38 % av tilsette i barnehagane pedagogisk utdanning, litt over landsnittet.</p>

Kompetanseheving	Utarbeida kompetanseplan	Kartleggja kompetanse	Ikkje ferdig- skal bruka KS-læring i dette arbeidet.
Rettleiing	Fleire tek vidareutdanning Ta vare på nyutdanna barnehagelærarar	Gje barnehagelærar tilbod om vidareutdanning i prioriterte fag Rettleiing til nyutdanna «Opplæringspakke» til vikarar.	3 barnehage-lærarar tok vidareutdanning i 2019. Nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing i 2 år etter at dei er nyutdanna
Måltid	Utvikla måltid som pedagogisk arena	Kurs innan måltid som pedagogisk arena, kosthald og ernæring	Tverrfagleg team vald og seksuelle overgrep har gjeve opplæring til tilsette i alle barnehagane
Brukarvenleg barnehageopptak	Effektivisera inntaket	Brev til nyfødde om plass frå 1 år.	Digitalt utstyr kjøpt inn i tråd med strategien. Mykid er kjøpt inn som digital kommunikasjons og informasjonverktøy mellom barnehage og foreldre. Det er kome digitale informasjonstavler i alle barnehagane. Det er ikkje etablert nettverk i barnehage innan tema digitalisering
IKT-digitaliseringsstrategi	Godt trådlust nettverk Kunnskap om pedagogisk bruk av digitale verktøy Tilstrekkeleg PC til tilsette Betre digital informasjon til foreldre, med fellesvarsling	Gjennomføra tiltaka i tråd med digitaliseringsstrategien Internopplæring Elektronisk informasjonsverktøy Digitale informasjonstavler i alle garderober	Leiinga nyttar LP-analysar ved alle utfordringar kring pedagogisk leiing i barnehagen. Styrarmøte gjennomført heile året.

4.6.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphevelg
Barnehagar	48 797	52 894	4 098	55 645	2 751	55 038
201 BARNEHAGE	42 318	46 367	4 049	47 523	1 156	47 156
211 STYRKET TILBUD TIL FØRSKOLEBARN	2 977	2 582	-395	4 315	1 733	4 315
221 BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	3 502	3 945	444	3 807	-138	3 567

Funksjon 201 Barnehage har eit resultat på ca. 1,16 mnok lågare enn budsjett i 2019. Barnehagetenesta har eit meirforbruk på vikarlønn, engasjement, overtid og utgifter til drift medan tenesta har fått auka tilskot og refusjonar, ca. 0,25 mnok. Lønsjusteringar er 0,95 mnok. Tilskot til private barnehagar er 0,46 mnok lågare enn budsjett, noko av kostnaden er ført på funksjon 211.

Funksjon 211 Styrka tilbod til førskuleborn viser eit mindreforbruk på ca. 1,7 mnok. Dette kjem frå innsparing lønskostnader ca. 1,14 mnok og motteke tilskot på ca. 0,98 mnok. Tilskot er høgare då tenesta har fått utbetalingar frå Integrerings- og mangfaldsdepartementet som gjeld 2018 og 2019. Overføring til private barnehagar er 0,38 mnok høgare enn budsjett.

Funksjon 221 Barnehagelokale og skyss har eit meirforbruk på 0,1 mnok som skuldast fordeling av lønskostnader for FDV bygg og reinhald.

4.6.4 Fellestema: Kvam familie- og læringscenter

Visjonen til KFL: Heilskapleg blick – felles ansvar.

Kvam familie- og læringscenter(KFL) er ei samorganisering av helsestasjon- og skulehelsetenesta, PPT, barnevernstenesta og familiesenteret. Denne samorganiseringa skal bidra til betre tverrfagleg samhandling mellom tenestene til beste for born og unge i kommunen, i tråd med nasjonale føringar. Innsatsen skal vera førebyggjande og tverrfagleg med eit tydeleg familieperspektiv. I tillegg til heimen/familien, er barnehage og skule hovudarena for helsefremming og førebygging. KFL har som mål å utvikla gode samarbeidsrutinar og tettare tverrfagleg samarbeid med desse. I tillegg er andre tenester for born/unge som i dag er organisert under helse/omsorg, som NAV, fysioterapitenesta for born og unge, barne-rehabiliteringa og legetenesta naturlege og viktige samarbeidspartar for KFL.

Leiarane for tenestene i KFL har, saman med oppvekstsjef, ansvar for planlegging og gjennomføring av målsetjingane i KFL. Hovudmålsetjinga for KFL er å sikre at born/unge/familiar får den hjelpa dei treng for at borna skal ha ein trygg oppvekst med gode moglegheiter for læring og utvikling. KFL skal tenkje heilskap kring born sin livssituasjon, arbeida tverrfagleg og setja i verk tiltak for å hjelpa borna og familien. Tilsette i tenestene i KFL skal saman utvikla innsikt i arbeidsoppgåver i dei ulike tenestene og slik få ei auka forståing for verdien av å arbeida i ein meir heilskapleg samanheng med kort veg mellom tenestene.

Etablering av **Familiesenteret** er eit av fleire verkemiddel i KFL for å gje tidleg hjelp til barn, unge og familiar, slik at ein kan hindra eller avgrensa vanskar og redusera hjelpebehov seinare. Ved å samla psykolog, familieterapeutar og utekontakt i ei avdeling, er det lettare å samordna innsatsen rundt den enkelte familie og nytta kvarandre sin kompetanse. Familiesenteret tilbyr hjelp som er lett tilgjengeleg med kort ventetid – tilvist frå barnehage og skule, andre hjelpetenester eller frå familien sjølv. Familiesenteret har eit særskilt ansvar for å gje hjelp til familiar som har kontakt med

barnevernstenesta. Andre prioriterte oppgåver er førebyggjande ungdomsarbeid, og medverknad til førebygging av skulefråvær. Familiesenteret skal, saman med dei andre tenestene i KFL, bidra og delta i tverrfagleg innsats og kompetanseheving retta mot born, unge og familiar, barnehage/skule, fritidsarena og lokalsamfunn.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Samordning og tverrfagleg samarbeid i Oppvekst</p> <p>Hovudmål: <i>Målgruppa skal få ein trygg oppvekst med gode høve til læring og utvikling.</i></p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Barn og unge skal få rett hjelp til rett tid. 2. Innsatsen skal vera førebyggjande med tydeleg familieperspektiv 3. Vidareutvikla tverrfagleg samhandling på systemnivå 4. Vidareutvikla system/rutinar for tverrfagleg samarbeid kring barn med behov for samansette tenester, men som ikkje har individuell plan 5. Tenestene skal ha kunnskap om kvarandre sine kjerneoppgåver og områder for felles innsats 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Lett tilgjengelege tenester i eit felles hus. ▪ Helse- og hjelpetenester skal samhandla og støtta opp om familien/foreldre, barnehage/skule og fritidsarena. ▪ Vidareføra individ- og gruppetilbod i Familiesenteret ▪ Enkelt å finna informasjon om tenestetilbodet på heimesida til Kvam herad ▪ Nytt Facebook side- Barn og unge i Kvam som informasjonskanal ▪ Vidareutvikla samarbeid med andre kommunale tenester, 2. linjetenesta og frivillige lag og organisasjonar. ▪ Vidareføra tidleg innsats i barnehage og skule ▪ System for tverrfagleg samarbeid med barnehagar og skular. ▪ Vidareføra fast møtestruktur på leiarnivå 	<p>Tenestene flytta inn i felles hus - KFL bygget i januar 2019</p> <p>Gjennomført fagsamlingar for tilsette i KFL.</p> <p>Deltok i ressursteam på to skular</p> <p>Gir kompetanseheving til barnehage og skule</p> <p>Tverrfagleg gruppetilbod til ungdom og foreldre.</p> <p>Heimesida til tenestene er oppdatert, men kan utviklast vidare.</p> <p>Utekontakten nyttar Snapchat som informasjonskanal.</p> <p>Facebooksida Barn og unge i Kvam blir nytta som informasjonskanal</p> <p>Har vore samarbeidsmøter både på individ og systemnivå med fleire av tenestene i Helse og omsorg.</p> <p>Har skriftleg uttrykt til BUP Voss at me ynskjer utekontor i Kvam, men ikkje fått dette innvilga.</p> <p>Har tett samarbeid med Grannehjelpa om tiltaket Ungfritid</p> <p>Kontinuerleg prosess som er i gang</p> <p>Fekk i 2019 tildelt midlar frå BUF-dir til å utvikla ein</p>

		<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vidareføra tverrfaglege ressursteam ▪ Utarbeide felles rutinar med særleg fokus på barn som har behov for samansette tenester ▪ 4 fagsamlingar årleg for tilsette. ▪ Opplæringsamling for nyttilsette. ▪ Kompetanseheving til barnehage og skule ut frå behov. 	<p>samarbeidsmodell for betre tverrfagleg innsats. Prosjektet skal vara i 2 år. Leiarmøte i oppvekst 2. kvar veke</p> <p>Tverrfagleg ressursteam oppretta på Skulane</p> <p>Nyttar SamPro som samhandlingsprogram for Individuell Plan.</p> <p>Har utarbeidd plan for habilitering og rehabilitering, og må på bakgrunn av denne utvikla rutinar</p> <p>Har gjennomført 4 fagsamlingar for tilsette. Ikkje gjennomført</p> <p>Utført ut frå førespurnad</p>
Digitalisering	Ta i bruk felles digitale verktøy	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Nyttar SamPro – verktøy for individuell plan ▪ Bruka Office 365 som digital samarbeidsplattform. ▪ Leggja rutinar og andre relevante dokument inn i Compilo. ▪ Etablera Digitalt arkiv der fagprogram tillèt det 	<p>Utført</p> <p>Brukar Teams som samarbeidsplattform</p> <p>Arbeidet er starta</p> <p>PPT har etablert digitalt arkiv.</p> <p>Barnevern på vent i forhold til digi barnevern</p> <p>Helsestasjon- og skulehelseteneste er godt i gang med e-meldingar til Helse Bergen.</p>

4.7 Grunnskuleopplæring

4.7.1 Om tenestene

Grunnskule omfattar funksjonane 202-Grunnskule inkl. pedagogisk psykologisk teneste (PPT), 213-Vaksenopplæring, 214-Spesialskular (Kvam har ingen), 215-Skulefritidstilbod, 222-Skulelokale, 223-Skuleskyss. Kommuneloped 0-100 år inngår som ein del av 213-vaksenopplæring.

Nyhende Kvammaskulen 2019:

- 2 skular fekk forsterking i 1. klasse i hausthalvåret for å sikra god overgang frå barnehage til skule.
- Oppstart av den nasjonale FAGFORNYINGA
- Tilsette 5 miljøterapeutar for å bistå arbeidet med elevar som har det ekstra utfordrande

Grunnskuledrifta vert regulert av gjeldande Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, *Opplæringslova*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Lova handlar om rettar og plikter knytt til opplæring og skulegang i Noreg. Formålsparagrafen § 1-1: *Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Det er 6 kommunale og ein privat grunnskule i Kvam;

- Strandebarm skule 1-10 - Kvam ungdomsskule 8-10
- Norheimsund skule 1-7 - Øystese skule 1-7
- Tørvikbygd skule 1-7 - Ålvik skule 1-7
- Norheimsund friskule 1-10

Kvam har 1026 grunnskuleelevar. Det er om lag 145 årsverk i grunnskule/SFO fordelt på 210 tilsette.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen gjev fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Læreplanen sin generelle del utdjuvar formålsparagrafen i opplæringslova, gjev overordna mål for opplæringa, inneheld verdi- og kunnskapsgrunnlaget, og det kulturelle grunnlaget for grunnskulen. Frå hausten 2020 kjem fagfornyninga i norsk skule, med nytt læreplanverk. Skulane starta opplæringa i fagfornyninga skuleåret 19/20.

Opplæringslova §13-10 fastset at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Kvalitetsrapporten skal drøftast politisk, og leggjast fram for heradsstyret årleg. Det er ein kontinuerlege prosess å auka fokus på brukarmedverknad, både politisk og frå foreldra, samt å gjera dokumentet meir lesarvenleg og lettlese.

Kommunen pliktar å ha eit skulefritidstilbod, (jf. § 13-7 i opplæringslova). Om lag 155 elevar 1-4. klasse har SFO-tilbod. Innhaldet skal ta utgangspunkt i borna sin trong for omsorg og leik, og fremja sosial læring. I tillegg til kulturaktivitetar skal fysisk aktivitet, frileik, oppleving og undring knytt til natur- og uteområde vera ein viktig del av dagen. 2 bygder har fått SFO-tilbod sjølv om dei har hatt færre enn 10 born (JFr retningslinjene til SFO fastsett av heradsstyret). Alle skular har SFO tilbod. Tørvikbygd barnehage har i 2018 og 2019 tilbydd SFO tilbod til 3 born istadenfor å ha SFO på skulen.

Vaksenopplæringa er heimla i Opplæringslova kapittel 4A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*.

- Grunnleggjande opplæring i norsk/samf.kunnskap etter introduksjonslova, 44 elevar.
- Grunnskuleopplæring § 4A-1. Vaksne som ikkje har vitnemål i einskilde fag, 12 elevar.
- Spesialpedagogisk avdeling for vaksne, § 4A-2. 24 elevar.
- Realkompetansevurdering for vaksne på grunnskulen sitt område, 1 elev

Elevane ved vaksenopplæringa skal få opplæring ut frå dei føresetnader dei har. Målsetjinga er at dei skal få kompetanse og haldningar som gjer dei i stand til å meistra eigne liv og høve til å delta i skule, arbeid og samfunn. Undervisninga skal vera tilpassa både med omsyn til organisering og innhald. Vaksenopplæringa samarbeider med andre deler av det kommunale tenesteapparatet slik at opplæringa kjem den enkelte elev, kommunen og arbeidslivet til gode.

PPT er heimla i Opplæringslova § 5-6: Kvar kommune skal ha ei pedagogisk psykologisk teneste. Lovkrav:

1) Tenesta skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jf. § 5-1 om retten til spesialundervisning: *Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning*. Sakkunnig vurdering byggjer på kartlegging av eleven sine læreføresetnader. Sakkunnig vurdering beskriv behov for spesialundervisning (§5.1), eller behov for tilrettelegging i ordinær opplæring (§1.3). PPT arbeider tverrfagleg.

2) Tenesta skal hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanseheving og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. På systemnivå er PPT sentral i skulane og barnehagane sine utviklingsprosessar, og oppbygging av støttesystem i ordinær opplæring. PPT har ei sentral rolle i å kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagar og skular, slik at rutinar og gjennomføring kring tidleg innsats/ born som treng ekstra støtte, vert utvikla likt i kommunen. PPT brukar aktivt LP-metodikk i rettleiing og systemtenking ute i skulane.

Kommunelogopeden skal serva innbyggjarar mellom 0-100 år. Kommunelogoped tilbyr logopedtenester både på individ- organisasjons- og gruppenivå, og dei jobbar tverrfagleg (t.d. fysio- og ergoterapeut, barnehagar og skular, pleie og omsorg).

4.7.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Kvar elev skal få utvikla sitt potensial for læring.	Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistra grunnleggjande ferdigheiter	Bruka LP-analysemodell i alt Styrkja ordinær undervisning i tråd med resultat og ny forskning:	LP-undersøking: Elevane i Kvam seier dei har det godt på skulen og opplever lærarane som fagleg støttande.
LP som gjennomgåande utviklingsarbeid i alle skular	Auka kompetanse i relasjonsbasert klasseleiing -Auka læringsutbyte for eleven	1.Gje eleven forståing av eiga læring 2.Sjølvrifleksjon hjå lærar 3.Standard for god undervisning	PPT har gjeve rettleiing til alle skulane i tråd med modulane i LP.

<p>Pedagogisk analyse av alle resultat frå LP, elevundersøking, nasjonale prøvar mm</p>	<p>–Strategier for å handtera utfordringar</p> <p>–Kompetanse i sjølvevaluering</p>	<p>4. Positiv støttande elev-relasjon</p> <p>5. Lærar leier tydeleg/strukturet</p> <p>6. Tryggleik i handtering av bråk/uro</p> <p>7. Formativ evaluering med elevane</p>	
<p>Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø</p> <p>- § 9a i opplæringslova</p>	<p>Alle skal oppleva å vera ein del av eit inkluderande læringsmiljø både fagleg og sosialt</p> <p>Ingen elevar skal oppleva å bli mobba</p>	<p>Fylgja rutinar etter § 9a:</p> <p>Alle vaksne skal følgja med på at kvar elev har det trygt og godt</p> <p>Tilsette på skulane er tilgjengelege</p> <p>Bruka LP-modellen systematisk</p> <p>Analysera eigen praksis</p>	<p>Skulane fyl rutinane og skriv aktivitetsplanar. Tilsette melder avvik i Compilo, dette er meir synleg etter Compilo vart teken i bruk.</p> <p>LP-modellen vert brukt aktivt i analysearbeid når elevar har det vanskeleg.</p> <p>Satsinga "Barn er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg" har vore arbeidd mykje med.</p>
<p>Særskilt språkopplæring for fleispråklege elevar i grunnskulen i Kvam, § 2-8 i opplæringslova</p>	<p>Elevar skal få dekkja sine rettar</p> <p>Eleven skal oppleva meistring i norsk språk</p> <p>Eleven skal vera mest mogeleg i klassen</p>	<p>Morsmålsassistent ved oppstart</p> <p>Bruka Udir kartleggingsverktøy</p> <p>Fatta einskildvedtak § 2-8</p> <p>Tverrfagleg samarbeid kring mottak/introduksjon</p>	<p>Kartleggingsverktøy frå Udir vert brukt i varierende grad. Elevar som har behov for det får morsmålsassistent ved oppstart</p> <p>Det er etablert ei elevgruppe med morsmåls-undervisning på arabisk.</p>
<p>Kompetanseheving</p>	<p>Sikra tilstrekkeleg kompetanse ut frå forskning/nasjonale føringar</p> <p>Delta i ny nasjonal kompetansestrategi</p> <p>Utarbeida kompetanseplan</p> <ul style="list-style-type: none"> Tverrfagleg innsats /kurs frå hjelpetenestene i oppvekst 	<p>Gje lærarar tilbod om vidareutdanning i norsk, matte, engelsk, norsk som andrespråk og spesialpedagogikk</p> <p>Rektorutdanning til leiarar</p> <p>Rettleiing til nyutdanna lærarar</p> <p>Stimulering til å ta mastergrad</p>	<p>5 lærarar tok vidareutdanning med støtte frå Udir og Kvam herad i 2019</p> <p>skuleleiarar tok rektorutdanning i 2019</p> <p>KFL har gitt denne kompetansehevinga til skulane</p> <ul style="list-style-type: none"> Deltek i ulike lærande nettverk som eit ledd i å dela kompetanse med tilsette i skule. Kompetanseheving i tema vald og overgrep Gitt veiledning og støtte inn i individualsaker

			<ul style="list-style-type: none"> • Delteke i arbeidet med å implementert veileidar om skulefråvær - ein rettleiar for førebygging/oppfølging • Deltaking i tverrfagleg team på ungdomsskulane <p>Nytilsette lærarar får individuell og grupperettleing dei 2 fyrste åre etter endt utdanning</p>
Digitalisering	<p>Oppgraderte maskiner/program</p> <p>Nettbrett/PC til alle 1-10.klasse</p> <p>Digitale tavler i alle klasserom</p> <p>IKT som kompensierende hjelpemiddel for alle elevar</p> <p>System/oversikt over programvare</p> <p>Kompetanseheving tilsette</p>	<p>Gjennomføra tiltak i tråd med digitaliseringsstrategien</p> <p>Opplæring i digital programvare</p> <p>Textpilot til alle med dysleksi</p>	<p>Digital utstyr er kjøpt inn i tråd med digitaliseringsstrategien. (Sjå kvalitetsrapport for skule)</p> <p>Textpilot blir gjeve til dei elevane som har behov for det.</p> <p>Skulane har teke i bruk ny digital programvare i undervisninga f.eks. Campus som blir nytta i matematikkundervisninga</p>
<p>System for ivareta elevar som har det vanskeleg</p> <p>Barn gjer så godt dei kan!</p>	<p>Alle tilsette skal kjenna fagleg tryggleik, møta eleven sine behov</p> <p>Alle tilsette skal forstå at eleven si åtfærd er uttrykk for noko</p> <p>Felles elevsyn; me må endra konteksten kring elevar som slit</p>	<p>Felles kompetanseheving for barnehage, skule og hjelpetenester</p> <p>Minikurs/ fagleg oppdatering</p> <p>Tryggja leiarrolla fagleg</p> <p>Kurs i korleis me omtaler desse borna / språkbruk</p>	<p>Kursdag august 2019 for alle tilsette i skule og KFL: "barn er ikkje vanskelege- dei har det vanskeleg" (6 ulike tema)</p>
Støttesystem	<p>Dei fleste elevar skal få hjelp i ordinær undervisning framføre segregerte tiltak</p>	<p>Kompetanseheving tilsette Nettverk</p> <p>Intensivkurs i tekstpilot, matte</p> <p>Gjera endring i</p>	<p>Alle klassar har eit gitt timetal til støttesystem, slik at elevar kan få støtte og hjelp fleksibelt istadenfor i låste timar med spesialundervisning. T.d. for elevar med dysleksi, dei som</p>

	<p>God ordinær undervisning som inkluderer alle</p> <p>Fast timeressurs til støttesystem</p>	<p>ressursmodellen som sikrar nok støttetimar i alle klassar</p>	<p>strevar med matematikk eller dei som treng hjelp med omgrep eller tryggleik i det dei held på med.</p> <p>PPT gir kompetanseheving og veiledning til skulane ut frå behov. PPT driv også nettverk.</p>
Kvalitetssystem	<p>Oppretthalda og kvalitetssikra internkontroll og systemtenking</p> <p>Auka kollektiv kapasitet og delingskultur</p>	<p>Nytta 1310.no, Compilo og skulane sine internkontrollsystem</p> <p>Leiarane utviklar system for internkontroll i fellesskap</p>	<p>Skulane nyttar den digitale programvara 13.10 som eit ledd i internkontrollarbeidet.</p> <p>Er starta arbeidet med å leggja inn rutinar i Compilo</p>
Ressursbruk/ økonomi	<p>Ressursinnsats og resultat skal hengja betre saman, jamfør kostragruppe 11</p>	<p>Gjennomgang og vurdering av resultat, organisering og kompetanse på leiarnivå</p>	<p>Ikkje nytta ekstern hjelp eller teke i bruk Sandnesmodell.</p> <p>Gradvis har ein auka refleksjon kring bruk av ressursar, for å endra organiseringa frå 2019.</p>
Kvalifiseringsprogram for flyktningar, Vaksenopplæringa	<p>Gje elevar eit fullverdig kvalifiseringsprogram i samarbeid med NAV som sikrar norsk språk</p>	<p>Vurdera fleire skuledagar pr. veke</p> <p>Språkpraksisplass til alle</p>	<p>Dette må jobbast meir med.</p> <p>Vart gjennomført ei prøveordning når ei gruppe vaksne kvoteflyktningar frå Kongo kom til Kvam i oktober.</p>

4.7.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Grunnskuleopplæring	101 681	108 006	6 325	111 850	3 844	111 188
202 GRUNNSKOLE	81 759	88 465	6 706	91 774	3 309	91 933
213 VOKSENOPPLÆRING	4 602	5 075	473	5 015	-60	5 015
215 SKOLEFRITIDSTILBUD	1 696	1 860	164	1 822	-37	1 773
222 SKOLELOKALER	9 271	9 527	256	9 365	-163	8 593
223 SKOLESKYSS	4 354	3 079	-1 275	3 875	795	3 875

Funksjon 202 Grunnskule har netto resultat på totalt 3,3 mnok. Tenesta har eit overforbruk på lønn (0,55 mnok) og driftskostnader (1,8 mnok). Meirforbruket på lønn gjeld i hovudsak fastlønn, og i drift er meirkostnader velferdstiltak, transport, lkt og inventar høgast. Kostnader i samband med kjøp av tenester frå andre er 0,9 mnok lågare enn budsjettert. Auke i inntekter, tilskot og refusjonar er på ca. 2,2 mnok.

Funksjon 213 Vaksenopplæringa har eit mindre meirforbruk knytt til vaksenopplæring i grunnopplæring.

Funksjon 215 Skulefritidsordninga har ingen vesentlege avvik.

Funksjon 222 Skulelokale har eit meirforbruk på 0,1 mnok. Avviket skuldast hovudsakleg auka straumkostnadar i 2019.

Funksjon 215 Skuleskyss viser eit netto mindreforbruk på 0,8 mnok, men deler av kostnadane for skulekyss for elevane er feilført på teneste 202.

4.8 Kommunehelse

4.8.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 232-Førebygging - skule og helsestasjonsteneste, 233-Anna førebyggjande helsearbeid og 241-Diagnose, behandling og rehabilitering. Tenestene vert i hovudsak utførte av folkehelsekoordinator, helsestasjonstenesta, ergo- og fysioterapitenesta, kommunepsykolog og legetenesta.

Folkehelse er samfunnet sin innsats for å fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og medverka til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Kvam herad har folkehelsekoordinator organisert i avdeling samfunn, næring og kultur.

Folkehelsearbeidet er heilskapleg og omfattar både offentleg, privat og frivillig sektor. Målet er å utvikla eit samfunn som legg til rette for helsegunstige val, fremjar tryggleik og medverknad for den einskilde, førebyggjer sjukdom og skade og legg til rette for gode bu- og oppvekstvilkår. Arbeidet med kommunen sitt første oversiktsdokument over helsetilstanden og faktorar som påverkar helsetilstanden, «Folkehelseoversikt for Kvam 2016 – 2019 » viser at innbyggjarane i Kvam i det store og heile har god helse. Rullering av dokumentet starta i 2019.

Folkehelsearbeidet er heimla i folkehelselova. Folkehelsekoordinator sine oppgåver er mellom anna: plan- og analysearbeid, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, utforming av søknadar, koordinering, planlegging og gjennomføring av tiltak innan ulike temaområde og tilrettelegging for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta i Kvam herad er organisert i eining for oppvekst og er ei av tenestene i KFL (Kvam familie og læringscenter). Tenesta har nært samarbeid med eining helse- og omsorg. Tenesta har 6,95 årsverk inkludert leiar, og har base ved Norheimsund helsestasjon med utekontor ved legekontora i Strandebarm, Øystese og Ålvik.

Oppgåvene er heimla i Helse- og omsorgslova. Kommunen har ansvar for at tilbodet er tilgjengeleg for målgruppene, og at dei tilsette har nødvendig kompetanse og ressursar. Helsestasjon og skulehelsetenesta skal vera eit lågterskel tilbod. Kommunen har ansvar for å overvaka helsesituasjon til alle born i kommunen, og skal planleggja og gjennomføra tiltak som fremjar ei best mogleg fysisk og psykisk helse blant gravide, barn og unge. Tenesta skal leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Det vert i gjennomsnitt født 80-100 born i Kvam herad kvart år.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er eit allment tilbod til gravide, barn og ungdom i alderen 0-20 år og deira foreldre. Tenesta skal bidra til å førebyggja sjukdom og fremja god fysisk og psykisk helse. Hovudoppgåvene er helseundersøkingar, vaksinasjonar, opplysning, råd og rettleiing. Tiltak for å styrkja eigenmeistring hos barn og unge og korleis foreldra meistrar foreldrerolla, er også sentralt i arbeidet. Helsestasjonstenesta har eit heilskapleg perspektiv på førebygging og

skal difor driva tverrfagleg arbeid. Arbeidet vert utført av helsesjukepleier, jordmor, lege og fysioterapeut. Det skal vera lett å oppsøkje tilbodet i helsestasjon og skulehelsetenesta, og brukarane skal oppleva at dei vert tekne på alvor med små og store helseproblem og utfordringar.

Helsestasjonen har også oppgåver knytt til smittevernarbeid i kommunen, som tuberkulosekontroll, reisevaksine, influensavaksinering og helsestasjon for flyktningar. Tenesta når alle familieane i kommunen i ein tidleg fase i livet.

I 2019 vart det født 87 born i Kvam. Dei fordelte seg slik i kommunen

Norheimsund: **34**

Øystese: **29**

Tørvikbygd: **7**

Strandebarm: **12**

Ålvik: **5**

Ergo- og fysioterapi

Ergo- og fysioterapitenesta skal gje førebyggjande og kurative tenester til alle aldersgrupper. Det er utarbeidd eigen temaplan for tenesta.

Dei kommunale fysioterapeutane og ergoterapeuten har ansvar for å organisera tilbod til brukarar med samansette behov eller store funksjonsnedsetjingar. I tillegg til undersøking og behandling, har dei oppgåver som tilrettelegging for sosial deltaking, aktivitet, det å kunne bu i eigen bustad og å søkja om naudsynte hjelpemidlar. Dei er sentrale i kommunen sitt habilitering- og rehabiliteringsarbeid og har også førebyggjande oppgåver.

Fysioterapiinstitutta gjev tilbod til dei som har muskel- skjelettlidingar, psykosomatiske lidingar eller treng opptrening etter skade, operasjon eller rehabilitering. Det er privatdrivne fysioterapiinstitutt i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Kommunen gjev tilskot til drifta i form av driftstilskot.

Ergo- og fysioterapitenesta har brei kompetanse og er ein viktig basisressurs i helse- og omsorgstenesta.

Fleire av dei tilsette er spesialistar. Barnefysioterapi er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta i tråd med lokale og sentrale føringar.

Tenesta har 1 ergoterapeut, 4,23 fastlønna fysioterapeutar, 1 turnuskandidat og 6,35 driftsheimlar.

Psykologteneste for barn og unge

Psykolog for barn og unge er organisert i Familiesenteret saman med familieterapeutar og utekontakt. Tenesta er heimla i lov om Helse og Omsorgstenester, under tema helsefremjande og førebyggjande arbeid. Familiesenteret skal ha fokus på tidleg innsats, arbeida tverrfagleg og samarbeida med andre tenester. Oppgåvene til psykologen er delt mellom allmennpsykologisk og helsefremjande/førebyggjande arbeid. Psykologtilbodet skal vera lett tilgjengeleg, og det er ikkje krav til skriftleg tilvising. Tilbodet skal bidra til at barn og unge (0-18/20 år) får vurdert behovet for psykisk helsehjelp og «rett hjelp til rett tid». Psykolog har tilvisingsrett psykisk helsevern for barn og unge, å linje med fastlege og barnevernsteneste. Tilbodet omfattar psykisk helsehjelp for lette og moderate vanskar i form av kortvarig hjelp, støttesamtalar, rettleiing til føresette, barnehage/skule og andre

kommunale tenester. Frå 2020 er alle kommunar pålagt å ha psykolog i den kommunale helsetenesta. For tida er psykolog leiar i Familiesenteret.

Legetenesta

Legetenesta famnar om alt frå kurativ legeteneste, allmenmedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Dette er lovpålagde tenester og basisfunksjonar som er avgjerande for å skapa framtidiretta, fagleg forsvarlege og likeverdige helse og omsorgstenester av god kvalitet. Åtte av dei elleve fastlegane er spesialistar i allmenmedisin. Tre av legane er i spesialisingsløp og tre hadde permisjonar i 2019. Kommuneoverlegen er tilsett i heil stilling og er leiar for tenesta. Han har oppgåver innan samfunnsmedisin, smittevern og sjukeheimsmedisin. Ein av sjukeheimslegane som var tilsette i heil stillingar vart pensjonist i løpet av året. Oppgåvene vert fordelt på to legar frå 1.1.2020

Kurativ verksemd - fastlegetenesta

Alle som bur i kommunen har rett til ein fastlege. I Kvam er det legekontor i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Totalt er det elleve fastlegar, fem i Øystese, fire i Norheimsund og to som deler fastlegeoppgåvene i Ålvik. I Norheimsund er det også Lis-1 lege (turnuslege). Kontora i Øystese og Norheimsund er privat drivne med basistilskot frå kommunen. Ålvik legekontor vert drive som kommunalt kontor med fastlønna lege. Strandebarm legekontor vert drive som kommunalt utekontor. Fire legar deler på arbeidet i Strandebarm. Saman med legane arbeider det til saman ni helsepersonell i ulike stillingsstorleikar ved legekontora.

Allmenmedisinske offentlege oppgåver

Kvar einskild fastlege kan tilpikta å ta del i arbeid med sjukeheimsmedisin, skulehelseteneste og helsestasjonsteneste inntil 7,5 time pr. veke. Kommunen har prioritert å ha legane med på dei ulike arenaene innan helse og omsorg, og legg praktisk til rette for at dei kan vera det.

Samfunnsmedisinske oppgåver - kommuneoverlege.

Kommunen skal ha ein eller fleire legar som medisinske rådgjevarar. Funksjonen skal ivareta oppgåver som plan,-system,-beredskaps,- smittevern- og miljøretta helsevernarbeid. Samfunnsmedisinsk kompetanse er også nødvendig i interkommunalt samarbeid og samarbeid med spesialisthelsetenesta, t.d. arbeid med samarbeidsavtalar, tenesteavtalar, prosjekt og prosessarbeid.

Legevakt

Kommunen si legevaktordning skal sikra innbyggjarane sine behov for øyeblikkleg hjelp-tilbod heile døgnet og er ein del av den allmenne beredskapen i kommunen. Kvam legevaktstasjon er ein av tre legevaktstasjonar i Hardanger og Voss legevaktstasjon og er lokalisert ved Kvam lokalmedisinske senter på Toloheimen. Legevaktstasjonen består av Kvam legevaktssentral og legevaktlokala. I opningstida ved fastlegekantora fungerer desse som legevaktlokale.

Ein vakthavande lege skal vera tilgjengeleg i naudnettet heile døgnet. Kvam har samarbeidsavtale med dei andre kommunane i Voss sjukehusområde om legevakt på natt. Voss kommune er vertskommune, og legevakta er på natt lokalisert i sjukehuset på Voss.

I tillegg til legane er det tilsett sju sjukepleiarar i til saman 288 % stilling ved legevakta. Kvam legevakt er ein av sju «vakttårnlegevakter» i Noreg og er slik leverandør av data til nasjonal statistikk for legevakt. Kommunen samarbeider med nabokommunane, føretaket og andre lokale døgntenester, t.d. brann og redningstenesta og helse og omsorgstenesta elles for å sikra gode løysingar for akutttilbodet.

4.8.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Folkehelse «Helse i alt me gjer».	Alle avdelingar i kommunen skal ha forståing for «helse i alt med gjer» og arbeida for å ha «helse i alt me gjer».	Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer» Delta i folkehelsegruppe	Overordna folkehelsegruppe har starta arbeidet med å rullera folkehelseoversikten. Tema i folkehelseoversikten involverer fleire einingar.
Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.	Meir systematisk samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor.	Etablere møtestadar Meir kunnskap og informasjon om korleis samarbeida med frivillige lag og organisasjonar til dei tilsette i kommunen. Tilretteleggja for meir samarbeid med frivillige lag og organisasjonar på fleire avdelingar.	Døme på tiltak der fleire einingar har vore inkludert i samarbeid med frivillige: <ul style="list-style-type: none"> • Kvammaveko • Liv og Lyst • Ung fritid I gjeldande planstrategi står det at arbeidet med frivillighetsplanen skulle starta i 2019. Dette arbeidet har ikkje kome i gang.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Helsestasjon og skulehelseteneste Nasjonale føringar	Styrkja skulehelsetenesta Fylja veiledande normtal for Helsestasjon- og skulehelsetenesta	Fylgja nasjonal opptrappingsplan . Helsesøster skal vera tilgjengeleg for elevar på alle skulane kvar veke Søkja på aktuelle tilskotsmidlar/øyremerka	For å styrkja skulehelsetenesta søkte tenesta om sentrale midlar, og fekk tilskot til ein 100 % stilling som helsesjukepleier. Kvam har streva med rekruttering av helsesjukepleier. Ingen søkte på stilling ved utlysing. Grunna permisjon og manglande vikar, vart det

	<p>Løysa nye oppgåver som blir lagt til helsestasjon- og skulehelsetenesta.</p> <p>Implementera dei nye retningslinjene i helsestasjon- og skulehelsetenesta gjennom prosjektarbeid</p>	<p>tilskot</p> <p>Utføra nye pålagde oppgåver</p> <ul style="list-style-type: none"> - HPV vaksinerings til jenter fortset, - Setje i verk nødvendig kompetanseheving for å kunne utføra nye oppgåver - Vidareføra arbeidet med å verta ammekynndig helsestasjon. <p>Etablert prosjektgruppe skal arbeide med implementering av nye retningslinjer og utarbeide eit godt kvalitativt systemarbeid som er bygd på sentrale føringar.</p>	<p>søkt om å få overføra midlane til 2020. Det vart innvilga.</p> <p>Tenesta har implementert den nye rettleiaren for helsestasjon- og skulehelsetenesta. Jobbar vidare med å implementere arbeidet inn i skulehelsetenesta. Målet er at me har undervisning i samarbeid med skule i alle klassetrinn for å styrka den psykiske, fysiske og seksuelle helse til alle born og unge.</p> <p>Tenesta har utført alle lovpålagte oppgåver i løpet av 2019. Oppvaksinerings av HPV-vaksine til jenter vart ferdig i juni. Dette var eit stort meirarbeid, og førte til at 4-årskontrollane vart forsinka.</p> <p>Tenesta ligg fortsatt under i forhold til tilrådd normtal i skulehelsetenesta i barneskulen. Dette vil tenesta jobbe vidare med, ved å søkje på sentrale midlar.</p>
Prevensjon	Få ned talet på abortar (nasjonalt mål)	<p>Kompetanseheving held fram.</p> <p>Helsesøster/jordmor - utvida rett til å skriva ut prevensjon</p>	<p>Alle helsesjukepleiarar og jordmor har gjennomført utvida rett til å skrive ut prevensjon. Dette arbeidet er lagt til helsestasjon for ungdom og skulehelsetenesta i vidaregåande skular.</p>
Rekruttering	Fortsetja å rekruttera helsesøster til kommunen vår som kan tre inn i ledige stillingar	<p>Ha tett kontakt med høgskulen</p> <p>Oppmoda sjukepleiarar i eigen kommune til å ta helsesøsterutdanning</p>	<p>Grunna to permisjonar, har me hatt vakant stilling i periodar dette året. Det er vanskeleg å rekruttere helsesjukepleier, Ingen søkte prosjektstilling 100 %.</p>

		Delta i faglege nettverk	Men me fekk inn ein vikar i 40 % stilling i frå hausten 2019. Måtte derfor utsetje prosjektstillinga og fekk overført midlane til 2020. Tenesta har tett kontakt med høgskulen, men Kvam har ingen student dette året, sjølv om det var fleire søkjarar. Det er vanskeleg å komme inn på studiet grunna høge søkjartal. Ein ser rekrutteringsvanskar i heile landet. Høgskulane jobbar med å auke opp antal studieplassar. Arbeidet med å rekruttere sjukepleiar til å ta vidareutdanning som helsesjukepleier held fram. Leiar har delteke på nettverksmøte med andre leiarar for helsestasjon-og skulehelseteneste omkring Bergen kommune.
IKT	Ha effektive digitale verktøy	Utføra tiltak i tråd med digitaliseringsstrategi Arbeidet med å innføra E-meldingar fortset. Kontinuerleg kompetanseheving for å kvalitetssikre rett bruk og gode løysingar i fagsystemet.	Tenesta har etablert e-meldingar opp mot Helse-Bergen og har utvida dette i løpet av året. Alle fødselsmeldingar kjem elektronisk, og henvisningar til spesialisthelsetenesta vert sendt elektronisk. Dette fungerer svært bra. Alle papirjournaler kan og scannast inn i HsPro Visma, etter at me fekk nye multifunksjonsmaskiner. Er så vidt i gang med å planlegge tilkobling til digipost.
Samhandling med andre	Bidra til å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen vår, og styrkja det som bidreg til betre helse	Tilby lågterskeltilbod for ulike målgrupper i skulen Vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for	Arbeider med grupper i enkeltklassar i forhold til klassemiljø. Også jente- og guttegruppe til alle i 9. klassesetrinn, i samarbeid med utekontakt. Fokuset er

		gravide med rusrelaterte og psykiske vanskar	<p>å styrka ungdom i forhold til psykisk, fysisk og seksuell helse. Dette arbeidet skal vidareførast som eit systemarbeidet i samarbeid med skulen og andre samarbeidspartar.</p> <p>Arbeidet med å vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrelaterte og psykiske vanskar er ikkje ferdigstilt enno.</p> <p>Tenesta deltek i konsultasjonsteam, arbeidet mot vold og overgrep. Har hatt fleire minikurs opp mot barnehage og skule.</p>
--	--	--	---

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Ergo- og fysioterapi Habilitering og rehabilitering	Fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som lar brukarane medverka Heilskaplege og koordinerte tenester	<p>Fylgja opp nasjonal opptappingsplan for habilitering og rehabilitering</p> <p>Laga plan for habilitering</p> <p>Gjera plan for rehabilitering kjend i organisasjonen og fylgja opp handlingsplanen, m.a.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ etablera og ta i bruk treningskjøkken ▪ innføra kvardagsmeistring og “kva er viktig for deg” som tankesett <p>vidareføra motorteamet for kvardagsrehabilitering</p>	<p>Arbeidet med å skriva Habiliteringsplan for Kvam starta i 2019 og vert avslutta i 2020. To prosjektleiarar har hatt ansvar for å skriva planen. Kommunen har fått tilskot frå fylkesmannen til arbeidet.</p> <p>Treningskjøkkenet er kome på plass på pauserommet på Toloheimen og teke i bruk for aktuelle rehabiliteringspasientar.</p> <p>Motorteam for kvardagsrehabilitering er vidareført</p> <p>Det vart i 2019 arbeidd med å innføra <i>Kvardagsmeistring</i> som tankesett. Det må arbeidast meir systematisk med dette for å nå ut i heile organisasjonen.</p>

Dreia tenesta mot meir førebyggjande arbeid og tidleg innsats	Prioritera meir ressursar til førebygging og tidleg innsats	Oppretthalda og vidareutvikla gruppetilbod som balansetrening/fallførebygging og aktivitetsgrupper i samarbeid med frivillige Vurdera vidareføring av prosjekt “Kvardagssteg” Fylgja opp ny nasjonal veileidar for helsestasjon- og skulehelsetenesta	Fleire har fått gruppetilbod. Tilboda har vore retta mot ulike grupper, mellom anna tilbod med mål om å oppretthalde og betra funksjonsnivå til den enkelte. Det har vore redusert bassengtrening grunna stengde kommunale basseng hausten 2019 Det er utarbeidd rapport på prosjekt “Kvardagssteg” og ny gruppe vert starta i 2020 Det er godt samarbeid mellom barnefysioterapeutane og helsesjukepleiarane i oppfølginga av ny nasjonal veileidar.
Auke i oppgåver grunna tidlegare utskriving frå sjukehus og forventa rask respons	Fagleg forsvarleg tenestetilbod og tilgjengelege tenester	Ta i bruk ny prioriteringsnøkkel Kontinuerleg prioritering og god samhandling med andre Effektiv sakshandsaming i hjelpemiddelformidling	Prioriteringsnøkkelen er innført og det er godt samarbeid mellom dei private og kommunale fysioterapeutane for å løysa oppgåvene. Det har vore jobba med å få på plass gode rutinar i journalsystemet Gericar.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kommunepsykolog Press på individretta oppgåver. System- og utviklingsoppgåver vert nedprioritert.	Betre balanse mellom oppgåvene.	Samordna ressursane i Familiesenteret. Nytta ressursen betre for fleire ved å gje gruppetilbod, undervisning og veiledning.	Betre samordning av oppgåver og ressursar. I gang med gruppetilbod til ulike målgrupper, undervisning og veiledning til barnehage og skule.

Prioritering av knapp ressurs. Psykolog er konst. leiar i Familiesenteret til 1. Juli 19.	Betre samordning og avklaring med andre tiltak. Hindra "doble" kontaktar.	Tett samarbeid med andre helse- og hjelpetenester som gjev samtaletilbod til barn og unge	Helsesjukepleiar søker råd og veiledning. Arbeider saman i nokre saker.
Psykologstilling i PPT står vakant.	Rekruttere psykolog i PPT	Samarbeide med Oppvekstsjef, PPT-leiar og ROP v/psykolog om rekruttering.	Vakant ved årsslutt. Skal i gang med prosess kring stillinga på nyåret 2020.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Legetenesta Fastlegeordninga- fleire fastlegar har rett til fritak frå legevakt grunna alder	Behalda og sikra rekruttering av nye legar i fastlegeordninga og sikra vikarar til legevakt	Skaffa eksterne vikarar til ledige legevakter Leggja til rette for spesialiseringssløp for nye legar Delta i ALIS-vest prosjektet Vidareføra samarbeidet med sjukehus og andre kommunar om utdanningsstillingar	Det er tilsett ein ny fastlege i 2019, med fastlønn. Tre av legane har hatt permisjonar og det har vore inne vikarar for dei. Det har vore tidkrevjande rekrutteringsarbeid og vikar frå vikarbyrå har vore tilsett i sjukeheimslegestillinga. Ein av legane er i spesialiseringssløp som del av ALIS- prosjektet . Det har som tidlegare år vore samarbeid med sjukehuset om utdanningsstilling (LIS 1)
Legetilbod for bebuarar i omsorgsbustadar med heildøgntilbod	Betre kvalitet og meir effektivt legetilbod for bebuarane	Vidareføra prøveordning med at fastlege oppsøker pasientane sine i omsorgsbustadane saman med hjelpepersonell Evaluera ordninga	Ordninga vert vurdert som del av utviklingsprosjektet i pleie og omsorg
Nye krav i revidert akuttmedisinforskrift	Oppfylle krav i ny forskrift	Vidareføra bakvakt-ordning Tilby opplæring i akuttmedisin og vald i nære relasjonar for legar og sjukepleiarar	Det har vore bakvaktordning i tråd med forskrifta. Det har vore gjennomført kurs i akuttmedisin og vald i nære relasjonar for legar, sjukepleiarar og helsesekretærar

Systematisk øving og trening/samtrening av lokale akuttmedisinske team	God samhandling i akuttsituasjonar	Saman med legevaktsjef laga og iverksetja øvingsplan for legevakt	Arbeidet er påbegynt
Ventetid på ambulanse	Avklara behovet og ansvaret for ei akutthjelpar - teneste	Gjennomføra møte om akutthjelpar oppgåver og funksjon	Arbeidet er påbegynt
Smittevern	Sikra innbyggjarane nødvendig smittevernhjelp	Oppdatera smittevernplanen og gjera den kjent Ta i bruka infeksjonskontroll-program Utarbeida rutinar	Oppgåva er overført til 2020
Det er for få helsepersonell som vaksinerer seg mot influensa	At helsepersonell med pasientkontakt vaksinerer seg	God informasjon om fakta Tilby gratis vaksine	Helsepersonell fekk tilbod om gratis vaksine og fleire enn tidlegare år har vaksinert seg.
Samfunnmessig og sosial beredskap	Sikra liv og helse og bidra til at innbyggjarane får nødvendig helsehjelp i kriser og ved katastrofer	Utarbeida ROS i helse-omsorg Laga plan for helsemessig og sosial beredskap	Oppgåva er overført til 2020

4.8.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphevelg
Kommunehelse	25 329	27 997	2 669	28 285	288	26 680
232 FOREBYGGING - HELSESTASJONS- OG	6 876	7 853	977	8 227	373	7 771
233 ANNET FOREBYGGENDE HELSEARBEID	1 684	898	-785	1 781	883	2 227
241 DIAGNOSE, BEHANDLING, RE-/HABILITERING	16 769	19 246	2 477	18 277	-969	16 682

Funksjon 232 har eit resultat på ca. 0,37 mnok lågare enn budsjettert. Helsestasjon og skulehelsestasjon har eit mindreforbruk på ca. 0,3 mnok som er differansen på prosjektmidlar overført til 2020 og noko meirforbruk i drift. Lønsjusteringar på ca. 0,1 mnok.

Funksjon 233 har ca. 0,88 mnok mindreforbruk i forhold til budsjett. Miljøretta helsevern har innsparing og refusjon av lønn på 0,56 mnok. Dette gjeld Folkehelsekoordinator, som er utlånt til andre i tillegg til prosjekt arbeid på andre tenester. Administrasjon har spart inn på drift ca. 0,32 mnok.

Funksjon 241 har eit samla meirforbruk i tenesta på 0,97 mnok. Kurativ legeteneste har eit innsparingskrav på 0,8 mnok som ikkje er innfridd, og eit meirforbruk i forhold til budsjett på ca. 0,27 mnok. Meirforbruket er differansen mellom høgare lønn til legar og kjøp av tenester hjå private mot høgare tilskot frå Staten. Lønnsjusteringar er 0,1 mnok. Fysioterapi tenesta har eit mindreforbruk på 0,24 mnok, som gjeld prosjekt og tilskotsmidlar overført til 2020. Legevakt har eit negativt avvik på 0,24 mnok. Interkommunal legevakt og løn til legar er ca. 0,47 mnok over budsjett. Refusjon og tilskot reduserer avviket med 0,23 mnok.

4.9 Pleie og omsorg

4.9.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 234 - Aktivisering eldre og funksjonshemma, 253 – Helse- og omsorgstenester i institusjon, 254 – Helse- og omsorgstenester til heimebuande, 255 – Med finansiering somatiske tenester (gått ut f.o.m. 2015), akutthjelp helse- og omsorgsteneste («ØH-seng»), oppstart 1.1. 2016) og 261 – Institusjonslokale.

Pleie og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie. Tenesta yt hjelp til personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år, særleg barn og unge. Me opplever at denne gruppa ofte har meir samansette behov og at dei treng omfattande hjelp og støtte.

Rett til Brukarstyrt personleg assistentordning vart rettighetsfesta i 2015. Ordninga skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne og stort behov for bistand kan leva eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv.

Tenesta opplever og ein auke i tal personar med demens. Fleire vert diagnostisert tidleg, kanskje dette er forklaringa på kvifor me har fleire yngre brukarar som har behov for hjelp og støtte i kvardagen. Det er viktig med god dialog både med pasient og pårørande. Det vert arbeidd vidare med å utvikla gode tenester for denne brukargruppa.

Pleie- og omsorgstenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på Beste Effektive Omsorgsnivå (BEON). Det betyr mellom anna at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg. Heile helse- og omsorgstenesta må arbeida for å nå dette målet, og det er viktig at «omsorgstrappa» frå hjelp i heimen til spesialisert sjukeheimstilbod fungerer.

Samhandlingsreforma og Primærhelsemeldinga legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommune og at kommunane skal leggja til rette for «Pasienten si helseteneste». Kvam har tilpassa seg dei sentrale føringane og har ei fagleg sterk pleie- og omsorgsteneste og god samhandling mellom helsepersonellet internt og mot sjukehusa.

I 2019 var institusjonsomsorg og heimetenesteomsorg organisert i 15 arbeidsgrupper fordelt på Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm:

- Ei institusjonsgruppe på Strandebarmheimen, to på Toloheimen og to på Øysteseheimen
- Fem heimetenestegrupper fordelt på Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik med personellbasar på Strandebarmheimen, Tolo omsorg, Mikjelsflaten omsorg og Ålvik omsorg. Det er heildøgnsstilbod i omsorgsbustadane ved Tolo omsorg og Mikjelsflaten omsorg.
- Fire grupper organiserte tilbodet til personar med utviklingshemming, desse gruppene var lokalisert i bufelleskap i Norheimsund og Øystese.
- Ei gruppe organiserte tilbod om korttidsopphald lokalisert på Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling på Toloheimen, i alt 16 plassar.

Det er 57 heildøgns plassar for langtidsopphald i sjukeheim fordelt på Strandebarmheimen med 13, Toloheimen med 16 og Øysteseheimen med 28, alle i einsengsrom. Om lag halvparten av plassane er

tilbod tilrettelagt for personar med demenssjukdom. 63 omsorgsbustader med heildøgntilbod er lokalisert på Tolo omsorg og Mikjelsflaten omsorg.

Det var i 2019 tre nattevaktteam i kommunen med base i Strandebarm, Norheimsund og Øystese-Ålvik.

Tenesta har heil sjukeheimslegestilling knytt til Toloheimen. Sjukeheimslegen har oppgåver knytt til pasientar, systemarbeid og samarbeidsoppgåver, både internt og eksternt. Ved Øysteseheimen og Strandebarmheimen er det sjukeheimslegar i deltidstillingar.

Pleie og omsorg har tilbod om middagslevering til heimebuande og har avtale med eksterne leverandørar om matlevering til institusjonane og heimetenesta.

Det er dagtilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorg. Dagtilbod for utviklingshemma er lokalisert på Øysteseheimen. Det er totalt 50 dagplassar på dagsenteret på Øysteseheimen, 25 plassar er spesielt tilrettelagt tilbod for personar med demens og 6 plassar spesielt tilrettelagde for personar med utviklingshemming.

Pleie og omsorgsleiar har kontor på Toloheimen og har saman med 16 gruppeleiarar ansvar for institusjons- og heimetenesteomsorga. Det var omlag 190 årsverk i avdelinga:

- 55 årsverk i institusjonsomsorg
- 115 årsverk i heimetenesteomsorg, av desse 42 årsverk i omsorg til utviklingshemma
- 8 årsverk til dagsenter
- Om lag 13 leiarårsverk (ikkje alle leiarane hadde full stilling)

Pleie og omsorg har tildelingsansvar for om lag 90 trygde- og omsorgsbustader for utleige.

Avdelingsleiar for Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling (KRB) har ansvar for å organisera korttidstilbodet i institusjon. Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling har 16 senger og gjev tilbod om utgreiingsopphald, avlastning, rehabilitering, behandling og omsorg ved livets slutt (palliasjon). Ei seng vert nytta til øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng). Kvam herad har avtale med Helse Bergen om dette tilbodet og samarbeidsavtale med Voss kommune om tilbodet på natt. Tilbodet i korttidsavdelinga er eit lokalt helsetilbod der Kvam herad mellom anna samarbeider med helseføretaket om tenester før og/eller etter sjukehusinnlegging. Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingskrevjande pasientar enn tidlegare. Pasientane er ofte alvorleg sjuke, har eit komplekst sjukdomsbilete som krev avansert behandling. For at avdelinga skal fungera etter intensjonen, er det viktig med eit sterkt tverrfagleg fagmiljø og eit godt samarbeid med resten av pleie- og omsorgstenesta, ergo- og fysioterapitenesta og legetenesta. Det er også viktig at pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga kan tildelast anna kommunalt tilbod utan ventetid, dersom dei ikkje kan tilbake til eigen heim.

Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert på Toloheimen. Servicemedarbeidar og ergoterapeut arbeider ved lageret og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemidlar både for kortvarig og langvarig behov. Det lokale hjelpemiddellageret har nært samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Hordaland.

Kreftkoordinatorstillinga er organisatorisk knytt til KRB og gjev tilbod til både heimebuande og dei som er på institusjon. Kreftkoordinator har kontor på Toloheimen.

Dialysesatelitt: det har vore tilbod om dialyse på Toloheimen frå november 2013. Helse Bergen hadde fag- og driftsansvar for tilbodet. Dei har no sagt opp avtalen med Kvam herad og tilbodet vart

avvikla 31.12.2019. Bakgrunnen for dette var ei totalvurdering av ressursbruk og fagleg oppfølging. Helse Bergen meiner desse vurderingane vog tyngre enn auka reiseavstand for brukarane.

Det er 21,76 årsverk i avdelinga fordelt på 35 personar.

Helse og omsorg har eige tenestekontor lokalisert på Toloheimen. Det er om lag seks årsverk ved kontoret. Koordinatorande eining er lokalisert her. Kontoret har ansvar for sakshandsaming av søknader om pleie og omsorgstenester, i tillegg har dei følgjande oppgåver:

- sakshandsaming av bustøtte
- vederlagsberekning langtids plass i institusjon
- merkantil støttefunksjon for avdelingane
- arkivansvar for pleie- og omsorgstenesta og dei kommunale tenestene i Nav
- koordinatoroppgåver på innkjøp for helse og omsorg
- system,- og opplæringsansvar for elektroniske fagsystem, oppgåver knytt til IPLOS og KOSTRA-rapportering
- systemansvar for internt kvalitetssystem (Compilo) og informasjon på nettsida
- prosjektarbeid, t.d. Velferdsteknologi

Kvam lokalmedisinske senter er ei “overbygning” for fleire funksjonar som i dag er samlokalisert på Toloheimen:

- base for pleie- og omsorgstenesta
- base for kommunale fysio- og ergoterapeutar
- tenestekontor for helse og omsorg
- korttidsavdelinga
- øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng)
- hjelpemiddellager
- treningslokale for rehabiliteringspasientar
- Kvam legevakt
- ambulansestasjon
- polikliniske tenester frå Helse Bergen

Samlokaliseringa legg til rette for god samhandling og godt samarbeid internt på Toloheimen og eksternt med andre samarbeidspartar i kommunen og i spesialisthelsetenesta. Ved å samla tilbod og kompetanse under “paraplyen” Kvam lokalmedisinske senter har heile tenesta fått eit sterkare fagmiljø som styrkjer den medisinske oppfølginga av pasientane.

Utfordringar

På bakgrunn av økonomiske utfordringar i pleie og omsorg vart det i 2018 vedteke å gjennomføra ein analyse av tenesta. Agenda Kaupang bistod kommunen i arbeidet som vart utført hausten 2018. Analysen peikar på utfordringsbilde kommunen står overfor, og kjem med ei rekkje tilrådingar innan både praksis for tildeling av tenester, praksis for fordeling av ressursar og organisering. Analysen vart politisk handsama i heradstyret 26. Mars 2019 med vedtak om å etablera eit administrativt omstillingsprosjektet. Prosjektet er sett saman av leiarar og representantar frå dei tilsette inkludert vernetenesta og har tittelen: «*Eit godt liv der me bur- tenester for framtida, meistring og deltaking*». Kommunen må satsa meir på tiltak som gjer at fleire kan klara seg sjølve og verta buande i eigen heim lenger. I tillegg må det gjerast strukturtiltak for å gjera tenestene meir kostnadseffektive samtidig som kvaliteten er god.

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) gjennomførte tilsyn med heimetenesta i Kvam i mai- juni 2019. Tilsynet var del av eit nasjonalt prosjekt (2018-2021) der ein ville undersøkje om Arbeidstilsynet sine viktigaste verkemiddel har primærførebyggjande effekt på arbeidsmiljø og helse til tilsette i helsesektoren. Kvam herad fekk avvik knytt til tema som: om verneombod er teke med på råd, leiarane sin HMS- kompetanse, tids- og arbeidspress i tenesta, arbeidstidsordningar, kunnskap om regelverk knytt til vald og truslar, psykisk helse og manuelt arbeid. Det har vore arbeid målretta for å retta opp i avvika i tett samarbeid med tillitsvalde, verneombod og med bistand frå Bedriftshelse 1.

Avdeling Rus og Psykisk helse (RoP) yt tenester til personar i heile kommunen. Avdelinga har kontor i rådhuset. Gjennom *Opptrappingsplan for psykisk helse i 1998-2008* og *Opptrappingsplan for rusomsorg 2014-2016* vart tenester innan rus og psykisk helse styrkt på fleire område. Sentrale styresmakter varslar ytterlegare styrking innan rusomsorga . Tilboda frå avdelinga vert gjeve på kontoret eller i klienten sin heim. Arbeidsoppgåvene spenner frå opplysningsarbeid, førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kartlegging, oppfølging , behandling og rehabilitering av personar med både lettare psykiske vanskar, alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det er brei kompetanse i personalgruppa, også psykologkompetanse.

Kommunen gjev lågterskel-aktivitetstilbod, driv Kafe Påfyll, gir tilbod om individuelle samtalar, ulike gruppetilbod og meistringskurs, t.d. meistring i belastningar og depresjon. Avdelinga tilbyr kurset "Takk, bare bra" som er eit kurs retta mot eldre, der ein lærer gode måtar å handtere livsovergangar og pensjonistlivet på.

Tenesta har tett samarbeid med pleie og omsorg og legetenesta internt og med DPS på Voss (distriktpsikiatrisk senter). Det har vore ein auke i oppgåvene siste åra og problemstillingane hos brukarane er ofte meir samansette og komplekse.

- Avdelinga har 7,5 årsverk fordelt på leiar, psykolog, psykiatriske sjukepleiarar, ruskonsulentar og miljøarbeidarar. I 2018 og 2019 fekk avdelinga tilskot frå fylkesmannen til å etablera lågterskel aktivitetstilbod til personar med rusvanskar. Ei prosjektgruppe er i gang med dette arbeidet. Det vert søkt vidare på midlar til dette i 2020. I 2019 fekk avdelinga tilskot til å oppretta 40% stilling som erfaringskonsulent. Det er sentrale føringar for at tenesta rus og psykisk helse må knyta til seg tilsette med erfaringskompetanse. Dette er eit tiltak me ynskjer vidareføre.

4.9.2 Mål og tiltak

Hovudmål for helse og omsorg- frå kommunedelplan for helse og omsorg 2015-30

Helse og omsorgstenesta i Kvam skal skapa framtidsetta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

«Helse i alt me gjer» skal prega tenestetilbodet.

Hovudutfordringa for pleie- og omsorgstenesta i framtida er å greia tilpassa drifta i tråd med faglege og individuelle krav, sentrale føringar og økonomisk ressursar. Utfordringsbilde er på den eine sida knytt til fleire yngre brukarar og fleire eldre (demografi) og på den andre sida knappheit på kvalifisert personell og behov for betre medisinsk kompetanse.

Fellestema Pleie og omsorg

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kvalitet	<p>Fagleg forsvarleg tenestetilbod</p> <p>Kvalitetsforbetring</p> <p>Pasient- og brukartryggleik</p>	<p>Implementera ny forskrift om <i>Leiing og kvalitetsforbetring</i> i internkontrollsystemet.</p> <p>Bruka avvikssystemet i Compilo i forbetningsarbeid</p> <p>Revidera rutinar og registra aktuelle dokument i Compilo</p> <p>Delta i fagnettverk</p> <p>Arbeida systematisk med GDPR</p>	<p>Kvalitetssystemet er implementert i det elektroniske systemet Compilo og aktuelle rutinar og prosedyrar vert revidert ved behov.</p> <p>Det har vore opplæring i bruk av avvikssystemet og det vert innrapport fleire avvik enn tidlegare år. Leiarane i helse og omsorg arbeider godt med å setja i verk tiltak og lukka avvik på lågaste moglege nivå i organisasjonen.</p> <p>Det er gjennomført opplæring i ROS og alle avdelingar har starta arbeidet med å gjennomføra ROS på tema vald og truslar.</p> <p>Det er gjennomført kartlegging og laga protokollar i alle avdelingar i tråd med GDPR regelverk.</p>
Rekruttering og kompetanseutvikling	<p>Fagleg forsvarleg tenestetilbod</p> <p>Rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft</p>	<p>Utarbeida kompetanseplan for 2019 og søkja om tilskot frå fylkesmannen</p> <p>Tilby grunn, etter- og vidareutdanning i tråd med kommunen sine behov</p> <p>Leggja til rette for kurs,</p>	<p>Kommunen har motteke kr. 778 000 frå fylkesmannen til kompetansehevingstiltak</p> <p>Tilsette på KRB har delteke i læringsnettverk i regi av USHT: "Tidleg oppdaging av forverra tilstand" og det er gjennomført</p>

		<p>hospitering, internundervisning</p> <p>Tilby læreplassar og ta imot studentar</p> <p>Delta i lærings- og fagnettverk</p> <p>Leggja til rette for E-læringskurs</p> <p>Arbeida for heiltidskultur og vidareføra årsturnus i pleie og omsorg</p> <p>Vurdera tiltak som rekrutterer nyutdanna sjukepleiarar til sommarjobb</p>	<p>internundervisning og innføring i prosedyrar som NEWS og ISBAR.</p> <p>Pleie og omsorg har i alt 14 lærlingar i helsearbeidarfaget, 4 av dei er TAF elevar. 7 lærlingar tok fagbrev i 2019.</p> <p>Fire leiarar fullførte nasjonal helseleiarutdanning i 2019 og tre starta utdanninga.</p> <p>To sjukepleiarar går på desentralisert sjukepleiarutdanning over 4 år. Ein vernepleiar har gjennomført vidareutdanning i autisme.</p> <p>18 tilsett deltok i opplæringa Demens-omsorgens ABC(del 1) 24 tilsette starta opplæring i "Mitt livs ABC", opplæring i miljøarbeid til personar med utviklingshemming.</p> <p>Fire sjukepleiarar og to helsefagarbeidarar har delteke i hospiteringsordning på Voss sjukehus.</p> <p>Kommunen har teke i bruk KS læring som er ein elektronisk læringsplattform og tilsette har gjennomført kurs i medikament-handtering, etikk, vald og truslar og andre tilgjengelege fagkurs</p>
--	--	--	---

<p>Kommunikasjon og informasjon</p>	<p>Tilgjengeleg informasjon til innbyggjarar og helsepersonell</p> <p>God og sikker informasjon</p> <p>God dialog med brukarar</p>	<p>Informasjon om tenestetilbodet på ny nettside</p> <p>Gjera « kommunikasjonsstrategien» kjent for alle tilsette</p> <p>Nytta « Klarspråk»</p> <p>Gjennomføra brukarundersøkingar</p>	<p>Det vert arbeidd kontinuerleg med å oppdatera informasjon på heimesida, nytta klarspråk og gjera kommunikasjonsstrategien kjent for tilsette.</p> <p>Det er gjennomført brukarundersøking for middagslevering i 2019</p>
<p>Digitalisering</p>	<p>Leggja til rette for nytenking, satsa på innovasjon og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar</p>	<p>Vidareføra Velferdsteknologi-prosjektet:</p> <p>Ta i bruk E-lås for fleire, vurderer sensorløysingar, prøva ut medisindispensarar. Etablerer responscenter i samarbeid med Bergen kommune og få på plass digitale tryggleiksalarmar.</p> <p>Kjøpa nytt varslingsystem til Toloheimen og vurderer løysingar for Tolo omsorg og Mikjelsflaten</p> <p>Ta i bruk nye system, t.d. SamPro, digihelse, digisos</p> <p>Auka den «digitale kompetansen» hjå tilsette</p>	<p>Kommunen har avtale med Bergen kommune om responscenterløysing for 150 alarmer og er i gang med å skifta ut gamle tryggleiksalarmar til elektroniske alarmer som også kan nyttast til brannvarsling og velferdsteknologiske løysingar.</p> <p>E-låsar vert montert hos aktuelle brukarar. Evondos medisindispensarløysing er prøvd ut hos 7-8 brukarar.</p> <p>Omlegging av varslingsystem på Toloheimen og Øysteseheimen er i gang og bevegelsessensorar og sengematter er teke i bruk</p> <p>DigiHelse er i bruk i nokre grupper i pleie og omsorg (dialogplattform mellom pasient/pårørande og tenesta).</p> <p>Digisos er i bruk og alle søknader om økonomisk sosialhjelp kjem no elektronisk.</p>

			Sampro, eit elektronisk fagsystem for individuell plan er teke i bruk på tvers av einingar
--	--	--	--

Pleie og omsorg

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Økonomiske utfordringar med stort meirforbruk i 2018	<p>Tilpassa drifta i tråd med faglege og individuelle krav, statlege føringar og økonomiske ressursar</p> <p>Fagleg forsvarleg tenestetilbod</p> <p>Effektive og fleksible ordningar</p> <p>Rett hjelp til rett tid på rett stad</p>	<p>På bakgrunn av interne rapportar og statistikkar, og tilrådingar i Agenda-Kaupang sin analyse av tenesta, setja i verk nødvendige tiltak innan;</p> <ul style="list-style-type: none"> ✓ Tildelingspraksis ✓ Ressursfordeling ✓ Organisering av tenesta <p>Nytta LEAN som metode i forbetningsarbeid</p>	<p>Det vart i mars 2019 etablert eit utviklingsprosjekt i pleie og omsorg der leiarar, tillitsvalde og verneombod deltek. Prosjektet har møte ca. 2. kvar veke. Det har vore gjennomført 4 storsamlingar for alle gruppeleiarar, plasstillitsvalde og verneombod. Desse temaområda er sentrale i utviklingsprosjektet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sakshandsaming med god kvalitet etter BEON-prinsipp 2. Større ansvar for eiga helse - frå passiv mottakar til aktiv deltakar 3. Auka satsing på rehabilitering 4. Digitalisering og auka bruk av velferdsteknologi 5. Auka satsing på meistring og ambulante heimetenester 6. Struktur og organisering-arbeidstidplanlegging, gruppestørrelse, leiarspenn, heiltidskultur, kompetanse m.m. <p>Hausten 2019 har det vore arbeidd med å få på plass ny organisering og pleie og omsorgstenesta vert i løpet av 2020 organisert i dei tre avdelingane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heildøgntenester

			<ul style="list-style-type: none"> • Tenester til heimebuande inkl korttidstilbod og dagtilbod • Tenester til personar med utviklingshemming <p>Fleire brukarar har fått tilbod om korttidsopphald i 2019 enn tidlegare år (251 i 2019 og 200 i 2018)</p>
<p>Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod</p> <p>for både somatikk og rus/psykiatri, nytt lovkrav 1.1.2019</p>	<p>Sikra fagleg forsvarleg ØHD-tilbod for både somatisk sjuke og personar med rus og psykiatriproblem</p>	<p>Vidareutvikla tilbodet og gjera det kjent for legane og innbyggjarane</p> <p>God samhandling med legane og auka bruk av ØHD-senga</p> <p>Etablera system for å kunne ta imot brukarar innan rus/psykiatri</p>	<p>Tilbodet er kjent både for legane, brukarane og tilsette, også innan rus og psykisk helse.</p> <p>Det har vore ein auke i bruk av ØHD-tilbodet og i 2019 fekk 43 pasientar dette tilbodet.</p>
<p>Dagtilbod for personar med demenssjukdom (lovkrav frå 1.1.2020)</p>	<p>Etablera gode dagtilbod for heimebuande personar med demenssjukdom</p>	<p>Vidareføra prosjekt «Dagtilbod for personar med demens» Søkja om tilskot</p> <p>Etablera nye tilbod i omsorgsbustadane som har heildøgntilbod</p>	<p>Pleie og omsorg har fått statleg tilskot til å få på plass dagtilbod for personar med demenssjukdom både på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og Ålvik omsorg.</p> <p>Tolo omsorg og Mikjelsflaten omsorg har fått tilskot til å starta aktivitetstilbod i omsorgsbustadane for målgruppa</p>
<p>Samarbeid med pårørende og frivillige</p>	<p>Vera gode støttespelarar for pårørende</p> <p>Auka frivillig deltaking i helse og omsorg</p>	<p>Gi god informasjon, ha god dialog, gje støtte og fagleg veiledning til pårørende</p> <p>Leggja til rette for frivillig arbeid og etterspørje kva dei frivillige ønskjer å</p>	<p>Det vart i 2019 gjennomført Pårørandeskule for pårørende til personar med demens med 35 deltakarar.</p> <p>Det er godt samarbeid med Grannehjelpa og frivillige om ulike aktivitetar i sjukeheimane og i</p>

		<p>bidra med</p> <p>Samarbeida med Lions og Grannehjelpa mellom anna i prosjekt «Saman på sykkel»</p> <p>Leggja til rette for meir kultur og aktivitetstilbod</p> <p>Auka tilskotet til Grannehjelpa</p> <p>Setja i gang Digital fyrstehjelp i samarbeid med Grannehjelpa, dersom me får tilskot til dette</p>	<p>omsorgsbustadane</p> <p>Det har vore problem å få tak i nok frivillige til “ saman på sykkel”. Syklane er for lite i bruk, også grunna mykje dårleg ver.</p> <p>Det har vore fleire tilbod frå “ den kulturelle spaserstokken” på sjukeheimane.</p> <p>Det er starta opp pårørandekveldar for pårørande som har nokon som har, eller har hatt utfordringar knytta til rus</p> <p>Rus og psykisk helse driv Kafe Påfyll saman med Mental helse og andre frivillige. Treffstaden er open for alle, der det er innleiing om eit tema, samtale og eit enkelt måltid.</p>
Samarbeid med helseføretaket	<p>Godt og tett samarbeid</p> <p>God og sikker kommunikasjon</p> <p>Gode og tilgjengelege spesialisthelsetenest er nært til pasienten</p>	<p>Gjera samarbeidsavtalar kjende for helsepersonell i kommunen</p> <p>Nytta elektronisk meldingsutveksling i dialogen om pasientar</p> <p>Delta i samarbeidsfora og møteplassar</p> <p>Arbeida for nye spesialisthelsetenestetilb od lokalt</p>	<p>Helse og omsorgstenesta har god dialog og samhandling med helseføretaket og fagleiarane i helse og omsorg deltek i møte i samarbeidsrådet og i dei ulike underutvala.</p> <p>Den elektroniske meldingsutvekslinga mellom sjukehus og helse og omsorgstenesta i kommunen fungerer godt, bortsett for fysioterapeutane som ikkje har fått dette tilgjengeleg endå.</p> <p>Avviksrapportering i forhold til tenesteavtalane fungerer ikkje tilfredsstillande grunna utfordringar knytt til ulike elektroniske fagsystem i</p>

			helseføretaket og kommunane. Samarbeidsrådet har i 2019 fått ny heimeside www.saman.no
Bu- og hjelpetilbod til personar med utviklingshemming	Gode tenestetilbod i tråd med lov og forskrift og føringar i ny NOU om <i>menneske og utviklingshemming - ideologi, rettigheter og virkemidlar</i>	<p>Evaluera tilbod knytt til arbeid, helse og bustad</p> <p>Vurdera ny struktur i dagens bufellesskap</p> <p>Samhandla med andre , t.d. vaksenopplæringa og barnevern</p>	Vurdering av tenestetilbodet til brukargruppa er del av utviklingsprosjektet i pleie og omsorg og avdelinga vert organisert i eiga avdeling med eigen leiar 1.1.2020. Målet er mellom anna meir fleksibel bruk av tilsette, deling av fagkompetanse på tvers av grupper og meir samarbeid.
Bu- og hjelpetilbod for personar med psykisk helse og rusproblem	Gode bu- og hjelpetilbod	<p>Vurdera ulike buformer og få på plass ny tilrettelagt bustad</p> <p>Miljøarbeid med spesielt fokus på helseutfordringar, aktivitet og ernæring</p> <p>Kunnskap om pakkeforløp for rus og psykiatri og god samhandling med spesialist-helsetenesta, spesielt ved inn- og utskriving</p> <p>Arbeida med kontinuerleg forbetring i tråd med nasjonale føringar</p> <p>Vurdera alternativ støttkontaktordning</p> <p>Revidera Ruspolitisk handlingsplan</p>	<p>Alle i brukargruppa har bustad, men ikkje alle har eigna bustad.</p> <p>Strandheim bufellesskap er avvikla og brukarane har fått anna tilbod.</p> <p>Alle er ivaretatt med ny bustad, men utan tilgang til fellesareal som på Strandheim.</p> <p>Dagtilbod på Holmsund er utvida med ny gruppe yngre ungdomar som får tilbod ein dag i veka. Den «gamle» gruppa får ein halv dag mindre i veka, dette for å gjere tilbodet tilgjengelig for fleire sårbare grupper.</p> <p>Dagtilbod og avdelinga har fokus på helseutfordringar, aktivitet og ernæring i kontakt med brukarar og har mellom anna gjennomført kurstilbodet Diginn.</p>

			<p>Tilsette i Rus og psykisk helse har kontinuerlig samhandling med spesialisthelsetenesta, både AFR (avdeling for rusmedisin), Voss DPS Bjørkeli og andre behandling sinstitusjonar. Tilbodet til brukarane i Kvam er redusert grunna Voss DPS Bjørkeli har redusert sitt utekontortilbod.</p> <p>Avdelinga har fokus på kontinuerlig forbetring, og har klare styringsverktøy som skal sikre arbeid i tråd med nasjonale føringar.</p> <p>Det er ynskjer om å få på plass alternative støttekontaktordningar. Det er meldt til Voss DPS ynskje om kurs og opplæring av musikkontaktar, dei har musikkterapeut som kan bidra med dette</p> <p>Det har vore arbeidd med revidering av Rusfagleg handlingsplan. Denne vert politisk handsama våren 2020</p>
Betalingsordning for tenester til heimebuande	Enkel og effektiv ordning i tråd med forskrift for eigenbetaling	<p>Evaluera gjeldande abonnementsordning</p> <p>Vurdera eigenbetaling ved innføring av velferdsteknologiske løysingar</p>	Nokre justering er gjennomført, men ordninga vert vurdert på ny i 2020
Leve hele livet - ei kvalitetsreform for eldre	Fleire gode leveår med god livskvalitet. I større grad å meistre eige liv og få helsehjelp når ein treng det	<p>Setja i verk tiltak i tråd med dei 5 innsatsområda:</p> <p>Eit aldersvenleg samfunn</p> <p>Aktivitet og fellesskap</p>	<p>Det har vore arbeidd med innsatsområda i Leve hele livet. Kommunen har delteke på fylkesmannen og KS sine samlingar for kommunane. Det var i 2019 eiga politisk sak om ernæring med vedtak om</p>

		<p>Mat og måltid</p> <p>Helsehjelp</p> <p>Samanheng i tenesta</p>	<p>planlegging av produksjonskjøkken i Kvam. Dette vert det arbeidd vidare med i 2020.</p> <p>Fleire grupper i institusjon og omsorgsbustad har innført endra måltidstidspunkt i tråd med reforma.</p> <p>Reforma kjem som eiga politisk sak i 2020</p>
Branntryggleik	Sikra branntryggleiken for risiko-utsette grupper i Kvam	Vidareføra samarbeid mellom pleie og omsorg, avdeling rus og psykisk helse, brann og redning og FDV-bygg for å risikovurdera og kartleggja behov for tiltak	<p>Det er gjennomført fagsamling i regi av KLP for å lære meir om klassifisering av bustader og bebuarar for å unngå brann , eller minst mogleg skade dersom brann skal oppstå.</p> <p>Pleie og omsorg og brann har eigen samarbeidavtale om brannførebygging</p>

4.9.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphevelig
Pleie og omsorg	153 348	154 550	1 202	145 997	-8 553	146 756
AKTIVISERING OG SERVICETJENESTER OVERFOR						
234 ELDERE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDESETTE	8 567	8 568	2	6 385	-2 184	9 152
253 HELSE- OG OMSORGSTJENESTER I INSTITUSJON	53 518	50 590	-2 929	53 110	2 520	53 004
254 HELSE- OG OMSORGSTJENESTER TIL HJEMMEBOENDE TILBUD OM ØYEBLICKELIG HJELP DØGNOPPHOLD I	85 259	89 019	3 760	79 634	-9 385	78 183
256 KOMMUNENE	2 215	2 320	104	2 762	442	2 762
261 INSTITUSJONSLOKALER	3 788	4 053	265	4 106	54	3 656

Funksjon 234 Aktiviseringstilbud til eldre og personar med funksjonshemming har totalt eit negativt resultat på ca. 2,2 mnok. Innan tenesta har dagsenter eldre eit avvik på 1,5 mnok, som er differansen mellom budsjett og bruk av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Servicetenester som matombringning er 0,86 mnok lågare enn forventa, gjeld differansen mellom kostnad for mat og inntekt på sal av mat. Støttekontaktar kostar oss ca. 0,34 meir enn forventa, men dagsenter psykisk utviklingshemma, fritidsaktiviteter funksjonhemma og alarmsentral jevnar ut meirforbruket. Lønsjusteringar 0,16 mnok.

Funksjon 253 Helse og omsorgstenester i institusjon har 2,5 mnok mindreforbruk. Tenesta har eit innsparingskrav på 3,4 mnok fordelt på institusjon og avlastning. Utanom innsparingskravet har institusjonstenesta eit mindreforbruk på 5,2 mnok. Forklaringa er differansen mellom meirforbruk lønn og refusjon ressurskrevjande tenester og brukarbetalingar. Budsjett på refusjon ressurskrevjande tenester ligg på teneste 254. Avlastning i institusjon har eit meirforbruk på 0,3 mnok. Lønsjusteringar er 0,9 mnok og fysioterapi i institusjon har lågare lønskostnader ca. 0,1 mnok.

Funksjon 254 Helse og omsorgstenester til heimebuande har eit meirforbruk på ca. 9,4 mnok. Tenesta har eit innsparingskrav på ca. 4,2 mnok fordelt på heimetenester og heimetenester psykisk utviklingshemming. Heimetenester til heimebuande har eit avvik på ca. 15,9 mnok. Meirforbruket er høge lønskostnader (fastlønn, vikarlønn og ekstrahjelp) 3,1 mnok, høge driftskostnader 0,87 mnok og 11,9 mnok refusjonar ressurskrevjande tenester. Forklaring på avviket refusjon ressurskrevjande tenester er at refusjonen er i drift fordelt ut på andre tenester der kostnadane er ført. Tenesta for brukarstyrt personleg assistent/BPA viser ein mindrekostnad på 2,9 mnok. Grunnen til dette er at deler av årets kostnad vart ført på 2018, og deler av refusjon ressurskrevjande tenester er ført her. Heimetenester psykisk utviklingshemming viser ein mindrekostnad på 6,1 mnok. Tenesta har eit meirforbruk på lønn (ca. 0,2 mnok) og drift (ca. 0,3 mnok). Del av refusjon ressurskrevjande tenester på ca. 6,6 mnok. Heimetenester psykiatri har eit meirforbruk på ca. 0,45 mnok. Meirforbruket kjem frå auka driftsutgifter på driftsavtale med andre kommunar og lønnsutgifter. Hjelpemiddelsentral og ambulerande vakttenester har ca. 0,45 lågare kostnader enn budsjettert pga. lønn er ført på andre tenester. Avlastning i private heimar har ca. 0,6 mnok i mindreforbruk på lønn. Lønsjusteringar på ca. 1,2 mnok.

Funksjon 256 Tilbod om øyeblikkelig hjelp har 0,44 mnok lågare forbruk på fastlønn hjå Kvam rehabilitering og behandlingssenter.

Funksjon 261: Drift og tilsyn av institusjonslokaler har ingen vesentlege avvik i 2019.

4.10 Sosialteneste

4.10.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 242 – Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid, 243 – Tilbod til personar med rusproblem, 273 – Arbeidsretta tiltak i kommunal regi, 275 – Introduksjonsordning, 276 – Kvalifiseringsordning og 281 – Økonomisk sosialhjelp.

Nav Kvam yt ulike tenester til innbyggjarane i Kvam. Nav-kontoret har både statlege og kommunale oppgåver. Nav-leiar er kommunalt tilsett, men Nav Hordaland delfinansierer stillinga. Det er om lag 17 årsverk ved kontoret, 5 av desse er statlege årsverk.

Den statlege delen av Nav-kontoret har ansvar for oppfølging av arbeidssøkjjarar, sjukemelde og personar i arbeidsavklaringsløp. Dei tilsette skal også rettleia personar i andre statlege ytingar t.d. pensjon, uførepensjon, foreldrepengar og ulike bidragsordningar.

Den kommunale delen av Nav-kontoret har oppgåver og ansvar knytt til sosialtenesta og flyktingtenesta og har om lag 12 årsverk. Sosialtenesta har ansvar for sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i Nav. Dette inneber rådgjeving, økonomisk stønad (sosialhjelp) og butilbod for bustadlause. Tenesta har ansvar for å setja i verk og følgja opp personar i kommunalt kvalifiseringsprogram (KVP). Dette er arbeidsretta tiltak som skal føra fram til utdanning eller ordinært arbeid. Tenesta utfører mange individuelle samtalar og har ofte lange individuelle oppfølgingsløp. Tenesta har og oppgåver som:

- Gjeldsrådgjeving til innbyggjarane i Kvam herad
- Handsamar saker om bustadtilskot frå Husbanken
- Skaffa bu-tilbod til bustadlause

På bakgrunn av individuelle vurderingar vert det sett i verk ulike arbeidsretta tiltak /aktivitetsplikt for personar som mottok sosialhjelp, med tett oppfølging av den einskilde. Målet er å ha færrast mogleg passive sosialhjelpsmottakarar. Enkelte personar kan få fritak frå aktivitetsplikta grunna medisinske vurderingar.

Flyktingtenesta har ansvar for å busetje flyktingar som kjem til Kvam. Kvam har vedtak om å busetja 10 i 2019. Tenesta har ansvar for oppfølging av flyktingar i ein periode på 5 år frå busetjingsdato. Busetjing inneber å ha tett samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om kven som skal busetjast i Kvam. Viktige oppgåver er å ta imot, finna bustad, og bistå med praktisk tilrettelegging for dei som kjem.

Tenesta har ansvar for koordinering, oppfølging og integrering av flyktingar, og mellom anna sikra at Kvam oppfyller krava i Introduksjonslova. Tenesta fattar vedtak etter Lov om introduksjonsordning. Det er særskilt viktig at tenesta har eit godt fulltidsprogram for alle flyktingar som har rett til introduksjonsprogram. Dersom flyktingtenesta skal lukkast i sitt arbeid, er det viktig med god samhandling og godt samarbeid med andre kommunale tenester som t.d. barnehage, skule, andre helse – og omsorgstenester og teknisk eining.

Avdeling for alkohol og servering er organisert i eining for helse og omsorg og lokalisert på rådhuset. Avdelinga har 5 tilsette i deltid som gjennomfører kontrollar i 7 medlemskommunar - Eidfjord, Voss, Ullensvang, Vaksdal, Kvam, Samnanger og Ulvik. I tillegg kontrollar i «gamle Fusa fram til september

2020. Avdelinga har ansvar for sakshandsaming av saker om serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve i Kvam og rådgjev dei andre kommunane. I området som er omfatta av samarbeidet, vart det i 2019 gjennomført 784 kontrollar. Det var registrert 91 salsløyve, 153 skjenkeløyve og om lag 135 einskidløyve (ambulerande løyve) i heile kontrollområdet. Butikkane vert kontrollert på dagtid og skjenkestader vert kontrollert i helgene og om kveldane.

Avdelinga har også ansvar for kontroll med sal av tobakk i alle kommunane. Det vart gjennomført 240 kontrollar, men mange av dei vert tekne i lag med kontroll av alkohol. Avdelinga driv jamleg med kurs og opplæring i kommunen.

4.10.2 Mål og tiltak

Frå Strategiplan for integrering 2015-2019:

Alle innbyggjarane i Kvam skal vera ein del av lokalsamfunnet ved å delta å bidra i fellesskapet

Alle innbyggjarane skal ha same moglegheit til å delta i samfunnet ut frå individuelle føresetnader og potensiale

Alle innbyggjarande har plikt til å bidra innanfor sine føresetnader og sitt potensial

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Busetja flyktningar	<p>Sikra heiltids-introduksjonsprogram i tråd med lovverk</p> <p>Fleire ut i arbeid eller utdanning</p> <p>60% av deltakarane i introduksjonsprogrammet skal vera i arbeid eller utdanning etter 2 år</p> <p>100% av arbeidsføre flyktningar skal vera i arbeid eller utdanning etter 3 år</p> <p>Styrkja programrådgjevarane sin praksis i kartlegging av</p>	<p>På bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon, og kunnskap om tilbod i kommunen, skal det utarbeidast karriereplan for arbeid og utdanning</p> <p>Tilby språk- og arbeidspraksis i tråd med karriereplan</p> <p>Leggja til rette for permisjon i programmet for lønna arbeid</p> <p>Inngå faste avtalar med bedrifter og verksemder i Kvam herad</p>	<p>Flyktningtenesta busette 10 flyktningar i 2019</p> <p>Alle flyktningar har hatt tilbod om heiltids-kvalifiseringsprogram i 2019.</p> <p>Alle programdeltakarar har hatt tilbod om språkpraksisplass</p> <p>Det er lagt til rette for permisjonsordningar for dei som er aktuelle for det</p> <p>Det er avtalar og regelmessige møte med oppveksteininga og med Hardanger AKS</p>

	individuell kompetanse	<p>Nytta kvalifisert tolk ved behov</p> <p>Styrkja flyktningane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving m.m. Både munnleg, skriftleg og bruk av digitale media. Kompetansehevingstiltak for programrådgjevarane</p>	<p>Kvam Herad har rammeavtale med Noricom, og telefontolk vert nytta i stor grad i Kvam.</p> <p>Nav Kvam gjennomførte i 2019 eit pilotprosjekt for Nav Vestland ang. nettbasert norskundervisning. Erfaringar frå prosjektet er at dette no er eit fast AMO-kurs for heile Nav Vestland i 2020</p>
Aktivitet for sosialhjelp	<p>Redusera tal langtids sosialhjelpsmottakarar</p> <p>Kvam skal ikkje ha fleire enn 5 personar som har sosialhjelp som einaste inntekt etter 6 månader</p>	<p>Aktivitetsplikt og Nav Kvam si ressursgruppe</p> <p>Arbeida for fleire i aktivitet</p>	<p>Det er aktivitetsplikt for alle sosialhjelpsmottakarar i Kvam som er under 30 år.</p> <p>Det var 215 sosialhjelpsmottakarar i Kvam i 2019. 15 personar hadde sosialhjelp som einaste inntekt.</p>
Kompetanseheving	Oppfylla lovkrav	<p>Tilby opplæring i korleis gjennomføre kontrollar inkl. Rapportskriving</p> <p>Læra opp fleire til å verta kursleiarar for bransjen og frivillige organisasjonar</p>	<p>Dette var tema på personalsamling for kontrollørane.</p> <p>Ein kontrollør har delteke på skjenkekurs</p>
Tilsyn av tobakksalg- nytt lovkrav frå 1.1.2018	Oppfylla lovkrav	Inngå avtalar med kommunane om tilsyn, og gjennomføre dei	Alle kommunane har signert avtale, og alle lovpålagde kontrollar er gjennomført

4.10.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Sosiale teneste	30 849	29 472	-1 377	30 167	695	30 073
RÅD, VEILEDNING OG SOSIALT FOREBYGGENDE						
242 ARBEID	9 122	8 745	-377	8 384	-361	8 290
243 TILBUD TIL PERSONER MED RUSPROBLEMER	41	6	-35	0	-6	0
273 ARBEIDSRETTEDE TILTAK I KOMMUNAL REGI	4 211	4 228	17	4 025	-203	4 025
275 INTRODUKSJONSORDNINGEN	6 140	5 301	-840	7 461	2 160	7 961
276 KVALIFISERINGSORDNINGEN	1 144	1 795	651	1 700	-95	1 700
281 YTELSE TIL LIVSOPPHOLD	10 192	9 399	-793	8 597	-801	8 097

Funksjon 242 har eit meirforbruk på ca. 0,36 mnok i 2019. Sosialkontortenesta har høge driftskostnader og får eit avvik på ca. 0,48 mnok. Driftskostnader til NAV Stat og andre, lisensar og kjøp av tenester er i hovudsak grunnen. I tenesta for koordineringsarbeid med flyktningar er resultatet 0,36 mnok høgare enn budsjettet, dette kjem frå differansen mellom høge lønskostnader og innsparing på drift. I 2019 hadde tenesta eit innsparingskrav på å kutta 1,2 stillingar, dette vart ikkje innfridd. Sals- og skjenkekontroll har positivt avvik på 0,24 mnok som gjeld innsparing lønn og høgare gebyrinntekter. Utekontakt har små endringar på 0,07 mnok. Lønsjusteringar ca. 0,16 mnok.

Funksjon 273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi har meirforbruk på ca. 0,2 mnok og dette er prisauke i kjøp av plassar hjå Hardanger AKS.

Funksjon 275 Introduksjonsordninga er 2,1 mnok lågare i 2019 på grunn av færre deltakarar. Tenesta har eit innsparingskrav på 0,5 mnok.

Funksjon 276 Kvalifiseringsordninga er høgare i 2019 på grunn av fleire deltakarar.

Funksjon 281 Ytelse til livsopphald har eit meirforbruk på ca. 0,8 mnok. Tenesta har eit innsparingskrav på 0,5 mnok. Økonomisk sosialhjelp har eit meirforbruk på ca. 1,5 mnok og økonomisk sosialhjelp flyktning har eit mindreforbruk på 1,2 mnok.

4.11 Barnevern

4.11.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 244-Barneverntenesta, 251-Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet og 252-Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet.

Barnevernet vert i hovudsak regulert ut frå Lov om barneverntjenester. Barnevernet si hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal søke å avdekke omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem, og sette i verk tiltak i høve dette, så tidleg at barn unngår å få varige problem. Barneverntenesta skal, uavhengig av kva tiltak som er sett i verk, fylgja opp barnet og familien så lenge tiltaka varer.

Barneverntenesta mottok i 2019 86 nye bekymringsmeldingar, mot 76 i 2018. I tillegg kjem bekymringsmeldingar i aktive tiltakssaker. Av dei 86 meldingane vart 33 henlagt. Etter undersøking overfor 78 barn, fekk 40 vedtak om tiltak. Alle undersøkingane vart gjennomført innan fristen på 3 månadar. Ved årsslutt hadde barneverntenesta kontakt med totalt 128 barn, mot 120 i 2018. Dette talet gjeld undersøkingar, barn som mottar hjelpetiltak og barn under omsorg. Talet gjeld også for 16 barn som barneverntenesta har tilsynsansvar for, som er plassert i fosterheim i Kvam av andre kommunar.

4.11.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Meldingar	Fleire meldingar som gjeld babyer/små barn	Barneverntenesta skal jobbe aktivt ut mot helsestasjon og barnehagar for å kunne tilby tiltak til småbarnsfamiliar.	Barneverntenesta har hatt tett samarbeid med helsestasjon i høve små barn. Tenesta har dessverre ikkje hatt tett nok kontakt og samarbeid med barnehagane i kommunen. Dette vil bli ei prioritering vidare.
Undersøkingarbeidet	God kvalitet på undersøkingane innanfor 3 månaders fristen.	Fortsette arbeidet med rutinar for undersøkingarbeidet.	Rutinar for undersøkingarbeidet er utarbeidd, og blir fortløpande oppdatert. 3 månaders frist er overhalde i alle saker. Har hatt fokus på undersøkingsplan, midtvegsevaluering og undersøkingsrapport.

Brukarinnsikt	Barneverntenesta har innsikt i brukaropplevingar frå kontakten med tenesta.	Barneverntenesta skal systematisk innhenta brukar sine erfaringar frå kontakt med tenesta.	Barneverntenesta gjennomførte brukarundersøkingar både i 2017 og 2018, men har ikkje gjennomført dette i 2019, grunna leiarskifte og vakante stillingar i tenestar i periodar.
Risikovurdering	Barneverntenesta har oversikt over og sett inn tiltak knytt til kva område det er risiko for feil, svikt eller manglande oppfølging av barn/familiar.	Barneverntenesta skal føreta risikovurdering av tenesta og i kvar einskild sak. Tema: Opplæring til nye sakshandsamarar, nytt lovverk, nye retningslinjer, klart språk, kompetanse på minoritetsfamiliar, økonomistyring, kompetanse i Familiesenteret.	Barneverntenesta gjennomfører fortløpande risikovurderingar i kvar einskild sak. Har hatt for lite tid til å laga god rutine for oppfylging av nyttilsette.
Digitalisering	Bruke Compilo og Office365 aktivt i tenesta. Barnevernet skal ha ei informativ nettside for innbyggerane i Kvam. Heilelektronisk arkiv.	Legge alle rutinar inn i Compilo kvalitetssystem. Bruke Office365 til referat, tavlemøter m.m. Jobbe vidare med forbetring av barnevernet sin informasjon på heimesida til Kvam herad. Barneverntenesta skal starte prosessen med eit heilelektronisk arkiv.	Alle rutiner er pr. 31.12.19 ikkje lagt inn i Compilo. Må arbeida vidare med dette. Nyttar Teams i Office 365 som verktøy Heimesida til barnevernet er oppdatert. Barneverntenesta avventar heilelektronisk arkiv på bakgrunn av nytt kvalitetssystem for barneverntenester som er under arbeid på nasjonalt nivå.
Tverrfagleg samarbeid	Barneverntenesta og Familiesenteret deltar med barnefagleg kompetanse i samarbeid på systemnivå og	Barneverntenesta og Familiesenteret er med i ressursgrupper på tvers og tilbyr kompetanse til andre tenester i kommunen.	Barneverntenesta har delteke i ressursgrupper, blant anna tverrfagleg team på to av kommunen sine skular. Tilsette i barnevernet har delteke i opplæring, blant anna knytt til vald og overgrep.

	<p>individnivå.</p> <p>Innbyggjarane har lett tilgjengeleg informasjon om Barneverntenesta i Kvam</p> <p>Barn med nedsett funksjonsevne skal sikrast best mogleg tenestetilbod.</p>	<p>Barneverntenesta skal vera proaktiv og kreativ i informasjonsarbeidet ut til innbyggjarane.</p> <p>Barneverntenesta inngår i eit sam-arbeid med helse og omsorg/forvaltarkontoret for å sikra at barn med nedsett funksjonsevne får dei tiltaka dei treng og har rett på. Samarbeidet skal avklare lovtolking, roller og ansvar.</p>	<p>Barneverntenesta har hatt lite kapasitet til informasjonsarbeid ut mot innbyggjarane i 2019 pga. vakante stillingar deler av året og leiarskifte.</p> <p>Barneverntenesta har eit samarbeid med helse og omsorg/forvaltarkontor i einskildsaker, men det er behov for å formalisera samarbeidet endå meir på systemnivå.</p>
Kompetanseheving	Barneverntenesta sitt arbeid skal utøvast i samsvar med lovar, regelverk og nye faglege standarder.	<p>Barneverntenesta deltek i tenestetøtteprogrammet i regi av Bufdirektoratet.</p> <p>Barneverntenesta er vertskommune for, og deltek i, prosjektgruppe og arbeidsgruppe for Læringsnettverket i Hordaland.</p>	<p>Barneverntenesta har delteke i tenestetøtteprogrammet i 2019, og dette er no avslutta.</p> <p>Barneverntenesta har hatt to tilsette som har vore med i prosjekt høgkonflikt i 2019. Det er utarbeida ein modell for arbeid med høgkonfliktsaker mellom foreldre, i undersøkingsarbeidet hos barnevernet. Prosjektet er vidareført til 2020 for arbeid med implementering. Kompetanseheving har vore sentralt i høve dette arbeidet.</p>
Tverrfagleg samarbeid og samordning i Oppvekst	Sjå tekst Fellestema oppvekst under barnehage		

4.11.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Barnevern	14 858	15 866	1 008	17 917	2 051	17 571
244 BARNEVERNTJENESTE	3 053	4 490	1 436	5 236	747	4 830
BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET IKKE ER PLASSERT						
251 AV BARNEVERNET	2 960	2 580	-381	3 082	503	2 968
BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET ER PLASSERT AV						
252 BARNEVERNET	8 845	8 797	-48	9 598	801	9 773

Funksjon 244 Barnevernteneste har eit mindreforbruk på ca. 0,75 mnok. Tenesta har lågare lønnskostnader enn budsjettet, innsparing på driftskostnader og høgare refusjon frå stat og kommune i 2019.

Funksjon 251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet har eit mindreforbruk på ca. 0,5 mnok. Tenesta har eit meirforbruk i lønn til støttelefamiliar; born som bur heime men har behov for auka tilbod om avlastning, ca. 0,7 mnok. Tenesta har fått tilskotsmidlar på 1,2 mnok som er overført til 2020.

Funksjon 252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet har eit mindreforbruk på 0,8 mnok. Kostnader i samband med einslege mindreårige flyktingar viser eit positivt avvik på 1,2 mnok. Lønnskostnader er ca. 0,3 mnok lågare enn budsjett, men kjøp av fosterheims plassar visar eit meirforbruk på ca. 0,7 mnok.

4.12 Vatn, avlaup, avfall og renovasjon

4.12.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 340 – Produksjon av vatn, 345 – Distribusjon av vatn, 350 – Avlaupsreinsing, 353 – Avlaupsnett/innsamling av avlaupsvatn, 354 – Tømming av slamavskiljar og 355 – Avfall.

Tenesteområdet omfattar ansvaret for produksjon og levering av tenester knytt til drikkevatt og mottak av spillvatn frå tilknytte abonnentar i Kvam herad, samt Eikedalen i Samnanger kommune. Vidare omfattar tenesteområdet innsamling av slam som vert utført av ein totalleverandør, og innsamling av avfall som skjer i regi av BIR.

Kvam herad har 5 vassverk, 12 trykkaukestasjonar, 10 høgdebasseng og eit om lag 130 km langt distribusjonsnett for drikkevatt. Vasstrykk til abonnentar er minimum 2 bar, og med eit rettleiande trykk på mellom 3-6 bar.

Avlaupsnettet er om lag 90 km langt. Kvam herad har kommunale nett og anlegg fordelt på heile kommunen. Det er 30 pumpestasjonar og pr. i dag 2 reinseanlegg (sil anlegg) for avlaup. I tillegg til dette eit høgt tal på kummar for forsyning av drikkevatt og mottak av avlaup fordelt over heile kommunen.

Arbeidsoppgåver knytt til VA er til dømes drift og tilsyn av drikkevasskjelder/ inntak/vassverk/pumpestasjonar/reinseanlegg/brannhydrantar, prøvetaking av drikkevatt og avlaup, utspyling av leidningsnettet, reingjering av høgdebasseng, lekkasjesøk, videokøyring av leidningsnettet, badevassprøvar, samt ansvar for sigevassleidning frå bosstippen for å nemne noko.

5 stillingar driftar VA-nettet og anlegga. I tillegg kjem driftsleiar for VA, som i tillegg har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

4.12.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
<p>Fylkesmannen i Hordaland handsamar og har tilsyn med kommunen sitt utseppsløyve.</p> <p>I løyvet set fylkesmannen krav om tiltak som må verta gjennomført innan nærare fastsette fristar.</p> <p>Vilkåra er sette av miljøomsyn, og der det er viktig at kommunen jobbar for å oppfylle dei krav fylkesmannen set.</p>	Stetta vilkår i fylkesmannen sitt utseppsløyve for Kvam herad	<p>Fylgje opp tiltak/prosjekt i kommunedelplan for avlaup for Kvam herad</p> <p>Redusera talet på overlaup og driftsstopp i avlauspumper med 5 % i høve til tal for 2015</p> <p>Etablere eit system for vurdering av energiforbruk i avlaupsanlegga</p> <p>Dokumentere forureining frå overlaup</p> <p>Laga tiltaksplan for tilførsel av overvatn til avlaupssystemet</p> <p>Dokumentera verknadsgrad for avlaupsnettet ved modell eller anna.</p> <p>Ferdigstilla saneringsplan for dårlege kummar (felleskummar, trykkreduksjonskummar og kummar med dårleg forankring).</p> <p>Utbetre nokre kummar i tråd med saneringsplan</p>	<p>Pågår, men har ikkje nok ressursar til å følgje opp alle planlagte tiltak.</p> <p>Ikkje oppfylt, men har arbeidd med overvatn knytt til Sundsvik, Skutlalia og Norheim.</p> <p>Kommunen nyttar frekvensstyrte pumper i avlauspumpestasjonar og på reinseanlegg (2019). På reinseanlegget vert varme teke ut frå avlaupsvatnet. Har ikkje etablert eit system for måling.</p> <p>Er ikkje starta.</p> <p>Ikkje starta.</p> <p>Større saneringsarbeid/kumskifte er utført i Nedre Vik og på Norheim i 2019. Felles saneringsplan er ikkje utarbeida ennå.</p> <p>Nokre kummar er utbetra, men manglar saneringsplan.</p>
Mattilsynet set krav til kommunen sin produksjon av drikkevatn.	Stetta krav frå Mattilsynet	Fylgje opp tiltak/prosjekt i kommuneplan for drikkevatn for Kvam	Pågår, men har ikkje nok ressursar til å følgje opp alle planlagte tiltak.

<p>Desse krava må derfor verta utført i tråd med dei tidsfristar Mattilsynet set for tiltaka.</p>		<p>herad</p> <p>Ferdigstilla saneringsplan for dårlege kummar (felleskummar, trykkreduksjonskummar og kummar med dårleg forankring).</p> <p>Utbetre nokre kummar i tråd med saneringsplan.</p> <p>Analysere resultatata av den nye prøvetakinga i Kalderassen og vurderer om dette vil vera eit betre inntakspunkt for vassverket på Skålheim</p>	<p>Arbeidet er starta, men ikkje ferdigstilt.</p> <p>Arbeidet er starta, men ikkje ferdigstilt.</p> <p>To rundar (ulike år) med prøvetaking gav ikkje gode nok resultat, og Kalderassen er derfor ikkje vurdert vidare.</p>
<p>Ny drikkevassforskrift har mellom anna skjerpa krav til risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til kommunale vassverk</p>	<p>Oppfylle krav i ny drikkevassforskrift</p>	<p>Gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse som oppfyller ny drikkevassforskrift sine krav i samband med rullering av overordna ROS for Kvam herad</p>	<p>ROS-analyse for Kvam vassverk (Skålheim) er utført i 2019. Mattilsynet er informert. Øvrige vassverk må vurderast seinare.</p>
<p>Vikøy vasslag har teke kontakt med Kvam herad med mål om overtaking av det private vassanlegget</p>	<p>Trygt og godt vatn til alle</p>	<p>Ferdigstilla arbeidet med å kartleggja eksisterande anlegg i Vikøy og avslutta tingingar om eventuell overtaking av Vikøy vasslag sitt anlegg</p>	<p>Noko kartlegging er utført. Framlagt plan for driftsperiode lagt fram i 2019. Planlagt kommunal prøvedrift i løpet av 2020.</p>
<p>Nytt reinsanlegg for Øystese, Norheimsund og Kvamskogen skal byggjast på Notanes.</p>	<p>Sikre ferdigstilling og god igangsetting av reinseanlegget</p>	<p>Ferdigstilla prosjektet og sikra at reinseanlegget oppfyller gjeldande reinsekrav i fylkesmannen sitt utsløppsløyve</p>	<p>Reinseanlegget vart satt i drift rundt 1. april 2019, og har gått særst stabilt i ettertid. Inne i prøveperiode på 1 år nå. Gode resultat på utsløppsprøvar.</p>
<p>I Kommunebarometeret for 2018 får Kvam herad dårleg resultat knytt til hushaldningsavfall som vert levert til</p>	<p>Nytt gjenvinningsanlegg i Kvam herad som stimulerer til auka kjeldesortering og gjenvinning</p>	<p>Ferdigstilla kommunal infrastruktur i området slik at den nye gjenvinningsstasjonen kan etablerast</p>	<p>Arbeidet vart satt i gang i 2019. Området til BIR er planlagt klart til overlevering i løpet av våren 2020. Noko arbeid med bekk må gjerast i løpet av bestemte tidsrom</p>

gjenvinning og biologisk handsaming.			i 2020.
BIR har vedtatt å etablere ny gjenvinningsstasjon i Sandvenhagen			

4.12.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-13 335	-20 962	-7 627	-24 252	-3 289	-24 239
340 PRODUKSJON AV VANN	3 704	3 319	-385	3 130	-189	3 143
345 DISTRIBUTJON AV VANN	-10 995	-13 302	-2 307	-14 336	-1 035	-14 336
350 AVLØPSRENSING	2 746	2 567	-179	2 880	313	2 880
353 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVANN	-7 653	-12 595	-4 943	-14 246	-1 650	-14 246
354 TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANKER O.L. INNSAMLING, GJENVINNING OG SLUTTBEHANDLING	208	453	245	-387	-839	-387
355 AV HUSHOLDNINGSAV FALL	-1 346	-1 404	-58	-1 294	111	-1 294

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostberekning. VAR-noten gjev eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda, og denne er å finna i årsrekneskapskapittelet. Totalt for rammeområdet var det eit meirforbruk på 3,2 mnok i 2019. I hovudsak skuldast avviket lågare gebyrinntekter enn budsjettert. Sjølvkostmodellen tek utgangspunkt i målt og estimert forbruk, og det vil vera usikkerheit knytt til det faktiske forbruket.

Funksjon 340 og 345 heng nært saman og skal finansierast med same gebyret, og nokre av budsjettpostane er ikkje fordelt mellom dei. Funksjon 340 har eit meirforbruk på 0,2 mnok som kjem av auka kursaktivitet og meir lønskostnader knytt til funksjonen. Meirforbruket på funksjon 345, 1,0 mnok, kjem av auka lønskostnader og lågare gebyrinntekter enn budsjettert.

På same måte som funksjonane 340/345 heng saman, er funksjon 350 og 353 nært knytt saman. Funksjon 350 har eit mindreforbruk på 0,3 mnok, som i hovudsak skuldast omfordeling av budsjettpost for løn, medan funksjon 353 har eit meirforbruk på 1,6 mnok som heng saman med lågare gebyrinntekter enn budsjettert.

Funksjon 354 har eit meirforbruk på 0,8 mnok som skuldast auka tømning av kommunale og private septiktankar.

Funksjon 355 har ingen vesentlege endringar i 2019.

4.13 Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø

4.13.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane:

- 301 – Plansaksbehandling
- 302 – Byggesaksbehandling og eigarseksjonering
- 303 – Kart og oppmåling
- 335 – Rekreasjon i tettstad
- 360 – Naturforvaltning og friluftsliv
- 365 - Kulturminnevern

Del av 301 (private planar), 302 og 303, kjem inn under sjølvkostfinansierte tenester, og kan dekkast inn med 100% gebyrinntekter. Kvam herad subsidierer framleis desse tenestene frå den ordinære drifta, men har som mål å gjera tenestene 302 og 303 sjølvfinansiert.

Funksjon 301 gjeld arbeidet med arealplanar (kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og offentlege og private reguleringsplanar). Kvart fjerde år legg kommunen fram kommunal planstrategi, med prioritering av det offentlege planarbeidet innanfor kvar heradsstyreperiode. Planstrategien skal synleggjera behov for nye planar, opp i mot tilgjengelege ressursar og utfordringar.

Funksjon 302 omfattar byggesakshandsaming (dispensasjonar, byggjeløyve, delingsløyve, tilsyn og ulovleg oppfylging etter plan- og bygningslova). Vidare handsamar avdelinga søknad om løyve til tiltak etter hamne- og farvannslova, veglova og forureiningslova.

Funksjon 303, kart og oppmåling/geodata omfattar handsaming av søknader etter matrikkellova og eigarseksjonslova. I funksjon 303 ligg og arbeid med forvaltning av geodata. Arbeidet er organisert gjennom GEOVEKST samarbeidet og Norge digitalt avtalen styrt av Statens kartverk. Samarbeidet sikrar større felles kartleggingsprosjekt som er økonomisk gunstig ved ajourføring av kart. Kvam herad har ansvar for å oppdatere byggbasen, tiltaksbasen, vegnett, arealressurskart, planbasen og vass- og avlaupsbasen. Kvam herad har i dag synkronisering av grunnkartet mot Statens kartverk. Det har vore jobba med å få på plass synkronisering av planbasen. Dette kjem på plass i første halvdel av 2020.

I funksjon 335 ligg det utgifter til offentlege plasser, torg og park/grøntanlegg og reinhald av offentlege toalett. Ansvar for grønntanlegg omfattar hovudsakleg arbeidet med å vedlikehalde om lag 60 kommunale uteområde og friområde. Arbeidet vert utført i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF). Kommunen har ansvaret for tilsyn og renovasjon knytt til park og badestrendene i Øystese og Norheimsund, men får elles hjelp til badestrender i resten av kommunen. Utanom vekstsesongen vert året nytta til rehabilitering av områda, kontroll og ettersyn. Kommunegartnaren har og ansvaret for kontroll av leikeutstyr og leikeplassar. For å ta klare ettersynet med grønntanlegga i vekstsesongen, er ein avhengig av å nytte sommarvikarar i tillegg til egne tilsette. Innan park har ein normalt 2 stillingar fordelt på 1,5 årsverk. Om sommaren vert dette auka til mellom 7-8 personar.

I funksjon 360 ligg viltforvaltning som Kvam herad kjøper av Ullensvang herad, festeutgifter for friluftsområde og kontingent i Bergen og omland friluftsråd. Kvam herad forvaltar store delar av sine friluftsområde igjennom sitt medlemskap i Bergen og omegn friluftsråd, nokre friluftsområde vert

og forvalta av kommunen sjølv, medan andre område vert forvalta via samarbeid i mellom Kvam herad, Bergen og omland friluftsråd og, og lokale grendelag/grendeutval.

4.13.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Plan og byggesak Skal tilby gode tenester i samsvar med lov, forskrift og regelverk	Lovlege vedtak, god rettleiing	Løpande oppdatering av kompetanse, gjennom eigenstudie, fagsamlingar, og intern opplæring	Tilsette har vore på BE-dagane, kurs, me har tilsett ny kompetanse som me har mangla (arkitekt). Me har strukturert informasjon frå department og fylkesmannen i teams.
Skal ha høg etisk standard	Likehandsaming	Registrere rutinar og jobbe likt.	Det er ein kontinuerleg jobb med å legge inn våre rutinar i Compilo.
Skal ha effektiv sakshandsaming der det blir lagt vekt på god og klar dialog med brukarane	Klart språk Fornøgde brukarar Høgare servicegrad	Lage gode standardmalar Meir direktekontakt med brukar	Me er ikkje i mål med nye standardmalar. Me har venta litt på å fase inn FN sine berekraftmål i sakspapir.
Skal dele sin kompetanse internt i organisasjonen, og bidra og legge til rette for god samhandling.	Samhandling mellom fag og eining	Bruke samarbeidsforum aktivt	Samarbeidsforum er aktivt. Me har starta kartlegging av betre flyt mellom teknisk og byggesak i samband med sakshandsaming.
Skal ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar der dette kjem brukarar og lokalsamfunnet til gode.	Jobbe smartare, effektivisere der me kan	Delta i faggrupper i Bergenssamarbeidet – digitaliseringsprosjektet	Me avventar fortsatt innkjøp av ebyggesak til det er gjennomprøvd i dei store kommunane. Det er varsla kostnadar med innkjøp av eByggesak i 2021.

Skal ha nok ressursar og kompetanse	<p>God handsaming og oppfølging av private planforslag, delesaker, byggesaker og seksjoneringssaker</p> <p>Tid til å følge opp planstrategien og offentlege planar.</p> <p>Bidra til ein positiv utvikling av Kvam herad</p>	Kartlegge behov for auka ressursar innafor ramma.	Staben er auka med ein arkitekt. Saksmengda har vore på eit akseptabelt nivå i forhold til tilgjengelege ressursar.
Skal arbeide for ei berekraftig framtid, og trygge attraktive lokalsamfunn	Gode overordna planar	<p>Vedta kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Starte rullering av kommunedelplan for Kvamskogen.</p> <p>Områdeplan for Øystese sentrum og områdeplan for Norheimsund (vidaregåande skule)</p>	<p>Kommuneplanens arealdel vart vedteke i oktober 2019.</p> <p>Rullering av kommunedelplanen på Kvamskogen vert sett i gong i 2020.</p> <p>Områdeplan for Øystese vert sett i gong i 2020.</p> <p>Reguleringsplan for ny vidaregåande skule vert sett i gong i 2020.</p>

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
<p>Rekreasjon, naturforvaltning og friluftsliv</p> <p>Trass fokus på å leggja til rette for lettstelte parkområder i kommunen, har kommunen mange grøntareal spreidd i ein langstrakt kommune.</p> <p>Ressursane innanfor området er avgrensa, og aktiviteten stor og konsentrert innanfor vekstsesongen.</p> <p>Samstundes er velstelte grøntområde viktig for</p>	Velstelte park- og grøntområde	<p>Opparbeida eit attraktivt og lettstelt parkområde i tilknytning til utfyllinga ved Hardangerbadet i Øystese.</p> <p>Evaluera prøveprosjekt knytt til robotplenklipparar i Øystese og Norheimsund.</p>	<p>Utført</p> <p>Pågår, men ikkje ferdig</p>

kommunens omdøme, og forventningane til standard høg hjå kommunens innbyggjarar.			
--	--	--	--

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Kulturminneforvaltning	Få på plass ei berekraftig kulturminneforvaltning i kommunen	<p>Gjennomføra tiltaka i handlingsplanen i kulturminneplanen - "Med røter og føter i Kvam".</p> <p>Formidla planen og innhaldet internt i organisasjonen og til innbyggjarane i Kvam.</p> <p>Samordna kulturminneplanen og kommuneplanen sin arealdel i høve til ei berekraftig forvaltning av kulturminna i Kvam</p>	<p>I samsvar med handlingsplanen vart gjennomført fleire tiltak i 2019. Arbeidet med å leggja inn "gul liste" i Askeladden er godt i gang. Det vart laga statuttar for byggeskikkpris. Kulturminnedag vart gjennomført i samarbeid med Kvam søge og kulturminnelag, samt Hardanger og Voss museum. Tema var "kulturløype i frå Norheimsund til Øystese". Stor deltaking og veldig positive tilbakemeldingar. Støtte til «Dialektord og uttrykk frå Kvam». samarbeid i mellom Kvam herad og Kvam mållag. Vedtak i heradsstyret om å arbeida for eit avtale i mellom Kvam herad og Kraftmuseet i Tyssedal.</p>

LEAN:

Eining for plan og byggesak gjennomfører morgonmøte kvar måndag. I møtet vert det informert om saker som vert diskutert i leiarmøte og ulike utfordringar med opplever i vår avdeling. Det vert diskutert korleis me kan forbetre vår måte å jobba på.

Byggesak har gjennomført ei verdistraumkartlegging der kartlegginga har avslørt områder der me har eit potensial for forbetring. Avdelinga skal jobba med å samarbeida med andre einingar for auka effektivitet og unngå unødvendig ventetid for våre brukarar. Avdelinga har ein ambisjon om å gjennomføre ei brukarundersøking for å få eit inntrykk av kva for oppfatning dei har av fagfeltet plan og byggesak og evt. få eit grunnlag for å betre våre rutinar og malar. Klarar me å få ein god dialog og god framdrift i saker, oppnår me meir fornøgde brukarar.

Det er jobba med å få på plass våre rutinar i kvalitetssystemet vårt. I denne prosessen får me opp diskusjonar der resultatet er endra og betre rutinar.

Informasjon:

Kommunen sine nye heimesider har gjort det mogleg å få på plass meir oversiktleg informasjon til dei som er i kontakt med oss. Målet er at innbyggjarane skal få svar på dei fleste spørsmål om plan- og byggesak via våre heimesider.

Planlegging:

Planstrategien er eit styrande dokument som seier noko om kva planar me skal jobbe med i valperioden. Det er jobba godt med kommuneplanens arealdel og denne vart vedteken 08.10.2019.

Etter planen skulle kommunen setja i gong kommunedelplan på Kvamskogen i løpet av 2019, dette er utsett til 2020. Det er sett av midlar til dette prosjektet (P71181). Det er fleire planar og byggeprosjekt på Kvamskogen som har stoppa opp på grunn av rekkefølgekrav til gong- og sykkelsti og ønskje om veg fram til hyttene i både eksisterande og nye hyttefelt.

Statens vegvesen jobbar med ein kommunedelplan for skredsikring av Tokagjelet. Kommunedelplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2019. Det er Statens vegvesen som tek kostnadane med kommunedelplanen, kommunen bidrar med ressursar.

Kommunen har mål om å få på plass ny vidaregåande skule sentralt i Norheimsund. Kommunen må i samarbeid med fylkeskommunen sette i gong ein regulering av nødvendig areal. Denne vert utarbeidd som ein reguleringsplan og tek med seg det området som den nye vidaregåande skulen har behov for.

Øystese har mange gamle planar i sentrum, kommunen ser eit behov for å få på plass ein områdeplan for å erstatte dei gamle planane og løfte fram ein god sentrumsutvikling. Det er viktig at kommuneplanens arealdel er på plass før vidare planlegging i Øystese sentrum.

Geodata:

I Kvam fekk me nye kart i 2017. Det vart samtidig teke flybileter, hausten 2019 vart desse lagt inn i kartløyisinga. Karta våre ligg inne i alle våre kartsystem. Gjennom geovekst-avtalen er det planlagt at Kvam skal få nye kart i 2022. Det er krav i geodatalova om at kommunane skal ha oppdaterte kart. Kommunen ønskjer å vurdere om me kan hente inn betre data via droneteknologi, ut frå behovet for betre data. Dette vert i så fall gjort utanom geovekstavtalen.

Avdelinga jobbar kontinuerleg med å oppdatere både planbasen og grunnkarta til Kvam herad. Kommunen har installert eit system som synkroniserer våre oppdateringar av grunnkart direkte mot Statens kartverk sine databasar. Dette betyr at alle som nyttar våre geodata får "ferske data til frukost". Det same systemet kjem for plandatabasen til kommunen. Kommunen mottar midlar frå Statens kartverk i samband med synkronisering av geodata og plandata.

4.13.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærn	7 602	9 673	2 071	10 566	893	10 662
301 PLANSAKSBEHANDLING	4 093	4 782	689	5 701	919	5 797
302 BYGGESAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	106	54	-52	1 409	1 355	709
303 KART OG OPPMÅLING	381	449	68	497	49	1 197
335 REKREASJON I TETTSTED	2 247	3 834	1 586	2 316	-1 517	2 316
360 NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	765	554	-211	642	88	642
365 KULTURMINNEFORVALTNING	10	0	-10	0	0	0

Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø brukte 0,9 mnok mindre enn budsjett i 2019. Hovudforklaringa er mindreforbruk på lønn på grunn av vakante stillingar, budsjettmidlar til nye driftsprosjekt og endring i gebyrinntekter.

Funksjon 301 har eit mindreforbruk på 0,9 mnok. Lønsutgiftene vart 0,2 mnok lågare og prosjektmidlar til planarbeid var på 0,7 mnok.

Funksjon 302 Byggesaksbehandling og eigarseksjonering har eit mindreforbruk på 1,3 mnok. Sjukefråvær, refusjonar og vakante stillingar utgjer 1,1 mnok, medan gebyrinntekter er 0,2 mnok høgare enn budsjettert.

Funksjon 303 Kart og oppmåling har ingen vesentlege endringar.

Funksjon 335, rekreasjon i tettstad, har eit meirforbruk på 1,5 mnok. I hovudsak skuldast meirforbruket prosjektarbeidet knytt til tettstadutviklingsarbeidet i Ålvik.

Funksjon 360 har ingen vesentlege avvik.

I funksjon 365 er det ingen vesentlege avvik.

4.14 Kultur

4.14.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld ei rekkje funksjonar:

231 – Aktivitetstilbod born og unge

370 – Bibliotek

373 – Kino

375 – Museum

377 – Kunstformidling

380 – Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg

381 – Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg

383 - Musikk- og kulturskule

385 – Andre kulturaktivitetar, tilskot andre sine kulturbygg

386 – Kommunale kulturbygg

Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne

Kulturavdelinga arbeider for integrering gjennom ulike aktivitetar knytt til lag/organisasjonar tilrettelagt for den enkelte brukar, samt fellesaktivitetar.

KVAM BIBLIOTEK

Lov om folkebiblioteka (2014) definerer kommunane si plikt til å ivareta innbyggjarane sine behov for bibliotektenester og gjer greie for biblioteka sitt verdigrunnlag og samfunnsoppdrag:

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.»

På biblioteket er det gratis og ope for alle! Det skal gje ei kjensle av sosial velferd og fellesskap. Biblioteket er truleg det mest geniale tilbudet innbyggjarane har, og det er verd å satsa på!

Kvam bibliotek har 3,1 årsverk, og er organisert med hovudbibliotek sentralt i Norheimsund, og avdelingar i Ålvik (på Torget) og i Strandebarv (på skulen).

Heradet har eit aktivt og godt besøkt bibliotek. Heile 53 timar opningstid i veka (bortsett frå sommarferievekene då me held stengt på filialane).

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av både kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Biblioteket er eit kulturelt senter i heradet og fungerer som ein viktig møtestad. Her møtes folk på tvers av alder, kjønn, utdanning, demografi og etnisitet. Biblioteket vårt er terskelfritt og heilt gratis å bruka for alle. Kvam bibliotek er knytt til Hardangerbiblioteka og Voss bibliotek i eit tett samarbeid. 2019 var det nasjonale bokåret og me feira det med konsertar, forfattarbesøk, høgtlesing, foredrag og teaterforestillingar både for born og vaksne. Kvar veke var det språktreff i Norheimsund og annakvar veke var det Kafe Påfyll.

Me har hatt godt besøk i Kvam bibliotek i 2019 og ei fin auke i utlånet ved Strandebarm filial. Me merka auke i bruken av hovudbiblioteket som «lesesal»/arbeidsplass. Mange dagar har studierommet i 2. høgda vore reservert og nytta som arbeidsrom for studentar eller samlingsstad for kollokviegrupper.

Bokbåten Epos har hatt to stopp i Øystese. Eitt om våren og eitt om hausten. Begge gongene har det vore gode kulturprogram om bord og godt oppmøte.

Også i år gjennomførte me den digitale lesekampanjen “sommarles” for born. Den gjekk frå 1. juni til 31. august. Det vart ny deltakarrekord og nett under 50% av alle borna i 1.-7. klasse i Kvam deltok.

Samla besøkstal 2019 : 42 418

Samla besøkstal 2018 : 42 043

Aktivitet	2018	2019
Utlån Norheimsund	27 081	26 131
Utlån Strandebarm	5 724	7997
Utlån Ålvik	4 267	4167
Samla utlån	37 072	38 295
Arrangement	79	86
Besøk på arrangement	2 943	2466

BIBLIOTEKBRUKEN I KVAM SISTE 5 ÅRA						
	2015	2016	2017	2018	2019	
Bøker faglitteratur born	5154	2831	4351	4276	4137	
Bøker skjønnlitteratur born	12522	12805	12341	12699	12643	
Bøker faglitteratur vaksne	4149	3780	3634	4096	3957	
Bøker skjønnlitteratur vaksne	8569	8187	6496	7860	8394	
Lydbøker born	2366	2269	1674	1631	1310	
Lydbøker vaksne	3835	3911	2800	2438	1969	
Film born	1825	1479	1167	1209	806	
Film vaksne	2151	1712	1511	1336	941	
Anna	3149	3384	2886	3173	2866	
Fjernlån frå andre kommunar	1586	1268	1508	1244	1200	

Det er kjekt at biblioteket vert brukt!

Kino

Kvam herad har kinosal i Ungdomshallen i Norheimsund sentrum, med filmframvisingar fleire gonger i veka. Tilbodet er rettar seg både mot born og vaksne. Billettar får du kjøpt her på nettsida og i billettluke på kinoen. Kvam kino samarbeider med skulane, Kvam filmklubb og for å gje eit så breitt tilbod som mogleg. Kinoen aksepterer følgjerkort og trivselsleiar kort.

I 2019 var det til saman 169 kinoframsyingar. Til saman vart det seld 6567 billett. Barnefilm er dei mest populære filmene, der var 676 personar, fordelt på 9 førestillingar som vitja: “Snekker Andersen og Julenissen: den vesle bygda som gløymte at det var jul”. Dei neste filmene på lista er Kaptein Sabeltann og Den Magiske Diamant (400 vitjingar), Frost 2 (327 vitjingar) og Mary Poppins

vender tilbake (322) vitjingar. Snekker Andersen og Mary Poppins var sett opp som skuleframsyningar.

Museum

Hardanger og Voss museum organiserer Hardanger fartøyvernssenter, Kabuso, Ingebrikt Vik museum og Kvam bygdemuseum, som mellom anna omfattar Borgstova i Vikøy prestegard og Storeteigen i Øystese. I Kvam har me også eigne museum som Ålvik industriarbeidermuseum og Vikøy skulemuseum. Grendeutvalet i Vikøy brukar skulemuseet i Vikøy til aktivitetar etter avtale med Kvam herad.

Kunstformidling

Kvam herad yter tilskot til ulike lag og organisasjonar i kommunen. Det gjeld mellom anna Kunsthuset Messen i Ålvik. Kvam herad yter og tilskot til kunstnarbustaden i Berlin. Kvam herad har tilsett pianist i deltidstilling.

Etter at Kvam kunstlag vart avvikla har Kvam herad overtatt kunstsamlingane. Delar av samlingane er plassert rundt i kommunale bygg og tilgjengeleg for publikum.

Idrett

Kvam herad eig og driv mange idrettsanlegg i kommunen, men det er og anlegg som vert eigd og drive av private lag og organisasjonar. Kommunen har eit samarbeid med idrettsrådet, som gjev uttale til heradsstyret si prioritering av spelemidlar. Den offentlege badinga vert drifta av idrettslaga i Ålvik og Strandebarm. Løypepreparering vert gjennomført fleire stadar i kommunen, og kommunen gjev til skot til preparering på Kvamskogen, Tørvikbygd og på Sjusete.

Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod (Opplæringslova § 13-6). Kvam kulturskule driv med ordinær undervisning innan estetiske fag og er eit kulturelt ressurscenter i heradet. Kulturskulen samarbeider med grunnskulen og friviljuge organisasjonar med fokus på elevar under 20 år, og både lærarar og elevar er aktive og viktige aktørar i kulturlivet. Kulturskulen har også ansvaret for Den kulturelle skulesekken, UKM (Ung Kultur Møtes), Bornas verdsdag og Mosaikk. Kvam kulturskule gjennomførte to brukarundersøkingar våren 2018. Ein for dei føresette og ein for elevar frå alderen 13 år og oppover.

Nytt for Kvam kulturskule hausten 2019 var oppstart av tre nye kor:

- Gutekoret **Gullgutane** med gitar opp til 12 år
- Jentekoret FRYD med jenter/damer frå 12 år og oppover (eldste er 61).
- Blandakoret VOX som er eit samarbeid med vaksenopplæringa
- Det har i tillegg kome til to kor til som kjøper tenester: Laudamus (kostpris) og aspirantkoret i Øystese

Det er fortsatt litt nedgang i søkjarar under 20 år, så no aukar elevtalet på dei som er eldre enn 20 år.

Andre kulturaktivitetar, tilskot til andre sine kulturbygg

Kvam herad bidreg med tilskot til lokale lagseigde kulturbygg i kommunen. Kommunen prioriterer også tildeling av regionale kulturmidlar. Folkets hus i Ålvik fekk regionale kulturmidlar i 2019

Kommunale kulturbygg

Reinhold og FDV av egne kulturbygg som Kvam kino og Ingebrigt Vik Museum.

4.14.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Aktivitatar for menneske med nedsett funksjonsevne	<i>Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut frå egne interesser og funksjonsnivå</i>	Kvam herad arrangerer ulike aktivitatar for enkeltpersonar og som fellesarrangement.	<p>Det gjeld både onsdagsklubb (med diskotek, basar, bingo og jolabord), bocciaturnering mm</p> <p>Kvam herad samarbeider med andre kommunar i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og ulike lag og organisasjonar. Arrangementa er svært godt besøkt, og tiltaka gjev varierte og stabile aktivitatar.</p>
Tiltak for born og unge	Målsetjinga er å gje born og unge varierte kultur- og fritidstilbod.	<p>Ferieklubben gjev born i alderen 6-10 år eit dagtilbod 3 veker i sommarferien med aktivitatar knytt til opplevingar i nærmiljø, og utflukter.</p> <p>Samarbeid med utekontakten om ferietilbod for born frå 11- 18 år, samt familiar same veker som ferieklubben.</p> <p>Ung Fritid rettar seg mot born/unge, der målet er at alle skal kunna delta på kultur- og fritidsaktivitatar uavhengig sosial bakgrunn og økonomi.</p>	<p>Ferieklubb: Veke 26, 27 og 2 dagar i veke 33. ca. 50 barn pr. veke. Base på Norheimsund barneskule. Utflukter i nærmiljøet, Vil Vite, temadagar mm</p> <p>Ung fritid: veke 26, 27 og nokon dagar i veke 33. Samarbeid med lag/organisasjonar, utflukter i og utanfor kommunen</p> <p>Tilskotsmidlar frå Bufdir. Gratisarrangement på dagtid, samt</p>

		Samarbeid med lag/organisasjonar og ulike kulturinstitusjonar.	overnattingstur.
Bibliotek	Ferdigstill bibliotekplan Auka talet på brukarar i biblioteket og nå ut til fleire brukargrupper, spesielt gutar og menn	Bruka tid og ressursar på arbeidet med bibliotekplan. Ta i bruk brukarundersøkinga i arbeidet med bibliotekplanen Ha fleire arrangement både for born og vaksne. Betre og meir målretta informasjon om tilboda på biblioteka	Arbeidet med bibliotekplanen er godt i gang og må ferdigstillast i 2020. Me opplever at fleire vaksne menn kjem til bibliotekarrangementa, men ikkje ungdomar. Dei vil me gjerne no og arbeidar vidare med dette. Nye nettsider og det at me har tatt i bruk SMS-varsling gjennom biblioteksystemet, gjer at me har betre kommunikasjon med lånarane.
Kino	Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge Fleire kinovitjingar pr. innbyggjar	Formidling av kinotilbodet for å nå ulike aldersgrupper. Samarbeid med t.d. lag/org, Kvam filmklubb, skulane, Kvammaveko m.fl. Profilering på Facebook, nettbaserte løysingar, jf. Kvam herad si nettside og billetter på nett.	I 2019 var det tilsaman 169 kinoframsyingar. Tilsaman vart det seld 6567 billetter. Barnefilm er dei mest populære filmane.
Kunstformidling	Kvam herad skal vera ein støttespelar for kunst og kultur	Kvam herad skal fortsetja med å yta økonomisk støtte til kunst- og kulturinstitusjonar i kommunen.	Tilskot til Messen, Skarpeteigen, Hardingspuls
Idrett/frivilligheit	I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og	Starta arbeidet med frivilligheitsplan	Samarbeid med Grannehjelpa om Kvammaveko

	lokaldemokratiet		
Idrett/frivillighet	I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om å leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til det beste for alle innbyggjarane.	Tilskotsordningar til prosjekt, underskotsgarantiar ved konsertar, driftstilskot, gratis utleige av idrettshallar til trening, tilskot til lagseigde idrettsanlegg og kulturbygg, tilskot til leikeplassar, nærmiljø, turløyper, friområde Samarbeid med BOF.
Idrett/frivillighet	Bidra til gode rammevilkår for idrett og friluftslivsarbeid i kommunen (tiltak – gje tilskot, vera ein sparringspartner, rådgjevar, støttespelar).	Gje tilskot til lag og organisasjonar i Kvam.	I 2019 fekk fylgjande anlegg tilsegn om spelemidlar i frå Hordaland fylkeskommune: Norheimsund – kunstgrasbane, 731 000,- kr
Friluftsliv	Bidra til gode rammevilkår for idrett- og friluftslivsarbeid i kommunen.	Gjennomføra plan for idrett, friluftsliv vedtatt i 2018 Fortsetja å gje tilskot til prosjekt og lag for vidare drift.	I 2019 fekk fylgjande anlegg tilsegn om friluftsmidlar og nærmiljømidlar i frå Hordaland fylkeskommune: Mundheimsvika 84 000,- kr Nærmiljømidlar: Strandebarm idrettspark, 204 000,- kr
Kulturskulen	Få fleire gutar med i kulturskulen	Nye aktivitetar som musikkproduksjon og komponering/arrangering med digitale verktøy	Det var litt fleire gutar hausten 2019 grunna det nyoppstarta gutetekoret. På faget animasjon er det også ei stor overvekt av gutar.

4.14.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Kultur	15 620	18 813	3 192	22 263	3 451	22 183
231 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE	734	613	-120	866	253	866
370 BIBLIOTEK	3 454	3 587	133	3 624	37	3 624
373 KINO	1 009	1 045	36	1 118	72	1 118
375 MUSÉER	893	1 088	195	800	-289	800
377 KUNSTFORMIDLING	465	500	35	672	173	475
380 IDRETT OG TILSKUDD TIL ANDRES IDRETTSANLEGG	796	942	146	1 877	935	3 069
381 KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	1 832	2 860	1 029	2 169	-691	2 177
383 MUSIKK- OG KULTURSKOLER	4 709	4 532	-177	4 373	-159	4 570
ANDRE KULTURAKTIVITETER OG TILSKUDD TIL						
385 ANDRES KULTURBYGG	1 507	2 981	1 474	6 053	3 072	4 773
386 KOMMUNALE KULTURBYGG	222	664	443	711	47	711

Kultur hadde i 2019 eit mindreforbruk på 3,4 mnok, der høgare overføringar frå fylket og tidsforskyving av utbetalingar til private utgjjer mykje av forklaringa.

Funksjon 231 har eit mindreforbruk på 0,25 mnok som gjeld redusert utbetaling av tilskot , auka overføring til utstyrssentral Bufdir og mindre bruk av transportmiddel.

Funksjon 370 Bibliotek har ingen vesentlege avvik.

Funksjon 375 Museum har eit overforbruk på 0,16 mnok knytt til arbeid i Holmsund. Det er mottatt nærmiljømidlar på 0,03 mnok og tilskot til å verna kulturminne i Holmsund på 0,1 mnok.

Funksjon 377 har eit mindreforbruk på 0,17 mnok som skuldast at avtalen for leige av lokale til Galleri Puls vart oppsagt i 2017, budsjett var ikkje tatt ned tilsvarande. I tillegg er lønskostnader for Kunstformidling omfordelt til teneste 383 Musikk og kulturskule.

Funksjon 380 har eit netto mindreforbruk på 0,9 mnok. 0,6 mnok gjeld tilbakebetaling av tidlegare forskottering til Vangdalsåsen. 0,4 mnok gjeld auka overføring av spelemidlar.

Funksjon 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg har eit netto overforbruk på 0,7 mnok som er nytt idrettsgolv til Øystesehallen. Golvet er finansiert av driftsprosjektet P62192 Vedlikehald av kommunale bygg.

Funksjon 383 Musikk og kulturskular har eit netto overforbruk på 0,16 mnok pga omfordelte lønskostnader frå 377 Kunstformidling.

Funksjon 385 Andre kulturaktivitetar har eit mindreforbruk på 3 mnok som skuldast ei tidsforskyving av vedtatt løyving til utviklingsprosjektet "tett på" til Hardanger Fartøyvernssenter.

Funksjon 386, kommunale kulturbygg har ingen vesentlege avvik.

4.15 Kyrkja

4.15.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 390 – Den norske kyrkja, 392 – Andre religiøse føremål og 393 – Gravplassar og krematorie, som kommunen yter tilskot til.

Mesteparten av tilskotet vert utbetalt til Kyrkjeleg fellesråd i Kvam. I 2019 er det utbetalt tilskot på 4,5 mnok. I den foreløpige årsmeldinga til Kyrkjeleg fellesråd for 2019 står det at fellesrådet hadde meirforbruk på kr 0,4 mnok. Hovedgrunnen er auka pensjonskostnader. I 2019 vart det ikkje gjennomført investeringar. Driftsinntektene var på 0,9 mnok. Ved utgangen av året hadde fellesrådet 8,74 årsverk fordelt på 13 personar.

Andre religiøse trus- og livssamfunn har rett på same tilskot per medlem som den Norske kyrkje. I 2019 vart det utbetalt til saman 0,24 mnok.

4.15.2 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, oppheleg
Kyrkja	5 723	5 828	105	5 863	35	5 863
390 DEN NORSKE KIRKE	4 336	4 456	120	4 486	30	4 486
392 TILSKUDD TIL TROS- OG LIVSSYNSSAMFUNN	287	242	-45	275	33	275
393 GRAVPLASSER OG KREMATORIER	1 100	1 130	30	1 102	-28	1 102

Det er ingen vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett på rammeområde kyrkja.

4.16 Samferdsel

4.16.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 330 – Samferdsleverksamder/transporttiltak, 332 – Kommunale vegar.

Tenesteområdet samferdsle omfattar ansvaret for vedlikehald og sikring av om lag 110 km kommunale vegar fordelt på heile kommunen. I dette inngår også ansvaret for 3 grusvegar, 20 bruer og 43 ferister. Arbeidsoppgåvene knytt til vegnettet er mellom anna kantklypping, spyling, tøming av sandfangkummar og dreinsrøyr, grøfting, hogst langs vegane og reparere hol i vegen med oljegrus. I tillegg kjem kosting, utsetting av brøytestikker, montering av autovern, oppgåver knytt til sikring mot ras og flaum, samt klargjering og planlegging for asfaltering av kommunale vegar og anlegg. Om vinteren driv avdelinga med brøyting, strøing og skraping. For å klare vinterdrifta, er brøyting av ein del av vegnettet sett ut til private (14 brøyteentreprenørar), som har avtale med kommunen. Kvam herad fungerer vidare som underleverandør knytt til NCC sin brøyteavtale for gangvegen til Vikøy og Norheimsund sentrum. Oppdraget som underleverandør for NCC varar i utgangspunktet ut 2019, men der kontrakten inneheld ein opsjon for eitt år ekstra. Til drift av veg og anlegg, har avdelinga 5 stillingar. I tillegg kjem ein driftsleiar for veg og anlegg og ein prosjektleiar som har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt i kommunen.

4.16.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
I årsbudsjettet for 2016 vart det vedteke at Kvam herad skulle starta arbeidet med ein vegplan over kommunale vegar. Dette arbeidet er påbyrja. Dei kommunale vegane er fotodokumentert og vegnorm for kommunen vart vedtatt i februar 2018. Arbeidet med vegplanen er godt i gang, men har ikkje vorte handsama politisk.	Vegplan for kommunen	Vurdera å skaffa utstyr for registrering av digitale vegdata i felt. Ferdigstilla arbeidet med vegplan, og senda denne til politisk handsaming i løpet av våren 2019.	Eit nettbrett er skaffa for testing. Arbeidet vart ferdigstilt i 2019, og vert lagt fram i første møte etter nyttår 2020.
Gjennom arbeid med trafiksikringsplan for perioden 2016 – 2019	Trafiksikring	Gjennomføra tiltak som har fått høgast prioritet i trafiksikringsplanen	Arbeidet pågår. Ny prioriteringsliste frå 2020.

<p>er det peika på mange viktige trafikksikringstiltak.</p>		<p>Arbeida mot at Kvam herad kan verta godkjent som «Trafikksikkert herad»</p> <p>Vurdera trafikktryggleiken rundt kommunale skular, spesielt knytt til områder for levering og henting av born</p> <p>Starta rullering av trafikksikringsplanen</p>	<p>Arbeidet med å verta godkjent som «Trafikksikkert herad» har pågått i dei ulike einingane. Mål om å verta godkjent i løpet av 2020.</p> <p>Vurderinga av trafikktryggleiken rundt kommunale skular vil inngå i tiltak om å vurdera hjartesone i ny trafikksikringsplan. Prøvetiltak ved idrettshall i Øystese er nå permanent.</p> <p>Arbeidet med rullering av trafikksikringsplan er starta, og planen skal godkjennast i først HST-møte i 2020.</p>
<p>Arbeidet med vegplan har avdekkast stort vedlikehaldsetterslep og manglar knytt til dei kommunale kaiene i Norheimsund sentrum og på Kaldestad</p>	<p>Trygge og gode kaiar</p>	<p>Avklare korleis kaiene kan sikrast og utbetrast på kort og lang sikt</p>	<p>I 2019 er det henta inn rapportar over kva tiltak som er naudsynt knytt til dei kommunale kaiene.</p>
<p>Ein del av utstyret knytt til vegdrift har ein alder og tilstand som skapar utfordringar for drifta</p> <p>Kvam herad har utarbeida ein plan for utskifting av utstyr</p>	<p>God teknisk stand på kommunale maskinar og utstyr</p>	<p>Sikre vedlikehaldsrutinar og utskifting i tråd med plan</p>	<p>Ein ny lastebil og 2 nye hjullastarar var kjøpt i 2019 i tråd med plan. Nytt utstyr har service frå leverandør. Eldre utstyr har kommunen planlagt og gjennomført vedlikehald på.</p>
<p>Av kommunebarometeret for 2018 går det fram at Kvam herad nyttar 59 kr i vedlikehald per meter veg mot eit landsgjennomsnitt på 108 kr per meter.</p>	<p>Mest mogleg asfalt for pengane</p>	<p>Sikre ei kontinuerleg forbetring i arbeidsmetodar, strategi og kontrakt-/økonomistyring for å sikre mest mogleg vedlikehald og asfaltering av det kommunale vegnettet</p>	<p>Kommunen har lagt opp til asfaltering av større områder og dermed nytta større båtlastar. Dette krev planlegging i god tid.</p> <p>Samla asfaltering ca. 9,5</p>

<p>Dette skapar utfordringar i høve til vedlikehaldsetterslepet på dei kommunale vegane</p>			<p>km i 2019 etter ekstra løyving av midlar.</p>
---	--	--	--

4.16.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphaveleg
Samferdsel	7 644	11 683	4 039	11 578	-104	11 928
332 KOMMUNALE VEIER	7 644	11 683	4 039	11 578	-104	11 928

Samferdsel, funksjon 332, hadde i 2019 eit meirforbruk på 0,1 mnok. Auka omfang av asfaltering, i tillegg til mykje snøbrøyting vinteren 2018/2019, er hovudforklaringa til avviket mellom rekneskap og budsjett.

Midlar frå havbruksfondet vart nytta til asfaltering og oppgradering av kommunale vegar, og det vart blant anna oppretta driftsprosjekt på 3,0 mnok til dette arbeidet.

4.17 Bustad

4.17.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 265 – Kommunalt disponerte bustader, 283 – Bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad, samt 315 – Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.

I funksjon 265 ligg utleige av alle kommunale eigedomar som trygdebustadar, omsorgsbustadar og andre kommunale bustader. Bustadane som Kvam herad eig sjølve, er utleidt til personar med spesielle behov eller flyktningar.

I 2017 disponerte Kvam herad totalt 231 bueiningar. Av desse eig kommunen 185 og Kvam Bustadstifting 23 stykk.

Omsorgsbustadane og trygdebustadane er lokalisert i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm.

Bruk av framleigeavtalar er i stor grad avvikla, og talet på framleigeavtalar redusert frå 15 til 1 i 2018. Attståande framleigeavtalar skuldast i stor grad behov for bustadar til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Ut over dette disponerer Kvam herad i tillegg 23 privateigde bueiningar samla i 3 ulike bufellesskap.

Kommunen vidareformidlar Husbanklån (funksjon 283) og Husbanken sine tilskotsordningar.

I 2019 vart det utbetalt 17,4 mnok til 13 låntakarar. Tala for 2018 var 3,8/7 låntakarar. I 2017 og 2018 vart det ikkje teke opp nytt lån, men brukt av tidlegare ubrukte midlar. I budsjettframlegget for 2020 ligg det inne eit låneopptak og vidareformidling av dette på 15 mnok.

Funksjon 315 gjeld ei kommunegeologstilling i Kvam. Denne inngår i eit interkommunalt samarbeid, der Kvam er vertskommune, og der stillinga vert delfinansiert med vidaresal til dei andre deltakarkommunane. Deltakarane i det interkommunale samarbeidet er Kvam herad, Bjørnafjorden kommune, Ullensvang kommune, Ulvik kommune, Kvinnherad kommune og Samnanger kommune. I Kvam har kommunegeologen jobba med radonkartlegging, rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, overvatn, flaumkartlegging m.m.

4.17.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Kvam herad har god internkontroll knytt til gjentakande aktivitetar som filterskift, kontrollar og oppfølging av elektriske kontrollar, men arbeidar med ein overordna tilstandsanalyse for kommunens samla	Internkontroll	Fullføre tilstandsanalysen over kommunale eigedomar og presentera funna saman med ein eigedomsstrategi i ei politisk sak i løpet av våren.	Det er arbeida mykje med tilstandskartlegging av bygningsmassen i 2019, men dette er ein kontinuerleg prosess som stadig vert vidareutvikla og oppdatert. Det er lagt

eigedomsmasse.			<p>til repeterande oppgåver og registrert feil. Manglar vert kontinuerleg utbeta og tilstandsgrad oppdatert. Brukarar av bygga er under opplæring, og nokre brukarar har byrja å registrera i systemet sjølve.</p> <p>Eigedomsstrategien vart ikkje ferdig i 2019.</p>
Kvam herad har ei utfordring med å skaffe eigna bustadar til personar innan rus/psykiatri	Forsterka bustad	Etablera ein ny forsterka bustadmodul i 2019	Det er ikkje etablert ein ny forsterka bustad i 2019, men tilrettelagt for eit område for forsterka bustadar ved Movegen i Steinsdalen.
I arbeidet med integrering og betring av flykningar sine bustadevner, er det etablert ein bustadskule som inngår i NAV sitt introduksjonsprogram	Bustadskule	Kvam herad må vidareføre arbeidet med betring av flyktingars bustadevne, og jobbe for kontinuerleg forbetring av bustadskulen.	Bustadskulen er i dag flytta ut i heimen ved å delta meir i heimen med praktisk opplæring av korleis ein nyttar norske hus og tekniske hjelpemiddel. FDV-Bygg bidreg med tilbakemelding frå erfaringar etter bruk, med utarbeiding av retningsliner om reinhald mm.
Kvam herad har mangel på bustadar for personar med utviklingshemming og «lev med-funksjon»	Bustad for personar med utviklingshemming	Ferdigstilla ombygging av Tolomarka barnehage til bustad for personar med utviklingshemming	Det har ikkje vorte arbeidd med utvikling av prosjektet for denne gruppa i 2019.
Husbanklån	Gjera vanskelegstilte på bustadmarknaden i	Ta opp og vidareformidla startlån på 10 mnok	I 2019 fekk 13 låntakarar til saman 17,4 mnok i startlån

	stand til å skaffa seg eigen bustad	Søkja om å formidla tilskotsmidlar frå Husbanken	frå Kvam herad.
Kvam herad har kritiske punkt i bebygde områder med omsyn til aukande nedbørsmengder og fare for overvatn.	Kommunegeolog	Kartlegge og ferdigstille rapport for kartlegging av kritiske punkt. Kommunen har fått midlar frå NVE til kartlegging av kritiske punkt. Data som vert samla inn skal nyttast og vedlikehaldast gjennom ordinær drift.	Kritiske punkt er registrert inn i kommunen si database. Me er i gong med eit samarbeid med programvareleverandør for å få på plass eit effektivt system for ajourføring og utsjekk av kritiske punkt.
Utfordringar med flaum i Bustadalen i Øystese.	Kommunegeolog	Kommunen har fått kr. 200 000,- frå fylkeskommunen for å gjennomføre eit moglegheitsstudie med flaumsikring av Øysteseelva.	Moglegheitsstudie er levert for godkjenning. Rapporten har vore presentert i KS sitt nettverk for klimatilpassing og internt i kommunen.

4.17.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Bustad	-7 694	-6 473	1 221	-5 688	785	-6 417
265 KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGER	-8 493	-6 401	2 093	-5 994	406	-6 734
BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV						
283 EGEN BOLIG	919	136	-783	135	-1	135
315 BOLIGBYGGING OG FYSISKE BOMILJØTILTAK	-119	-209	-90	171	380	182

Bustad hadde i 2019 eit mindreforbruk på 1,5 mnok. Mindre leigeinntekter og mindreforbruk på kjøp av varer og tenester forklarar mykje av avviket.

Funksjon 265 har eit netto mindreforbruk på 0,8 mnok. Lågare leigeinntekter enn budsjettert, medan avvik mellom budsjettert teneste på vedlikehaldsprosjektet P62192 og rekneskap er hovudgrunnen for avviket. Størstedelen av Vedlikehaldsprosjektet er ført på teneste 222 Skulebygg 1,5 mnok og 381 Drift og anlegg kommunale idrettsbygg og anlegg med 1,1 mnok.

Funksjon 283 har eit mindreforbruk på 0,3 mnok. Utlån Husbank er på 8 mnok meir enn budsjettert, finansiert med tilsvarande bruk av lån. Avviket på 0,3 mnok skuldast mindre bruk av bundne investeringsfond enn budsjettert.

Mindreforbruket på funksjon 315, totalt 0,4 mnok, kjem av høgare inntekter til kommunegeolog på grunn av auka omfang av prosjektarbeid for andre kommunar, t.d. Odda kommune.

4.18 Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

4.18.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 320 – Kommunal næringsverksemd, 321 – Konsesjonskraft, kraftrettar og anna kraft for vidaresal, 325 – Tilrettelegging og stønad for næringslivet, 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. 60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvo kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvo kraftverk som heimfall. Ishavskraft sel krafta til kommunen.

Innanfor funksjon 325 og 329 ligg òg ansvar for prosjektarbeid, reiseliv, turistveg Hardanger, næringsområde, internasjonalt arbeid m.m.

Kommunen mottok òg om lag 4 mnok i konsesjonsavgift som vert sett av på eit kraftfond. Fondet kan brukast til ulike nærings tiltak i tråd med nasjonale og kommunale retningslinjer. Kvam herad nyttar www.regionalforvaltning.no

til årleg søknadsprosess og i 2019 var det 19 søknader om støtte.

Tenesta organiserer veterinærvakt for Kvam og Jondal, ei ordning som vert refundert av staten og som fungerer godt i vårt distrikt.

Landbrukskontoret i Kvam tek seg av alle saker innanfor landbruksforvaltninga

- Søknader om produksjonstilskot, 182 stk.
- Søknader om sjukeavløysing, 16 stk.
- Søknader om regionalt miljøprogram, 111 stk.
- Søknader om tidlegpensjon
- Søknader om spesielle miljøtilskot i landbruket, 16 stk. og kr. 643 000 fordelt
- Søknader om tiltak i beiteområdet, 2 stk.
- Søknad om tilskot til drenering, 10 stk.
- Skrivning av fråsegner
- Motorisert ferdsle i utmark, 16 stk.
- Hjorteviltutvalet
- Hjortejakt, felling av 424 hjortar
- Skogsvegar
- Skogkultur
- Skogavgift

Kontoret er og førstelinje for søknader til Innovasjon Norge.

Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang.

4.18.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Salsstrategi kraft (HST-010/16)	Policy: Maksimera utbytte, men redusera risiko for svvingar i inntektene til eit akseptabelt nivå	Selja kraft i spotmarknad, men vurderer å inngå faste kontraktar dersom det vert vurdert lønsamt	Inngjekk fastpris på konsesjonskraft i 1 Q til 504 Kr/MWH og 2Q-4Q til 386,8 Kr/MWH.
Ivareta kraftrettar	Sikra kommunen sine rettar knytt til produksjon av kraft	Medlemsskap i LVK Delta på LVK sine samlingar Nytta LVK til klagesak	Oppretthalde medlemsskap og deltaking i LVK
Skapa nye lokale arbeidsplassar.	Verdiskaping igjennom samarbeid. Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar. Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar	Kvam herad skal vera med å bidra til nye arbeidsplassar og skal difor bidra både økonomisk og med menneselege ressursar til dette arbeidet. Kvam herad skal lyse ut midlar frå næringsfondet til nyetablerarar. Kvam herad skal vidareformidla regionale etablerartilskot. Gjennomføra kommunedelplan for næring og kompetanse. Leggja til rette for å utvikla ny aktivitet i Tine meieriet	Godt samarbeid med Næringshagen i Hardanger, Team Hardanger, Kvam næringsråd. 19 søknader til kraftfondet 3 regionale etablerartilskot Mathuset i Hardanger etablert
Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi.	Skapa ein god sentrumsnær, samlokalisert offentleg vidaregåande skule som er attraktiv for ungdom, som har eit godt rykte og som kan	Ta initiativ overfor skular, grunneigarar og fylkeskommune. Bidra til å skapa eit attraktivt samfunn for ungdom også på kveldstid. Kvam skal synleggjera	Aktivt arbeid med ny vidaregåande skule.

	<p>trekke til seg ungdom frå naboregionar. Kvam må gje ungdom ein kompetanse som næringslivet lokalt treng.</p> <p>Det skal vere mogleg å etterutdanna seg i Kvam.</p> <p>Arbeidstakarar som ønskjer å auke kompetansen sin bør ha høve til etterutdanning spesielt på områder der næringsliv og kommunen manglar kompetanse</p>	<p>moglegheit for etterutdanning og kompetanseheving spesielt gjennom Stiftelsen høgskuleutdanning i Hardanger.</p>	<p>Støttar stiftelsen</p>
<p>Styrka det etablerte og utvikla det særeigne</p>	<p>Sikra eksisterande industri og næring og leggje til rette for at næringa kan vere levande innan sitt felt.</p>	<p>Kvam herad skal sikra naudsynt areal gjennom arbeid med kommuneplanen.</p> <p>Opparbeide næringsarealet som er regulert i Sandvenhagen.</p> <p>Starte arbeid med utvikling av nytt areal.</p> <p>Stø opp om og inspirera landbruket til vidareutvikling.</p>	<p>Sikra næringsareal i kommuneplanen.</p> <p>Regulering på Skarpen oppstarta.</p> <p>Næringsområdet i Sandvenhagen ferdig.</p> <p>Prosjektert ny veg på Bakka/Breievne</p>
<p>Skapa gnist og kreativ framtidsetta næring</p>	<p>Få fleire arbeidsplassar til å flytte til Kvam. Legge til rette for at større firma kan ha kontor plass i Kvam både på heiltid og deltid.</p> <p>Inspirera til å tenkja nytt og å skapa verdier.</p> <p>Kvam skal vere gründervenleg og gje</p>	<p>Leggja til rette og støtta opp under arbeidet til Næringshagen i Hardanger.</p> <p>Alle elevar i grunnskulen skal gjennom tre program i Ungt Entreprenørskap Gjennomføra etablerarkurs og støtte nyetableringar i</p>	<p>Næringshagen i god utvikling.</p> <p>Samarbeid med Ungt Entreprenørskap om gjennomføring.</p> <p>Etablerarkurs gjennomført hausten 2019.</p>

	nøyaktig og nødvendig informasjon til dei som ønskjer å etablere bedrift i Kvam.	samarbeid med Næringshagen i Hardanger.	
--	--	---	--

4.18.3 Økonomiske rammer

Kostra funksjon	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring 201-2018	Budsjett 2019, justert	Avvik rek/bud 2019	Budsjett 2019, opphavelag
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	19 716	18 020	-1 696	24 602	6 582	20 692
320 KOMMUNAL NÆRINGSVIRKSOMHET	-34	-25	9	0	25	0
KONSEJONSKRAFT, KRAFTRETTIGHETER OG ANNEN						
321 KRAFT FOR VIDERESALG	20 390	13 456	-6 934	19 276	5 820	16 985
325 TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	-755	4 396	5 151	4 643	247	3 034
LANDBRUKSFORVALTNING OG LANDBRUKSBASERT						
329 NÆRINGSUTVIKLING	116	194	78	683	490	673

Næringsforvaltning og kraft hadde i 2019 eit mindreforbruk på 6,6 mnok

Funksjon 321 har eit netto mindreforbruk på 5,8 mnok i forhold til budsjettert. Utgifter til kjøp av heimfall vart 1,9 mnok lågare enn budsjett, grunnrenteskatten vart 1,7 mnok lågare og overskotsskatten 0,7 mnok høgare enn budsjettert. Utgifter til kjøp av konsesjonskraft vart 2,6 mnok lågare enn budsjettert.

Funksjon 325 har eit mindreforbruk på 0,25 mnok som er knytt til tidsforskyvingar av vedtekne tilskot frå kraftfondet.

Funksjon 329 har eit mindreforbruk på 0,5 mnok på grunn av permisjon og redusert tenestekjøp frå andre kommunar.

4.19 Brann og ulykkesvern

4.19.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 338 – Førebygging av brannar og andre ulukker og 339 – Beredskap mot brannar og andre ulukker.

Kvam brann- og redningsteneste (KVBR) er ei avdeling under teknisk eining. Avdelinga har eit mannskap på totalt 53 personar, 9 bilar og er lokalisert på dei 4 brannstasjonane i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma. Tenesteområdet omfattar ansvaret for det akutte rednings- og beredskapsarbeidet i kommunen, feiartenesta, branntilsyn og førebyggjande arbeid. I tillegg har avdelinga inngått avtale om «First responder». Dette er ein avtale som er inngått med Norsk Luftambulans, og som gjeld livreddande førstehjelp fram til ambulansen er på staden. Organiseringa av tenesta og kompetansekrav til mannskapet er i stor grad bestemt av dimensjoneringsforskrifta, og vert følgt opp av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB).

Det er ikkje krav til kassarnert mannskap i kommunen, men for Norheimsund og Øystese er det krav til fast vaktordning. Vaktordninga vert gjennomført med vaktlag som går vakt kvar 5. veke, medan overbefal går vakt kvar 4. veke. Intervallforskjellen medfører at overbefalet sirkulerer mellom heile mannskapsstyrken, og vert dermed betre kjent med den totale styrken i avdelinga.

For Oma og Ålvik er det ikkje krav til vaktordning, og mannskapet her har derfor ikkje oppmøteplikt ved utkalling. For å sikre tilgjengelege resursar, vert det derfor likevel sett vaktlag ved behov i feriar og høgtider.

I Ålvik er brann- og redningstenesta organisert i eit samarbeid med industrivernet ved Elkem Bjølvefossen. Mannskapet er derfor tilsett ved Bjølvefossen, men rykker og ut til hendingar utanfor bedrifta sitt område.

4.19.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Brann og redningstenesta i Kvam har ein del utfordringar knytt til arbeidstilhøva ved brannstasjonane i Norheimsund og Øystese. Samstundes er deler av maskinparken innan avdelinga gamal.	Oppfølging av tiltak i brannordninga	Følgje opp tiltak i brannordning, mellom anna <ul style="list-style-type: none"> ▪ Få eksisterande øvingsfelt godkjent for utdanningsføremål ▪ Sikre naudsynt kompetanse for brannmannskap gjennom fullføring av kurset beredskapsleiing trinn 1 og oppstart av 	Godkjenning heng saman med ny brannstasjon. Dagens øvingsfelt vil truleg verta godkjent til utdanningsføremål når ny brannstasjon er ferdigstilt. Brann og redningstenesta har inngått eit samarbeid med Bergen brannvesen, gjennom Vest brann og redningsregion, om kurs. Grunnkurs deltid er starta

		<p>grunnutdanning</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeida med vidareutvikling og implementering av avdelinga sin internkontroll <p>Byggjstart for ny felles brannstasjon for Øystese og Norheimsund</p>	<p>medan Beredskapsutdanning trinn 1 vil få oppstart hausten 2020.</p> <p>Implementering av kvalitetssystemet VBR-CIM i organisasjonen er sett i gang med mål om å vera ferdig hausten 2020. Systemet vil gi oversikt over kompetanse, øvingar, vedlikehald mm, og alle prosedyrar og rutinar vil vera omtala.</p> <p>Prosjektet med ny felles brannstasjon er seinka medan ein ventar på at saka med eit eventuelt sal av Øystese brannstasjon skal opp til politisk handsaming. Det vert arbeidd med reguleringsendring av tomt.</p>
Vi avdekkja under revisjonen 2018 manglande kontroll knytt til utfakturering SFO og barnehage. Vi vart i samtale med administrasjonen informert om at det ikkje vart føreteke tilfredsstillande kontroll av fakturagrunnlag eller ajourhald av forsystem for SFO og barnehage. Det er i 2019 utarbeidd nye rutinar knytt til fakturering av barnehage, og i tillegg auka opplæring og fokus på leiarane sitt ansvar for kontroll av sitt fakturagrunnlag. Revisjonen har følgd opp rapportpunktet ved revisjonen av 2019 og har innhenta rutine knytt til fakturering og ajourhald av forsystemet IST frå Norheimsund barnehage. Rutinen er vurdert tilfredsstillande.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2019. Vi har og lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentera enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Ikkje betalt minimumsavdrag

Heradet har ikkje betalt minimusavdrag for 2019. Berekna avdrag er av tilfredsstillande storleik sett opp mot kommunelova § 50, men per 31.12. er avdraget bokført som ei kortsiktig gjeld, og pengane som skulle vore nytta til avdrag står framleis til heradet sin disposisjon. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har presisert, seinast våren 2017, at avdrag skal betalast innan utløpet av rekneskapsåret avdraget gjeld for. I den nye kommunelova § 14-18, som trer i kraft for rekneskapsåret 2020, er denne fortolkinga lovfesta. Revisjonen meiner dette tilhøvet er eit brot på kommunelova § 50, og vil som konsekvens gje ei presisering om tilhøvet i revisjonsmeldinga.

4.2 Kvalitetssikring av budsjett

Det er i revisjonen avdekkja inkonsistens mellom budsjettpostar i høvesvis drifts- og investeringsrekneskapen. Overføring til investeringsrekneskapen er i driftsrekneskapen budsjettert med TNOK 2, medan overføring frå driftsrekneskap er budsjettert med TNOK 200 i investeringsrekneskapen. Revisjonen vil oppmoda administrasjonen om å etablere rutiner som sikrar kvalitet og nøyaktighet i prosessen med utarbeiding av budsjett.

4.3 Kvalitetssikring av rekneskapstal

Det vart under revisjonen avdekka ein feil på MNOK 2,7 som følgje av at ein reduksjon av inntekter knytt til inntektsutjamning for november 2018 var ført både i 2018 og 2019. Feilen vil bli korrigert i 2020, og rekneskapen som vert lagt fram for 2019 inneheldt ikkje vesentlege feil knytt til dette. Vi vil likevel oppmoda heradet om å etablera rutinar som sikrar kvalitet og nøyaktigheit i prosessen med utarbeiding av rekneskapen.

4.4 Avstemmingar

Revisjonen har merka seg at kvaliteten på avstemmingar har vore noko varierende ved årsoppgjeret. Det ser ut til at fleire av avstemmingane er utarbeidd før rekneskapen var endeleg avslutta, då det ved fleire høve ikkje har vore samsvar mellom beløp i rekneskap og avstemmingar (gjeld til dømes: advokathonorar, løn RF-1022 og renter). Revisjonen er takksame for at heradet held tidsfristar, men ber om at det i framtida vert utført ein kvalitetskontroll av dokumentasjonen som vert lagt fram for revisjonen.

4.5 Anleggsregister

Det er avdekka avvik mellom bokført verdi av anleggsmidlar i balansen og i anleggsregisteret. Avviket skuldast at det i anleggsregisteret er ført for mykje avskrivningar med MNOK 1,1. Avviket medfører ikkje feil i rekneskapen, men revisjonen oppmodar heradet om å ajourhalde anleggsregisteret i samband med avlegging av årsrekneskapen slik at det ikkje oppstår avvik.

5 Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-04-06 07:54:52Z



Penneo Dokumentnøkkel: 0T0QP-IMPZJC-JN67C-UH7XY-ISDYX-P302L

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Prosjektoversikt

Status per 31.12.2019



Innhold

1	Prosjekt i Kvam herad	3
2	Drifts- og investeringsprosjekt i 2019	4
2.1	Driftsprosjekt	4
2.1.1	Aktive driftsprosjekt.....	4
2.2	Investeringsprosjekt	7
2.2.1	Nye investeringsprosjekt i 2020, med føringar i 2019.....	7
2.2.2	Aktive investeringsprosjekt	8
2.2.3	Skule- og barnehageprosjekt.....	16
2.3	VA – prosjekt.....	16
2.3.1	Aktive VA-investeringsprosjekt	16
3	Prosjekt som vert avslutta i 2019.....	19
3.1	Avslutta prosjekt i 2018, med føringar i 2019	19
3.2	Avslutta prosjekt i 2019	19
3.3	Finansiering	26

1 Prosjekt i Kvam herad

Oversikt og innhald i totalrammene til prosjekta er trekt ut av rekneskapsrapportar og budsjett/økonomiplan, og vert i staden presentert i denne eigne oversikta. Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg.

Fokuset til prosjektleiarane er fyrst og fremst å halda dei totale prosjektrammene, ikkje kva år fakturaene kjem i. Det er difor ei ekstra utfordring å treffa med rammefordelinga per budsjettår, særleg rundt nyttår. Kvam herad nyttar ein 3. tertialrapport i tillegg til 1. og 2. tertialrapport, for å justera prosjektrammene mellom år.

Kvam herad har mange investeringsprosjekt og få driftsprosjekt. Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, medan driftsprojekta ikkje kan vera lånefinansiert, og må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Tidlegare vedtekne prosjekt er delt opp i 4 grupper; driftsprosjekt, investeringsprosjekt, skule- og barnehageprosjekt og VA-prosjekt. I tillegg kjem framlegg til nye prosjekt og dei prosjekta som skal avsluttast i inneverande år.

Potensielle prosjekt:

Det er ei nokre prosjekt som vert meldt inn i samband med budsjettarbeidet, men som ikkje er komne langt nok i prosessen til at dei er teke med i budsjett/økonomiplan, eller som ikkje er prioritert i økonomiplanen. Dette gjeld m.a.:

- Utskifting PLO-utstyr
- Utviding/ombygging av barneskulen i Øystese
- Utviding av kapasitet innan Helse og omsorg
- Nye digitaliseringsprosjekt

Det er på gang ei rekkje utgreiingar for å kartleggja tilstand på ulike kommunale eigedomar for å få ein totaloversikt på kva som må gjerast i åra framover. Når desse er klare, må ein gå gjennom alle prosjekta igjen, og laga ei nøysam prioritering. I tillegg til utfordringar med finansiering av prosjekta, krev dei og administrasjon. Erfaringar viser at kommunen ikkje klarar å gjennomføra mange av prosjekta innan tiltenkt tid.

Årlege prosjekt:

Kommunen har nokre typar prosjekt som er lagt inn med prosjektrammer kvart år:

- Oppgradering av bygg – Kommunen har ei stor bygningsmasse. Vedlikehaldet er omfattande og etterslepet så stort at ein del bygg treng oppgradering. Det er difor lagt opp til ei årleg investeringsramme.
- Asfaltering – På same måte som for bygg, har kommunen mange meter veg med stort vedlikehaldsetterslep. Det er lagt opp til reasfaltering-prosjekt i planperioden.
- IT-investeringar – IT er eit av dei viktigaste administrative verktøya, og treng kontinuerleg utskifting og vidare satsing for å oppnå gode resultat og utvikling.
- Fornyng teknisk utstyr – Innimellom oppstår det uventa behov for nytt teknisk utstyr, men rådmannen ynskjer ein plan for årleg utskifting av teknisk utstyr. På grunn av nokre år med investeringsstopp er det eit etterslep på området.

2 Drifts- og investeringsprosjekt i 2019

2.1 Driftsprosjekt

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P19091	1* E- taksering (2019-2021)	0,00	125 000,00	125 000,00	125 000,00	5 000 000,00	5 000 000,00
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0,00	3 625 000,00	3 625 000,00	3 625 000,00	3 625 000,00	3 625 000,00
P19190	1* Lean fase 3 (2019-2021)	350 541,09	400 000,00	49 458,91	400 000,00	2 011 958,91	2 362 500,00
P37200	1* Produksjonskjøken	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00
P61208	1* Saneringsplan for Ålvik	0,00	0,00	0,00	0,00	100 000,00	100 000,00
P61209	0*/1* Rekkverk kommunale vegar	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00
P70133	1* Reg.plan NAF-Eikedalen	268 062,00	212 000,00	-56 062,00	0,00	231 938,00	500 000,00
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	4 121 433,69	3 177 500,00	-943 933,69	2 695 000,00	3 891 066,31	8 012 500,00
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	0,00	62 500,00	62 500,00	62 500,00	988 500,00	988 500,00
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen	0,00	0,00	0,00	0,00	375 000,00	375 000,00
P71185	1* Reguleringsplan Skarpen	0,00	937 500,00	937 500,00	937 500,00	937 500,00	937 500,00
P71200	1* Klima og energiplan	0,00	0,00	0,00	0,00	250 000,00	250 000,00
P71201	1* Regulering gang og sykkelveg Ålvik - Vikedal	0,00	0,00	0,00	0,00	375 000,00	375 000,00
P71202	1* Prosjekt Kvamsøy	0,00	0,00	0,00	0,00	375 000,00	375 000,00
P80191	1*Områdeplan Øystese sentrum	165 208,93	50 000,00	-115 208,93	50 000,00	834 791,07	1 000 000,00
SUM		4 905 245,71	8 589 500,00	3 684 254,29	7 895 000,00	23 995 754,29	28 901 000,00

2.1.1 Aktive driftsprosjekt

Aktive driftsprosjekt er tidlegare vedtekne av Kvam heradstyre. Nokre av prosjekta er forskyvd i tid og/eller har fått endra prosjektrammer i etterkant av det opprinnlege vedtaket.

P19091 E-taksering 2019-2021

Ingen kostnader ført i 2019, størstedelen av arbeidet vert utført i 2020 og tidleg 2021.

Jf. Eigedomsskattelova 8 A-3 (2) skal det vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Kvam herad innførte eigedomsskatt for alle eigedomar i 2010. Nye takstar skal vere klare til 01.03.2021. Finansiert med disposisjonsfond.

P19171 Hardangertunnelen – frå ide til røyndom

Prosjektet er både eit drift- og eit investeringsprosjekt. Prosjektet vart oppretta som del av budsjettvedtaket for 2017, under tilleggspunkt 1:

Kvam heradsstyre gjev rådmannen i oppgåve å etablera prosjektet «Hardangertunnelen – frå ide til røyndom»

Målet til prosjektet er i fyrste omgang å løfta fram Hardangertunnelen som prosjekt, og få på plass godkjent reguleringsplan med nødvendig kvalitetssikring.

Rådmannen får fullmakt til å nytta seg av nødvendig ekstern fagkompetanse.

Rådmannen får i oppgåve å gjera fylgjande:

- *Samla all relevant informasjon om prosjektet i ein presentasjon som kan nyttast i arbeidet fram mot realisering av tunnelen.*
- *Få prosjektet inn i overordna planar.*
- *Iverksetja regulering og få igangsett og gjennomført kvalitetssikring.*
- *Organisera dette arbeidet opp mot Samnanger, vegeigar og Statens Vegvesen .*
- *Søkja delfinansiering frå vegeigar til planarbeidet.*
- *Finansieringsramme : Inntil 2,5 mill frå næringsfondet i økonomiplanperioden.*

Oppretta interesseselskap/ pådrivarverksemd eller jobba vidare i kommunal regi. Om rådmannen kjem fram til at eit selskap er rette grepet må fylgjande på plass :

- *Invitera Hardangerkommunane, Samnanger, Bergen , samt næringslivet i desse*

- *områda til å delta aktivt, også økonomisk, for å realisera og driva fram prosjektet.*

Tidsramme for etablering : 2017/2018. Kvam herad løyver inntil kr. 500.000 kroner frå fondet «Investeringsfond Kvam Kraftverk» (fondskonto 25300002) til arbeidet eller start av dette selskapet.

Prosjektet er mellombels sett på vent for utgreiingar i regi av Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen sitt arbeid med planprogram for Fv 7 Tokagjelet.

P19190 Lean fase 3 (2019-2021) HST -077/18

Leankoordinator vert tilsett i ei prosjektstilling med varigheit i maksimum 3 år rekna frå oppstart i stillinga. Prosjektet skal evaluerast og presenterast for HST etter 2 år. Finansiert av disposisjonsfond.

Gjennomføring av lean-prosessar i ulike delar av organisasjonen held fram i 2019. To tilsette er frikjøpt i 20% stillingar for å koordinera og støtta opp om lean-prosessane. Forsøk på å rekruttera lean-prosjektlear i 100% stilling med kompetanse innan lean-metodikk og erfaring frå lean-prosessar i større organisasjonar, lukkast ikkje. Rekrutteringsprosessen vart sett på vent og sett i samanheng med eit stadig aukande behov for å tilføra kompetanse innan internkontroll, risiko og sårbarheitsanalyse og kvalitetsarbeid generelt. Behovet for ein kvalitetskoordinator som innehar kompetanse innan leanmetodikk vert følgd opp i 2020.

P37200 Produksjonskjøken, forprosjekt

HST- 082/19 Vedtak: Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å starta opp prosjekt med mål om å etablere eit produksjonskjøken i kommunal regi, innan 1. mars 2022, etter ynskje i tråd med tidlegare HST-vedtak 069/17 og HST-014/19. Oppstartsprosjektet får ei ramma på 2 mnok eks. mva., finansiert med disposisjonsfond 25600200. Forventa oppstart i 2020.

P61208 Saneringsplan for Ålvik

Driftsprosjekt for å prosjektera og planlegga VA i Ålvik. Finansiert med bruk av sjølvkostfond. Forventa oppstart i 2020.

P61209 Rekkverk kommunale vegar

Prosjektet er både eit drift- og eit investeringsprosjekt med årlege rammer på 0,5 mnok eks. mva. Finansiert med bruk av disposisjonsfond. Forventa oppstart i 2020.

P70133 Reg.plan NAF-Eikedalen

Gjeld arbeid med ny reguleringsplan på strekkja mellom NAF og Eikedalen. Kvam herad har engasjert Multiconsult for å gjera arbeidet. Oppfølging av kommunedelplan for Kvamskogen. Restsum er overført frå 2019 til 2021.

P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik

Tettstadutvikling i Ålvik. I 2019 er gnr 77 bnr 2 kjøpt, røyr som skal nyttast er handsama, og skisser av torget utarbeidd. Prosjektet er delt opp i ein driftsdel og ein investeringsdel. Restsum frå 2019 er overført til 2020.

P71181 Revisjon kommunedelplan Kvamskogen

Tema for planen er infrastruktur. Finansiert med kraftfond. Overført restmidlar på prosjektet og 0,3 mnok frå P70132 Reg.plan Tokagjelet-Ungdomsheimen til 2020.

P71182 Utvikling av Kvamskogen

Utvikling av Kvamskogen som næringsområde, del av tiltak i næringsplan. Finansiert med kraftfond. Prosjektrammer er overført frå 2019 til 2020.

HST- 094/19 Vedtak :Kvamskogen er eit viktig område for heradet. Heradet støttar blant anna ein moglegheitsstudie for området. Parallelt med dette er det kome ynskje frå velforeninga om å gå vidare med arbeidet som gjeld tilrettelegging av turstiar og løyper (uversløype). Heradet ynskjer å bidra med administrativ hjelp og midlar til planlegging av prosjekta som kan lata seg gjennomføra innanfor allereie godkjente planar. Arbeidet må gå i samhandling mellom Velforeining , næringslag og grunneigarar. Det vert sett av 150.000 kr til arbeidet. Finansiering: P 71182 (utvikling av Kvamskogen)

P71185 Reguleringsplan Skarpen

Oppstart og finansiering av reguleringsplan – for Skarpen gnr 51 bnr 1 , HST-051/19. Finansiert med kraftfond i 2019. Prosjektet har ikkje rammer i 2020, men det skal startast opp med regulering av området i årsskiftet 19/20.

P71200 Klima og energiplan

Driftsprosjekt på 0,2 mnok eks. mva. til arbeid med klima og energiplan i 2020 som skal gje ein plan for klima og energiltak på inntil 2 millionar kroner, vedtatt i retningslinjer for bruk av Havbruksfond HST- 079/18.

P71201 Regulering gang og sykkelveg Ålvik - Vikedal

HST- 094/19 Vedtak: Det skal setjast i gang regulering av gang og sykkelveg mellom Ålvik og Vikedal i 2020. Prosjektet skal finansierast med kr 300.000 kr frå kraftfondet.

P71202 Prosjekt Kvamsøy

HST- 094/19 Vedtak: Kvam herad eig ein stor del av denne øya. For å få ei tenleg utvikling, leggja til rette for ei god forvaltning, og bruk for framtida, er ein plan naudsynt. Eit arbeid med ein plan som tek opp i seg tema: Friluftsliv, kultur og kulturminne, ålmenta sin tilgang, samt ivaretek dei andre eigarane av øya, må startast opp. Det vert oppretta eit prosjekt med kostnadsramme i 2020 : 300.000 kr. Finansierast med midlar frå kraftfondet.

P80191 Områdeplan Øystese sentrum HST - 077/18

Kvam heradsstyre ba rådmann framskunda oppstart for områdeplan for Øystese sentrum til 2019. Planen skal ha spesielt fokus på trafikktryggleik for mjuke trafikantar i området frå Øystese skule, Busdalen, Kvam ungdomsskule, idrettshallen og Holmatun. Det vart budsjettert med ein auke på 0,5 mnok til arbeidet med planen basert på erfaring frå tilsvarande planarbeid. Finansiert med 0,5 mnok frå kraftfond.

2.2 Investeringsprosjekt

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P13201	0* IT-investeringar 2020	0,00	0,00	0,00	0,00	1 800 000,00	1 800 000,00
P13211	0* IT-investeringar 2021	0,00	0,00	0,00	0,00	1 800 000,00	1 800 000,00
P13221	0* IT-investeringar 2022	0,00	0,00	0,00	0,00	1 800 000,00	1 800 000,00
P13231	0* IT-investeringar 2023	0,00	0,00	0,00	0,00	1 800 000,00	1 800 000,00
P16152	0* Velferdteknologi	2 194 629,82	2 600 000,00	405 370,18	950 000,00	5 405 370,18	7 600 000,00
P19141	0* Hardangerbadet	94 186 392,09	100 266 000,00	6 079 607,91	80 900 000,00	9 213 607,91	103 400 000,00
P20200	0* Kommunikasjonsløyising skule - foreldre	0,00	0,00	0,00	0,00	312 500,00	312 500,00
P37162	0* Dagsenter Strandebarm	179 375,00	250 000,00	70 625,00	0,00	820 625,00	1 000 000,00
P37163	0* Dagsenter Øystese	511 506,68	944 435,62	432 928,94	131 935,62	370 429,32	881 936,00
P60096	0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	65 378,13	0,00	-65 378,13	0,00	3 059 621,87	3 125 000,00
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	757 805,74	820 000,00	62 194,26	587 500,00	162 194,26	920 000,00
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	1 114 863,31	2 000 000,00	885 136,69	930 000,00	11 510 136,69	12 625 000,00
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund	820 786,38	798 000,00	-22 786,38	798 000,00	304 713,62	1 125 500,00
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom	590 000,00	705 000,00	115 000,00	125 000,00	302 500,00	892 500,00
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	14 428 180,02	42 750 000,00	28 321 819,98	42 750 000,00	30 571 819,98	45 000 000,00
P60201	0* Asfaltering 2020	0,00	0,00	0,00	0,00	1 875 000,00	1 875 000,00
P60202	0* Fornyng teknisk utstyr 2020	0,00	0,00	0,00	0,00	625 000,00	625 000,00
P60210	0* Asfaltering 2021	0,00	0,00	0,00	0,00	1 875 000,00	1 875 000,00
P60211	0* Fornyng teknisk utstyr 2021	0,00	0,00	0,00	0,00	625 000,00	625 000,00
P60220	0* Asfaltering 2022	0,00	0,00	0,00	0,00	1 875 000,00	1 875 000,00
P60221	0* Fornyng teknisk utstyr 2022	0,00	0,00	0,00	0,00	625 000,00	625 000,00
P60223	0* Komp.midlar veg, Odland-Lidarende	0,00	0,00	0,00	0,00	6 250 000,00	6 250 000,00
P60230	0* Asfaltering 2023	0,00	0,00	0,00	0,00	1 875 000,00	1 875 000,00
P60231	0* Fornyng teknisk utstyr 2023	0,00	0,00	0,00	0,00	625 000,00	625 000,00
P60233	0* Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg	0,00	0,00	0,00	0,00	4 000 000,00	4 000 000,00
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	851 951,08	597 815,00	-254 136,08	250 000,00	10 895 548,92	11 747 500,00
P61151	0* Kryss Tolo - Buspareklubben	116 381,25	273 875,00	157 493,75	125 000,00	7 383 618,75	7 500 000,00
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	5 788 706,35	4 875 000,00	-913 706,35	1 875 000,00	336 293,65	6 125 000,00
P61173	0* Rekkverk kommunale bru	1 559 183,09	1 687 500,00	128 316,91	312 500,00	440 816,91	2 000 000,00
P61193	0* Utbygging av Strandebarm Omsorg	988 421,07	1 350 000,00	361 578,93	1 350 000,00	126 011 578,93	127 000 000,00
P61194	0* Rassikringstiltak	2 368 399,62	2 250 000,00	-118 399,62	2 250 000,00	5 131 600,38	7 500 000,00
P61199	0* Oppgradering av kommunale kaiar	118 750,00	625 000,00	506 250,00	625 000,00	9 256 250,00	9 375 000,00
P61206	0* Kjøp av liten og stor hjullastar	1 381 250,00	0,00	-1 381 250,00	0,00	1 118 750,00	2 500 000,00
P61209	0*/1* Rekkverk kommunale vegar	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00
P61210	0* Varmepumpe Øystesehallen	0,00	0,00	0,00	0,00	937 500,00	937 500,00
P61211	0* Varmepumpe Strandebarm skule	0,00	0,00	0,00	0,00	625 000,00	625 000,00
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	3 832 187,33	6 750 000,00	2 917 812,67	1 875 000,00	2 355 312,67	6 187 500,00
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	341 122,22	675 000,00	333 877,78	375 000,00	1 283 877,78	1 625 000,00
P62182	0* Modulbustader til ROP	0,00	0,00	0,00	0,00	1 875 000,00	1 875 000,00
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	8 674 768,29	8 606 000,00	-68 768,29	5 481 000,00	31 231,71	8 706 000,00
P62201	0* Oppgradering bygg 2020	0,00	0,00	0,00	0,00	1 250 000,00	1 250 000,00
P62202	0* Oppgradering av varmeanlegg ved Mikkjelsflaten	0,00	0,00	0,00	0,00	750 000,00	750 000,00
P62210	0* Oppgradering bygg 2021	0,00	0,00	0,00	0,00	1 250 000,00	1 250 000,00
P62220	0* Oppgradering bygg 2022	0,00	0,00	0,00	0,00	1 250 000,00	1 250 000,00
P62230	0* Oppgradering bygg 2023	0,00	0,00	0,00	0,00	1 250 000,00	1 250 000,00
P65170	0* Forprosjekt KVBR	162 795,00	315 460,00	152 665,00	127 960,00	5 212 205,00	5 375 000,00
P65180	0* Brannstasjon KVBR	2 123,00	0,00	-2 123,00	0,00	23 122 877,00	23 125 000,00
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	4 121 433,69	3 177 500,00	-943 933,69	2 695 000,00	3 891 066,31	8 012 500,00
P71184	0* Kvam vgs-samlokalisasjon tenester	17 561,46	40 000,00	22 438,54	20 000,00	82 438,54	100 000,00
P71203	0* Dagsturhytte	0,00	0,00	0,00	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00
P80200	0* Digitalisering eigedomsarkiv	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00
SUM		145 173 950,62	182 356 585,62	37 182 635,00	144 533 895,62	301 224 485,38	446 398 436,00

2.2.1 Nye investeringsprosjekt i 2020, med føringar i 2019

P61200 Pumpestasjon Evjo i Øystese

Gjeld ny pumpestasjon i Øystese, sjåast i samanheng med Laupsa-leidning. Prosjektramme 3,5 mnok i 2020, prosjektføringar på 1,2 mnok i 2019. Finansierte med bruk av bundne investeringsfond : 25563003 Pumpestasjon og bruk av sjølvfinansierende lån.

P61201 VA-sanering Norheim del III

Iht . Kommuneplan for VA. Prosjektramme 15 mnok, finansierte med sjølvfinansierende lån. Brukt eit mindre beløp til prosjektering i 2019.

P61203 Høgdebasseng Torpe

Prosjektering 0,2 mnok eks. mva. i 2020. Prosjektrammer vert revidert i løpet av 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Brukt eit mindre beløp til prosjektering i 2019.

P61206 Kjøp av liten og stor hjullastar

Prosjektramme på 2 mnok eks. mva. i 2020. Kjøpt ein ny hjullastar i desember 2019. Finansiert med sal av eksisterande anleggsmiddel og bruk av lån.

2.2.2 Aktive investeringsprosjekt**P13201 IT investeringar 2020-2023**

Det er sett av ein årleg sum på 1,8 mnok til investeringar i IT-infrastruktur som lagerkapasitet, programvare, trådløst nettverk og liknande. Finansiert med bruk av lån.

P16152 Velferdsteknologi

Velferdsteknologiprojekt over fleire år. Ramme for 2019 er 2 mnok, finansiert med bruk av lån. Ubrukte midlar på P16154 PC PLO vart overført til Velferdsteknologiprojektet i 2. tertial 2019. Restsum overført frå 2019 til 2020.

P19141 Hardangerbadet

Prosjektet har gått over mange år, fyrst som forprosjekt med konsulentkjøp og overføring til Hardangerbadet. Prosjektet vart i 2015 utvida til oppretting av eit kommunalt føretak, i tråd med tidlegare vedtak. Siste HST-vedtak vart gjort 12.12.2017 (HST-080/17). Endelege totalrammer og finansiering vart fyrst klart i mars 2018. Det vart òg oppretta eit kommunalt føretak, Kvam Kvammabadet KF. Kommunale føretak inngår i konsernrekneskapen til kommunen. I investeringsperioden er prosjektet ført som eit av Kvam herad sine investeringsprosjekt.

Kommunen sin andel på 24,5 mill.kr av totaltprosjektet på 100,9 mill.kr er i hovudsak lånefinansiert (22,7), men det er òg tidlegare nytta 2,5 mnok frå mastefond, 25600013 i eit forprosjekt.

Hardangerbadet Eigedom AS har kjøpt del av gnr/bnr 44/784 for 1,7 mnok som inngår i Kvam herad som del av den kommunale finansieringa på 24,5 mill.kr.

Det er og sett av og foreløbig brukt 17 mnok av Uttak EK frå KK, 25300002 til mellombels finansiering før utbetalinga av spelemidlar. Dette vert tilbakeført til fondet når spelemidlar på totalt 30,7 mill.kr er mottekne.

Sparebankstiftinga Hardanger utbetalte gåver på 2 mnok i 2018. Sparebanken Vest tildelte ei gåve på 1,7 mnok til terapibad- hev/senkgolv, samt tryggleiks – og overvakingssystem, som erstattar tilsvarande del av den private garantien på 5 mill.kr.

Då det er knytt risiko til drifta av eit kommunal føretak, er det sett av 10 mnok av mastekompensasjon på eit eige fond «Buffer Kvammabadet» (25600300). I tillegg er det stilt sjølvskuldnarkausjonar frå private på tilsvarande sum. I 2019 vart det mellomfinansiert frå denne bufferen i påvente av spelemidlar og kompensasjonsmidlar. Dette vert tilbakeført til fondet når midlane vert mottekne.

I 2019 har Kvam herad mottatt g ve fr  Trond Mohn p  10 mnok (inkl Jondal sin andel), 3 mnok fr  Extrastiftelsen/NRF, 3,3 mnok i garantiar fr  Hardangerbadet Eigedom AS og 0,12 mnok i tilskot fr  Enova til varmpumpe i bygget.

Midlar	KB KF	HBE AS	Hotell	Totalt
Spelemidlar	23,7			23,7
Spelemidlar - fr� Jondal- utl�yst av g�ve fr� Trond Mohn	7,0			7,0
Kvam herad	24,5			24,5
L�n		70,0		70,0
Ansvarleg l�n		10,0		10,0
Mva. ref.		12,0		12,0
Betalt mva.		-26,0		-26,0
Sum	55,2	66,0		121,2
Privat engasjement				
G�ve, Trond Mohn	10,0	5,0		15,0
Aksjekapital		32,9		32,9
Extrastiftelsen/NRF	3,0			3,0
Innsamla midlar	13,0	37,9		50,9
Samla inn i samarbeid med Kvam herad				
Kompensasjonsmidlar	5,2			5,2
Sparebankstiftinga	2,0			2,0
HFK Regionale utvikling	1,5			1,5
Sum	8,7			8,7
Totalt innsamla midlar	21,7	37,9		59,6
Hardangerfjord Hotell			60,0	60,0
Total finansiert	76,9	103,9	60,0	240,8
<i>Mellombels garanti – nye s�knader om tilskot</i>	5,0			5,0
Prosjektkostnad (eks. mva)	81,9	103,9	60,0	245,8
Mva.	20,0	26,0	15,0	61,0
Uttrekk mva. til Jondal kommune	-1,0			-1,0
Prosjektkostnad (inkl. mva.)	100,9	129,9	75,0	305,8

Privat engasjement:

Midlar (mill. kr.)	KB KF	HBE AS	Hotell	Totalt
Ansvarleg l�n		10,0		10,0
Innsamla midlar	13,0	37,9		50,9
Kausjon 1. prioritetsl�n		15,0		15,0
Driftsgaranti	10,0			10,0
Sum	23,0	62,9	0,0	85,9

P20200 Kommunikasjonsl ysing skule-foreldre

Gjeld k p av digitalt kommunikasjonssystem mellom skule/SFO og heimane/f resette. Prosjektramme 0,25 mnok eks. mva. Finansiert med bruk av l n. Opstart 2020.

P37162 Dagsenter Strandebarm

Kommunen har i nokre år motteke øymerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente. Midlane er samla opp på bundne driftsfond (øymerka fond). Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. Midlane skal bl.a. brukast til troskykkje og opparbeiding av uteområde (sansehagar). Restsum er overført frå 2019 til 2020. I overgangen frå øymerka tilskot til ramme, har det oppstått eit spørsmål om midlane må tilbakebetalast i 2020. Prosjektet er difor sett på vent, og tilskot tilbakeført og avsett på kortsiktig gjeld i påvente av avklaring.

P37163 Dagsenter Øystese

Kommunen har i nokre år motteke øymerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente. Midlane er samla opp på bundne driftsfond (øymerka fond). Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. Midlane skal bl.a. brukast til troskykkje, kjøp av ergometersyklar og opparbeiding av uteområde (sansehagar). Restsummene er overført frå 2019 til 2020. I overgangen frå øymerka tilskot til ramme, har det oppstått eit spørsmål om midlane må tilbakebetalast i 2020. Prosjektet er difor sett på vent, og tilskot tilbakeført og avsett på kortsiktig gjeld i påvente av avklaring.

P60096 Komp.midlar veg – Skjering, Bakka

Gjaldt arbeid med veg, finansiert av kompensasjonsmidlar, 2,5 mnok, konto 25140005. Prosjektet låg inne for gjennomføring i 2021, men i HST- 065/19 vart bruk av kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift omprioritert til prosjektet Odland- Lidarende. Frå tilsagnsbrevet frå Hordaland Fylkeskommune 12.12.2019 vert det løyvd inntil kr 1 060 000 av komp.midlane til Bakka/Breievne. Prosjektet må leggast inn igjen ved 1. tertial 2020. Det er nytta 0,05 mnok til prosjektering i 2019.

P60175 Digitalisering og samordning av adm.fag

Det er ei rekkje tiltak frå digitaliseringsstrategien som gjeld byggesak og samordning/integrering med andre system. Det er difor foreslått eit prosjekt for å arbeida med følgjande tiltak:

4.1.02 Digital dialog (SvarUt,SMS,digital skjema,Byggsøk,)

4.1.10,og 11 og 12 Fagsystem-analyse (fokus på presentasjon i fellesportal, brot i arb.prosessar, off.fellesløysingar, websak, integrering mellom systema)

4.4.02 Vurdera innkjøp av nye modular av arkivsystemet eller andre tilpassingar for å få betre integrering mot andre system.

4.4.09 Digitalisere arkivet (eigedom, byggjesak)

5.3.01 og 02 Samordne og rasjonalisere programvare og maskinvare

5.3.03 Plan for 3D sakshandsaming

5.3.04 Gjere ei vurdering av om byggjesakshandsaming kan effektiviserast ved nytte av digitale verktøy og rutinar.

5.3.05 Lage plan for kompetanse innan teknisk eining.

I 2018 og 2019 vart det kjøpt lisens til Gemini VA, ei portalløysing som gjer at VA kan ta med seg heile databasen ut og gjera endringar i felt, samt sms-varslingsmodul av befolkninga. Arkivanalyse av

papirarkiv, førebuande rapport for digitalisering av egedomsarkivet. Synkronisering av grunnkart og planar for at nye bygg og planar kontinuerleg vert oppdatert i vår og statens kartverk si kartløyising.

Ubrukte budsjетtrammer er overført frå 2019 til 2020.

P60180 Utfylling i sjø - Øystese sentrum

Budsjettvedtak HST 12.12.2017:

Utfylling i sjø i Øystese sentrum, jfr. Vedtak i NPB 30.oktober 2017. Tiltaket er i samsvar med sentrumsutviklinga for Øystese, og no er det tilgang på rimelige masser i nærområdet. Kvam heradsstyre løyver 1.000.000 som vert finansiert frå næringsfondet til reguleringsendring, grunnundersøking, konkurransegrunnlag mv. Vidare vert det oppretta eit nytt prosjekt med 8.500.000 til utfyllinga og skal leggjast inn som investering med 4 mill. i 2020 og 4,5 mill. i 2021. Prosjektet skal finansierast med inntekter frå eigedomssal. Beløpet vert mellomfinansiert gjennom lån frå Bustadfeltfondet inntil nødvendige salsinntekter er oppnådd.

Kommunen har søkt om og får tildelt mellom 0,3-0,6 mnok i spelemidlar. Om lag 0,2 mnok er brukt til å få til ei betre ferdigstilling mot sandstranda. Det vart lagt inn ein auke på 0,6 mnok i 2.tertial 2019 for å dekkja ferdigstillinga, og til å heva kvaliteten på resten med bl.a. møblering. Resten av prosjektet vert berre gjennomført dersom kommunen får spelemidlar til dette.

P60184 Offentleg toalett Norheimsund

Etablering av offentleg toalett i Norheimsund sentrum. Finansiert med bruk av lån, budsjетtrammer på 0,6 mnok ligg i 2019.

I 1. tertial ba rådmannen om auke i budsjетtrammene til å auka ramma med 0,14 mnok eksl. Mva, for å få utvida med 3 nye toalettbåsar. Sjølve båsar vart finansiert av næringslaget i Norheimsund. Auken vart finansiert med næringsfond.

Det er klargjort for 2 ekstra toalett, men uventa utgifter medførte eit overforbruk på 15 000 kr eks. mva.

HST- 094/19 Vedtak: Heradet sine overslag over byggtkniske kostnader var altså for knappe. Grendelaget kan bruka 100.000 av eigne midlar til byggtknisk ferdigstilling av dei tre siste , men treng at det vert løyvd 262' (ekskl mva) frå heradet for at alt skal bli klart. Finansiert med bruk av lån i 2020. Grendelaget har skaffa til veie toalettmodulane.

P60188 Tilfluktsrom/arkivrom

Skilja tilfluktsrom og arkivrom på rådhuset for å oppfylla lovkrav til begge typar rom. Auka med 0,05 mnok eks. mva. i 2020, øvrige prosjektrammer overført frå 2019 til 2020. Finansiert med bruk av lån.

P60194 Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II

BIR ynskjer å etablere seg i Sandvenhagen med ny gjenvinningsstasjon og kjøpet deira gjer at det let seg gjera å opparbeida heile området. Tabellen i starten av avsnittet er misvisande med omsyn på totalramma, då avsetjing til fond på 20 mnok er medrekna, medan inntekter for sal av tomter på 20 mnok ikkje er med. Prosjektet vert finansiert med mva.kompensasjon/refusjon og lån og ev. salsinntekter skal setjast av på ubunde kapitalfond, konto 25300001. Utarbeiding av konkurransegrunnlag vart gjort hausten 2018 og konkurranse med forhandling gjennomført i

mars/april 2019. Romarheim AS vart tildelt oppdraget og arbeidet er i gang. 1 mnok av prosjektramma er tidsforskyvd frå 2019 til 2020. Forbruk i 2019 vart lågare enn budsjettert tidsforskyving , størstedelen av prosjektkostnadane kjem i 2020.

P60201 Asfaltering 2020-2023

Det er sett av ein årleg sum på 1,9 mnok til asfaltering. Årleg investering for å oppgradera og etter kvart vedlikehalda dei kommunale vegane.

P60202 Fornyng teknisk utstyr 2020-2023

Årleg investering på 0,5 mnok eks. mva. for utskifting av teknisk utstyr. Finansiert med bruk av lån.

P60223 Komp.midlar veg, Odland-Lidarende

HST- 065/19: Kvam herad prioriterer bruk av kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift til prosjektet Odland- Lidarende, på inntil 5 mill. Rådmannen får i oppdrag å gå i dialog med fylkeskommunen for finansiering av dette og eventuelt andre prosjekt som kan finansierast av restmidlane. (Til dømes Bakka - Breievne og Øystese- Laupsa).

Midlane er omdisponert frå P60096 Komp.midlar veg – Skjering, Bakka.

P60233 Skifte av SD anlegg i kommunale bygg

Målet er å oppgradera alle SD anlegg i kommunale bygg for enklare overvaking og drift - effekt/gevinst gjennom betre styring og finjustering av systema. Prosjektramma er 0,8 mnok eks. mva. pr. år i 4 år. Oppstart 2020. Finansiert med bruk av lån. Forventa innsparing er innlemma i driftsbudsjett.

P61143 Veg Sandvenhagen/Sæland

Utbetring av veg Sandvenhagen/Sæland. Finansiert med 0,6 mnok i mva.kompensasjon og 2,4 mnok frå Bustadfeltfondet. Prosjektrammer utover prosjektering vert tidsforskyvd frå 2019 til 2020, bl.a. pga. dialog med grunneigarar om løysingar.

P61151 Kryss Tolo – Toloheimen

Planarbeid og fysisk opparbeiding av nytt vegkryss på Tolo, opp til Toloheimen. På grunn av at hovuddel av prosjektet kjem i 2020, er prosjektmidlane overført frå 2019 til 2020. Finansiert med lån.

P61166 Utskifting til LED i veglys

Investeringsprosjekt for utskifting av LED i vegljøs. Overført restrammer frå 2019 til 2020. Finansiert med lån.

P61173 Rekkverk kommunale bruer

I samband med kartlegging av kommunale vegar, er det avdekka at ei rekkje bruer manglar rekkverk som er godkjent for motorkøyretøy. Prosjektet P61181 er ferdig, og restmidlane, 0,3 mnok eks. mva., er overført til P61173 i 2019. Restsum i 2019 er overført til 2020. Prosjektet er finansiert med lån.

P61193 Utbygging av Strandebarm Omsorg

Det er satt av 37,9 mnok frå Investeringsfond Kvam kraftverk som mellombels finansiering før utbetalinga av Husbanktilskot.

Kostnadsramma for prosjektet er 127 mnok. Finansiering vert løyst med investeringstilskot frå Husbanken, sal av eigedomar, mva. kompensasjon og låneopptak innanfor godkjende kommunale budsjettammer. Flytta midlar til 2020/2021. Nytt 1 mnok i 2019 til prosjektering, graving for arkeologisk kartlegging, hjortegjerde mm.

P61194 Rassikringstiltak

Ei vidareføring av tidlegare prosjekt P61155 Rassikring – murar og fjell. Det er lagt inn 1,8 mnok årleg i økonomiplanen. Finansiert med lån. I 2019 vart det overført 0,3 mnok i ubrukne midlar frå P61171 Rassikring Kjosåsvegen til dette prosjektet. I 2019 vart prosjektmidlane nytta til støttemurar, rassikring og asfaltering i Netelandsgjelet, muring og sikring av elv ved kyrkja i Vikøy, fjellsikring vetletveitvegen i Ålvik samt rassikring etter flaum i Salbuvika i Strandebarm.

P61199 Oppgradering av kommunale kaiar

Fleire kommunale kaiar er delvis øydelagde og kan ikkje nyttast for tunge laster. Det er behov for ei kartlegging og utbetring av desse. Finansiert med bruk av lån. Prosjektet vart foreslått avslutta i 2019, men vert lagt inn igjen i tråd med vedtaket under:

HST- 094/19 Vedtak: Oppgradering av kommunale kaiar vedteke i budsjett 2019 vert vidareført. Med bakgrunn i tilstandsrapport frå COWI AS, dokumentID 19/19154, vert det løyvt inntil kr.7 mill. NOK eks. mva. til investering i nødvendige forprosjekt og gjennomføring av gjenoppbygging av kommunal kai i sentrum i Norheimsund. Løyvinga skal, i tråd med vedtaket frå desember 2018, finansierast med lån. Prosjektet skal gjennomførast i 2020.

P61209 Rekkverk kommunale vegar

Prosjektet er både eit drift- og eit investeringsprosjekt med årlege rammer på 0,5 mnok eks. mva. Finansiert med bruk av disposisjonsfond. Oppstart 2020.

P61210 Varmepumpe Øystesehallen

Prosjektramme 0,75 mnok eks. mva. i 2020. Finansiert med bruk av lån. Effektgevinst er berekna og lagt inn som ei innsparing i driftsbudsjettet.

P61211 Varmepumpe Strandebarm skule

Prosjektramme 0,5 mnok eks. mva. i 2020. Finansiert med bruk av lån. Effektgevinst er berekna og lagt inn som ei innsparing i driftsbudsjettet.

P62171 Utsifting av glas og fasade rådhus

Gjeld skifte av glas og fasade på baksida av Rådhuset. Prosjektramme for 2020 er på 1,9 eks. mva. Det er ein auke på 1 mnok eks. mva. på total prosjektramme. Nytt 0,8 mnok i 2019. Finansiert med bruk av lån.

P62172 Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg

Brannvarslingsanlegga i alle kommunale bygg må oppgraderast. Skifta brannalarmanlegg i Øystesehallen og Gropaflaten i 2018. I 2019 vart det skifta brannvarslingsanlegg i Norheimsund omsorgsbustadar, Kalhagen og i Ingebrigt Vik museet. Prosjektet er fordelt over tre år fram til 2020; 0,6 mnok i 2018 og 2019, og 0,2 mnok i 2020. Restsum i 2019 overført til 2020. Finansiert med lån.

P62182 Modulbustader til ROP

Kommunen treng fleire bustader til ROP og det er planlagd éin ny modulbustad. Prosjektrammer er tidsforskyvd frå 2019 til 2020. Finansiert med bruk av lån.

P62183 Ombygging av Tolomarka barnehage

Tolomarka barnehage er ombygd for å tena nye formål for kommunen. Finansiert med bruk av lån og tilskot frå Husbanken. Det vert lagt inn 0,1 mnok til prosjektering av trinn II i 2020, finansiert med bruk av lån.

P62201 Oppgradering bygg 2020-2023

Årleg investering på 1,3 mnok for å oppgradera kommunale bygg, som har eit stort investering- og vedlikehaldsetterslep. Vedlikehald må finansierast av driftsmidlar. I planperioden er det førebels lånefinansiert.

P62202 Oppgradering av varmeanlegg ved Mikjelsflaten

Prosjektramme 0,6 mnok eks. mva. i 2020. Finansiert med bruk av lån. Effektgevinst er berekna og lagt inn som ei innsparing i driftsbudsjettet.

P65170 Forprosjekt KVBR

I tråd med tidlegare vedtak, vert det foreslått eit forprosjekt for å sjå på Kvam brann- og redningstenesta si heilskaplege organisering og lokalisering, med mål om å:

- Få ein gjennomgang på heile brann- og redningstenesta i Kvam når det gjeld tal på stasjonar, bilar og personell, i samsvar med Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen. (Dimensjoneringsforskrifta)
- Reduksjon i utgiftsnivå
- Arbeidet skal vera heimla i Kvam sin overordna ROS-analyse.

Overført rammer frå 2019 til 2020. I 2019 vart det kjøpt inn garderobeskap for mannskap. Finansiert med lån.

P65180 Brannstasjon KVBR

Prosjekt for grunnverv, regulering og prosjektering av ny brannstasjon i KVBR. Prosjektrammer er overført frå 2019 til 2020.

P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik

Tettstad utvikling i Ålvik. I 2019 er gnr 77 bnr 2 kjøpt, prosjektet er delt opp i ein driftsdel og ein investeringsdel. Restsum frå 2019 er overført til 2020.

P71184 Kvam vidaregåande skule- samlokasjon tenester

HST vedtak 018/18; målsetjing med arbeidet:

- Å utvikla ein framtidretta og attraktiv vidaregåande skule for elevane.
- Få fram kva kommunale funksjonar og tenester som kan samlokalisert med den nye skulen innanfor ei realistisk økonomisk ramme.
- Få fram eit grunnlag for regulering av vidaregåande skule og vidare sentrumsutvikling.

- Få fram funksjonar og tilbod for bruk av skulen på ulike tider av døgnet.
- Få fram funksjonar og tilbod som kan ha fagleg nytte av kvarandre.
- Få fram kva trong næringslivet har for opplæring og samarbeid med ny vidaregåande skule.
- Medverka til å få på plass den nye vidaregåande skulen og utvikla Norheimsund som regionsenter.

Det vert løyvd 0,1 mnok frå kraftfondet. Resttrammer 2019 er overført til 2020.

P71203 Dagsturhytte

HST- 094/19 Vedtak:

Kvam heradsstyre ber rådmannen om å opprette prosjektet «Dagsturhytte». Rådmannen søker om spelemidlar til prosjektet samt stønad frå Sparebankstiftinga og Hordaland fylkeskommune. Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse skal vere ein del av prosjektet. Det er ønskeleg med eit bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement. Det skal sjåast på om det er tenleg med lys og varme for å auka bruken heile året. Det skal sjåast på evt. moglegheiter for sanitæranlegg i hytta. Prosjektet skal finansierast med inntil 400.000 kr frå Havbruksfondet. Prosjektrammer i 2020.

Grunnfinansieringa av kvar hytte vert slik:

Tilskotsgjevar:	Løyving:	Merknad
Hordaland fylkeskommune	200.000	
Spelemidlar	333.000	1/3-del av prosjektkostnaden
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	100.000	
Kommunane	367.000	
MVA kompensasjon(til fråtrekk)		Kommunane er tiltakshavar og mva-kompensasjon er avhengig av prosjektkostnaden

P80200 Digitalisering eigedomsarkiv

Prosjekt for å digitalisera eigedomsarkivet til Kvam herad. Prosjektramme 2 mnok eks. mva. i 2020. Finansiert med bruk av lån.

2.2.3 Skule- og barnehageprosjekt

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P91190	0* Norheimsund skule - uteområde	0,00	0,00	0,00	0,00	500 000,00	500 000,00
P91191	0* Ombygging Øystese barneskule	0,00	750 000,00	750 000,00	750 000,00	750 000,00	750 000,00
SUM		0,00	750 000,00	750 000,00	750 000,00	1 250 000,00	1 250 000,00

P91190 Norheimsund skule -uteområde

Ferdigstilling av uteområdet ved Norheimsund skule. Overført rammer frå 2019 til 2020. Finansierte med bruk av lån.

P91191 Ombygging Øystese barneskule

Budsjettert med kjøp av konsulent på 0,6 mnok i 2019. Det skal gjennomførast ei kartlegging av eksisterande bygningsmasse og tekniske anlegg, miljøfarlege stoff i bygg som kan verða berørte av ombygginga, geotekniske forhold i areal ved skulen, og avklaring av særlege satsingsområde og krav som skulen ønskjer og har behov for. Arbeidet var planlagt i 2019, men det vil strekkja seg over i 2020. Finansierte med bruk av lån.

2.3 VA – prosjekt

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P60153	0* Ny vassleidning, Fosse	0,00	300 000,00	300 000,00	300 000,00	4 600 000,00	4 600 000,00
P60185	0* Oppgradering av VA-leidningskart	685 986,70	2 000 000,00	1 314 013,30	2 000 000,00	2 314 013,30	3 000 000,00
P60187	0* Utsifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese	0,00	200 000,00	200 000,00	200 000,00	2 400 000,00	2 400 000,00
P60203	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2020	0,00	0,00	0,00	0,00	500 000,00	500 000,00
P60212	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2021	0,00	0,00	0,00	0,00	500 000,00	500 000,00
P60222	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2022	0,00	0,00	0,00	0,00	500 000,00	500 000,00
P60232	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2023	0,00	0,00	0,00	0,00	500 000,00	500 000,00
P61073	0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	0,00	350 000,00	350 000,00	250 000,00	2 000 000,00	2 000 000,00
P61091	0* Felles slamavskiljar Vikøy	0,00	200 000,00	200 000,00	200 000,00	1 500 000,00	1 500 000,00
P61111	0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	80 177 436,11	120 579 881,00	40 402 444,89	26 700 000,00	50 002 444,89	130 179 881,00
P61113	0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	1 007 375,65	2 000 000,00	992 624,35	500 000,00	3 492 624,35	4 500 000,00
P61118	0* Reserveforsyning vatn	80 390,00	300 000,00	219 610,00	300 000,00	1 919 610,00	2 000 000,00
P61159	0* VA-pumpestasjon ved Fartøyversenteret	577 249,75	1 250 000,00	672 750,25	650 000,00	1 422 750,25	2 000 000,00
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	285 468,55	687 500,00	402 031,45	312 500,00	4 714 531,45	5 000 000,00
P61185	0* Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	0,00	4 500 000,00	4 500 000,00	1 200 000,00	8 250 000,00	8 250 000,00
P61186	0* Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	698 401,29	1 200 000,00	501 598,71	600 000,00	1 701 598,71	2 400 000,00
P61187	0* Oppgradering av kummar i heradet - vatn	1 856 533,55	3 000 000,00	1 143 466,45	1 500 000,00	4 143 466,45	6 000 000,00
P61188	0* Oppgradering av reduksjonskummar	12 834,40	812 834,00	799 999,60	800 000,00	3 987 165,60	4 000 000,00
P61197	0* VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule	0,00	0,00	0,00	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00
P61198	0* VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	46 666,40	50 000,00	3 333,60	50 000,00	953 333,60	1 000 000,00
P61200	0* Pumpestasjon Evjo i Øystese	1 184 320,19	0,00	-1 184 320,19	0,00	2 315 679,81	3 500 000,00
P61201	0* VA-sanering norheim del III	8 820,00	0,00	-8 820,00	0,00	14 991 180,00	15 000 000,00
P61202	0* Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes	0,00	0,00	0,00	0,00	4 000 000,00	4 000 000,00
P61203	0* Høgdebasseng Torpe	7 275,00	0,00	-7 275,00	0,00	242 725,00	250 000,00
P61204	0* Movatnet pumpeledning	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00
P61205	0* Tolo reinseanlegg - byte av sil	0,00	0,00	0,00	0,00	1 160 000,00	1 160 000,00
P61207	0* Drikkevassledning Tolo - Straumbrua	0,00	0,00	0,00	0,00	2 150 000,00	2 150 000,00
P61212	0* Spyle og sugevogn ettdrift Tolomarka	0,00	0,00	0,00	0,00	1 385 000,00	1 385 000,00
SUM		86 628 757,59	137 430 215,00	50 801 457,41	35 562 500,00	125 146 123,41	211 774 881,00

2.3.1 Aktive VA-investeringsprosjekt

VA-området er eit eige sjølvfinansierende område. Investeringane vert finansierte med lån, der låneutgiftene vert fordelt ut på brukarane som kommunale avgifter. VA-prosjekta er planlagd i vedteken kommunedelplan for vatn- og avlaup.

P60153 Ny vassleidning Fosse

Overført restrammer frå 2019 til 2020. Finansierte med lån. Ingen prosjektføringar i 2019.

P60185 Oppgradering av VA-leidningskart

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Lånefinansiert. I 2019 vart det kjøpt ny bil til VA, oppgradering og innkjøp av GPS og målebok, Geminilisens og farekartlegging vassverk/leidn.nett.

P60187 Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Restsum i 2019 overført til 2020. Finansiert med bruk av lån. Ingen prosjektføringar i 2019.

P60203 Fornyng teknisk utstyr VAR 2020-2023

Årleg investeringsprosjekt på 0,5 mnok for utskifting av teknisk utstyr knytt til VAR-området. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61073 Ny pumpestasjon P5, Tolo

Omlagging av eksisterande pumpestasjon som ligg vanskeleg til opp mot Hardangerbygg. Oppstart i 2019, restsum er overført frå 2019 til 2020. Ingen prosjektføringar i 2019.

P61091 Felles slamavskiljar Vikøy

Restsum frå 2019 er overført til 2020. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61111 Oppgradering hovudrenseanlegg avløp

Prosjektering og planlegging i 2017 og prosjektgjennomføring i 2018 og 2019. I 2. tertial 2019 vart det overført 2 mnok frå 2020 til 2019. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61113 Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam

VAR-prosjekt oppretta for å sikra kvalitet i vassverka i Kvam. Prosjektramme 0,5 mnok i 2019 og 2020. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61118 Reserveforsyning vatn

Reserveforsyning vatn for å stetta krav i drikkevatnforskrift. Prosjektramme 0,3 mnok i 2019 og 1,7 mnok i 2020. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61159 VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret

Fartøyvernsenteret ventar på å kunne gjera tiltak på sitt anlegg, samt at ny pumpestasjon også er viktig for at andre VA-prosjekt kan gjennomførast i tilstøytande områder. Restsum overført frå 2019 til 2020. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61165 Opning av dam på Solhaug

Prosjekt for å stenga av tidlegare vassforsyningsdam på Solhaug. Planlegging og konsulentarbeid i 2018 og prosjektgjennomføring i 2019 og 2020. Restsum er overført frå 2019 til 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61185 Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Restsum vert overført frå 2019 til 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Ingen prosjektføringar i 2019.

P61186 Oppgradering av kummar i heradet - avlaup

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Prosjektrammer årleg 0,6 mnok.

P61187 Oppgradering av kummar i heradet - vatn

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Årlege prosjektrammer på 1,5 mnok.

P61188 Oppgradering av reduksjonskummar

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Restsum 2019 vert overført til 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Ingen prosjektføringar i 2019.

P61197 VA-sanering ved Rådhuset/Norheimsund

Det var oppdaga ein vasslekkasje då ein bygde KFL bygget og ein ynskjer difor å sanere i gata/kryss frå inngang til rådhuset. Prosjektrammer er flytta frå 2019 til 2020. Finansiert med lån. Ingen prosjektføringar i 2019.

P61198 VA-sanering Skårdalsvegen i Øystese

Arbeid som heng saman med prosjekt P61195 Trafikksikring for trygge skulevegar, del II. Arbeidet skal skje i Skårdalsvegen, frå krysset mot Fitjadalen/Kyrhagen og 100 meter opp mot dei fyrste husa, slik at ein får med seg avløpet frå desse. Restsum 2019 vert overført til 2020. I tillegg til løyving på 0,5 mnok ved 2. tertial 2019. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P61200 Pumpestasjon Evjo i Øystese

Gjeld ny pumpestasjon i Øystese, sjåast i samanheng med Laupsa-leidning. Prosjektramme 3,5 mnok i 2020, prosjektføringar på 1,2 mnok i 2019. Finansiert med bruk av bundne investeringsfond : 25563003 Pumpestasjon og bruk av sjølvfinansierande lån.

P61202 Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes

Prosjektramme er 4 mnok i 2021. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61204 Movatnet pumpeledning

Prosjektramme 2,5 mnok i 2021. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61205 Tolo reinseanlegg – byte av sil

Prosjektramme 1,2 mnok i 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61207 Drikkevassledning Tolo - Straumbrua

Ny vassledning frå straumbrua til gamleskulen på Norheim, samt ny vassledning frå Straumbrua til kinoen i Norheimsund. Prosjektrammer er 2,2 mnok i 2020. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61212 Spyle og sugvogn etterdrift Tolomarka

Prosjektramme 1,16 mnok i 2020. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

3 Prosjekt som vert avslutta i 2019

3.1 Avslutta prosjekt i 2018, med føringar i 2019

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P60134	0* Familie- og læringscenter	36 237 295,23	37 045 115,00	807 819,77	3 306 865,00	-36 237 295,23	0,00
SUM		36 237 295,23	37 045 115,00	807 819,77	3 306 865,00	-36 237 295,23	0,00

P60134 Familie og læringscenter

Nybygg av lokale til Familie- og læringscenter ved sida av rådhusbygget. Arbeidet starta oktober 2017 og er avslutta i 2018. Prosjektet vert opna att for føring av sluttnota i 2019 og justert med 2,6 mnok ekskl mva 2.tertial 2019 for å ha nok finansiering inneverande år. Mindreforbruk på totale projektrammer vart 0,8 mnok.

3.2 Avslutta prosjekt i 2019

Prosjektnr.	Prosjekt	Forbruk tom 19	Bud. t.o.m.19	Rest per 19	B19	Rest på totalramme	Sum bud. Ramme
P13191	0* IT-investeringar 2019	1 904 956,97	1 800 000,00	-104 956,97	1 800 000,00	-104 956,97	1 800 000,00
P16154	0* PC PLO	93 540,83	250 000,00	156 459,17	0,00	331 459,17	425 000,00
P16161	0* IKT i skule og barnehage	7 718 633,16	7 812 500,00	93 866,84	2 562 500,00	93 866,84	7 812 500,00
P18133	0* Heilelektronisk arkiv	1 135 571,74	1 314 950,00	179 378,26	501 200,00	663 128,26	1 798 700,00
P18171	0* Kvalitetssystem	1 113 990,23	998 700,00	-115 290,23	441 200,00	-115 290,23	998 700,00
P60159	0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. - Stronde)	11 379 321,16	10 000 000,00	-1 379 321,16	350 000,00	-379 321,16	11 000 000,00
P60178	0* Kjøp av brantomt i Øystese	256 389,01	200 000,00	-56 389,01	250 000,00	-6 389,01	250 000,00
P60186	0* Ombygging og ny barriere Strandebarvassverk	418 028,23	1 650 000,00	1 231 971,77	1 650 000,00	1 231 971,77	1 650 000,00
P60191	0*Asfaltering 2019	1 880 110,49	1 875 000,00	-5 110,49	1 875 000,00	-5 110,49	1 875 000,00
P60192	0*Fornyng teknisk utstyr 2019	543 384,59	625 000,00	81 615,41	625 000,00	81 615,41	625 000,00
P60193	0*Fornyng teknisk utstyr VAR 2019	441 259,40	500 000,00	58 740,60	500 000,00	58 740,60	500 000,00
P60195	0* PLS vassverk Skålheim	277 005,37	350 000,00	72 994,63	350 000,00	72 994,63	350 000,00
P60196	1* Kartlegging av kommunale vegar	78 743,76	125 000,00	46 256,24	125 000,00	46 256,24	125 000,00
P61115	0* Sanering VA Skutlalia	12 892,80	12 893,00	0,20	0,00	0,20	12 893,00
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	829 640,59	1 750 000,00	920 359,41	1 250 000,00	3 545 359,41	4 375 000,00
P61153	0* Parkering Bjørketeigen	867 990,92	1 250 000,00	382 009,08	500 000,00	382 009,08	1 250 000,00
P61154	0* Sanering Norheimsund (Haldeplassen - Straumen)	274 325,00	0,00	-274 325,00	0,00	-124 325,00	150 000,00
P61161	0* Kloakksanering Ålvik	102 873,50	500 000,00	397 126,50	461 445,00	397 126,50	500 000,00
P61164	0* VA-sanering Øystese sentrum/vest	14 886 847,80	13 787 435,00	-1 099 412,80	7 000 000,00	-1 099 412,80	13 787 435,00
P61168	0* Sigevatn Tolomarka	2 551 441,60	7 375 000,00	4 823 558,40	3 625 000,00	4 823 558,40	7 375 000,00
P61171	0* Rassikring Kjosåsvegen	692 188,00	875 000,00	182 812,00	0,00	-692 188,00	0,00
P61178	0* Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbustader	1 331 204,00	1 325 000,00	-6 204,00	137 500,00	-6 204,00	1 325 000,00
P61179	0* Sanering VA røyrr langs Fitjadalen	3 054 789,19	5 200 000,00	2 145 210,81	4 773 534,00	2 145 210,81	5 200 000,00
P61181	0* Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen	689 612,84	896 115,00	206 502,16	21 115,00	560 387,16	1 250 000,00
P61182	0* Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum	1 220 366,90	1 412 500,00	192 133,10	912 500,00	192 133,10	1 412 500,00
P61183	0* VA-sanering Norheim del II	15 070 439,68	13 987 107,00	-1 083 332,68	9 987 107,00	-1 083 332,68	13 987 107,00
P61184	0* Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestasjon	2 954 095,74	3 000 000,00	45 904,26	2 628 588,00	45 904,26	3 000 000,00
P61190	0* Fornyng av bilpark, teknisk eining	1 164 663,60	1 875 000,00	710 336,40	1 875 000,00	710 336,40	1 875 000,00
P61191	0* Ny lastebil til teknisk drift	2 492 500,00	1 500 000,00	-992 500,00	1 500 000,00	-992 500,00	1 500 000,00
P61192	0* Ny traktor til teknisk drift	962 500,00	875 000,00	-87 500,00	875 000,00	-87 500,00	875 000,00
P61195	0* Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II	7 969 217,21	5 500 000,00	-2 469 217,21	5 500 000,00	-2 469 217,21	5 500 000,00
P61196	0* Trykkaukeasjon Løyning i Øystese	1 080 510,24	1 200 000,00	119 489,76	1 200 000,00	119 489,76	1 200 000,00
P62164	0* Utleigebustad - Bergtun	631 000,00	631 000,00	0,00	531 500,00	0,00	631 000,00
P62191	0*Oppgradering bygg 2019	1 223 289,40	1 250 000,00	26 710,60	1 250 000,00	26 710,60	1 250 000,00
P62192	1*Vedlikehald av kommunale bygg	3 071 502,07	3 000 000,00	-71 502,07	3 000 000,00	-71 502,07	3 000 000,00
P62193	0* Flytting av toalett i Ålvik til stranda i Nhs	0,00	0,00	0,00	0,00	312 500,00	312 500,00
P62194	1* Oppgradering/ombygging ROP busdtd	134 158,95	187 500,00	53 341,05	187 500,00	53 341,05	187 500,00
P63190	0* Parkering Holmsund	329 960,65	400 000,00	70 039,35	400 000,00	70 039,35	400 000,00
P63191	1* Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar	3 758 953,13	3 750 000,00	-8 953,13	3 750 000,00	-758 953,13	3 000 000,00
P65190	0* Kjøp av kommandobil KVBR	341 890,00	345 000,00	3 110,00	345 000,00	3 110,00	345 000,00
P70132	1* Reg.plan Tokagjelet-Ungd.heimen	170 626,00	136 500,00	-34 126,00	0,00	-34 126,00	136 500,00
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland	419 399,07	500 000,00	80 600,93	312 500,00	-44 399,07	375 000,00
P91144	0* Barnehage - Øystese	18 839 889,16	22 500 000,00	3 660 110,84	1 250 000,00	3 660 110,84	22 500 000,00
SUM		114 369 702,98	122 522 200,00	8 152 497,02	64 303 189,00	11 552 632,02	125 922 335,00

P13191 IT-investeringar 2019

Det er sett av ein årleg sum på 1,8 mnok til investeringar i IT-infrastuktur som lagerkapasitet, programvare, trådløst nettverk og liknande. Finansierte med bruk av lån.

P16154 PC PLO

Investeringsprosjekt for kjøp av PC til PLO, ref. tiltak i digitaliseringsstrategi. Ubrukte midlar på P16154 PC PLO vart overført til Velferdsteknologiprojektet P16152 i 2. tertial 2019.

P16161 IKT i skule og barnehage

Investeringsprosjekt for perioden 2016-2021 med plan om innkjøp av nettbrett til barnehagar, pcar og tavler til skular. I 2019 vart det kjøpt skule PC`ar, nettbrett til barnehagar og inforskjermar. Ramme for 2019 er 2,6 mnok finansiert med bruk av lån.

P18133 Heilelektronisk arkiv

Arbeid med å gjera arkiva i Kvam herad elektroniske. I 1. tertial er ramma auka opp med 0,1 mnok for å ferdigstillast prosjektet i 2019.

P18171 Kvalitetssystem

Anskaffing av nytt kvalitetssystem. I 1. tertial er ramma auka opp med 0,1 mnok for å ferdigstillast prosjektet i 2019.

P60159 VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentrum-Stronde)

Kvammapakken har delt prosjektet med VA på Stronda i Øystese inn i eit eige prosjekt. Avsluttast i 2019. Finansiert med lån.

P60178 Kjøp av branntomt i Øystese

Oppgjer for tomt til privat bustadhus ved Notanes i Øystese som brann hausten 2017. Finansiert med låneopptak. Den geoteknisk prosjekteringa for tomta er ferdig.

P60186 Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Prosjektet skulle avsluttast i 2019, men alle kostnader er ikkje ført. Finansiert med bruk av lån. Rest på totalrammer er 1,2 mnok.

P60191 Asfaltering 2019

Det er sett av ein årleg sum på 1,9 mnok til asfaltering. Årleg investering for å oppgradera og etter kvart vedlikehalda dei kommunale vegane.

P60192 Fornyng teknisk utstyr 2019

Årleg investering for utskifting av teknisk utstyr. I 2019 vart det blant anna kjøpt bil, truck og minidumper.

P60193 Fornyng teknisk utstyr VAR 2019

Årleg investering for utskifting av teknisk utstyr. I 2019 vart det blant anna kjøpt bil, truck og minidumper.

P60195 PLS vassverk Skålheim

Arbeidet stoppa opp i førre prosjekt, vart meldt inn på nytt i 1. tertial 2019 med ei ramme på 0,35 mnok. Prosjektet vart avslutta i 2019. Finansiert med sjølvfinansierande lån.

P60196 Kartlegging av kommunale vegar

Bruk av restmidlar frå "P60189 Kartlegging av kommunale vegar" som vart avslutta i 2018. Finansierte med disposisjonsfond.

P61115 Sanering VA Skutlalia

Separering av overvatn og kloakk. Finansierte med sjølvfinansierende lån. Prosjektramma vart i 1. tertial 2019 flytta til P61183 Sanering Norheim del II, då desse prosjekta heng saman i gjennomføringa.

P61145 Trafikksikringstiltak – HST-132/12

Trafikksikringstiltak ihht HST-132/12. Prosjektet har ein investeringsdel og ein driftsdel, totalt 1 mnok i 2019. I 2018 nytta til oppmerking ved Norheimsund skule, nytt fortau og autovern ved Kvam ungdomsskule. I 2019 nytta til noko prosjektering i samband med FV131 veg og gangsti Øystese og planlegging av framtidig fortau langs fyrste del på vegen til Fitjadalen. Noko midlar er også tenkt til ny sikring/merking ved området mellom Kvam ungdomsskule og Idrettshallen. Rest på prosjektet i 2019 er 0,9 mnok.

P61153 Parkering Bjørketeigen

Opparbeiding av ny parkeringsplass på Bjørketeigen i Øystese. Vert ferdigstilt i 2019. Finansierte med lån. Mindreforbruk på 0,4 mnok inkl mva.

P61154 Sanering Norheimsund (Haldeplassen – Straumen)

Saneringsprosjekt for VA i Norheimsund. I 2018 vart det gjennomført sanering knytt til utviding av offentleg parkering i Norheimsund, Skampletten, prosjekt P61182, og budsjettet vart flytta til dette prosjektet i 1. tertial 2019. Finansierte med lån. Rådmannen kjem attende til resterande sanering i Norheimsund i samband med budsjett/økonomiplan.

P61161 Kloakksanering Ålvik

Nytt prosjekt for kloakksanering i Ålvik. Prosjektrammer var planlagt ferdig i 2019. Finansierte med sjølvfinansierende lån. Rest på prosjektrammer er 0,4 mnok.

P61164 VA-sanering Øystese sentrum/vest

Saneringsprosjekt VA i samband med barnehageutbygginga i Øystese og andre prosjekt i sentrum. Vert avslutta i 2019. Finansierte med bruk av sjølvfinansierende lån. Prosjektet har eit overforbruk på totale prosjektrammer med 1,1 mnok inkl. mva., noko som skuldast meir omfattande arbeid i samband med ny barnehage i Vik.

P61168 Sigevatn Tolomarka

Prosjekt for å stenga av tidlegare vassforsyningsdam på Solhaug. Planlegging og konsulentarbeid i 2018 og prosjektgjennomføring i 2019 og 2020. Restsum er overført frå 2019 til 2020. Finansierte med bruk av sjølvfinansierende lån.

P61171 Rassikring Kjosåsvegen

Vegen må flyttast og forsterkast iflg. geolog, for å hindra at vegen sig og murar gjev etter. Restsum på prosjektet vert overført til P61194 Rassikring i 2. tertial 2019. Prosjektet vert avslutta i 2019. Finansierte med lån.

P61178 Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbustader

Området utanfor Tolo omsorgsbustader framstår i dag som lite stilt og ikkje tilpassa målgruppa som bur der. Særleg er vintervedlikehaldet vanskeleg, og har ført til øydeleggingar. Sommarvedlikehald er særdeles lite rasjonelt bl.a fordi parsellane er små, oppdelt og ber preg av tilfeldig beplantning.

Universell utforming manglar, og vegen er smal og dårleg drenert.

Oppgradering av området er sterkt ynskt frå brukarane.

Auka i 1. tertial 2019 med 0,06 mnok til ferdigstilling av rekkverk. Prosjektet var fyrst tenkt avslutta i 2019, men dei siste rekkverka manglar og er føreslått montert i 2020. Finansiert med lån.

Prosjektrammer i 2019 er brukt opp.

P61179 Sanering VA-røyr langs Fitjadalen

Investeringsprosjekt iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån. Budsjettet gjaldt opprinneleg veg, men det er utført VA arbeid for 1,5 mnok.

Vart auka i 1. tertial 2019 med 1,5 mnok for å dekkja dette. Prosjektet er planlagt avslutta i 2019. Rest prosjektrammer er 2,1 mnok. Prosjektet må sjåast i samheng med prosjekt P61195 *Trafikksikring for trygge skulevegar, del II*, då desse heng nær saman i tid og stad. Mykje av arbeidet er utført av same entreprenør og infrastrukturen heng saman, slik at fakturering er fordelt ulikt på dei to prosjekta.

Mindreforbruket dekkar inn meirforbruket i P61195.

P61181 Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen

2 bruer ved Steinsdalsfossen er oppgraderte. Arbeidet er avslutta og restsum på prosjektet er foreslått overført til P61173 Rekkverk kommunale bruer, der det står arbeid igjen. Finansiert med bruk av lån.

P61182 Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum

Ny sentrumstruktur ved rådhuset og skulen krev nye parkeringsareal. Skampletten vert opparbeidd til offentleg parkering i 2018 og 2019. Prosjektet vert avslutta i 2019. I samband med parkeringa er det også etablert fortau og oppheva sidekantar rundt p-plassen for å sikra mjuke trafikantar. Tillegget fører til eit overforbruk på om lag 90 000 kr eks. mva. Finansiert med bruk av fondsmidlar på 25140003 Parkeringsplassar/gang- og sykkelvegar.

P61183 VA-sanering Norheim del II

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Prosjektet vert avslutta i 2019. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån og overføringar frå fylket.

P61184 Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestasjon

Iht. vedteken kommunedelplan for vatn og avlaup. Prosjektet vert avslutta i 2019. Finansiert med bruk av sjølvfinansierande lån.

P61190 Fornyng av bilpark, teknisk eining

Bilparken på teknisk drift treng fornyng og det er foreslått ei ramme på 1,8 mnok i 2019. Finansiert med lån. Prosjektet er planlagt avslutta i 2019. Rest på prosjektet er 0,45 mnok. Dette prosjektet, saman med prosjekt P61191 *Ny lastebil* og prosjekt P61192 *Ny traktor til teknisk drift* må sjåast i samheng, då ein i budsjettet ikkje hadde full oversikt over tilbodsprisar og kva køyretøy ein kom til å enda opp med. Dei tre prosjekta har eit samla mindreforbruk på 0,1 mnok. Mindreforbruket i P61190 er nytta på dei to andre prosjekta.

P61191 Ny lastebil til teknisk drift

Dagens lastebil som vert nytta av teknisk drift er klar for utskifting, og kostnadsramma for ein ny lastebil er 1,5 mnok. Finansierte med sal av lastebil, 0,3 mnok, og bruk av lån. Avsluttast i 2019. Prosjektet har i 2019 eit meirforbruk på 0,15 mnok. Dette prosjektet, saman med prosjekt P61190 *Fornyng av bilpark, teknisk eining*, og prosjekt P61192 *Ny traktor til teknisk drift* må sjåast i samanheng, då ein i budsjettet ikkje hadde full oversikt over tilbodsprisar og kva køyretøy ein kom til å enda opp med. Dei tre prosjekta har eit samla mindreforbruk på 0,1 mnok. Meirforbruket i P61191 er dekkja inn av mindreforbruket i P61190.

P61192 Ny traktor til teknisk drift

Traktoren på teknisk drift er klar for utskifting, og kostnadsramma for ein ny traktor er 0,8 mnok. Finansierte med innbyte i traktor, 0,15 mnok, og bruk av lån. Avsluttast i 2019. Prosjektet har eit meirforbruk på 0,2 mnok. Dette prosjektet, saman med prosjekt P61190 *Fornyng av bilpark, teknisk eining*, og prosjekt P61191 *Ny lastebil til teknisk drift* må sjåast i samanheng, då ein i budsjettet ikkje hadde full oversikt over tilbodsprisar og kva køyretøy ein kom til å enda opp med. Dei tre prosjekta har eit samla mindreforbruk på 0,1 mnok. Meirforbruket i P61192 er dekkja inn av mindreforbruket i P61190.

P61195 Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II

Trafikksikrings-prosjekt (TS) for å lage fortau og gangsti komplett frå kryss Fitjadalen til skulen. Dette prosjektet utgjer strekket frå kryss Gartveit til Råkabrekko. Tidlegare er strekket frå kryss Gartveit til kryss Fitjadalen utført. Prosjektet vert gjennomført samtidig, og i lag med, P61179 *Sanering røyr Fitjadalen*. Finansierte med midlar frå fylket. Arbeidet starta hausten 2018. Det vart løyvd 0,2 mnok ved 1. tertial til HC-rampe og parkering. Finansierte med bruk av fond. Det vert lagt inn ytterlegare auke på 0,5mnok i 2.tertial for å ferdigstillast prosjektet. Meirforbruk på totale prosjektrammer 2,5 mnok. Prosjektet må sjåast i samnheng med prosjekt P61179 *Sanering VA-røyr langs Fitjadalen*, då desse heng nært saman i tid og stad. Mykje av arbeidet er utført av same entreprenør og infrastrukturen heng saman, slik at fakturering er fordelt ulikt på dei to prosjekta. Meirforbruket er dekkja inn av mindreforbruket i P61179.

P61196 Trykkaukestasjon Løyning i Øystese

Det er behov for ein ny trykkaukestasjon som forsyner bl.a. Kyrhagen. Eksisterande er av eldre/dårleg kvalitet og ein har ikkje overvaking av denne. Budsjettmidlane på 1,2 mnok skal nyttast til graving, ny sump/pumpe-stasjon, og styring av denne. Finansierte med bruk av sjølvfinansierande lån. Prosjektet vert avslutta i 2019 med eit mindreforbruk på 0,1 mnok.

P62164 Utleigebustad - Bergtun

Kommunen har fått tildelt tilskot frå Husbanken til utbetring av utleigebustad. Prosjektramma er overført frå 2018 til 2019. Ingen transaksjonar i 2019.

P62191 Oppgradering bygg 2019

Årleg investering på 1,3 mnok for å oppgradera kommunale bygg, som har eit stort investering- og vedlikehaldsetterslep. Vedlikehald må finansierast av driftsmidlar. I planperioden er det førebels lånefinansiert. I 2019 har ein hatt kostnader med blant anna låssystem på Rådhuset, utbetring og undervassbelysning i Strandebarm basseng og ombygging av ventilasjon ved Tolo omsorg.

P62192 Vedlikehald av kommunale bygg HST - 077/18

Vedlikehald kommunale bygg for å ta igjen noko av etterslepet på området. Finansiert av havbruksfondet. Prosjektmidlane er blant anna brukt til nytt tak og sportsgulv på Kvam ungdomsskule, nytt idrettsgulv i Øystesehallen og tak over gangbru på Mikjelsflaten.. Restbeløp vart overført til 2020 på 2.tertial 2019, men prosjektet enda opp med eit overforbruk på 0,07 mnok i 2019 og vert dermed avslutta.

P62193 Flytting av toalett i Ålvik til stranda i Norheimsund

Ålvik får nytt toalettanlegg som del av turistvegprosjekt. Det gamle anlegget vert flytta til stranda i Norheimsund. Prosjektramme 0,25 mnok. Finansiert med bruk av næringsfond. Prosjektrammer er tidsforskyvd frå 2019 til 2020 ved 2 tertial 2019. Prosjektet vert avslutta før igangsetjing, andre alternativ til toalett må vurderast.

P62194 Ombygging/rehabilitering ROP bustad

Prosjektrammer i 2019 for å byggje om/rehabiliterer eksisterande modulbustad. Finansiert med disposisjonsfond. Prosjektet enda med eit mindreforbruk på 0,05 mnok i 2019.

P63190 Parkering Holmsund HST – 077/18

Opparbeiding og ferdigstilling av parkering. Arbeidet er finansiert med bruk av bustadfeltfondet. Rådmannen får og i oppdrag å påsjå at den vedtekne gangvegen vert etablert av vegeigar. Prosjektet vart auka med 0,1 mnok inkl. mva. ved 2.tertial 2019 for å ferdigstillast prosjektet. Rest på prosjektet ved utgangen av 2019 er 0,07 mnok.

P63191 Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar HST - 077/18

Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar for å ta igjen noko av etterslepet på området. Finansiert av havbruksfondet.

P65190 Kjøp av kommandobil KVBR

Mottatt slutt faktura i 2019 for kjøp av kommandobil til KVBR. Kjøpet vart utført i 2018, men pga. feil i faktureringsrutinar frå leverandør vart ikkje fakturaen sendt til Kvam herad. Finansiert med bruk av lån.

P70132 Reg.plan Tokagjelet-Ungdomsheimen

Gjeld arbeid med ny reguleringsplan på strekkja mellom Tokagjelet og Ungdomsheimen. Kvam herad har engasjert Multiconsult for å gjera arbeidet. Oppfylgjing av kommunedelplan for Kvamskogen. Restsum er overført frå 2018 til 2019. Restbeløp på 0,3 mnok vart overført til P71181 Revisjon kommuneplan Kvamskogen ved 2.tertial 2019.

P71170 Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland

Reguleringsplan for Fjerabygde, Rosseland v/Steinsdalsfossen. Det vart nytta 0,07 mnok til detaljregulering i 2018. På grunn av behov for utvida flaum- og brukartlegging vart det i 1. tertial 2019 varsla om overskriding. Prosjektet vart auka med 0,1 mnok eks. Mva. I 2. tertial 2019 for å dekkja overforbruket.

P91144 Øystese barnehage

Prosjektmidlar i 2019 for kjøp og opparbeiding av tomteareal til uteområde ved barnehagen. Det vart etablert ein midlertidig leikeplass på "trykkeritomta", og flytting av apparata til ny tomt vart dyrare enn estimert. Meirforbruk på prosjektet i 2019 på 0,1 mnok.

3.3 Finansiering

Drifts prosjekt	Prosjektnamn	Konto	Kontonamn	Budsjett 2019
P19091	1* E - taksering (2019-2021)			-125 000
P19091	1* E - taksering (2019-2021)	19400	Bruk av disposisjonsfond	-125 000
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom			-3 625 000
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-500 000
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	17290	Momskompensasjonssinntekt drift	-625 000
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	19500	Bruk av bundne driftsfond	-2 500 000
P19190	1* Lean fase 3 (2019-2021)			-400 000
P19190	1* Lean fase 3 (2019-2021)	19400	Bruk av disposisjonsfond	-400 000
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik			-2 695 000
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	6701	Sal av bygg	-750 000
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	18300	Overføringer frå fylket	-1 945 000
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen			-62 500
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	17290	Momskompensasjonssinntekt drift	-12 500
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000
P71185	1* Reguleringsplan Skarpen			-937 500
P71185	1* Reguleringsplan Skarpen	17290	Momskompensasjonssinntekt drift	-187 500
P71185	1* Reguleringsplan Skarpen	19500	Bruk av bundne driftsfond	-750 000
P80191	1*Områdeplan Øystese sentrum			-50 000
P80191	1*Områdeplan Øystese sentrum	19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000
Investerings prosjekt	Prosjektnamn	Konto	Kontonamn	Budsjett 2019
P16152	0* Velferdteknologi			-950 000
P16152	0* Velferdteknologi	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-50 000
P16152	0* Velferdteknologi	9100	Bruk av lån	-900 000
P19141	0* Hardangerbadet			-80 900 000
P19141	0* Hardangerbadet	6700	Sal av tomter	-1 700 000
P19141	0* Hardangerbadet	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-19 000 000
P19141	0* Hardangerbadet	8300	Overføringer frå fylket	-35 900 000
P19141	0* Hardangerbadet	8907	Gåver	-21 500 000
P19141	0* Hardangerbadet	9100	Bruk av lån	-2 800 000
P37163	0* Dagsenter Øystese			-131 936
P37163	0* Dagsenter Øystese	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-26 387
P37163	0* Dagsenter Øystese	9500	Bruk av bundne driftsfond	-105 549
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem			-587 500
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-117 500
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	9100	Bruk av lån	-470 000
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum			-930 000
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-150 000
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	8300	Overføringer frå fylket	-600 000
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	9500	Bruk av bundne driftsfond	-180 000
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund			-798 000
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-159 600
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund	9100	Bruk av lån	-500 000
P60184	0* Offentleg toalett Norheimsund	9500	Bruk av bundne driftsfond	-138 400
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom			-125 000
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-25 000
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom	9100	Bruk av lån	-100 000
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II			-42 750 000
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	6700	Sal av tomter	-19 000 000
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-4 750 000
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	9100	Bruk av lån	-19 000 000
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland			-250 000
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	7290	Momskompensasjonssinntekt investeringar	-50 000
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-200 000

P61151	0* Kryss Tolo - Toloheimen			-125 000
P61151	0* Kryss Tolo - Toloheimen	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-25 000
P61151	0* Kryss Tolo - Toloheimen	9100	Bruk av lån	-100 000
P61166	0* Utskifting til LED i veglys			-1 875 000
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-375 000
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	9100	Bruk av lån	-1 500 000
P61173	0* Rekkverk kommunale bruer			-312 500
P61173	0* Rekkverk kommunale bruer	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-62 500
P61173	0* Rekkverk kommunale bruer	9100	Bruk av lån	-250 000
P61193	0* Utbygging av Strandebarm Omsorg			-1 350 000
P61193	0* Utbygging av Strandebarm Omsorg	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-350 000
P61193	0* Utbygging av Strandebarm Omsorg	9100	Bruk av lån	-1 000 000
P61194	0* Rassikringstiltak			-2 250 000
P61194	0* Rassikringstiltak	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-450 000
P61194	0* Rassikringstiltak	9100	Bruk av lån	-1 800 000
P61199	0* Oppgradering av kommunale kaiar			-625 000
P61199	0* Oppgradering av kommunale kaiar	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-125 000
P61199	0* Oppgradering av kommunale kaiar	9100	Bruk av lån	-500 000
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus			-1 875 000
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-375 000
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	9100	Bruk av lån	-1 500 000
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg			-375 000
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-75 000
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	9100	Bruk av lån	-300 000
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage			-5 481 000
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-225 000
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	8100	Andre statlege overføringar	-4 356 000
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	9100	Bruk av lån	-900 000
P65170	0* Forprosjekt KVBR			-127 960
P65170	0* Forprosjekt KVBR	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-25 592
P65170	0* Forprosjekt KVBR	9100	Bruk av lån	-102 368
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik			-2 695 000
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	6701	Sal av bygg	-750 000
P71091	0/1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	18300	Overføringar frå fylket	-1 945 000
P71184	0* Kvam vgs-samløkaliasjon tenester			-20 000
P71184	0* Kvam vgs-samløkaliasjon tenester	9500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000

VA prosjekt	Prosjektnamn	Konto	Kontonamn	Budsjett 2019
P60153	0* Ny vassleidning, Fosse			-300 000
P60153	0* Ny vassleidning, Fosse	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-300 000
P60185	0* Oppgradering av VA-leidningskart			-2 000 000
P60185	0* Oppgradering av VA-leidningskart	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-2 000 000
P60187	0* Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese			-200 000
P60187	0* Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-200 000
P61073	0* Ny pumpestasjon P5, Tolo			-250 000
P61073	0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-250 000
P61091	0* Felles slamavskiljar Vikøy			-200 000
P61091	0* Felles slamavskiljar Vikøy	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-200 000
P61111	0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp			-26 700 000
P61111	0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-26 700 000
P61113	0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam			-500 000
P61113	0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-500 000
P61118	0* Reserveforsyning vatn			-300 000
P61118	0* Reserveforsyning vatn	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-300 000
P61159	0* VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret			-650 000
P61159	0* VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-650 000
P61165	0* Opning av dam på Solhaug			-312 500
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	7290	Momskompensasjoninntekt investeringar	-62 500
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	9100	Bruk av lån	-125 000
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-125 000
P61185	0* Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen			-1 200 000
P61185	0* Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-1 200 000
P61186	0* Oppgradering av kummar i heradet - avlaup (årlig prosjekt)			-600 000
P61186	0* Oppgradering av kummar i heradet - avlaup (årlig prosjekt)	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-600 000
P61187	0* Oppgradering av kummar i heradet - vatn (årlig prosjekt)			-1 500 000
P61187	0* Oppgradering av kummar i heradet - vatn (årlig prosjekt)	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-1 500 000
P61188	0* Oppgradering av reduksjonskummar (årlig Prosjekt)			-800 000
P61188	0* Oppgradering av reduksjonskummar (årlig Prosjekt)	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-800 000
P61198	0* VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese			-50 000
P61198	0* VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-50 000

Avslutta prosjekt	Prosjektnamn	Konto	Kontonamn	Budsjett 2019
P60134	0* Familie- og læringscenter			-3 306 865
P60134	0* Familie- og læringscenter	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-661 373
P60134	0* Familie- og læringscenter	9100	Bruk av lån	-2 645 492
P13191	0* IT-investeringar 2019			-1 800 000
P13191	0* IT-investeringar 2019	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-360 000
P13191	0* IT-investeringar 2019	9100	Bruk av lån	-1 440 000
P16161	0* IKT i skule og barnehage			-2 562 500
P16161	0* IKT i skule og barnehage	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-512 500
P16161	0* IKT i skule og barnehage	9100	Bruk av lån	-2 050 000
P18133	0* Heilelektronisk arkiv			-501 200
P18133	0* Heilelektronisk arkiv	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-22 500
P18133	0* Heilelektronisk arkiv	9100	Bruk av lån	-478 700
P18171	0* Kvalitetssystem			-441 200
P18171	0* Kvalitetssystem	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-7 500
P18171	0* Kvalitetssystem	9100	Bruk av lån	-433 700
P60159	0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. - Stronde)			-350 000
P60159	0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. - Stronde)	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-350 000
P60178	0* Kjøp av branntomt i Øystese			-250 000
P60178	0* Kjøp av branntomt i Øystese	9100	Bruk av lån	-250 000
P60186	0* Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk			-1 650 000
P60186	0* Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-1 650 000
P60191	0* Asfaltering 2019			-1 875 000
P60191	0* Asfaltering 2019	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-375 000
P60191	0* Asfaltering 2019	9100	Bruk av lån	-1 500 000
P60192	0* Fornyng teknisk utstyr 2019			-625 000
P60192	0* Fornyng teknisk utstyr 2019	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-125 000
P60192	0* Fornyng teknisk utstyr 2019	9100	Bruk av lån	-500 000
P60193	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2019			-500 000
P60193	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2019	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-500 000
P60195	0* PLS vassverk Skålheim			-350 000
P60195	0* PLS vassverk Skålheim	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-350 000
P60196	1* Kartlegging av kommunale vegar			-125 000
P60196	1* Kartlegging av kommunale vegar	17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-25 000
P60196	1* Kartlegging av kommunale vegar	19400	Bruk av disposisjonsfond	-100 000
P61145	0/1* Trafikksikringsplan			-1 250 000
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-125 000
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	9100	Bruk av lån	-500 000
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-125 000
P61145	0/1* Trafikksikringsplan	19400	Bruk av disposisjonsfond	-500 000
P61153	0* Parkering Bjørketeigen			-500 000
P61153	0* Parkering Bjørketeigen	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-100 000
P61153	0* Parkering Bjørketeigen	9100	Bruk av lån	-400 000
P61161	0* Kloakksanering Ålvik			-461 445
P61161	0* Kloakksanering Ålvik	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-461 445
P61164	0* VA-sanering Øystese sentrum/vest			-7 000 000
P61164	0* VA-sanering Øystese sentrum/vest	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-7 000 000
P61168	0* Sigevatn Tolomarka			-3 625 000
P61168	0* Sigevatn Tolomarka	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-625 000
P61168	0* Sigevatn Tolomarka	9100	Bruk av lån	-3 000 000
P61178	0* Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbustader			-137 500
P61178	0* Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbustader	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-27 500
P61178	0* Oppgradering utomhus ved Tolo omsorgsbustader	9100	Bruk av lån	-110 000
P61179	0* Sanering VA røyr langs Fitjadalen			-4 773 534
P61179	0* Sanering VA røyr langs Fitjadalen	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-4 773 534
P61181	0* Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen			-21 115
P61181	0* Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-4 223
P61181	0* Oppgradering av bruer ved Steinsdalsfossen	9100	Bruk av lån	-16 892
P61182	0* Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum			-912 500
P61182	0* Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-182 500
P61182	0* Opparbeiding av parkering Norheimsund sentrum	9500	Bruk av bundne driftsfond	-730 000

P61183	0* VA-sanering Norheim del II			-9 987 107
P61183	0* VA-sanering Norheim del II	8300	Overføringer frå fylket	-2 500 000
P61183	0* VA-sanering Norheim del II	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-7 487 107
P61184	0* Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestasjon			-2 628 588
P61184	0* Ombygging av Tolo reinseanlegg til pumpestasjon	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-2 628 588
P61190	0* Fornyng av bilpark, teknisk eining			-1 875 000
P61190	0* Fornyng av bilpark, teknisk eining	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-375 000
P61190	0* Fornyng av bilpark, teknisk eining	9100	Bruk av lån	-1 500 000
P61191	0* Ny lastebil til teknisk drift			-1 500 000
P61191	0* Ny lastebil til teknisk drift	6600	Sal av driftsmiddel	-300 000
P61191	0* Ny lastebil til teknisk drift	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-300 000
P61191	0* Ny lastebil til teknisk drift	9100	Bruk av lån	-900 000
P61192	0* Ny traktor til teknisk drift			-875 000
P61192	0* Ny traktor til teknisk drift	6600	Sal av driftsmiddel	-150 000
P61192	0* Ny traktor til teknisk drift	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-175 000
P61192	0* Ny traktor til teknisk drift	9100	Bruk av lån	-550 000
P61195	0* Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II			-5 500 000
P61195	0* Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-1 000 000
P61195	0* Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II	8300	Overføringer frå fylket	-3 800 000
P61195	0* Trafikksikring for trygge skuleveggar, del II	9100	Bruk av lån	-700 000
P61196	0* Trykkaukestasjon Løyning i Øystese			-1 200 000
P61196	0* Trykkaukestasjon Løyning i Øystese	9105	Bruk av lån (sjølffinansierende)	-1 200 000
P62164	0* Utleigebustad - Bergtun			-531 500
P62164	0* Utleigebustad - Bergtun	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-531 500
P62191	0*Oppgradering bygg 2019			-1 250 000
P62191	0*Oppgradering bygg 2019	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-250 000
P62191	0*Oppgradering bygg 2019	9100	Bruk av lån	-1 000 000
P62192	1*Vedlikehald av kommunale bygg			-3 000 000
P62192	1*Vedlikehald av kommunale bygg	19400	Bruk av disposisjonsfond	-3 000 000
P62194	1* Oppgradering/ombygging ROP bustad			-187 500
P62194	1* Oppgradering/ombygging ROP bustad	17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-37 500
P62194	1* Oppgradering/ombygging ROP bustad	19400	Bruk av disposisjonsfond	-150 000
P63190	0* Parkering Holmsund			-400 000
P63190	0* Parkering Holmsund	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-400 000
P63191	1* Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar			-3 750 000
P63191	1* Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar	17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-750 000
P63191	1* Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar	19400	Bruk av disposisjonsfond	-3 000 000
P65190	0* Kjøp av kommandobil KVBR			-345 000
P65190	0* Kjøp av kommandobil KVBR	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-69 000
P65190	0* Kjøp av kommandobil KVBR	9100	Bruk av lån	-276 000
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland			-312 500
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland	17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-62 500
P71170	1*Reguleringsplan Fjerabygde - Rosseland	19500	Bruk av bundne driftsfond	-250 000
P91144	0* Barnehage - Øystese			-1 250 000
P91144	0* Barnehage - Øystese	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-250 000
P91144	0* Barnehage - Øystese	9100	Bruk av lån	-1 000 000

Andre investeringar	Prosjektnamn	Konto	Kontonamn	Budsjett 2019
I17200	Eigenkapital KLP			-2 500 000
I17200	Eigenkapital KLP	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-2 500 000
I19090	Andre investeringar			-200 000
I19090	Andre investeringar	9700	Overført frå driftsrekneskapet	-200 000
I26500	Bustader			-2 125 000
I26500	Bustader	6701	Sal av bygg	-1 100 000
I26500	Bustader	7290	Momskompensasjonsinntekt investeringar	-25 000
I26500	Bustader	9480	Bruk av ubundne investeringsfond	-1 000 000
I28300	Husbanklån			-12 500 000
I28300	Husbanklån	9100	Bruk av lån	-10 000 000
I28300	Husbanklån	9203	Ordinære avdrag formidlingslån	-1 200 000
I28300	Husbanklån	9204	Ekstraordinære avdrag formidlingslån	-1 000 000
I28300	Husbanklån	9580	Bruk av bundne investeringsfond	-300 000



Fondsoversikt

Årsmelding 2019



Innhald

1	Fond i Kvam herad.....	3
2	Status fond.....	4
3	Bundne fond.....	6
3.1	Bundne driftsfond.....	6
3.2	Bundne kapitalfond.....	8
4	Ubundne fond.....	8
4.1	Disposisjonsfond.....	9
4.2	Rekneskapsmessig overskot.....	9
4.3	Ubundne kapitalfond.....	10
5	Vedtekter og retningslinjer for Kraftfondet i Kvam herad.....	11
5.1	Standardvedtekterfor bruk og forvaltning av kraftfond.....	11
6	Vedtekter for Kvam fiskefond (HST-167/08, 16.12.2008. Arkivsak 08/1045).....	15
7	Vedtekter for Kvam viltfond (HST-052/02, 28.05.2002. Arkivsak 2002000568).....	16
8	Retningslinjer for Havbruksfondet i Kvam herad.....	19
9	Fondsbruk/-avsetning.....	20
9.1	Næringsfond.....	20
9.2	Fiskefond.....	20
9.3	Viltfond.....	21

1 Fond i Kvam herad

Kommunerekneskapen skil seg frå bedriftsrekneskap på ei rekkje måtar. Bl.a. driv ikkje ein kommune med tradisjonelt overskot eller underskot, men har i staden for mindreforbruk eller meirforbruk i høve tildelte budsjetttrammer.

Dersom kommunen har eit mindreforbruk/overskot, vert summen sett av på fond til bruk i komande budsjettår. Har kommunen eit meirforbruk/underskot, må dette dekkast inn med tidlegare avsette fondsmidlar. Ein kommune kan ikkje driva med udekka underskot, og kommunen vert i så fall sett under statleg administrasjon (v/fylkesmann) til dess udekka underskot er dekkast inn, og kommunen driv i balanse eller med mindreforbruk. Det er tilrådd at kommunar årleg har eit netto driftsresultat på 1,75 % av brutto driftsinntekter som kan setjast av på driftsfond som «buffer» for ev. underskot, eller som kan overførast til investeringsrekneskapen til finansiering av ev. investeringar eller setjast av på kapitalfond.

Det kan og koma meir-/mindreforbruk i investeringsrekneskapen. Eventuelle fondsmidlar frå mindreforbruk i investeringsrekneskapen kan ikkje nyttast til drift, men til finansiering av komande investeringar. Fondsmidlar frå investeringsrekneskapen skapar overskotslikviditet som vert plassert i tråd med reglement for fonds- og gjeldsfinansiering. Bruk av fondsmidlar medfører redusert overskotslikviditet, og dermed lågare avkastning på plasseringar.

Fonda er delt opp i drifts- og investeringsfond, og deretter i bundne og ubundne fond innanfor kvar av desse. Investeringsfond vert kalla kapitalfond. Dei bundne fonda må brukast til føremålet til fondet, medan dei ubundne kan disponerast fritt etter fleirtalsvedtak i heradsstyre. Frie driftsfond vert kalla disposisjonsfond. Det er midlane på disposisjonsfond som må dekkast ev. «underskot» i drifta, og det er tilrådd at disposisjonsfond utgjer 4 % av brutto driftsutgifter. I Kvam herad utgjer det om lag 31,8 mnok.

I samband med budsjett/økonomiplan og ev. enkeltsaker for tiltak og prosjekt, vedtek Kvam heradsstyre bruk av/avsetning til fond. Både økonomiplan og prosjekt strekkjer seg over fleire år, og det er viktig å ha oversikt på fondsmidlane over år for å unngå overforbruk. Kommunen merker difor fondsmidlane for vedteken bruk. For nokre få fond, merker kommunen òg framtidig avsetning til fond. Avsetning til fond kan ikkje garanterast, men for næringsfond/kraftfond og fiskefond er det ei fast overføring på om lag 4 mnok til næringsfond og 0,1 mnok til fiskefond for konsesjonsavgift kraftverka må betala til kommunen som kompensasjon for tidlegare kraftutbygging.

Det er og lagt inn bruk og avsetning til disposisjonsfond i tråd med framlegget til økonomiplan, men desse midlane er det knytt stor usikkerheit til, då dei avheng av at årsrekneskapen til kommunen vert akkurat som i framlegget til budsjett/økonomiplan.

Det er ikkje lagt inn merking for bruk/avsetning til sjølvkostfond som vatn og avlaup, då desse fonda er bundne, og vert følgt opp gjennom sjølvkostrekneskapa. Det er heller ikkje lagt inn avsetning for rente på fondsmidlane, slik nokre av dei bundne fonda har krav på.

Næringsfondet har eigne statuttar, medan andre er bundne av eit heradsstyrevetak. Andre fond er bundne av at dei er gjevne som øyremerka tilskot/midlar eller som testamentariske gåver til særskilte føremål.

2 Status fond

Sjå tabell for status på dei ulike fonda. I tillegg til rekneskapsaldo, er det estimert ein framtidig saldo i slutten av gjeldande økonomiplanperiode. Dette er gjort for å visa bindingar på fondsmidlar frå tidlegare budsjettvedtak.

Oversikten er ikkje komplett, og manglar bl.a. avsetning av rente til fond, men hovudlinjene er på plass.

- Budsjettert avsetning og bruk av sjølvkostfond er ikkje med, då dette vert fylgt opp på andre måtar.
- Budsjettert avsetning til Bustadfeltfond er ikkje med, då dette er så usikkert.
- Bruk er berre med for spesifikke prosjekt og øyremerka tilskot.

	Saldo fondsmidlar 01.01.2019	Saldo fondsmidlar 31.12.2019	Estimert saldo pr. 31.12.23
Fondsmidlar i øk.planperioden			
Øyremerka tilskot, gåver ol.	13 909 077	17 815 209	1 349 372
Gåver Øysteseheimen	162 135	165 572	165 572
Gåver Strandeb.aldersheim	326 344	334 862	334 862
Gåve Frå Gudrun Mohr 90	21 651	22 110	22 110
Psykiatri	16 872	16 872	16 872
Gåve Sverre Soldal	765 497	781 725	781 725
Gåve til Kalhagen Bufellesskap	9 705	9 705	9 705
Gåve Toloheimen	228 675	209 492	85 465
Gåve Øysteseheimen - B.Botnen	306 307	312 801	312 801
Hardanger/Voss kompetanseregion	50 000	50 000	50 000
Gåver Lokamed. senter (Rehab.)	32 404	32 404	19 467
Gåver Kvam legevakt	11 265	11 898	11 898
Gåver Mikjelsflaten	9 000	9 000	9 000
Kraftfond	30 532 619	35 176 027	41 780 772
Parkeringsplassar	750 532	20 532	0
Fiskefond	712 833	730 055	730 055
Næringsutvikling i Kvam	6 218 246	2 517 989	-10 722 001
Overførte midlar frå Ålvik vekst	756 631	756 631	756 631
Fond tap på etableringslån	443 756	453 163	453 163
Fond Viltforvaltning	386 187	503 954	643 954
Sjølvkostfond vatn, felles	-50 241	-50 241	-50 241
Sjølvkostfond avlaup, felles	6 026 232	9 812 223	9 712 223
Sjølvkostfond slam	843 705	2 322	2 322
Sjølvkost renovasjon	0	353 928	
Sjølvkostfond feing	382 973	382 973	382 973
Sum 2.51 bunde driftsfond	62 852 406	70 431 207	46 858 701
Kapitalfond	629 093	581 888	581 888
Uttak Eigenkap.K.Kraftv	23 025 594	3 808 783	-7 152 877
Inv.Fond Kvam Kraftverk	12 797 788	12 797 788	12 797 788
Flyktningefond - investering	140 529	140 529	140 529
Bustadfelt-Fond	27 181 212	23 077 085	11 694 661
Innløyste Formidlingslån	0	0	0
Sum 2.53 ubunde kapitalfond	63 774 215	40 406 072	18 061 988
Innbet. Husbanklån	20 588 795	24 285 844	24 285 844
Tilfuktsrom	500	500	500
Bustad funksjonshemma	840 603	840 603	840 603
Innløyste formidlingslån	6 192 678	6 192 678	6 192 678
Heis Ved Øysteheimen	9 861	9 861	9 861
Gåve T.Breivne Str.Aldersh	7 129	7 129	7 129
Vikøy Kyrkjegardsfond	48 128	48 128	48 128
Tusenårsjubileum	178 235	178 235	178 235
Pumpestasjon	923 598	19 580	19 580
Øyremerka tilskot motatt i investering	972 399	1 959 472	0
Sum 2.55 bunde kapitalfond	29 761 928	33 542 032	31 582 560
Disposisjonsfond	32 543 456	32 067 101	-45 043 299
Mastekompensasjon	3 432 745	3 432 745	3 096 627
Internkontroll <ul style="list-style-type: none"> • Risikovurderingar ikkje vore systematisert • Arbeid med risikovurderingar er igangsett • System og rutinar ikkje tilstrekkeleg skriftleggjort 	<p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av internkontroll i Kvam herad i 2018. Kommunen arbeider fortsatt med å følgje opp denne rapporten og har kome godt i gang med bruk av kvalitetssystemet Compilo. Kommunen har arbeidd lenge med å etablere kultur for å melde avvik, men i undersøkinga blir det kommentert at løysinga med Compilo er tungvindt med omsyn til å melde avvik og at tilsette kan vere usikre på korleis systemet skal nyttast. Enkelte tilsette har også ikkje tilgang til PC noko som kan medføre at avvik ikkje blir meldt. I kommunen si rapportering i høve til rapporten sine</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for at vesentlege risikoar i heradet ikkje er kjende for leiarane. • Risiko for ulik og ikkje tilstrekkeleg praksis som følgje av at system og rutinar ikkje er dokumenterte • Risiko for at internkontrollen ikkje er tilstrekkeleg moden • Risiko for mangelfull dokumentering 	●

anbefalingar går det fram at Kvam skal etablere system for å kontrollere at rutinar og retningsliner blir etterlevd og lage system for stikkprøvekontrollar.

- Risiko for at vedtak ikkje blir skirftleggjort i tide og i samsvar med lov

Det er fleire som peikar på at heradet har eit forbettringspotensial knytt til system og rutinar, både når det gjeld skirftleggjing og oppfølging av desse. Samstundes blir det vist til at administrasjonen er inne i eit pågåande arbeid med å implementere eit heilskapleg internkontrollsystem i heradet der auka grad av skirftlege system og rutinar er ein viktig del. Innan oppvekstområdet blir det meldt om mangelfull administrativ kapasitet som bidreg til risiko for for sein dokumentering (til dømes av vedtak) og dokumentering generelt.

Det har ikkje blitt gjennomført overordna risikovurderingar i dei ulike einingane. Formelt sett er det berre på beredskap/samfunnstryggleik at det er gjort ein overordna ROS-analyse. Tenesteområda gjer risikovurderingar kvar for seg, og desse har i varierende grad blitt skirftleggjorte og systematiserte.

Samstundes blir det peika på at kommunen har implementert ROS-modulen i det overordna kvalitetssystemet Compilo og at alle tenesteområde er i gang med å gjennomføre ei risikovurdering med vald, trugslar og trakassering mot tilsette som tema.

Vedtaksoppfølging

- Har ikkje vore tilstrekkeleg systematisert
- Heradet har kjøpt inn verktøyet Framsikt

Det er fleire som etterlyser eit betre system for å halde oversikt over vedtak. Det kan opplevast som utfordrande for politikarane å leite opp informasjon om kva som er prosess og status for vedtak som er fatta. I tillegg er det arbeidskrevjande for administrasjonen å svare ut spørsmål knytt til vedtaka fordi politikarane ikkje finn denne informasjonen sjølve.

Heradet har fram til no hatt ein oversikt over vedtaksoppfølginga i Excel, med tilbakemelding på kvart enkelt vedtak. Kommunen har kjøpt verksemdstyringsverktøyet Framsikt for å halde oversikt over vedtak i framtida. Alle vedtak skal inn i dette systemet. Ein er ikkje kome i gang med dette, og det manglar opplæring av administrasjonen i korleis ein skal bruke systemet og oppdatere statusen på vedtaka.

- Risiko for unødig tidsbruk i administrasjonen.
- Risiko for at vedtak ikkje blir iverksett og tilfredsstillande følgt opp.



<p>Digital kompetanse og digitalisering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Varierende digital tilgang og kompetanse 	<p>Det blir peika på at heradet har eit forbettringspotensial knytt til digitalisering, og at fleire arbeidsprosessar kunne vore utførte digitalt. Det blir poengtert at dette ikkje berre handlar om å «setje straum på papir», men at det også handlar om korleis ein skal få til nye arbeidsmåtar som forenkler kvardagen til både dei tilsette og innbyggjarane. Kvam deltek i digitaliseringssamarbeidet i Hordaland, der det er etablert eit nettverk innan HR-relaterte tema som løftar fram dette perspektivet i innovasjons-og digitaliseringsarbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for at arbeidsprosessar blir forseinka eller ikkje utført. • Risiko for at viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege 	
<p>Informasjonstryggleik</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye lovkrav knytt til informasjonstryggleik 	<p>Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.</p> <p>I undersøkinga blir det peika på at kommunen har laga informasjonstryggleiksstrategi, men at ein er usikker på etterleving av målsettingane i denne, om den er kjent og tatt i bruk.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverk • Risiko for mangelfull kjennskap til og oppfølging av strategi 	
<p>Leverandør- og kontraktsoppfølging</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oversikt over kontrakter • Kontrakts-oppfølging 	<p>Det blir stilt spørsmålsteikn ved i kva grad heradet har/vil ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å inngå og følgje opp kontraktar.</p> <p>Det er fleire som erfarer at det er krevjande for heradet å følgje opp dei krava som ein set til leverandørar i</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for regelbrot. • Risiko for kontraktsbrot • Risiko for forseinkingar og/eller budsjettsprekk i prosjekt • Risiko for brot på arbeidsmiljølova og på krav til tariff 	

anbudsprosessar. Det er vanskeleg å vite korleis ein skal følgje opp nye og ukjende leverandørar, særleg vanskeleg er det dersom leverandør er utanlandsk.

Det blir opplyst at ein ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til å gjere ei grundig oppfølging, og at det difor er nyttig å vere med på Bergensssamarbeidet som har ressursar til å følgje opp.

Økonomi og budsjettering

- Realistisk budsjettering
- Budsjettmodell

I undersøkinga blir det peika på at kommunen har arbeid med ny budsjettmodell og etablert innsparingskrav som alle einingar med unnatak av helse og omsorg ser ut til å kunne nå.

Det blir vist til at det kunne har vore interessant å ha forvaltningsrevisjon av denne budsjettmodellen etter nokre år. Det blir vist til at det innan helse og omsorg er gjort organisatoriske endringar (sjå også nedanfor) som skal gi betre oversyn og styring av økonomien.

Det er fleire som peikar på den generelle risikoen Kvam herad som kraftkommune står overfor. Heradet budsjetterer med ei viss inntekt frå krafta, men ettersom kraftprisane varierer mykje, er det alltid ein risiko for at inntektene ikkje blir like store som det heradet har budsjettert for. I økonomiplanen blir det opplyst at det er tatt høgde for reduserte kraft- og skatteinntekter i fireårsperioden og at dette inneber at heradet må finne fleire innsparingstiltak.

- Risiko for driftsunderskot.



<p>Investeringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kompetanse og kapasitet • Prosjektstyring • Anbudsprosessar • Kontrahering • Kontraktsoppfølging • Kommunikasjon mellom bestillande eining i heradet og prosjekt 	<p>I undersøkinga blir det peika på at kommunen har mange investeringsprosjekt og at dei nesten alltid blir dyrare enn estimert. Det blir opplyst at kommunen vil arbeide for å få opp kompetansen på prosjektstyring.</p> <p>Det blir peika på at heradet har ei lang restanseliste over prosjekt. Det skapar frustrasjon for både innbyggjarar og politikarar at prosjekt står på vent, medan det for administrasjonen er krevjande at politikarane vedtar stadig nye prosjekt og set korte fristar som ikkje er realistiske å nå.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for budsjettoverskriding • Risiko for forseinkingar i gjennomføring av prosjekt • Risiko for utilstrekkeleg kvalitet • Risiko for fristbrot • Risiko for dårleg prosjektstyring • Risiko for brot på regelverk (innkjøp) • Risiko for manglande kontaktsoppfølging 	
<p>Innkjøp</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innkjøpskompetanse • Rammeavtalar 	<p>Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.</p> <p>I undersøkinga blir det ikkje peika på særskilt risiko knytt til innkjøp. Heradet har ein ein controllar og ein jurist arbeider med innkjøp. Ofte sterkt ønske blant tilsette om å nytte lokale leverandørar sjølv om kommunen ikkje har avtale med desse. Også døme på at einingar opplever at dei får svært gode tilbod som dei ønskjer å nytte, men oppfatninga er at desse tilfella blir fanga opp.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverket • Risiko for kostnadsineffektive innkjøp • Risiko for økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp 	
<p>Berekraft, klima og miljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av FN sine berekraftsmål i kommunen • Ivaretaking av klima- og miljøomsyn i utvalde delar av kommunen eller i kommunen som heilskap • Klimarekneskap for kommunen 	<p>Det blir peika på at kommunen kan arbeide meir med klima- og miljøomsyn. Det blir peika på at miljøomsyn og naturmangfaldslova blir for lite vektlagt.</p> <p>Tal frå kommunebarometeret viser at Kvam har eit betydeleg høgare utslepp av klimagassar per innbyggjar enn kommunegruppa. 22 507 tonn CO2 mot 7368 tonn i kommunegruppa. 26 % av hushaldningsavfallet er levert til gjenvinning og biogassproduksjon. Dette er betre enn kommunegruppa, men lågare enn kommune-Noreg som har eit snitt på 42 %.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfull oppfølging og etterleving av FNs berekraftsmål • Risiko for mangelfull oversikt over heradet sitt klimaavtrykk 	



Kvam herad tok i 2019 inn fleire av FN sine berekraftsmål i budsjettet, mellom anna «stoppa klimaendringane» (mål 13). I budsjettet blir det peika på at dei mest krevjande utfordringane heradet står ovanfor å løysa med tidleg innsats og førebyggjande arbeid i den komande økonomiplanperioden, nok er FN sine berekraftsmål. Her må dei finna og gjennomføra tiltak for å stoppa klimaendringane. Det blir peika på at kommunen har lagt ned arbeid i for å handtere og førebygge skadar knytt til ekstremvær. Heradet har også anna sett i gang eit arbeid med å revidere kommunedelplan for energi og klima. I undersøkinga blir det også nemnd at BIR i 2019 sette i gang arbeidet med nytt gjenvinningsanlegg i Kvam som skal stimulere til auka kjeldesortering og gjenvinning.

Heradet har ikkje klimarekneskap.

3.2 Oppvekst

Oppveksteininga består av barnevern, PPT, helsestasjon, familiesenter, barnehagar og skular.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar <ul style="list-style-type: none"> Ikkje tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert personell 	<p>Heradet erfarer at det er utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar. Stort sett får ein alltid tak i vikarar, men dei er ikkje kvalifiserte.</p> <p>Når det gjeld sjukefråvær i heradet, utpeikar barnehagane seg med for høgt sjukefråvær. Dette er noko heradet har undersøkt sjølve og funne ut at sjukefråværet i barnehagane i liten grad er arbeidsrelatert.</p> <p>Nasjonale bemanningsnormar blir følgt, men KOSTRA-tal viser at del barnehagelærarar i høve til grunnbemanning er noko lågare i Kvam enn i kostragruppa og landet elles.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at born i barnehagar ikkje får tilstrekkeleg oppfølging. Risiko for uforsvarleg drift. Risiko for regelbrot. 	
Vaksenopplæring <ul style="list-style-type: none"> Grunnleggjande opplæring i norsk/samfunnskunnskap etter introduksjonslov Grunnskuleopplæring 	<p>Vaksenopplæringa blir trekt fram som eit område som det frå administrasjonen si side kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon på, fordi det er eit område som ikkje har vore gjenstand for tidlegare forvaltningsrevisjonar eller tilsyn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for ikkje tilpassa tilbod 	

<ul style="list-style-type: none"> Spesialpedagogisk avdeling 	<p>Frå årsmeldinga går det fram at vaksenopplæringa i Kvam i hovudsak gjeld grunnleggjande opplæring i norsk/samfunnskunnskap etter introduksjonslova (44 elevar), men også grunnskuleopplæring til vaksne som ikkje har vitnemål i einskilde fag (12 elevar) og spesialpedagogisk avdeling for vaksne (24 elevar)</p> <p>Ei kartlegging av NOVA viser at manglande faglege og språklege føresetnader er den vanlegaste årsaka til at deltakarar med innvandrarbakgrunn ikkje fullfører grunnskuleopplæring i regi av vaksenopplæringa.</p>	
<p>Barnevern</p> <ul style="list-style-type: none"> Bemanning 	<p>Det blir peika på at dette er eit tenestoområde som det er utfordrande å rekruttere til, og at sjansen er stor for å ikkje etterleve lover og regelverk dersom ein ikkje har tilstrekkeleg bemanning.</p> <p>Samstundes blir det peika på at barnevernet per i dag ikkje har fristbrot. Dette går også fram av KOSTRA.</p> <p>Kvam har 4,2 årsverk stillingar med fagutdanning per 1 000 mindreårige (kommunegruppa har 4,9). I budsjettet for 2020 blir det vist til at i ein situasjon med aukande tal meldingar og tal barn som får hjelp frå barnevernet, er det viktig å følgja med på bemanningssituasjonen i tenesta.</p> <p>I undersøkinga blir det peika på at kommunen har utfodringar når det gjeld beredskap i barnevern.</p> <p>6,3 % av barna i Kvam er tilknytt barnevernet, mot 5,3 % i kommunegruppa (korrigert for behovet). Blant barn som er under omsorg er det færre barn i Kvam som har omsorgsplan enn i kommunegruppa (83 % mot 93 %).</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for uforsvarlege tenester og regelbrot ved mangelfull bemanning. Risiko for mangelfull beredskap
<p>Tilpassa opplæring og spesialundervisning</p>	<p>Det blir vist til at heradet har gjort eit omfattande arbeid knytt til særskilt sårbare born og unge. Samhandlinga og samordninga om tenestene til barn og unge i Kvam herad er mellom anna trekt fram i St.meld. 6 (2019-2020) «Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO». Heradet har arbeidd mykje med satsinga «Barn er ikkje vanskelege, barn har det vanskeleg», og er med i ei nasjonal gruppe på fem kommunar og ein fylkeskommune som skal ta ei leiarrolle i arbeider med å førebyggje og handtere vald og utagerande oppførsel i skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for regelbrot. Risiko for manglande oppfølging av elevar med særskilde behov. Risiko for utilstrekkeleg tilrettelegging av undervisninga.

Fleire peikar likevel på at dette er eit område som framleis bør rettast merksemd mot, også i åra framover.

I følge budsjettet for 2020 har del elevar med spesialundervisning i Kvam halde seg stabilt under 9 % sidan 2015. KOSTRA tala viser at del elevar med spesialundervisning auka til 10,3% i 2019 og at auken var størst for dei eldste barna. For kommunegruppa var delen 8,4% medan den for landet utan Oslo var på 7,8%.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon med tilpassa opplæring og spesialundervisning som tema i 2014.

Opplæring til minoritetsspråklege elevar

- Morsmålsopplæring
- Tospråkleg opplæring

I undersøkinga blir det peika på at det varierer i kva grad heradet kan tilby morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring til dei som har behov for det. KOSTRA- tal viser at det i 2019 var 16 av 1053 elevar i grunnskulen i Kvam som fekk morsmålsopplæring. KOSTRA tala viser at Kvam har ein relativt høg del elevar som får særskilt norskopplæring (7,8% mot 3,9 i kostragruppa). I budsjettet blir det samtidig kommentert at kvar elev får vesentleg færre årstimar i særskilt norsk enn elevar i kostragruppa

- Risiko for at minoritetsspråklege elevar ikkje får den opplæringa som dei har krav på.



I følgje årsmeldinga for 2019 får nyankomne flyktningebarn morsmålsassistent ved oppstart i barnehage for å sikra ein god start.

3.3 Pleie og omsorg

Eining for helse og omsorg består av tenesteområda helse (under dette legetenesta, Kvam legevakt, ergo- og fysioterapi, rus og psykisk helse), pleie og omsorg (under dette heimebasert omsorg, institusjonsomsorg, bufellesskap og dagsenter), Kvam behandling- og rehabiliteringsavdeling (under dette hjelpemiddellager), NAV Kvam, og alkohol og servering.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Flyktingtenester <ul style="list-style-type: none"> • Integrasjon • Fysisk og psykisk helse på gruppenivå (folkehelse) 	Det blir peika på at busette flyktingar i heradet kanskje ikkje har eit tilstrekkeleg tilpassa tilbod når det gjeld å sikra den samla helsa til flyktingane. Det blir peika på at det kunne ha vore nyttig å sjå på korleis midlane til flyktingar blir nytta og korleis det blir arbeidd med busetting og integrasjon.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for ikkje tilstrekkeleg integrasjon. • Ikkje tilstrekkeleg folkehelse hos flyktingane som gruppe 	

Nokre erfarer at ein ikkje i tilstrekkeleg grad lukkast med integreringa i heradet. Det blir peika på at Frivilligsentralen og Grannahjelpa gjer eit godt arbeid, men at dei opplever at dei ikkje har tilstrekkeleg med ressursar.

Kvam har hatt ein nedgang i talet flyktningar og hadde i 2018 og 2019 10 flyktningar. I 2020 er kommunen oppmoda til å ta imot 14 flyktningar og av budsjettet for 2020 har kommunen kapasitet til å ta imot fleire

Pleie og omsorg

- Omstilling og omorganisering

Det er iverksett eit større administrativt omstillingsprosjekt med tittelen «Eit godt liv der me bur – tenester for framtida, meistring og deltaking». Eit av måla med omstillinga er å satse meir på tiltak som gjer at fleire kan klare seg sjølve og bli buande i eigen heim lenger.

Ppleie- og omsorgstenesta blir organisert i tre fagavdelingar: 1) Ambulante heimetenester inkl. dag- og korttidstilbod, 2) Heildøgnsstenester, og 3) Tenester til menneske med utviklingshemming. Dette inneber mellom anna større arbeidsgrupper og færre arbeidsleiarar. I undersøkinga blir det også peika på at det er forventa at endringa vil føre til betre struktur, arbeidsplanlegging og økonomistyring.

Det er fleire som peikar på at det ville vore interessant å sjå nærare på organiseringa i ein forvaltningsrevisjon om nokre år når denne har fått sett seg.




KOSTRA- tal viser at Kvam kommune har eit høgare tal brukarar av både heimetenester og institusjonstenester en gjennomsnittet for kommunegruppa og landet.

Elles viser kommunebarometeret at Kvam har 3,1 plassar avsett til rehabilitering i institusjon per 1 000 innbyggjarar over 67 år (kommunegruppa har 5).

Kvam har tilsett 2,8 årsverk av ergoterapeut og 2,1 årsverk av geriatrisk sjukepleiar per 1000 innbyggjarar over 80 år (kommunegruppa har 4,1 og 10,7). Kvam hadde 4,4 årsverk av geriatrisk sjukepleier i 2016, 3,7 i 2017 og 2,1 i 2018, så trenden har vore negativ.

- Risiko for manglande måloppnåing.
- Risiko for knytt til etablering av ny organisering for produksjon, effektivitet og arbeidsmiljø.



Vedtakspraksis ved forvaltarkontor <ul style="list-style-type: none"> • Forvaltarkontor • Rus og psykisk helse 	<p>Forvaltarkontoret blei oppretta i 2013. Målet var å få lik vedtakspraksis. Det blir stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg samhandling mellom forvaltarkontoret og tenestene. Det blir også peika på at det særleg innanfor rus og psykisk helse er krevjande å fatte vedtak.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfull samhandling i samband med fating av vedtak.. • Risiko for mangelfull vedtak for innbyggjarar som er rusavhengige og/eller har psykisk sjukdom. 	
Rusomsorg og psykisk helse <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av psykisk sjuke og rusavhengige • Butilbod • Samordning av tiltak 	<p>Fleire peikar på at kommunen har eit forbetningspotensial knytt til oppfølginga av psykisk sjuke og rusavhengige.</p> <p>Det blir også peika på at eit bufellesskap for personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rus blei lagt ned i 2019. Alle brukarane er ivaretekne med ny bustad, men utan tilgang til fellesareal slik dei hadde i bufellesskapet.</p> <p>Tilbodet til brukarane i Kvam er også redusert fordi Voss DPS Bjørkeli har redusert sitt utekontortilbod.</p> <p>Nokre uttrykkjer bekymring knytt til bruk av rusmiddel blant unge. I Kvam herad si årsmelding frå 2019 er det eit mål å auka debutalderen for alkohol og andre rusmiddel. Det går fram at heradet ikkje har prioritert midlar til SLT-modellen (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak) i 2019.</p> <p>Det blir opplyst at revidert rusfagleg plan skal leggjast fram for politisk handsaming våren 2020. Fylkesmannen gjennomførte i 2018 tilsyn med helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddel-problem og psykisk lidning. Det kom ikkje fram opplysningar som gav grunnlag for å konkludere med at krav i sosial- og helse- og omsorgslovgevinga var brotne.</p> <p>I følgje KOSTRA- tal har Kvam kommune om lag same tal psykiatriske sjukepleiarar per 10000 innbyggjarar, men ein del lågare tal personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og vidareutdanning i rusarbeid enn gjennomsnittet for kommunegruppa og resten av landet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for ikkje tilstrekkeleg tilbod • Risiko for ikkje tilstrekkeleg kompetanse • Risiko for mangelfull samordning av førebyggjande tiltak 	
Sosiale tenester i NAV <ul style="list-style-type: none"> • Barnefattigdom • Stønadsperiode 	<p>Det blir peika på at aukande barnefattigdom er ei utfordring nasjonalt, og at det kanskje er meir barnefattigdom også i Kvam herad enn kva ein trur. Tal frå Bufdir sin monitor over barnefattigdom syner at 9,3 %</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for unødig lange stønadsperipodar • Risiko for at tiltak ikkje er tilstrekkeleg tilpassa brukarane 	

av barna i heradet lever i hushaldningar med vedverande låginntekt (2017). Til samanlikning var verdien i fylket 8,9 % og nasjonalt 10,7 %.

12,7 % av dei som mottek sosialhjelp har sosialhjelp som hovudinntektskjelde i Kvam (11,5 % i kommunegruppa). 48 % går over 6 månadar på stønad, som er høgare enn kommunegruppa (30,6 %). 29 % går på stønad i over 10 månader i Kvam. 5,9 % av mottakarane har ein individuell plan, mot 20,8 % i kommunegruppa.


Gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 24 år er 5,3 månader. For gruppa mellom 25-66 år er det 6,3 (3,9 og 4,6 månadar i kommunegruppa).




Kvam har ein høgare del mottakarar av kvalifiseringsstønad enn gjennomsnittet for kommunegruppa og resten av landet.

3.4 Informasjon og teknisk

Under eining for informasjon og teknisk ligg FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) kommunale bygg, FDV kommunalteknikk, Kvam brann og redningsteneste og arkivleiar. I tillegg er informasjonsrådgjevar, prosjektleiar kvalitetssystem og personvernombod tilknytt denne eininga.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester


Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Vatn og avløp <ul style="list-style-type: none">Lang restanseliste	Det blir opplyst å vere lang restanse på vatn- og avløpsprosjekt. Samstundes blir det opplyst at heradet alltid har hatt ein stor portefølje grunna dei mange krava som blir stilt frå fylkesmannen og Mattilsynet. Heradet klarar ikkje alltid å følgje opp dei gjeldande krava. 87 % av innbyggjarane i Kvam er tilknytt vassverk med god kvalitet (mot 95 % i kommunegruppa). 35 % av vatnet går tapt som følgje av lekkasjar, som er noko høgare enn kommunegruppa (28 %). Vassleidningane i Kvam er i snitt 34 år gamle (31 i kommunegruppa).	<ul style="list-style-type: none">Risiko for ikkje tilstrekkeleg kvalitet	

Vedlikehald av kommunale bygg	Heradet utviklar ein eigeomsstrategi som mellom anna vil ta for seg korleis det langsiktige vedlikehaldsarbeidet skal ivaretakast. Det blir opplyst at denne er forseinka i høve til planlagt ferdigstilling. Teknisk eining nyttar IK-bygg, som er eit verktøy for internkontroll i norske bygg, for å kartlegge tilstanden til bygga.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for forringing av verdien på dei kommunale bygga. Risiko for vesentlege vedlikehaldsetterslep. 	
Kommunale vegar	Det blir peika på at kommunen burde jobba tettare med fylkeskommunen for å sikre dei mjuke trafikantane. Det kom 10.000 fleire turistar til kommunen i fjor, og dei kom stort sett i bil. Det er ikkje alle ungane i Kvam som har ein trygg skuleveg.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for farlege situasjonar i trafikken. 	
Offentlegheit og innsyn Innsynspraksisen	Det er fleire som trekkjer fram at heradet har ei aktiv lokalavis som meiner at heradet må bli betre når det gjeld å sikre innsyn i samsvar med regelverket. Frå administrasjonen blir det peika på at den aktive lokalavisa bidreg til at heradet har mykje merksemd retta mot å ha ein korrekt innsynspraksis. Likevel blir det peika på at det truleg er mogleg å forbetre praksisen ytterlegare. Heradet skal digitalisere arkivet sitt.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for regelbrot. 	

3.5 Plan og byggesak

Under eining for plan og byggesak, ligg plan, byggesak, oppmåling og geodata og kommunegeolog.

Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til plan og byggesak

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Byggesak <ul style="list-style-type: none"> Oversikt over saker Sakshandsamingstid 	Det blir peika på at plan- og byggesakseininga ikkje har eit tilstrekkeleg godt system for å halde oversikt over fristar i pågåande byggesaker. Det blir opplyst at heradet avventar innkjøp av eByggesak til det er gjennomprøvd i dei store kommunane. Det er varsla kostnadar med innkjøp av eByggesak i 2021. 16,1 % av alle byggesaker har overskride frist mot 11,5 % i kommunegruppa.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglande etterleving av lovpålagte fristar Risiko for ikkje tilfredstillande system til å halde oversikt over saker Risiko for at kommunen ikkje gjev god nok informasjon og yter tilstrekkeleg service til innbyggjarar i oppstartsmøte Risiko for mangelfull samhandling i kommunen om byggesaker 	

Av KOSTRA går det også fram at gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker med frist på 12 veker var 9,5 veker i 2019. Kommunen innvilga vidare to bygg i strandsonen i 2019.

Det blir opplyst at plan- og byggesakseininga ikkje har eit tilstrekkeleg godt system for å sikre at alle involverte avdelingar i heradet blir involverte og høyrde i byggjeprojekt. Dette igjen fører til risiko for at byggeprosjekt blir iverksett utan at alle forhold er tilstrekkeleg klarert.

Det blir opplyst at ein i plan- og byggesakseininga er opptekne av å overhalde fristar for oppstartsmøte. Dette inneber at ein ikkje alltid er tilstrekkeleg førebudd til oppstartsmøta, mellom anna at ikkje alle avdelingar som skulle ha vore involvert er blitt involvert i forkant av møtet.

Arealplanar

- Handsaming av områdereguleringar i høve til ny arealplan

Kommunen vedtok ny arealdel av kommuneplanen hausten 2019

Dette gjer at det er nye og nyleg vedtekne føringar for områdereguleringar og at kommunen kanskje først vil sjå eventuelle utfordringar med den nye arealdelen når dei skal begynne å handsame områdereguleringar i høve til dette.

Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av arbeidet med reguleringsplanar for en del år tilbake (2011)

- Risiko for stor pågang av områdereguleringar til handsaming som følgje av at kommuneplanen sin arealdel er klar
- Risiko for lenger sakshandsamingstid




3.6 Samfunn, næring og kultur

Under eining for samfunn, næring og kultur, ligg bibliotek, næring, landbruk, kultur og kino, kulturskule og folkehelse.

Tabell 8: Identifiserte risikoområde knytt til samfunn, næring og kultur


Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Landbruk og næring <ul style="list-style-type: none"> • Forvaltning • Vekst 	<p>Nedbygginga av landbruksforvaltninga i heradet blir kritisert.</p> <p>Fleire peikar på at heradet kunne vore meir framoverlent i næringsplanane, og gjere meir for å skape arbeidsplassar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglande måloppnåing. 	

	lokalt. Det blir opplyst at heradet er i ferd med å starte opp arbeidet med ein planstrategi for næring.	
Kulturskule <ul style="list-style-type: none"> • Mangfald • Tilgang for alle barn 	<p>Det blir peika på at heradet kunne hatt eit breiare kulturskuletilbod. Det blir stilt spørsmålsteikn ved om tilbodet er tilstrekkeleg mangfaldig til treffe barn med ulik bakgrunn og interesser.</p> <p>Kvam har 5,2 kulturarbeidarar per 1000 innbyggjarar, som er noko lågare enn kommunegruppa (5,6). Kvam har 131 timar med ope fritidssenter i året, mot 646 timar i kommunegruppa.</p>	

3.7 Kommunale føretak mv

Kommunale føretak og verktskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Kvam kommune er eig eit kommunalt føretak, Kvammabadet KF og deltek i to interkommunale samarbeid: legevakt og kommunegeolog.

Tabell 9 Identifiserte risikoområde knytt til føretak mv.

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Kvammabadet KF <ul style="list-style-type: none"> • Drift 	<p>Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvam Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytande seksjonar opplevningssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan det nyttast av Hardangerbadet.</p> <p>Kvammabadet KF er eit kommunalt føretak eigd av Kvam herad. I undersøkinga har fleire peika på at det kunne vore nyttig å sjå nærare på Kvammabadet når det har vore i drift ei stund</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko knytt til drift. 	

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

Opplysningar som kjem fram i datainnsamlinga om:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekkja moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Kvam herad har to heileigde selskap, åtte selskap som er deleigd med andre kommunar og/eller fylkeskommunar og sju som er deleigd med private og/eller statlege aktørar. I tillegg har kommunen interesser i to vertskommunesamarbeid, fire stiftingar og to andre typar samarbeid.

Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen (Eigarskapsmelding 2017-2018) og informasjon som er kome fram i undersøkinga.

Jf. Kommunelova 2018 § 26-1 skal kommunar utarbeide eigarskapsmelding som kommunestyret skal vedta av minst ein gong i valperioden. Kommunen har oversendt eigarskapsmelding frå 2017 og eigarskapsstrategiar for kvart enkelt selskap. Eigarmeldinga er eit verktøy for å etablere overordna prinsipp for korleis kommunen skal forvalte sine eigarskap, og skal innehalde mellom anna overordna prinsipp for styring av selskapa og føremålet med selskapa. I følgje heradet sin årsmelding for 2019 er revisjon av eigarmelding og eigarstrategiar planlagt våren 2020.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Kvam herad full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa

forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og § 24-10

Kvam kraftverk AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 100 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide med energiforsyning og energiøkonomisering. Selskapet står for viktige inntekter til Kvam kommune.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at Kvam Kraftverk har hatt en stigande eigenkapital og inntekter dei siste 3 åra, samstundes var ikkje likviditeten tilfredsstillande i 2016 eller 2018.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Vesentlege verdiar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Samfunnsansvar 	<p>I intervju blir det peika på at selskapet er veldrive og godt. Det blir samtidig opplyst at selskapet har tapt store beløp på fiberutbygging og at det er uklart kvifor selskapet satsa på dette.</p> <p>Det blir vidare opplyst at inntektene til kommunen ikkje går inn i fond, men er løpande midlar til kommunen. I intervju blir det vidare peika på at kommunen sin kompetanse knytt til styringa av selskapet har blitt betre dei seinare åra.</p> <p>Kvam kraftverk AS har dotterselskapet, Sekkelva Kraftverk AS (100 %) og Kvam energi Nett AS som faller inn under §§ 23-6 og § 24-1. I tillegg har Kvam kraftverk eigarinteresser i Porkegjel Kraft AS som ikkje fell innanfor §§ 23-6 og § 24-10.</p>		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	125 330	121 248	114 873
Inntekter	148 992	133 014	124 993
Resultat før skatt	16 603	19 903	17 603
Likviditet	0,97	1,32	0,99
Soliditet	41,1 %	42,76 %	43, 50 %

Kvam Energi AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 100 %	Føremålet til Kvam Energi AS er å eige selskap som driver innan energiforsyning og energiøkonomisering, medrekna mellom anna: a) produksjon av energi b) kjøp og sal av energi c) eige og drive overføringsanlegg og syte for ei rasjonell og sikker energiforsyning d) stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak e) anna verksemd som naturleg har tilknytning til ovannemnde føremål og som kan gje inntekter f) utføre det lokale e-tilsynet g) delta i eller samarbeide med andre verksemdar som har same eller liknande føremål.
Nøkkelpunkt	
<ul style="list-style-type: none"> • Omdømme • Etikk • Registrert i 2019 • Samfunnsansvar 	Selskapet blei registrert i 2019 og det er ikkje tilgjengeleg økonomital. I undersøkinga blir det peika på at det heller ikkje er etablert strategi for eigarstyring for dette selskapet p.t. Av Proff går det fram at aksjekapitalen er på 10 000 000 NOK.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Hardangerrådet IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 26 %	Hovudoppgåva er å styrke regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.		
Nøkkelpunkt	Kvam kommune er største eigar med 26 % av eigarskapet. 5 andre kommunar har eigardel i selskapet.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar 	Nøkkeltala viser at Hardangerrådet IKS har hatt stabile nøkkeltal dei siste åra, men hadde negativt resultat i 2018. Det blir i intervju kommentert at vedtektene til Hardangerrådet vil bli endra som følgje av kommunesamanslåingar. Ein av kommunane har stilt krav om at utgiftene må ned, og det er i dag ein usikker situasjon for dei to som er tilsette i Hardangerrådet.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	2915	2 772	2 730
Inntekter	3 486	3 844	4 428
Resultat før skatt	-167	42	27
Likviditet	2,72	2,71	3,28
Soliditet	29,12 %	27,71 %	24,46 %

Vann Vest AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 5,55 %	Vann vest AS skal være ein samarbeidsorganisasjon for eigarane. Verksemda skal fremja samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilretteleggje for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemda. Verksemda skal utføre og formidle tenester, knytt til vatn- og avlaupsverksmd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vatnmiljø og beredskap. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.
Nøkkelpunkt	
<ul style="list-style-type: none"> • Omdømme • Registrert i 2019 • Skal overta verksemda til Driftsassistansen i Hordaland IKS 	<p>Vann vest er eigd av 18 kommunar og alle har 5,55 % av aksjane kvar.</p> <p>Det blir opplyst i undersøkinga at Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS blir avvikla når Vann Vest AS er i drift.</p> <p>Selskapet er registrert i 2019 og økonomital for verksemda er ikkje tilgjengeleg</p>
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 3, 63 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtids og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, jf. arkivlova § 6. 2.
Nøkkelpunkt	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eigd av 24 kommunar med varierende eigardel. Sist gong dei økonomiske nøkkeltala var registrert i Bisnode og Proff var i 2005.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar 	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,20 %	Selskapets føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avlaupstenester. Bergen kommune er største eigar i verksemda med ein eigadel på 61, 5 %. Verksemda er også eigd av 21 andre kommunar med varierende eigardel. Åtte av eigarkommunane blir slått saman med andre kommunar som følgje kommunesamanslåinga fra 1.1.2020. Verksemda hadde negativt resultat i 2018, men nøkkeltala elles viser at selskapet har solid drift.
Nøkkelpunkt	
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme 	

Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

Det kjem fram i undersøkinga at Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS blir avvikla når Vann vest er oppe og går.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	2 552	4 394	3 755
Inntekter	12 538	11 008	11 655
Resultat før skatt	-87	639	669
Likviditet	2,85	2,8	2,33
Soliditet	37,68 %	65,46 %	59,12 %

BIR AS

Selskapets føremål:

Eigardel: 0,33 %

Førmålet til verksemda er å eige og forvalte selskap som skal syrgja for innsamling, transport og behandling av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farleg avfall.

Nøkkelpunkt

Kvam kommune og 8 andre kommune har eigardel i BIR. Bergen kommune er største med 80 % av aksjane.

Nøkkeltala viser at BIR har auka inntektene og resultatata dei siste 3 åra, men likviditeten er ikkje tilfredsstillande og har vore synkande.

BIR har følgjande dotterselskap som fell under §§ 23-6 og § 24-10:

- Vesentlege verdiar
- Omdøme
- Delt offentlig eigarskap
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

- BIR Nett AS (100%)
- BIR Avfallsenergi AS (100%)
- BIR Transport AS (100%)
- BIR Privat AS (100%)
- BIR Bedrift AS (100%)
- WasteIQ AS(100%)
- Møllendalsveien 31 AS (100%)
- Conrad Mohrs Veg 15 AS (100%)
- Møllendalsveien 40 AS (100%)

Selskapet har også eigardelar i BKK Varme AS (49 %) som ikkje fell innanfor §§ 23-6 og § 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
-------------------------------	------	------	------

BIR AS			
Eigenkapital	222 339	221 295	213 402
Inntekter	190 360	189 149	180 897
Resultat før skatt	39 621	29 834	21 694
Likviditet	0,85	0,86	1,01
Soliditet	9,30 %	9,90 %	10,52 %

Kommunekraft AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,313 %	Føremålet til Kommunekraft er å formidle aksjeeigaranes disponible kraft, irekna konsesjonskraft, og drive annan verksemd knytt til slik formidling.		
Nøkkelpunkt	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar er største eigar med 56,56 % av aksjane i eigarselskapet, i tillegg er det fleire enn 140 eigarkommunar med 0,313 % av aksjane kvar.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar 	Nøkkeltala viser at Kommunekraft hadde negativt resultat i 2017. Verksemda har elles hatt ei solid drift dei siste tre åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 923	1 770	1 955
Inntekter	2 068	2 057	2 548
Resultat før skatt	154	-185	68
Likviditet	16,62	12,79	3,34
Soliditet	94,22 %	92,67 %	71,85 %

E134 Haukelivegen AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,20 %	Føremålet til verksemda er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrkar arbeidet for korridoren.
Nøkkelpunkt	E-134 haugelivegen er eigd av fleire kommunar som har 2,20 % eigardel kvar.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme 	Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein stabil økonomi dei siste åra, sjølv om selskapet gjekk i underskot i 2018. Likviditeten til verksemda er tilfredsstillande.

E134 Haukelivegen AS			
• Delt offentlig eigarskap			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 505	3 700	2 571
Inntekter	1 214	2 603	2 338
Resultat før skatt	-195	1 129	3
Likviditet	13,26	13,76	2,42
Soliditet	92,46 %	92,73 %	58,69 %

4.1.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Hardanger AKS AS (Storeholmen)	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 45,50 %	Verksemda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, irekna å eige andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.
Nøkkelpunkt	<p>Kvam er største eigar med 45,50% av aksjane og Vestland fylkeskommune er nest største eigar med 36,4 %.. Nøkkeltala viser at selskapet hadde negativ eigenkapital i 2016 og 2018 og at verksemda hatt eit stor fall i inntekter mellom 2017 og 2018. Hardanger AKS gjekk i underskot og hadde ikkje tilfredsstillande likviditet i 2016 og 2018. I 2018 hadde selskapet negativ soliditet.</p> <p>Det blir opplyst at Kvam herad har ei tredelt rolle overfor Hardanger AKS. For det første er Kvam herad den største eigaren av selskapet. For det andre har Kvam ei kommunal medfinansiering og nokre VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plassar gjennom denne ordninga. For det tredje er Kvam herad ein kunde av selskapet, då dei kjøper vaskeritenester og andre tenester. Ifølgje rådmann er det eigarrolla som er mest utfordrande.</p> <p>Når det gjeld VTA-plassane meiner selskapet at driftstilskotet i dag er for lågt. Det blir elles vist til at tidlegare drift med mykje opptak av leasinggjeld er eit problem og at store summer går med til avdrag og renter.</p> <p>Både i intervju og spørjeundersøking er det mange som uttrykkjer bekymring for dette selskapet. Det blir peika på at den økonomiske situasjonen ikkje er god. Det blir opplyst at selskapet har tatt nokre grep i det siste, og at</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane 	

Hardanger AKS AS (Storeholmen)

den økonomiske situasjonen moglegvis er i ferd med å betre seg. Ettersom dagens situasjon er sårbar, blir det uttrykt eit ønske frå fleire om å sjå an situasjonen litt før ein eventuelt set i verk ein selskapskontroll.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	-118	318	-976
Inntekter	15 990	19 235	19 028
Resultat før skatt	-436	389	-428
Likviditet	0,96	1,37	0,86
Soliditet	-0,81 %	2,01 %	- 5,86 %

Hardangervegen AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 13,69 %

Føremålet er å arbeide aktivt for utvikling av planer for, og realisering av, en mest mogleg kort og effektiv veiforbindelse mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier, samt arbeide for en best mogleg oppkobling mot øvrig stamveinett både mot øst og i vest. Selskapet har anledning til å delta i og/eller arbeide samen med andre selskap med tilsvarende føremål.

